



DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2001-2002)

FOR BUDSJETTERMINEN 2002

Utgiftskapittel: 1400-1471, 2422 og 2465

Inntektskapittel: 4400-4471, 5322 og 5621

Forord

St.prp. nr. 1 frå Miljøverndepartementet består av 3 delar.

I Del 1 blir hovudutfordringane og hovudelementa i miljøvernpolitikken og viktige prioriteringar for Miljøverndepartementet i år 2002 presenterte. Vidare blir det gitt eit kort oversyn over miljøvernpolitiske satsingar på budsjetta til andre departement og over miljøprofilen i skatte- og avgiftsopplegget. I tillegg er fornying i offentleg sektor omtalt.

I Del 2 er måla til miljøvernforvaltninga presenterte, med omtale av status og verkemiddel for resultatområde 1-11 i miljøforvaltninga. Under Del 2 er det gitt eit oversyn over Miljøverndepartementet sitt budsjett fordelt på resultatområda. Samanhengen til budsjettkapitla som kjem fram i Del 3, finn vi att under omtalen av verkemiddel på det enkelte resultatområdet.

I Del 3 er Miljøverndepartementet sitt budsjettforslag presentert fordelt på programkategoriar, kapittel og postar.

Nedanfor er det gitt ein innleiande omtale av dei 3 delane. Omtalen fokuserer spesielt på føremålet med inndelinga av miljøvernpolitikken i resultatområde. Samtidig er det gitt eit samla oversyn over dei viktigaste verkemidla til miljøvernforvaltninga og aktørar i gjennomføringa av miljøvernpolitikken.

Under hovudutfordringane og hovudelementa i Del 1 er det gitt ein kort omtale av viktige faktorar som ligg bak utviklinga i miljøtilstanden og kva Regjeringa vil leggje vekt på for å møte miljøutfordringane. Framstillinga av miljøprofilen i statsbudsjettet og satsingar på budsjetta til andre departement er gitt ein kort omtale i budsjettproposisjonen frå Miljøverndepartementet. Kvart departement gjer greie for sine satsingar i sin eigen budsjettproposisjon.

Inndelinga av miljøvernpolitikken på resultatområde slik det er presentert i del 2, heng saman med at miljøvernproblema er komplekse og at årsakene til miljøproblema er samansette. Dei femner ofte meir enn ein sektor i samfunnet, og kjeldene til ei miljøbelastning kan vere mange. Av dei 11 områda utgjer resultatområda 1-8 dei miljøvernpolitiske resultatområda med utgangspunkt i miljøutfordringane. Resultatområda 9 og 10 handlar om det forvaltningsansvar miljøvernforvaltninga har for plandelen av plan- og bygningslova og kart- og geodatapolitikken på nasjonalt nivå. Under resultatområde 11 er omtalt fellesoppgåver og miljøvernpolitisk arbeid som går på tvers av resultatområda. Dei 11 resultatområda er som følgjer:

1. Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald
2. Friluftsliv
3. Kulturminne og kulturmiljø
4. Overgjødsling, oljeforureining og akutte utslepp
5. Helse- og miljøfarlege kjemikaliar
6. Avfall og gjenvinning
7. Klima, luftforureining og støy
8. Internasjonalt miljøvernssamarbeid og miljøvern i polarområda
9. Regional planlegging
10. Kart og geodata
11. Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver

Inndelinga i resultatområde gjer det mogleg å sortere og samle alle dei ulike problemstillingane i ulike typar kategoriar eller temaområde på ein praktisk måte. Kvart resultatområde inneheld dermed anten eitt miljøvernpolitisk tema eller eit knippe av tema som står så nær kvarandre at dei bør omtalast i samanheng. Inndelinga i resultatområde tilrettelegg òg for ein effektiv struktur for formuleringar av mål og resultatoppfølging, både i forhold til andre sektorar og internt i miljøvernforvaltninga. Samtidig skal inndelinga i resultatområde sikre konsistens gjennom klare definisjonar og tydelege avgrensingar mellom dei ulike temaområda. Det er gitt ein definisjon og ei avgrensing av kvart resultatområde i del 2.

Det enkelte resultatområdet rettar fokus mot dei viktigaste miljøutfordringane og synleggjer Regjeringa si miljøvernpolitiske satsing. Dette speglar seg i strategiske mål, nasjonale mål og sektorvise arbeidsmål.

- Strategiske mål uttrykkjer ein ønskt tilstand på overordna nivå i eit langsiktig perspektiv
- Nasjonale resultatmål er fastsette på bakgrunn av dei strategiske måla, og skal vere meir konkrete, tidfesta og moglege å etterprøve, og vise kva slags resultat ein skal oppnå på nasjonalt nivå. Dei nasjonale resultatmåla representerer dermed det øvste operative nivå i målhierarkiet.
- Dei sektorvise arbeidsmåla er avleidde frå dei nasjonale måla, og vil saman med desse danne ein heilskapleg struktur ved at ein skal kunne aggregere arbeidsmåla i dei ulike sektorane til nasjonale mål.

Måla utgjer grunnlaget for innsatsen både nasjonalt, lokalt og innanfor den enkelte sektor i miljøvernpolitikken.

Miljøverndepartementet har utarbeidd arbeidsmål og resultatindikatorar i tilknytning til dei nasjonale måla under kvart resultatområde.

Inndelinga i resultatområde er nytta gjennomgåande i heile styringssystemet for miljøvernforvaltninga, og er utgangspunkt for planlegging, rapportering, budsjett og rekneskapsføring.

I tilknytning til budsjettforslaget frå Miljøverndepartementet, som er presentert i Del 3, er det viktig å gi ei samla oversikt over dei viktigaste verkemidla miljøvernforvaltninga har og over aktørar i arbeidet med å ivareta Regjeringa sin miljøvernpolitikk for ei økologisk berekraftig utvikling.

Forutan å initiere, utvikle og gjennomføre eigne tiltak gjennom eigna verkemiddel, har departementet ei viktig rolle som pådrivar i høve til sektorstyresmaktene både nasjonalt og internasjonalt. Miljøverndepartementet har òg ansvar for å samordne Regjeringa sitt arbeid med å fastsetje dei miljøvernpolitiske nasjonale og sektorvise måla, syte for at det blir etablert eit system for resultatrapportering og invitere til brei lokal forankring og deltaking i miljøvernarbeidet.

Miljøvernforvaltninga forvaltar ei rekkje økonomiske og administrative verkemiddel. Desse kan nyttast separat, men vil oftast bli nytta i kombinasjon, både med miljøvernforvaltninga sine eigne verkemiddel og saman med andre sektorar, for å oppnå ein best mogleg effekt. Statsbudsjettet legg grunnlaget for gjennomføringa av dei administrative verkemidla, men budsjettet inneheld samtidig ulike typar løyvingar som m.a. tilskot, erstatnings- og tilsynsordningar som skal sikre nasjonale interesser i miljøvernpolitikken. Forutan å for-

valte eigne verkemiddel, deltek miljøvernforvaltninga på ei rekkje arenaer både nasjonalt og internasjonalt for å medverke til ein effektiv miljøvernpolitikk samla sett. I denne samanhengen har miljøvernforvaltninga ei rekkje ressurskrevjande oppgåver og roller på eit komplekst og samansett område. Ein sektorovergripande miljøvernpolitikk krev at miljøvernomsyn blir integrerte i rammevilkåra for alle sektorar i samfunnet, og internasjonalt samarbeid er ein føresetnad for å kunne møte dei globale utfordringane.

Sentrale administrative verkemiddel er m.a. forvaltninga av ei rekkje lover, reglar og instruksar som har innverknad på miljøvernsektoren som for eksempel forureiningslova, viltlova, naturvernlova, kulturminnelova og genteknologilova. Då ein del av miljøproblema heng saman med måten vi disponerer areal på, er også plan- og bygningslova eit sentralt verkemiddel i gjennomføringa av miljøvernpolitikken. Bruken av avtaler blir òg nytta på enkelte område som supplement eller alternativ til andre verkemiddel. Dette er aktuelt der miljøvernforvaltninga står overfor avgrensa miljøproblem som skuldast få aktørar, eller der det er behov for heilt nye teknologiske løysingar.

Dokumentasjon gjennom m.a. forskning, miljøovervaking og miljøstatistikk er stadig viktigare i arbeidet med å betre avgjerdsgrunnlaget i miljøvernpolitikken. Det er òg viktig å auke tilgjenge til informasjon om miljøet og miljøvernarbeidet, medverke til kommunikasjon, og å invitere til lokal forankring og deltaking for å påverke haldningane i samfunnet og skape aksept, forståing og engasjement for miljøvernarbeidet. Informasjon og kommunikasjon blir dels nytta som sjølvstendige verkemiddel, dels for å forsterke effekten av andre.

Den statlege miljøvernforvaltninga er delt inn i tre nivå; departement, direktorat og fylkesmannsembeta.

Statens forureiningstilsyn, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren er dei sentrale rådgjevande og utøvande organ for departementet når det gjeld forureiningssaker, naturforvaltning og kulturminneforvaltning. Statens kartverk er fagstyresmakt for staten på kartområdet og Norsk Polarinstitutt er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, praktiske og miljøretta undersøkingar i Arktis og Antarktis og den sentrale rådgivar for departementet i polarspørsmål.

Den regionale miljøvernforvaltninga er lagt til fylkesmennene som skal sjå til at nasjonale miljømål blir omsette til regionale og lokale mål og tiltak. Miljøvernavdelingane ved fylkesmannsembeta har ei sentral rolle i den løpande oppfølginga av kommunane og sektorane i miljøvernarbeidet. Fylkesmannen forvaltar dessutan delar av lovverket på miljøvernområdet. Frå og med 2003 vil det aller meste av oppgåvene som i dag ligg hos fylkesmannen bli overført til fylkeskommunane.

Nedanfor er vist Miljøverndepartementet sine underliggjande etatar på sentralt og regionalt nivå knytt opp mot arbeidet med dei ulike resultatområda. Mørke markeringar viser dei resultatområda som etatane arbeider mest med.

Miljøverndepartementet har i tillegg eit overordna ansvar for miljøvernforvaltninga på Svalbard, med sysselmannen som regionalt apparat. Etatar som Statens strålevern, Sjøfartsdirektoratet og SND utfører òg oppgåver innanfor miljøvernområdet styrt av Miljøverndepartementet. Når det gjeld vern av kulturminne har fylkeskommunen ansvar for oppgåver på regionalt nivå.



DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2001-2002)

FOR BUDSJETTERMINEN 2002

Utgiftskapittel: 1400-1471, 2422 og 2465

Inntektskapittel: 4400-4471, 5322 og 5621

*Tilråding frå Miljøverndepartementet av 21. september 2001,
godkjend i statsråd same dagen.*

Del I
Innleiing

1 Oversiktstabellar**Utgifter:***Utgifter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel*

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1400	Miljøverndepartementet (jf. kap. 4400)	125 813	124 729	515 131	313,0
1401	Opplysningsverksemd, tilskot til organisasjonar	35 836	37 879		-100,0
1406	Miljøvernavdelingane ved fylkes- mannsembeta (jf. kap. 4406)	286 292			
1410	Miljøvernforskning og miljø- overvaking (jf. kap. 4410)	219 713	310 930	336 736	8,3
	Sum kategori 12.10	667 653	473 538	851 867	79,9

Utgifter under programkategori 12.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1422	Biomangfald, friluftsliv og kulturminne	12 533	10 709		-100,0
1425	Vilt- og fisketiltak (jf. kap. 4425)	90 053	82 645	68 345	-17,3
1426	Statens naturoppsyn (jf. kap. 4426)	63 518	76 937	85 952	11,7
1427	Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 4427)	345 960	421 238	456 863	8,5
	Sum kategori 12.20	512 065	591 529	611 160	3,3

Utgifter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1429	Riksantikvaren (jf. kap. 4429)	184 887	200 151	209 510	4,7
	Sum kategori 12.30	184 887	200 151	209 510	4,7

Utgifter under programkategori 12.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1441	Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441)	554 714	642 370	609 106	-5,2
1442	Miljødata, forureining og miljøeffektivitet	50 908	70 410		-100,0
1443	Statens beredskapsansvar mot akutt forureining	95 949	41 933	57 218	36,5
1444	Produktregisteret			12 213	
2422	Statens miljøfond	59 786	62 000	46 000	-25,8
	Sum kategori 12.40	761 356	816 713	724 537	-11,3

Utgifter under programkategori 12.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1463	Regional og lokal planlegging	66 805	28 852		-100,0
1465	Statens kjøp av tenester i Statens kartverk	320 093	338 030	376 220	11,3
2465	Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603)	7 653	12 000	9 896	-17,5
	Sum kategori 12.50	394 551	378 882	386 116	1,9

Utgifter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1470	Internasjonalt samarbeid, tiltak for luftmiljø og polarforvaltning (jf. kap. 4470)	65 587	72 107		-100,0
1471	Norsk Polarinstitut (jf. kap. 4471)	129 889	112 619	107 417	-4,6
	Sum kategori 12.60	195 476	184 726	107 417	-41,9

Inntekter:*Inntekter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel*

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
4400	Miljøverndepartementet (jf. kap. 1400)	2 879		1 323	
4406	Miljøvernavdelingane ved fylkes- mannsembeta (jf. kap. 1406)	9 874			
4410	Miljøvernforskning (jf. kap. 1410)	11 736	5 868	4 668	-20,4
	Sum kategori 12.10	24 489	5 868	5 991	2,1

Inntekter under programkategori 12.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
4425	Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond (jf. kap. 1425)	179 132	82 645	68 345	-17,3
4426	Statens naturoppsyn (jf. kap 1426)	7	206	106	-48,5
4427	Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 1427)	14 306	11 607	11 000	-5,2
	Sum kategori 12.20	193 445	94 458	79 451	-15,9

Inntekter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
4429	Riksantikvaren (jf. kap. 1429)	4 879	4 736	3 878	-18,1
	Sum kategori 12.30	4 879	4 736	3 878	-18,1

Inntekter under programkategori 12.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
4441	Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 1441)	64 568	57 671	55 691	-3,4
4442	Miljødata, forureining og miljøeffektivitet (jf kap 1442)		500		-100,0
5322	Statens miljøfond, avdrag	4 830	5 000	10 000	100,0
5621	Statens miljøfond, renteinntekter	1 888	5 000	6 500	30,0
	Sum kategori 12.40	71 286	68 171	72 191	5,9

Inntekter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
4470	Internasjonalt arbeid, tiltak for luftmiljø og polarforvaltning (jf. kap. 1470)		1 285		-100,0
4471	Norsk Polarinstitut (jf. kap. 1471)	36 286	29 373	34 457	17,3
	Sum kategori 12.60	36 286	30 658	34 457	12,4

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post- gr.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
01-01	Driftsutgifter	1 021 380	811 570	725 142	-10,6
11-23	Varer og tenester	359 528	432 919	591 807	36,7
24-24	Driftsresultat	-4 000	-4 000	-4 000	0,0
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	159 671	144 530	216 607	49,9
50-59	Overføringer til andre statsrekneskaper	192 058	205 722	217 326	5,6
60-69	Overføringer til kommunar	165 866	164 625	89 020	-45,9
70-89	Overføringer til private	761 700	829 173	1 009 705	21,8
90-99	Utlån, avdrag m.v.	59 786	61 000	45 000	-26,2
	Sum under departementet	2 715 988	2 645 539	2 890 607	9,3

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
01-29	Sal av varer og tenester m.v.	130 019	102 578	104 155	1,5
50-91	Skattar, avgifter og andre overføringer	200 365	101 313	91 813	-9,4
	Sum under departementet	330 384	203 891	195 968	-3,9

Oversikt over bruk av stikkordet kan overførast

Det foreslås å knytte stikkordet «kan overførast» til de postane som er vist i tabellen nedenfor. Dette er poster hvor det knytter seg stor usikker-

het til utbetalingsår, og for å kunne sikre utbetaling av tilsegn om tilskot gitt i 2001 og tidlegare år, må postane tilføyes stikkordet «kan overførast».

Under Miljøverndepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane :

Tabell 1.1 Postar med stikkordet «kan overførast»

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2001	Forslag 2002
1400	60	Omstillingsprogram for å gjennomføre kommunereforma		5 200
1400	71	Internasjonale organisasjonar		32 175
1400	72	Miljøverntiltak i nordområda		8 000
1400	73	Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk og LA-21		38 925
1400	74	Tilskot til AMAP		2 200
1400	75	Miljøvennleg byutvikling		5 000
1400	76	Støtte til internasjonale miljøtiltak og nasjonale energitiltak		9 081
1400	78	Miljøtiltak til nikkelverka på Kola		170 000
1410	60	Kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald	256	6 000
1425	61	Tilskot til kommunale vilttiltak	6	5 000
1425	65	Fallvilt	6	
1425	70	Tilskot til fiskeformål	129	6 200
1425	71	Tilskot til viltformål	1 422	25 645
1426	30	Tiltak i nasjonalparkane	481	3 791
1426	31	Tiltak i naturvern- og friluftsområde	1 656	12 971
1426	32	Skjergardsparkar o.a.	573	14 195
1426	70	Tilskot til naturoppsyn	166	500

Tabell 1.1 Postar med stikkordet «kan overførast»

					(i 1 000 kr)
1426	71	Bru til Tautra			5 000
1427	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde	15 925		30 905
1427	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar	4 619		17 750
1427	33	Statlege tileigningar, barskogvern	6 805		70 926
1427	34	Statlege tileigningar, nasjonalparker	408		2 100
1427	60	Kommunal naturforvaltning	5 551		
1427	70	Tilskot til kalking og lokale fiskeføremål	2		92 200
1427	73	Førebyggjande tiltak mot rovviltskade og omstillingstiltak	3 781		34 500
1427	74	Tilskot til friluftslivstiltak	1		11 670
1427	76	Tilskot til kulturlandskapstiltak	82		
1427	77	Tilskot til naturinformasjonssenter	4		6 400
1427	78	Friluftsrådenes landsforbund og interkommunale friluftsråd			5 300
1429	70	Tilskot til samarbeidsprosjekt mellom offentleg og privat sektor innafor kulturminnefeltet			10 000
1429	72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø			90 684
1429	73	Brannsikring og beredskapstiltak	1		5 453
1429	75	Internasjonalt samarbeid			900
1441	39	Oppryddingstiltak	8 079		33 880
1441	63	Tilskot til kommunale avløpstiltak	2		70 820
1441	65	Tilskot til heilskapleg vassforvaltning			2 000
1441	77	Tilskot til innsamling av isolerglassruter som inneheld PCB			10 000
1443	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	54		16 193
1463	63	Lokal Agenda 21 og berekraftig by- og tettstadsutvikling	4 932		
1470	71	Internasjonale organisasjonar	317		
1470	72	Miljøverntiltak i nordområda	1		
1470	75	Støtte til internasjonale miljøtiltak og nasjonale energitiltak	2 045		
2422	90	Statens miljøfond, lån			45 000
2465	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	4 745		13 896

Tabell 1.2 Oversikt over antall årsverk pr. 01.03.2001 under Miljøverndepartementet

Kapittel	Betegnelse	Ant. årsverk
1400	Miljøverndepartementet	256
1427	Direktoratet for naturforvaltning	178
1429	Riksantikvaren	123
1441	Statens forurensningstilsyn	294
2465	Statens kartverk	636
1471	Norsk polarinstitutt	114
Sum		1601

2 Prioriteringar i Miljøvern- departementet sitt budsjett for 2002

Miljøverndepartementet sitt budsjett er eitt av dei viktigaste verkemidla i miljøvernpolitikken. Her blir omtalt dei viktigaste satsingane i budsjettforslaget for 2002. Kapittel 2.2-2.4 gir ein kort gjennomgang av hovudutfordringane i miljøvernpolitikken, og hovudtrekka i Regjeringa sin politikk også utover dei konkrete budsjettsatsingane for neste år. I kapittel 2.5 er gitt ei beskriving av miljøvernsatsingar på budsjetta til andre departement.

Budsjettforslaget for Miljøverndepartementet for 2002 er på 2891,0 mill. kr. Dette inneber ein nominell vekst på 9,3% samanlikna med saldert budsjett for 2001.

Gjennom omprioriteringar på Miljøverndepartementet sitt budsjett, m.a. større reduksjonar i driftsutgiftene, og auke av budsjettet si totalramme, er det mogleg å auke innsatsen på fleire høgt prioriterte område innanfor miljøvern og regional planlegging. Satsingane følgjer opp hovudområde som er omtalte i sentrale meldingar som er lagde fram:

- St.meld.nr. 24 (2000-2001) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld.nr. 54 (2000-2001) Norsk klimapolitikk
- St.meld.nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold – sektoransvar og samordning
- St.meld.nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet

Som varsla i St.meld. nr 24 (2000-2001) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, har Regjeringa utarbeidd ein handlingsplan for auka tryggleik og beredskap langs kysten, mellom anna ved å sikre framdrift i sjøkartlegginga, og ført vidare arbeidet med ein opptrappingsplan for

kulturminneområdet. Det same gjeld arbeidet med å delegere ansvar og mynde til kommunesektoren. Regjeringa styrkjer arbeidet med PCB både gjennom førebyggjande tiltak og i forhold til «gamle synder». Desse tiltaka blir òg følgde opp med løyvingforslag i budsjettet.

Friluftsliv

I Friluftsmeldinga er hovudutfordringa å sikre allemannsretten, å gi barn og unge høve til naturopplevingar og til å utvikle dugleik i friluftsliv. I Miljøverndepartementet sitt budsjett er det foreslått ein auke på friluftlivsområdet med 16,0 mill. kr. Regjeringa følgjer opp behov for å sikre og vidareutvikle potensialet for friluftsliv i strandsona. Det er òg viktig å forsterke satsinga på å sikre og utvikle attraktive areal for friluftsliv i nærmiljøet med særleg fokus på byar og tettstader. Regjeringa foreslår tiltak for å ta vare på grøntstrukturen i byar og tettstader.

Regjeringa foreslår òg å lette tilgangen til fiske, mellom anna ved å fjerne den statlege fiskeravgifta for fiske etter innlandsfisk. Både kommunane og dei frivillige organisasjonane står sentralt i innsatsen på dette området, og Regjeringa ser store gevinstar i å styrkje organisasjonane sine høve til å aktivisere flest mogleg til friluftsliv.

Klima

Klimameldinga inneheld ein plan for korleis Noreg skal gjennomføre sine utsleppspplikter etter Kyotoprotokollen. Regjeringa legg opp til å føre vidare CO₂-avgifta som eit hovudverkemiddel inn til eit nasjonalt kvotesystem er innført, og går inn

for å kombinere bruken av avgift med avtaler med verksemdar som i dag ikkje er omfatta av CO₂-avgifta. Avtalene skal vere slik at verksemdene får den naudsynte handlefridomen og fleksibiliteten når dei skal gjennomføre tiltak. Samstundes må avtalene sikre reelle utsleppsreduksjonar. Regjeringa vil vurdere å regulere utsleppa i medhald av forureiningsloven, viss det ikkje lukkast å etablere avtaler. Regjeringa vil vurdere å løyve pengar som kan utløyse tiltak nasjonalt, og som kan stimulere næringslivet til å delta i felles gjennomføringsprosjekt nasjonalt og internasjonalt. Forsking og teknologiutvikling er eit spesielt viktig satsingsområde. Regjeringa ynskjer å leggje til rette for at dei energi-, miljø- og industripolitiske rammene for utvikling av ny teknologi på ein heilskapleg måte skal bidra til å styrke Noreg si rolle som ein nyskapande og miljøvennleg nasjon. Siktemålet med ei slik satsing er å betre samhandlinga mellom forskingsmiljøa, industrimiljøa og teknologimiljøa i skjæringspunktet mellom miljø og energi, for å bidra til å kommersialisere miljøvennleg teknologi innanfor mellom anna gasskraftproduksjon. Ein viser til ein meir heilskapleg omtale av dette i Gul bok. Lønnsam teknologi som kan gi CO₂-fri gasskraft, vil kunne gi utsleppsreduksjonar i eit globalt perspektiv. I budsjettet for 2002 er det føreslått å styrke forskinga på CO₂-fri gasskraftteknologi, slik at den samla satsinga på budsjetta til Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet blir på om lag 35 mill. kr. I tillegg blir det løyva om lag 42 mill. kr til anna klimaforsking, til utgreiingar og til å støtte arbeidet med lokale klimahandlingsplanar.

Biologisk mangfald

I stortingsmeldinga om biologisk mangfald er omtalt heile 275 tiltak, fordelt på alle departementa, som skal gjennomførast i perioden 2001-2005. Regjeringa sitt viktigaste grep for å sikre det biologiske mangfaldet er lanseringa av eit nytt kunnskapsbasert forvaltningssystem. Midlane til overvaking, kartlegging og oppfølging aukar med 9,0 mill. kr. Også andre departement har sett av midlar til oppfølging av meldinga om biologisk mangfald.

Vern av barskog er eit sentralt tiltak for å ta vare på biologisk mangfald. I 2002 føreslår Regjeringa å auke midlane til å sikre framdrift i barskogplanen med 40,6 mill. kr. Samtidig er tilsegnfullmakta for vern av barskog føreslått auka med 50,4 mill. kr. Framdrifta i nasjonalparkplanen er òg føreslått sikra gjennom ein auke i tilsegnfullmakta på 16,6 mill. kr.

Regjeringa prioriterer arbeidet mot lakseparasitten gyrodactilus salaris, og vidare arbeid for å redde fjellreven frå å bli utrydda.

Miljøfarlege kjemikaliar – innsamling PCB – sediment

Regjeringa gir høg prioritet til arbeidet med å redusere helse- og miljøbelastninga frå farlege kjemikaliar. Arbeidet med å sikre opprydding i fjordar og hamner som er svært forureina av utslepp av miljøgifter frå tidlegare tider vil bli prioritert. Denne typen oppryddingstiltak er svært kostnadskrevjande og teknisk utfordrande. Regjeringa vil derfor komme tilbake med ein brei omtale av dette området i ei seinare melding. Regjeringa føreslår å auke løyvinga til arbeidet med 10 mill. kr i 2002 for å sikre tilstrekkeleg framdrift. Det medfører at den samla satsinga på opprydding av forureina grunn og forureina sediment no er på over 30 mill. kr. Auken skal nyttast til å skaffe erfaring med oppryddingstiltak (pilotprosjekt), utvikle nye teknologiske løysingar, og å utvikle heilskaplege tilnærmingar i større fjord- og kystområde der opprydding i forureina sjøbotn må sjåast i samanheng med nye utslepp frå land.

Regjeringa vil òg prioritere arbeidet med å hindre ny tilførsel av PCB til naturen ved å leggje til rette for eit system for innsamling av isolerglasruter som inneheld PCB, i samarbeid med næringa. Regjeringa føreslår ei satsing på 10,0 mill. kr til dette føremålet.

Auka tryggleik og beredskap langs kysten

Regjeringa føreslår ei rekkje tiltak under fleire departement for å auke tryggleiken og betre beredskapen langs kysten. Forliset av hurtigbåten Sleipner i 1999 og havaria av Green Ålesund og John R sist vinter viste at tryggleiken ikkje er god nok. Satsinga er òg eit svar på dei russiske planane om auka skipstransport langs norskekysten. Regjeringa føreslår ein samla auke til dette føremålet på totalt 70,0 mill. kr i 2002, av dette 35,0 mill. kr på Miljøverndepartementet sitt budsjett som skal dekkje auka innsats til sjøkartlegging og oljevernberedskap med respektive 20,0 og 15,0 mill. kr.

På budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet er føreslått ein generell auke på Sjøfartsdirektoratet sitt budsjett med 10,0 mill. kr for oppfølging av Sleipner-ulykka, og på Fiskeridepartementet sitt budsjett er føreslått ein auke på 25,0 mill. kr til trafikk kontroll og til merking av hurtigbåtar.

Modernisering av nikkilverket i Petsjenga

Alle sentrale føresetnader knytte til modernisering av nikkilverket i Petsjenga er no på plass. Dei sentrale avtalene knytte til det norske tilskottet blir venteleg underteikna i oktober 2001. Prosjektet er planlagt sett i gang i 2001 med 44,2 mill. kr og blir følgt opp i 2002 med ei samla løyving på 171,2 mill. kr. Prosjektet er venta å gi ein reduksjon i utsleppa av svoveldioksid, støv og tungmetall med minst 90 %. Dette vil betre miljøet i Finnmark monaleg.

Styrkt kulturminnesatsing

Regjeringa har styrkt den offentlege innsatsen for kulturminnevernet i budsjetta for 2001 og 2002. Samtidig vil Regjeringa arbeide for eit samarbeid mellom det offentlege og næringslivet i kulturminnearbeidet, for å utløyse endå meir satsing på dette området. Regjeringa meiner at eit slikt samarbeid samla sett vil gi auka ressursar til kulturminnevernet.

Regjeringa vil i denne samanhengen kome tilbake med forslag i høve til kulturminnefond. I fleire europeiske land har ein valt ulike modellar for å etablere fond for kulturminneføremål. For å få best mogleg effekt av ei slik ordning, meiner Regjeringa at ein bør arbeide noko meir med ulike modellar for utløysing av privat kapital før forslag blir fremma. For å vinne erfaring med samarbeid mellom offentlege og private, foreslår Regjeringa ei tilskotsordning på 10 mill. kr i statsbudsjettet for 2002, som skal nyttast til å finansiere kulturminneprosjekt gjennom samarbeid mellom det offentlege og næringslivet. Tilskotsordninga blir etablert som ei førebels ordning over 3 år, blant anna for å prøve ut kor mykje private middel og frivillig innsats dette kan utløyse.

Kulturminneutvalet, som skal gi si innstilling i desember 2001, vil òg kome med forslag om korleis ein best mogleg kan få til eit dynamisk samspel mellom offentlege og private aktørar. Regjeringa meiner det vil vere klokt å avvente forslaga frå utvalet før det blir fremma eit gjennomarbeidd forslag til korleis kulturminnevernet skal finansierast på ein robust og framtidsretta måte. Regjeringa vil derfor kome tilbake til denne saka på eit seinare tidspunkt.

Byutvikling

Regjeringa legg stor vekt på tiltak for å fremje miljøvennleg storbyutvikling. Midlane skal gå til miljøbelasta område i storbyane for å utvikle pilotpro-

sjekt og medverke til nye samarbeidsformer mellom offentlege styresmakter, næringslivet og frivillige organisasjonar innanfor samferdsel og arealforvaltning, bustad- og lokalsamfunnsutvikling, næringsutvikling og kulturmiljø. 5 mill. kr på Miljøverndepartementet sitt budsjett skal nyttast til å betre miljøet i Groruddalen, i nært samarbeid med Oslo kommune. Innsatsen vil bli koordinert med andre departement. Det er sett i gang tiltak over budsjetta til andre departement på omlag 20 mill. kr.

Kommunesatsing

Kommunane vil få auka ansvar, større fridom og fleire verkemiddel for å ivareta det lokale miljøet og medverke til å ivareta nasjonale og globale miljøverdiar. Staten vil leggje til rette støttefunksjonar og medverke med ressursar til omstilling i kommunane. Rammene for reforma er drøfta i konsultasjonsordninga med kommunesektoren. Det blir føreslått ei ny mellombels tilskotsordning for å sikre støtte til kommunar i ein overgangsfase når delegering av ansvar og mynde blir starta opp frå 2002, og å auke løyvinga til det landsomfattande Arealis-programmet.

Landkart

Målet er å bringe fastlands-Noreg over frå analoge papirkart til ein digital infrastruktur av kartdata. Gjennom etablering av «Noreg digitalt» vil Miljøverndepartementet m.a. etablere ein nasjonal geografisk infrastruktur som dekkjer basisbehovet i alle kommunar, gir høve til betre arealplanlegging og arealbruk, gir enkeltmenneske og avgjerdestakarar betre tilgjenge til korrekt informasjon, og høve til å gi privat verksemd eit stort potensial for verdiskaping. Regjeringa foreslår å auke framdrifta i dette arbeidet med 8,0 mill. kr.

3 Dei globale miljøutfordringane trugar livsgrunnlaget på jorda

Politikk for berekraftig utvikling er politikk for ei langsiktig forvaltning av den formuen vi rår over, i vidaste forstand. Berekraftig utvikling vil seie at vi i fellesskap forvaltar dei menneskelege og dei menneskeskapte ressursane, natur- og miljøressursane på ein måte som sikrar kommande generasjonar ei velferd minst på det nivået som er i dag. Viktige økosystem og dei store økologiske kretsløpa kan ikkje «byttast bort» i auka formue av

andre typar, fordi dei utgjer sjølve livsgrunnlaget på jorda.

Dei største miljøtruslane verda står overfor i dag, er:

- Den aukande konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren. Vitskapen finn stadig sterkare bevis på at temperaturen aukar og at klimaet blir endra på grunn av menneskeleg aktivitet, og særleg på grunn av bruken av fossilt brensl.
- Den raske reduksjonen i det biologiske mangfaldet på jorda, som følgje av avskoging, skadelege landbruksmetodar og annan arealbruk. Det biologiske mangfaldet danner grunnlaget for produksjonen av mat, klede, medisinar og andre livsnødvendige produkt, og styrkjer m.a. motstandskrafta i økosystema mot plutslege endringar.
- Den stadig veksande bruken og utsleppa av helse- og miljøfarlege kjemikal, som blir langsamt nedbrotne i naturen og derfor hopar seg opp i næringskjedene. Dette trugar både det biologiske mangfaldet, matforsyninga og helsa til kommande generasjonar.

Dette er truslar som gjeld liv og helse for menneska på kort sikt – og som trugar samfunnet sin eksistens på lengre sikt. Ny forskning stadfestar og styrkjer dette synet, utan at verdssamfunnet sin innsats er utvikla tilsvarende. Eit hovudmål i Regjeringa sin miljøvernpolitikk er å medverke til å redusere desse globale problema gjennom internasjonalt forpliktande samarbeid og nasjonale tiltak.

Mange av dei fattigaste landa i verda vil bli sterkt ramma av klimaendringar. Noreg kan òg bli skadelidande. Vi er netto mottakar av luft- og havforureining, og har dermed ei eiga interesse av avtaler som løyser internasjonale miljøproblem.

Den ujamne fordelinga av materiell levestandard er urettferdig og ikkje berekraftig. Miljøet på jorda toler ikkje at seks milliardar menneske – truleg aukande til ti milliardar rundt midten av hundreåret – lever og forbrukar på same nivå som innbyggjarane i Vesten. Dei rike landa, inkludert Noreg, har eit hovudansvar for å redusere si belastning på miljøet til eit nivå som gir alle menneske i verda høve til å nyte godt av like gode livsvilkår. Vi må samarbeide med utviklingslanda om å skape ei økonomisk utvikling som er berekraftig og rettferdig i alle delar av verda.

Gode rammevilkår kan gjere mogleg ei teknologisk endring som inneber auka miljøeffektivitet, dvs. reduserte miljøbelastningar per produsert eining. Men framgang i miljøeffektivitet er ikkje

nok til å redusere den samla miljøbelastninga, dersom effekten av auka produksjons- og forbruksmengder meir enn oppveg den betra miljøeffektiviteten. Mange skadar, f.eks. i form av redusert biologisk mangfald og tapte kulturminne, er i praksis ubotelege. Utfordringa ligg i å finne løysingar som er meir økologisk berekraftige samtidig som dei er svar på menneskelege behov. Ei vidareføring av forbruksveksten i Vesten vil ikkje automatisk føre til auka velferd, heller ikkje i Vesten. Dette er, i tillegg til kampen mot fattigdommen, den store utfordringa som vil bli sett på dagsordenen for FN-toppmøtet om berekraftig utvikling (Rio + 10) i Johannesburg i 2002. Regjeringa sitt arbeid med å utvikle ein nasjonal strategi for berekraftig utvikling er eit sentralt element i dei norske førebuingane.

Dei globale miljøtruslane definerer, saman med andre utfordringar av internasjonal og meir nasjonal karakter, viktige arbeidsområde for miljøvernpolitikken i Noreg:

- Det er viktig at Kyotoprotokollen trer i kraft. Oppfølginga vil få stor innverknad på energibruken og samansetjinga av energiberarar i Noreg.
- Oppfølginga av FN-konvensjonen om biologisk mangfald krev ei heilskapleg forvaltning av det biologiske mangfaldet i Noreg. Spesielle utfordringar er knytte til vern av det biologiske mangfaldet i skog, ei balansert forvaltning av dei store rovdyra og utviklinga av genmodifiserte organismar.
- Når det gjeld helse- og miljøskadelege kjemikalier, knyter det seg store utfordringar til å rydde opp etter forureining frå tidlegare tider, ikkje minst på sjøbotnen i ei rekkje norske kyst- og fjordområde.
- Samansette utfordringar og internasjonale avtaler gjer det nødvendig å skape ein heilskapleg miljøvernpolitikk for hav- og kystområda.
- Vi står overfor ei rekkje andre internasjonale miljøutfordringar, m.a. i form av sur nedbør og utfordringar i nordområda.
- Vi må ta vare på kulturminne og kulturmiljø som betrar livskvaliteten for folk og skaper identitet og kunnskap å byggje samfunnet vidare på.
- Vi må få til ei meir berekraftig byutvikling, m.a. gjennom å redusere byspreinga.
- Ein sentral del av miljøvernpolitikken er å sikre eit samfunn der alle, ikkje minst barn og unge, får høve til friluftsliv og naturopplevingar. Forsvar av allemannsretten er sentral i denne samanhengen.

4 Hovudtilnærmingar i Regjeringa sin miljøvernpolitikk

Regjeringa vil at Noreg skal vere eit føregangsland i miljøvernpolitikken, og ein pådrivar og aktiv deltakar i arbeidet for å styrkje det internasjonale samarbeidet på miljøområdet og i forhold til berekraftig utvikling. Ambisjonane i miljøvernpolitikken må haldast oppe og styrkjast, i lys av ny vitenskapleg kunnskap. Verkemidla må nyttast og utviklast alt etter karakteren av miljøutfordringa. Regulering med heimel i miljølovgiving, miljøavgifter og informasjon vil framleis vere sentrale delar av miljøvernpolitikken. Desse verkemidla er likevel ikkje tilstrekkelege for å utløyse det potensialet som dei ulike aktørane har for å medverke til ei berekraftig utvikling. Miljøvernpolitikken må integrerast i alle område av politikken og på alle nivå, slik at det blir teke miljøomsyn i alle avgjerds- og utviklingsprosessar i samfunnet.

Internasjonalt samarbeid

Norsk miljøvernpolitikk blir utforma og gjennomført innanfor ramma av internasjonalt samarbeid og internasjonale avtaler og plikter. I ein stadig veksande og meir globalisert økonomi, må det internasjonale miljøvernssamarbeidet byggjast ut og styrkjast på alle nivå. FN sitt toppmøte om berekraftig utvikling i Johannesburg i september 2002 blir viktig i arbeidet for å stake ut den framtidige politiske kursen for berekraftig utvikling av verdssamfunnet.

Også på miljøvernområdet er EU, gjennom EØS-avtala, vår viktigaste samarbeidspartnar. Regjeringa vil leggje vekt på å utnytte og utvikle vidare dei høva EØS-avtala gir til gjennom samarbeid å påverke den vidare utviklinga av miljøvernpolitikken og det tilhøyrande regelverket i EU. Regjeringa ønskjer størst mogleg engasjement og medverknad i EØS-arbeidet og vil derfor trekkje kommunane, partane i arbeidslivet og dei frivillige organisasjonane inn i det løpande arbeidet.

Noreg legg stor vekt på at miljøomsyn skal integrerast i forhandlingane i WTO og det internasjonale handelsregelverket.

Nordisk Råd gav i juni 2001 si tilslutning til ein strategi for berekraftig utvikling i Norden. Det nordiske miljøhandlingsprogrammet for 2001-2004 vil vere eit viktig bidrag for å følgje opp strategien. OECD-prosjektet for berekraftig utvikling munna ut i ein policyrapport til eit møte for finans- og miljøvernministrane i mai 2001. Miljøvernministrane i OECD-landa vedtok samtidig ein miljø-

vernstrategi for dei ti neste åra. Desse dokumenta gir viktige føringar for norsk miljøvernpolitikk.

Sektorane kan mobilisere og vitalisere fleire eigne verkemiddel

Miljøverndepartementet koordinerer arbeidet med å integrere miljøvernpolitikken i viktige prosessar og i sektorane. Stortingsmeldinga om Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand (RM) er den viktigaste reiskapen for Regjeringa i dette arbeidet. Gjennom sektorvise miljøhandlingsplanar set departementa opp arbeidsmål, og gjer greie for verkemiddel og tiltak innan sine ansvarsområde. Dei sektorvise miljøhandlingsplanane skal, saman med eit system for resultatdokumentasjon, bli til eit integrert system for val av verkemiddel, tiltak og overvaking/kontroll. Dette skal gjere mogleg ei effektiv og målretta styring i miljøvernpolitikken. I 2001 vil Finansdepartementet, Utanriksdepartementet, Kulturdepartementet og Justisdepartementet leggje fram kvar sin miljøhandlingsplan. Denne systematiske tilnærmingsmåten vil bli vidareutvikla, og den første generasjonen av miljøhandlingsplanar skal evaluerast.

Lokalt handlingsrom kan utnyttast betre

Alle miljøproblem, også dei globale, skuldast summen av lokale handlingar. Regjeringa er derfor særleg oppteken av å desentralisere ansvaret for miljøvernpolitikken. Det pågår eit omfattande arbeid med å delegere oppgåver til lokalt nivå. Kommunane skal få auka mynde og fleire verkemiddel på miljøområdet. Regjeringa ser eit stort potensial for betre livskvalitet og ei meir berekraftig utvikling i å leggje til rette for eit meir miljøvennleg lokalsamfunn. Ansvarsoverføringa er eit ledd i Regjeringa sitt fornyingsprogram og desentraliseringa av oppgåver og mynde til kommunar og fylkeskommunar for å styrkje og revitalisere det lokale sjølvstyret.

Kommunane har gjennom si tilslutning til Fredrikstaderklæringa uttrykt vilje til å arbeide med Lokal Agenda 21 (LA21). Det nasjonale stimuleringsprogrammet for LA21, som blir avslutta ved utgangen av 2001, omfattar m.a. ein samarbeidsavtale med Kommunanes sentralforbund om regionale knutepunkt, ein samarbeidsavtale med Sametinget om eit samisk knutepunkt, støtte til dei frivillige organisasjonane og nasjonale nettverk, nettstad og eige informasjonstidsskrift. Erfaringar frå stimuleringsprogrammet blir synleggjort på den nasjonale konferansen for LA21 i Sta-

vanger i oktober 2001 (SYNERGI-21). Denne konferansen er òg eit viktig ledd i dei norske førebuingane til toppmøtet i Johannesburg i september 2002, m.a. i arbeidet med den nasjonale strategien for berekraftig utvikling.

Eit meir aktivt samarbeid med næringslivet

Regjeringa vil utfordre næringslivet til eit meir forpliktande samarbeid for å finne miljø- og kostnadseffektive løysingar på globale og nasjonale miljøutfordringar. Regjeringa vil vurdere å satse på avtaler eller forpliktande samarbeid som eit supplement til dei tradisjonelle verkemidla, der slikt samarbeid gir betre resultat i form av miljøvennleg teknologi og mindre belastning på miljøet.

Staten feiar for eiga dør

– «Grøn stat» frå prøveprosjekt til full skala

Regjeringa legg stor vekt på å redusere miljøbelastningane frå staten si eiga drift, som er omfattande. Prosjektet Grøn Stat vil derfor bli gjennomført i full skala etter at prøveperioden er over i 2001. Ti verksemdar har hittil delteke i prosjektet som skal integrere miljøomsyn i staten si eiga drift og dokumentere effektane av tiltaka som blir gjennomførte. I tillegg til konkrete miljøeffektar, har dette arbeidet òg gitt direkte økonomiske innsparringar. Ein grønare stat er òg eit viktig ledd i satsinga på å fornye og effektivisere forvaltninga. Alle statlege etatar skal innføre eit enkelt miljøleingssystem innan 2005, og departementa skal gå føre i denne prosessen. Miljøleingssystemet skal vere ein integrert del av styringssystemet i etatane.

Kunnskap og informasjon er berebjelkar i dugnaden for framtida

Utvikling av kunnskapsgrunnlaget om naturressursar, miljø og kulturminne er eit viktig element i arbeidet for berekraftig utvikling på alle nivå, og for alle sektorar. Tilgjengeleg kunnskap skal nyttast i den daglege forvaltninga og ny kunnskap skal genererast både ved kartlegging, overvaking og forskning. Mellom anna er ein hovudkonklusjon i stortingsmeldinga om biologisk mangfald at det skal utviklast eit kunnskapsbasert forvaltningsystem. Felles kunnskapsgrunnlag og verdivurdering av det biologiske mangfaldet skal medverke til effektive og gode planprosessar og færre konflikter.

Den enkelte må få høve til å velje miljøvennleg. Dette krev betre tilgang på god miljøinformasjon, m.a. ved miljømerking, og innsyn og ei opa haldning i miljøvernforvaltninga, m.a. gjennom å utvikle og vedlikehalde system for miljøinformasjon på Internett. Styresmaktene har òg eit ansvar for at dei frivillige organisasjonane får medverke i utviklinga av miljøvennlege løysingar. Regjeringa vil leggje opp til ei slik arbeidsform i arbeidet framover, gjennom m.a. nettstaden «Miljøstatus i Noreg» og internettbasert informasjon om produkt og farlege kjemikal. Bruken av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i arbeidet med geodata, miljødata og kulturminnedata blir følgt opp gjennom «Strategi for IT i miljøvernforvaltning» og Regjeringa sin handlingsplan for eNoreg.

Eit breitt samansett lovutval for miljøinformasjon (Miljøinformasjonsutvalet) leverte si innstilling i desember 2000. Regjeringa tek sikte på å fremje ein proposisjon om regelverk for miljøinformasjon på bakgrunn av høyringa.

Langsiktig, effektiv og god fysisk planlegging basert på lokal kunnskap og avveging

Utgreiingar og planlegging etter plan- og bygningslova (PBL) har mykje å seie for at samfunnet kan utviklast i ei berekraftig retning. PBL skal utviklast vidare slik at den gir enklare planlegging for næringslivet, befolkninga høve til auka medverknad og folkevalde eit avgjerdsunderlag som gjer at det kan takast tilstrekkeleg omsyn til miljø og helse. Kommunane har primæransvaret for at desse omsyna blir ivaretekne.

Eit godt kartgrunnlag og annan geografisk infrastruktur er nødvendig for ei rekkje samfunnsføremål, ikkje minst for kunnskap om miljøet, for auka tryggleik i hav- og kystområde og som grunnlag for langsiktig og effektiv fysisk planlegging. Stat og kommunar står midt i eit stort moderniseringsarbeid for å kunne utnytte og få tilgang til digitale kart.

5 Dei viktigaste saksområda i miljøvernpolitikken

Kyotoprotokollen må tre i kraft

Kyotoprotokollen frå 1997 er eit første steg på vegen mot Klimakonvensjonen sitt langsiktige mål om å stabilisere konsentrasjonen av klimagassar på eit uskadeleg nivå. Noreg pliktar etter Kyotoprotokollen å sjå til at utsleppa av klimagassar i perioden 2008-2012 ikkje blir meir enn 1 % høgare

enn i 1990. I St.meld. nr. 54 (2000-2001) Norsk klimapolitikk legg Regjeringa fram ein plan for korleis Noreg skal gjennomføre sine plikter under Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen. I tillegg til å følgje opp andre verkemiddel, vil hovudverkemidlet frå 2008 vere eit breitt nasjonalt kvotesystem der deltakarane får kvoteplikt for perioden 2008 til 2012. På kort sikt vil Regjeringa satse på eit breitt spekter av verkemiddel som skal evaluerast og eventuelt justerast undervegs for å sikre at Noreg oppfyller pliktene. Regjeringa føreslår å føre vidare det systemet som er i dag for CO₂-avgifta, innan eit system for kvotehandel er etablert. Meldinga legg opp til at det blir starta forhandlingar med industri som ikkje er omfatta av CO₂-avgifta, med sikte på å få til avtaler om tiltak som reduserer utsleppa. I tillegg er det lagt opp til ei omfattande satsing på forskning, både naturvitenskapleg, samfunnsvitenskapleg og teknologisk.

Under andre del av det sjette partsmøtet under Klimakonvensjonen i juli 2001 vart det politisk semje om ei omfattande avtale. Avtala inneheld politiske vedtak for å setje i verk Kyotomekanismene, og understrekar samtidig at landa skal gjennomføre monalege tiltak heime.

Regjeringa vil leggje fram ein proposisjon om ratifikasjon av Kyotoprotokollen. Noreg skal samarbeide nært med EU og andre land for at Kyoto-protokollen skal tre i kraft så raskt som mogleg.

Eit nytt forvaltningssystem for biologisk mangfald

Våren 2001 la Regjeringa fram St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold – Sektoransvar og samordning. Regjeringa presenterer der eit nytt forvaltningssystem for biologisk mangfald. I løpet av ein 5-årsperiode skal det etablerast eit tverrsektorielt nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald. Programmet utgjer beregninga i forvaltningssystemet, der økonomiske og juridiske verkemiddel skal rettast inn mot område av stor verdi for det biologiske mangfaldet. Samtidig er det føreslått å styrkje innsatsen innan forskning, informasjon og kompetanseoppbygging. I 2002 vil Regjeringa etablere ein artsdatabank. Samordning av juridiske verkemiddel er eit av hovudtiltaka i stortingsmeldinga, og i april 2001 nedsette regjeringa eit breitt samansett lovutval som skal utgreie lovgrunnlaget for biologisk mangfald i Noreg.

Regjeringa meiner det er nødvendig å styrkje arbeidet med å hindre tap av biologisk mangfald i skog. Vern av skog medverkar til å sikre ein «grunnmur» i form av eit landsdekkjande nettverk av dei typiske og dei sjeldne/truga elementa

i norsk skognatur. Etter ei evaluering av det vern som er vedteke i dag, skal det i løpet av 2002 arbeidast ut ein ny strategi for vern og ivaretaking av miljøverdiar i skog.

Regjeringa har eit omfattande arbeid i gang for å følgje opp stortingsfleirtalet sitt mål og retningslinjer knytte til ei balansert forvaltning av dei store rovdyra. Det pågår eit omfattande arbeid for å følgje opp rovviltmeldinga frå 1997 og seinare føringar lagt av Stortinget. Det er lagt til grunn at spesielle konflikter knytte til forvaltninga av dei fire store rovdyrartene skal løysast. Regjeringa har avgrensa dei områda i Noreg der ulv skal få etablere par og familiegrupper. Ein tek sikte på å setje i verk ytterlegare forsøk med lokal forvaltning av rovdyr, slik at ein kan hauste erfaringar med ulike forvaltningsmodellar fram mot at det blir lagt fram ei ny rovdyrmelding i løpet av 2003. Bestandsdata for jerv i Sør-Noreg viser at forvaltningsmålet om å auke denne jervestamma er nådd. Regjeringa tek sikte på å avvikle kjerneområdet for jerv i Sør-Noreg frå 1. april 2002.

Ein stortingsproposisjon med forslag til nasjonale laksevasdrag og laksefjordar vil bli lagt fram i første halvår 2002.

Noreg ratifiserte Cartagena-protokollen om handel med og transport av genmodifiserte organismar (GMO) 10. mai 2001. Det er viktig at protokollen trer raskt i kraft, sett både i lys av grenseflata mot handelsregelverket (WTO) og i forhold til andre avtaler som òg dekkjer/tangerer GMO. Noreg sitt høve til å gjennomføre ein restriktiv politikk på genteknologiområdet vil òg avhenge av at protokollen trer i kraft raskt. Samordning av dei internasjonale avtalene på feltet er ei monaleg utfordring som Noreg prioriterer høgt. I interimsarbeidet direkte under Protokollen legg Noreg særleg vekt på byggje opp kapasitet i u-land og utvikling av globale merkeregjar for GMO, noko som skal sikre at det blir gjennomført ei reell risikovurdering ved import av genteknologiske produkt. Dette er særleg viktig for ressursvake land.

Kampen mot helse- og miljøskadelege kjemikaliar

Det er sett i gang ei rekkje tiltak for å redusere utsleppa av dei høgast prioriterte miljøgiftene. M.a. blir det innført strenge avgrensingar i bruken av alkylfenol, blyhagl og trevirke impregnert med tungmetalla krom og arsen. Vidare har innstramming av utsleppskonsesjonar medført ein monaleg reduksjon i utsleppa av dei høgast prioriterte miljøgiftene. Ei av våre farlegaste miljøgifter er PCB. Det vil bli lagt fram ein handlingsplan for arbeidet knytt til PCB. Regjeringa har gitt prioritet

til arbeidet med å betre avgjerdsgrunnlaget for arbeidet med å rydde opp i forureina fjord- og hamneområde, og tek sikte på å gi Stortinget ein brei presentasjon av arbeidet på dette området.

EU-kommisjonen la i februar 2001 fram forslag til ny kjemikaliepolitikk. Utviklinga av EU sitt nye kjemikalier regelverk er særleg viktig for Noreg, m.a. fordi det i så stor grad påverkar tilførslene hit via luft-, hav- og produktstraumar. Regjeringa vil vere med å utvikle eit godt nytt europeisk kjemikalier regelverk gjennom dei fora Noreg deltek i.

Noreg har vore aktiv i framforhandlingane av to regionale ECE-avtaler om forbod mot og avgrensingar av utvalde persistente organiske sambindingar og tungmetall. Avtalene representerer ei svært viktig utviding av det europeiske samarbeidet om reduksjon av dei grenseoverskridande luftforureiningane. Arbeidet med å gjennomføre avtalene er starta, samtidig som det blir arbeidd for å ta fleire stoff inn i avtala om persistente organiske sambindingar. Ei global avtale om persistente organiske sambindingar vart vedteken i Stockholm i mai 2001. Eit viktig element i denne avtala er å sikre god nok teknisk og økonomisk assistanse til u-land til støtte for deira gjennomføring av avtala. Arbeidet med dette er i gang.

Ein heilskapleg miljøvernpolitikk for hav- og kystområda

Regjeringa vil etablere ein heilskapleg og styrkt miljøvernpolitikk for hav- og kystområda, og fremje ei melding til Stortinget. Bakgrunnen er m.a. at ein ventar ein sterk vekst innanfor fiskeri- og havbruksnæringa. Regjeringa vil basere forvaltninga av hav- og kystområda på omsynet til økosystema, og slik at dei ulike påverknadene blir vurderte i samanheng.

OSPAR-konvensjonen har stor innverknad for norske havområde, med sine ambisiøse strategiar for miljøgifter, radioaktive stoff, kamp mot eutrofiering, bevaring av økosystem og biodiversitet, og for miljømål i offshoreverksemda. Partane under OSPAR har vedteke strategiar for innan 2020 å stanse utslepp av miljøgifter og redusere radioaktive utslepp til eit nivå som ikkje medfører skade på miljøet utover det som skuldast tidlegare utslepp. På kommisjonsmøtet i 2001 vart det vedteke ei ny prioriteringsliste for farlege stoff, og fatta vedtak med omsyn til reprosesseringsanlegg for radioaktivt avfall og utslepp av produsert vatn frå offshoreverksemda. Krava på det sistnemnde området vil vere ei utfordring ut frå den teknologien som blir nytta på norsk sokkel i dag.

Auka tryggleik og beredskap langs kysten

Regjeringa la i juni 2001 fram ein handlingsplan for auka tryggleik og beredskap. Planen er eit samarbeid mellom seks departement, og legg m.a. opp til meir omfattande rutinar for førehandsvarsling av risikoprega transportar, og utvida overvaking av kysttrafikken. Regjeringa har sett i gang arbeidet med å utgreie konsekvensane av å utvide territorialfarvatnet, og vil fremje eit lovforslag så sant det ikkje kjem fram avgjerande argument mot ei utviding. Regjeringa vil styrke arbeidet med tekniske krav til skip og vil arbeide for at regelverket blir fastsett internasjonalt.

Miljøverndepartementet koordinerer arbeidet og har sjølv ansvaret for sjøkarta og oljevernberedskapen. Det blir teke sikte på at kysten skal vere dekt med autoriserte elektroniske sjøkart i løpet av 2006. Oljevernberedskapen blir føreslått styrkt og effektivisert.

Andre utfordringar i Noreg sine nærområde

Regjeringa legg vekt på å betre miljøsituasjonen og sikre natur- og kulturminneverdiane i nordområda gjennom det nordiske samarbeidet, Barents-samarbeidet, arbeidet under Arktisk Råd og gjennom det bilaterale miljøvernssamarbeidet med Russland.

På Svalbard er det ei utfordring å syte for at lokale aktivitetar i form av ressursutnytting, turisme og forskning går føre seg på ein slik måte at det biologiske mangfaldet er sikra og at urørte naturområde og kulturminne ikkje blir utsette for vesentlege inngrep og påverknader. Ei ny miljøvernlov for Svalbard vart vedteken av Stortinget i 2001. Lova vil tre i kraft i løpet av 2002. Regjeringa vil òg føreslå å opprette nye verneområde der det spesielt blir lagt vekt på vern av produktive landområde.

Det vart i 1999 vedteke ein ny protokoll om svovel (SO₂), nitrogenoksid (NO_x), flyktige organiske sambindingar (VOC) og ammoniakk (NH₃) under Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining («Gøteborgprotokollen»). Protokollen, som m.a. regulerer dei nasjonale utsleppa av dei fire nemnde gassane f.o.m. 2010, er venta å gi vesentlege forbetringar i forsureingssituasjonen i Noreg. Regjeringa utgreier no kva verkemiddel som bør nyttast for å overhalde Noreg sine plikter i protokollen, og vil komme tilbake til dette i seinare meldingar. Dei største utfordringane er knytte til å redusere utsleppa av NO_x frå sjøfart og fiske og frå petroleumsværksemda på sokkelen, VOC frå bøyelasting

og lagring av råolje og NH₃ frå landbruket. Miljøverndepartementet og Prosessindustriens Landsforening har inngått ei avtale som vil redusere utsleppa av SO₂ frå prosessindustrien i eit omfang som langt på veg vil sikre at Noreg sine svovelplikter i Gøteborgprotokollen blir oppfylde på ein kostnadseffektiv måte.

Ein forsterka kulturminnepolitikk

Den kulturelle ståstaden vår er viktig når vi skal velje strategiar for ei berekraftig utvikling. Kulturarven gir oss kunnskapar og opplevingar, medverkar til å forme vår identitet og inngår i verdi grunnlaget som styrer våre val og handlingar. Aktiv forvaltning av kulturminne og kulturmiljø skal òg medverke til å utvikle attraktive lokalsamfunn og til verdiskaping og næringsutvikling i samarbeid mellom befolkning, næringsliv, sektorar og kommunar.

I 2001 er det etablert ei eiga kulturminneavdeling i Miljøverndepartementet, både for å gjere tydeleg det statlege arbeidet på dette feltet og for å styrkje arbeidet med å utvikle økonomiske rammer og nødvendige støttefunksjonar på arbeidsfeltet, ikkje minst overfor kommunane.

To viktige satsingar i Regjeringa sin kulturminnepolitikk er ein felles innsats for kulturarven gjennom spleiselag, og partnerskap mellom staten og private aktørar der næringslivet og organisasjonane må trekkjast aktivt med. Det skal òg satsast på auka lokalt engasjement og lokal innsats gjennom å styrkje den lokale kulturminneforvaltninga og overføre mynde til kommunane. Arbeidet med å førebu auka kommunal mynde og kompetanse på kulturminnefeltet har hatt særleg fokus i 2001 gjennom eit styrkt samarbeid med kommunesektoren.

Det offentlege utvalet som er oppnemnt for å utgreie strategiar, mål og verkemiddel i kulturminnepolitikken, leverer si utgreiing innan utgangen av 2001. Utgreiinga vil gi viktige premisser for utviklinga vidare.

Berekraftig byutvikling

Regjeringa vil rette spesiell merksemd mot utviklinga i byar og tettstader. Her bur ¾ av befolkninga i landet, og delen aukar. Byveksten medfører press på areal og andre ressursar, særleg energi. Vegtrafikk og annan aktivitet skaper miljøproblem som støy og luftforureining. Det er derfor ein viktig del av miljøvernpolitikken og den regionale planlegginga å leggje til rette for at service og næringsliv, bustader og transportsystem

blir utvikla innanfor ramma av ei berekraftig byutvikling. Særleg må det leggjast vekt på redusert byspreiing, som svar på den areal- og energikrevjande utbygginga av bygningar og infrastruktur. Samtidig må det sikrast kvalitet i omgivnadene og sunne livsvilkår for befolkninga. Friluftsliv i byane og vern og bruk av kulturminne vil medverke til dette.

Friluftsliv og allemannsrett

Regjeringa la fram St. meld. nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet, våren 2001. Meldinga legg vekt på å fremje eit romsleg og miljøvennleg friluftsliv som grunnlag for god folkehelse, livskvalitet og ei berekraftig utvikling. Hovudutfordringane er å sikre allemannsretten, å gi barn og unge høve til naturopplevingar og til å utvikle dugleik i friluftsliv, ta vare på natur- og kulturgrunnlaget for friluftslivet og sikre høvet til å oppleve stille, fred og ro. Stortinget vedtok nye, nasjonale resultatmål for friluftslivet under behandlinga av St. meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, i oktober 2000.

Tiltaksplanen for å betre allmenta sin tilgang til kyst- og strandstrekningar er ført vidare, m.a. gjennom ei ordning med juridisk hjelp til kommunar som vil ta opp arbeidet med allemannsretten i strandsona, og eit kystsonenettverk for fylka frå svenskegrensa t.o.m. Rogaland. Arbeidet med verneplanen for Oslofjorden starta opp i Vestfold i 2000 og vil bli ført vidare.

6 Budsjettvise satsingar på andre departement sine område

For å oppnå ei berekraftig utvikling må miljøomsyn integrerast i alle delar av samfunnet. Dette stiller krav både til utforminga av den overordna økonomiske politikken og til politikken i dei enkelte sektorane. Samtidig må tiltak og verkemiddel på enkeltsektorane samordnast på ein slik måte at dei samla effektane trekkjer i retning av lågare miljøbelastning og redusert ressursbruk. Alle departement har derfor ansvar for at tiltak og verkemiddel på sine respektive område ikkje gir unødige miljøbelastningar, og for å drive miljøarbeid i tråd med Regjeringa sine overordna miljøvernpolitiske mål.

Nedanfor er gitt eit tabelloversyn over utgifter til miljøvern tiltak i statsbudsjettet for 2002, fordelt på departement. Regjeringa har valt å leggje føl-

gjande kriterium til grunn for å avgrense miljøverntiltak:

- utgiftene må i sin heilskap nyttast til miljøforbedringar,
- miljøomsynet må vere avgjerande for at tiltaket/prosjektet blir gjennomført, eller
- utgiftene skal motverke negative miljøeffektar av sektorpolitiske tiltak elles (førebyggjande tiltak)

Kvart departement gjer òg greie for sine miljøsatningar i 2002 i sine eigne budsjettproposisjonar.

Omfanget av styresmaktene sitt arbeid på miljøvernområdet kan ikkje målast berre ut frå storleiken på budsjetta til dei enkelte departementa. Arbeid for eit betre miljø omfattar òg avgjerder som ikkje har direkte konsekvensar for utgiftssida i budsjetta. Dette kan vere å hindre miljøskadelege inngrep i naturen, innføring av reformer og regelendringar som skal gjere det lettare å ta miljøomsyn i offentleg og privat planlegging, og skatte- og avgiftsordningar retta mot miljøskadeleg produksjon og forbruk. Blant slike saker er den sterkare vekt Regjeringa no legg på å unngå vasskraftutbygging i verneverdige naturområde, og arbeidet for større lokalt ansvar i miljøvernpolitikken. Mindre endringar i løyvingane til miljøverntiltak frå år til år inneber ikkje nødvendigvis endra prioriteringar, men kan vere uttrykk for at tiltak blir starta opp eller avslutta, eller at kostnadene ved å gjennomføre enkelttiltak er reduserte. Også budsjettekniske endringar vil kunne påverke den talvise framstillinga av miljøprofilen. Tala i tabellen må derfor tolkast med varsemd. Det vil dessutan alltid vere eit monaleg innslag av skjønn i slike oppstillingar. Mange tiltak har fleire grunngevingar og skal medverke til å oppnå ulike mål, noko som kan gjere det vanskeleg å skilje ut miljøelementet på ein eintydig måte. For eksempel vil satsing på jernbane og annan kollektivtransport vere grunnlagt både med miljøomsyn og med behov for betre framkomst, kapasitets- og standardheving, auka tryggleik m.v.

Tabellen viser at departementa sine samla utgifter til miljøverntiltak i 2002 ligg monaleg over tilsvarende tal for 2001. Utanom Miljøverndepartementet er det større aukar på budsjetta til mellom anna Samferdsledepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Fiskeridepartementet og Sosial- og helsedepartementet.

På området til Samferdsledepartementet er det ein auke i dei miljørelaterte løyvingane, i hovudsak som ein følge av auka vedlikehald og

investeringar i jernbanenettet. Statleg kjøp av persontransporttenestar frå NSB (intercity- og nærtrafikk) aukar med 153 mill. kr. I 2002 finansierer bompenger og riksvegmiddelet til saman 212 mill. kr av utbygginga av T-baneringen i Oslo.

Auken på budsjettet til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet heng blant anna saman med klart auka avkastning frå Fondet for forskning og nyskaping. Avkastninga blir rekna til 525 mill. kr i 2002. KUF legg til grunn at om lag 16 prosent av avkastninga frå fondet vil bli brukt til miljørelevant forskning i 2002.

Av miljøtiltaka på Landbruksdepartementet sitt budsjett er 611 mill. kr knytt til jordbruksavtala. Tiltaka skal medverke til å redusere forureining frå landbruksproduksjon og stimulere til å ta vare på biologisk mangfald, tilgjenge til kulturminne, økologisk produksjon og vern av kulturlandskap. Satsinga på økologisk landbruk er auka til 125 mill. kr. Arbeidet med utforming av miljøprogram med miljøplan på det enkelte bruk, og eit prøveopplegg, er sett i gang. Det blir teke sikte på at miljøplan skal vere operativt over heile landet frå 2003. Jordvernet vil bli styrkt for å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjonen.

På Fiskeridepartementet sitt område vil eit miljø- og overvåkingsprogram i oppdrettsnæringa bli sett i verk i løpet av 2002. Det vil bli innført krav til næringsutøvarane om å drive miljøovervaking av sine anlegg etter bestemte godkjende metodar. Arbeidet med å stimulere til redusert bruk av medisinar og kjemikal i oppdrettsnæringa blir ført vidare. Det vil òg bli lagt til rette for redusert energibruk i fiskerisektoren, jf. St. meld. nr. 54 (2000-2001) Norsk klimapolitikk.

Omlegging av energibruk og energiproduksjon er det viktigaste miljørelaterte området under Olje- og energidepartementet. Enova SF er oppretta for å styrkje arbeidet med omlegging av energibruk og energiproduksjon. Føretaket skal vere fullt operativt frå 1. januar 2002. Samtidig fell energiverka sitt arbeid med lovpålagt enøk og NVE si forvaltning av løyvde midlar til omlegging av energisektoren bort. Som ledd i endringane vil ein del av nett-tariffen bli øyremerkte enøk-tiltak. Dei statlege budsjettløyvingane til enøk-tiltak vil bli tilsvarende reduserte. Dette er hovudgrunnen til nedgangen i OED sine miljøutgifter i 2002. Det blir teke sikte på å auke løyvingane til utvikling av klimateknologi i dei kommande åra. Målet er på grunnlag av forskning å etablere CO₂-reduserande teknologi i perioden 2004-2006 med sikte på eit pilot/demonstrasjonsanlegg rundt 2005.

Tabell 6.1 Miljøverntiltak i statsbudsjettet 2002.

(i mill. kr)

Departement:	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
Arbeids- og administrasjonsdepartementet ^{1) 2)}	156,0	156,0
Barne- og familiedepartementet	4,1	2,6
Finansdepartementet	8,4	18,2
Fiskeridepartementet	342,6	426,5
Forsvarsdepartementet	571,4	538,4
Justisdepartementet	54,5	58,1
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet	335,6	444,2
Kommunal- og regionaldepartementet	97,0	110,0
Kulturdepartementet	440,7	484,8
Landbruksdepartementet	1020,0	1070,0
Miljøverndepartementet	2244,6	2621,2
Nærings- og handelsdepartementet	353,5	359,3
Olje- og energidepartementet	513,2	491,2
Samferdselsdepartementet	3886,9	4152,9
Sosial- og helsedepartementet	122,3	140,4
Utanriksdepartementet ³⁾	1501,0	1568,0
Sum alle departementa	11651,8	12641,8

¹⁾ Tala omfattar ikkje Statsbygg/rehabilitering av verneverdige statlege bygningar. Enøk-tiltak i regi av Statsbygg er tekne med.

²⁾ På Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt område er det gjort ei budsjetteknisk endring ved at det administrative ansvaret for Fylkesmannen si miljøvernavdeling er overført frå Miljøverndepartementet til AAD med verknad frå og med budsjettåret 2001. Både i 2001 og i 2002 utgjer desse utgiftene om lag 150 mill. kr. Denne endringa kom ikkje med i den tilsvarende tabellen i budsjettproposisjonen for 2001, men er teken inn i tabellen over.

³⁾ Norsk bistandspolitikk byggjer på standardar som er fastsette i OECD/DAC. Definisjonen av miljøverntiltak avvik noko frå Miljøverndepartementet sin.

Auken på Sosial- og helsedepartementet sitt område kjem i hovudsak som følgje av større løyvingar til Statens strålevern i samband med EU sitt strålevernprogram og miljøprosjekt innanfor handlingsplanen for atomsaker.

Auken på Finansdepartementet sitt område skriv seg frå Noreg sin del av eit tapsfond for miljølåneordninga under Den Nordiske Investeringsbanken (NIB) i 2002 på 10 mill. kr.

Utanriksdepartementet vil halde oppe bstanden på miljøområdet på same nivå som i 2001. Tiltak som medverkar til langsiktig økologisk forsvareleg forvaltning av naturressursane vil bli prioriterte, inkludert utvikling av berekraftige produksjonssystem i primærnæringane. Auka prioritet vil òg bli gitt til å støtte oppfølginga i u-landa

av den globale handlingsplanen for ei berekraftig utvikling, og for oppfølging av globale og regionale miljøavtaler. Tiltak for miljøvennleg energiutvikling og -forvaltning er òg prioritert, og styrking av mottakarlanda si evne til å utforme eigne rammevilkår for berekraftig utvikling. I 2002 vil 225 mill. kr av løyvinga til ikkje-ODA-godkjent bistand gå til miljøtiltak. Miljøsattinga gjennom prosjektsamarbeid med Russland og dei andre SUS-landa blir ført vidare og styrkt. Prioriterte område vil vere atomtryggleik, berekraftig forvaltning av marine og landressursar, og førebygging av grenseoverskridande forureining som kan påverke helse, miljø eller næringsverksemd i Noreg.

For ei meir detaljert beskriving av miljøverntiltak på budsjetta til andre departement, blir det

vist til omtale i budsjettproposisjonen frå det enkelte departement. Denne omtala omfattar:

- ei beskriving av utfordringar knytte til miljø- og ressursforvaltninga på departementet sitt ansvarsområde
- ei beskriving av kva mål som er sette for departementet sitt arbeid med desse utfordringane
- ein rapport om resultat som er oppnådde i 2000
- ei beskriving av tiltak i forslaget til budsjett for 2002 som er retta mot å ivareta ressurs- og miljømsyn.

I samband med statsbudsjettet for 2002 har ytterlegare fire departement utarbeidd miljøhandlingsplan: Finansdepartementet, Justisdepartementet, Kulturdepartementet og Utanriksdepartementet. For ein presentasjon av desse planane blir det vist til departementa sine eigne budsjettproposisjonar.

7 Fornyning, organisasjons- og strukturendringar

Miljøverndepartementet har overordna mynde over Statens Kartverk, Statens forureiningstilsyn, Direktoratet for naturforvaltning, Riksantikvaren og Norsk Polarinstitutt. Statleg miljøvernarbeid på regionalt nivå blir tatt i vare av Miljøvernavdelinga til Fylkesmannen og sysselmannen på Svalbard. Statens strålevern, Sjøfartsdirektoratet og SND utfører òg oppgåver innafor miljøvernområdet styrt av Miljøverndepartementet.

Oversikt over årsverk

Samla oversikt over talet på årsverk per 01.03.2001 fordelt på Miljøverndepartementet og underliggjande etatar går fram av tabell 1.2 under kap. 1 Oversiktstabellar.

7.1 Fornyning av offentlig sektor – Dei viktigaste prosjekta i Miljøverndepartementet

Fornyingsprogrammet og det pågåande arbeidet med desentralisering av oppgåver og mynde til kommunar og fylkeskommunar, vil stå sentralt dei næraste åra. Dette stiller miljøvernforvaltninga overfor nye utfordringar og endra rammevilkår. Det vil bl.a. bli sett et klarere fokus på kjerneoppgåvene til miljøvernforvaltninga. Dette inneber òg auka fokus på om oppgåvene ligg på riktig nivå (lågast mogleg) i forholdet mellom sentral, regional og lokal miljøvernmynde. Arbeidet vil ha verk-

nad for alle etatar og på alle nivå i miljøvernforvaltninga.

Arbeidet i miljøvernforvaltninga med organisasjonsutvikling er knytt til sentrale styringsdokument. Prosjekta som er under arbeid, er av ulikt omfang og forskjellig lengd.

7.2 Desentralisering av oppgåver og mynde til fylkeskommunar og kommunar

Oppfølging av oppgåvemeldinga – Regionale miljøvernoppgåver

Kommunal- og regionaldepartementet samordnar oppfølginga av St. meld. nr. 31 (2000-2001) Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling, og Stortingets handsaming av ho, jf. Innst. S. nr. 307 (2000-2001), mens gjennomføringa blir utført av ansvarleg departement. Regionale miljøvernoppgåver skal overførast frå fylkesmannen til fylkeskommunen, med unntak av klagehandsaming og lovkontroll. Det må gjerast endringar i lov- og forskrifter før overføring kan skje i 2003.

Miljøverndepartementets kommunereform

For å styrkje og gjøre det kommunale miljøansvaret tydeleg vil fleire oppgåver som i dag ligg på statleg nivå bli lagt til kommunane. Den konkrete ansvars- og myndefordelinga mellom stat og kommune på miljøvernområdet blir drøfta i konsultasjonsprosessen mellom Regjeringa og Kommunanes sentralforbund (KS). Før ansvar og mynde kan bli overført til kommunane vil det vere behov for enkelte endringar i lover og forskrifter m.m. Regjeringa tar derfor sikte på at overføring av oppgåver kan skje gradvis frå 2002 til 2005. Ei styrking av det kommunale miljøvernarbeidet gjennom å gi kommunane auka ansvar, større fri-dom og fleire verkemidlar, vil kunne bidra til å vitalisere lokaldemokratiet og ankre miljøvernpolitikken betre lokalt. Overføring av oppgåver til kommunane må sjåast i nær samanheng med oppgåvefordelinga på regionalt nivå.

7.3 Omstillingsarbeid i Statens kartverk

Omstillingsarbeidet i Statens kartverk tar utgangspunkt i den teknologiske utviklinga som inneber store krav til rask omstilling. I tillegg fører markedsorienteringa av verksemda til behov for tiltak til å utvikle organisasjonen. Statskonsult har vært engasjert til å sjå på forvaltningsoppgåver, framtidig organisasjonsform med evt. oppretting av selskap, rolla til fylkeskartkontora, depar-

tementstilknytting for Statens kartverk og økonomiske konsekvensar av framlegga. Det er òg sett på statens samla forvaltning og bruk av geodata.

Miljøverndepartementet vil i tillegg til dette òg vurdere grensesnitt og mogleg samhandling med kommunal kartproduksjon.

7.4 Gjennomgang av inndelinga av direktorata under Miljøverndepartementet

Dei praktiske konsekvensane av St. meld. nr. 31 (2000-2001) «Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling» kan også ha stor verknad for våre direktorat. For å sikre ein mest mogleg heilskapleg miljøvernforvaltning vil Miljøverndepartementet starte ein gjennomgang av oppgåvene til dei direktorata der ein finn dette føremålstenleg.

7.5 Vidareutvikling av Produktregisteret

Rolla til Produktregisteret som felles kjemikalie-register ble evaluert av Statskonsult i 2000. Som ei oppfølging av denne evalueringa foreslår Regjeringa at det administrative ansvaret for Produktregisteret blir overført frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet til Miljøverndepartementet. Vidare vil Miljøverndepartementet i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet gjennomføre eit fornyingsprosjekt med mål å komme fram til tiltak som siktar mot ei vidareutvikling av registeret slik at registeret i størst mogleg grad kan ivareta behovet til forvaltninga for korrekte data om bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar, behovet for produsentane og importørane for ein effektiv innrapportering av informasjon, og å bidra til informasjon til allmenta om helse- og miljøfarlege kjemikalie.

Del II

Omtale av Miljøverndepartementet sine mål og verkemiddel

8 Innleiing til del II

Tabell 8.1 viser planlagt disponering av Miljøverndepartementet sitt budsjett innanfor det enkelt resultatområde på tvers av ulike programkategoriar og kapittel. Tabellane inneheld rekneskapstal for 2000 og planlagt disponering av budsjetta for 2001 og 2002. Dei endringane som framgår av tabellen er ikkje berre eit resultat av opp- eller nedprioritering, men skuldast og tekniske endringar. Dette vil framgå av omtalen nedanfor der det både er fokusert på budsjettvise endringar og større tekniske omleggingar av budsjettet.

Miljøverndepartementet sitt budsjett aukar med 9,3 % samanlikna med saldert budsjett 2001. Hovudårsaka til dette er m.a. at det er lagt inn 171,2 mill. kr til modernisering av nikkerverka i Petsjenga samtidig som det er lagt inn ein auke på om lag 70 mill. kr i momskompensasjon. Regjeringa sine største satsingar på Miljøverndepartementet sitt budsjett for 2002 er elles innanfor områda friluftsliv, helse og miljøfarlege kjemikalier, biologisk mangfald, klima, og kart og geodata.

Resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

Regjeringa sitt viktigaste grep for å sikre det biologiske mangfaldet er lanseringa av eit nytt kunnskapsbasert forvaltningssystem. Midlane til overvaking, kartlegging og oppfølging aukar med til saman 5,6 mill. kr inkludert oppretting av artsdatabank. I tillegg er det foreslått å styrkje villaksforskinga og forskning på bioteknologi med til saman 5,2 mill. kr. Vidare foreslår Regjeringa å sikre framdrifta i barskogplanen med 40,6 mill. kr, samtidig som tilsegnfullmakta for vern av barskog er foreslått auka med 50,4 mill. kr. Framdrifta i nasjonalparkplanen er òg foreslått sikra gjennom ein auke i tilsegnfullmakta på 16,6 mill. kr. Området er i tillegg redusert som følge av at avgifta på innlandsfiske er fjerna f.o.m. 2002-budsjettet.

Tabell 8.1 Miljøverndepartementet sin rekneskap og budsjett fordelt på resultatområde i åra 2000, 2001 og 2002.

Resultatområde	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Budsjettfor- slag 2002	(i 1000 kr)
				Endring siste år i %
1. Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald	569 388	489 808	522 788	6,7%
2. Friluftsliv	56 074	70 218	89 848	28,0%
3. Kulturminne og kulturmiljø	169 093	189 856	197 993	4,3%
4. Overgjødsling, oljeforureining og akutte utlepp	145 895	236 513	193 447	-18,2%
5. Helse- og miljøfarlege kjemikal	122 259	84 757	105 829	24,9%
6. Avfall og gjenvinning	334 229	355 860	365 674	2,8%
7. Klimaendringar, luftforureining og støy	168 787	192 362	181 357	-5,7%
8. Internasjonalt miljøvernssamarbeid og miljøvern i polarområda	183 155	167 711	332 156	98,1%
9. Regional planlegging	120 589	62 721	54 954	-12,4%
10 Kart og geodata	330 440	349 630	392 775	12,3%
11. Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver	521 929	446 103	453 787	1,7%
Sum	2 721 838	2 645 539	2 890 607	9,3%

Resultatområde 2 Friluftsliv

Som ei oppfølging av St.meld. nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet foreslår Regjeringa ein auke i løyvingane til friluftsliv med i overkant av 16 mill. kr, der hovudutfordringa er å sikre allemannsretten og å gi barn og unge høve til naturopplevingar. I tillegg følgjer Regjeringa opp behovet for å sikre og vidareutvikle potensialet for friluftsliv i strandsona.

Resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø

Regjeringa fører vidare den satsinga som er gjort på kulturminne og kulturmiljø i budsjettet for 2001, for å halde fram innsatsen på nokre prioriterte område. For å styrkje feltet ytterlegare foreslår Regjeringa å etablere ei ny tilskotsordning på 10 mill. kr for samfinansiering av kulturminneprosjekt gjennom offentlege og private midlar. Gjennom denne ordninga ønskjer Regjeringa å utløyse eit meir dynamisk samarbeid mellom offentlege og private aktørar.

Resultatområde 4 Overgjødsling, oljeforureining og akutte utslipp

Nedgangen på resultatområde 4 skuldast i hovudsak at løyvinga til kommunale avløpstiltak er konsekvensjustert ned med om lag 54 mill. kr, pga. endra prognosar for utbetalingar. Området er auka med 15 mill. kr for å styrkje oljevernberedskapen, nærmare bestemt til å kjøpe nytt oljevern-utstyr og til kurs og øvingar.

Resultatområde 5 Helse og miljøfarlege kjemikaliar

Regjeringa intensiverer arbeidet med å redusere belastninga frå miljøgifter og andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Det er foreslått å auke løyvinga med 10 mill. kr for å kunne forsere arbeidet med oppryddingstiltak og tiltaksretta undersøkingar i område der sedimenta er forureina med miljøgifter. Regjeringa aukar òg innsatsen for å hindre utslipp av miljøgifter og spesielt PCB jf. òg resultatområde 6. Vidare er det foreslått å overføre det administrative ansvaret for Produktregisteret frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet til Miljøverndepartementet med ei løyving på i overkant av 12 mill. kr.

Resultatområde 6 Avfall og attvinning

Det er foreslått 10 mill. kr til arbeidet med å leggje til rette for å etablere eit system for innsamling av

isolerglassruter som inneheld PCB. Panteordninga for bilvrak er foreslått auka med til saman om lag 19 mill. kr som følgje av at fleire bilvrak er venta innleverte i 2002. Refusjonsordninga for TRI og spillolje blir redusert med 16 mill. kr som følgje av endringar i prognosane for innsamla mengder i forhold til budsjettet i fjor. I tillegg blir det foreslått å redusere tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk og lokal agenda 21 med 15 mill. kr.

Resultatområde 7 Klimaendringar, luftforureining og støy

Nedgangen skuldast at låneløyvinga til Statens miljøfond er foreslått redusert med om lag 16 mill. kr pga. endra prognosar for utbetalingar. Regjeringa foreslår elles å auke løyvinga til klimafor-sking og gasskraftteknologi med til saman 7 mill. kr.

Resultatområde 8 Internasjonalt miljøvern-samarbeid, – bistand, nord- og polarområda

Auken skuldast at det er foreslått avsett 171,2 mill. kr til å modernisere nikkilverka i Petsjenga. Prosjektet er planlagt sett i gang i 2001 med ei løyving på 44,2 mill. kr. Prosjektet vil gi ein reduksjon i utsleppa av svoveldioksid, støy og tungmetall, og vil betre miljøet i Finnmark monaleg.

Resultatområde 9 Regional planlegging

Regjeringa legg stor vekt på tiltak for å fremje miljøvennleg storbyutvikling. Midlane skal gå til miljøbelasta område i storbyane for å utvikle pilotprosjekt og medverke til nye samarbeidsformer mellom offentlege styresmakter, næringslivet og frivillige organisasjonar innanfor samferdsel og arealforvaltning, bustad- og lokalsamfunnsutvikling, næringsutvikling og kulturmiljø. 5 mill. kr på Miljøverndepartementet sitt budsjett skal nyttast til å betre miljøet i Groruddalen, i nært samarbeid med Oslo kommune. Innsatsen vil bli koordinert med andre departement. Det er sett i gang tiltak over budsjetta til andre departement på omlag 20 mill. kr.

Resultatområde 10 Kart og geodata

Som eitt av Regjeringa sine satsingsområde er resultatområde 10 «Kart og geodata» foreslått styrkt med til saman 28 mill. kr. Av dette er 20 mill. kr foreslått nytta til å forsere arbeidet med å etablere elektroniske sjøkart langs norskekysten,

mens 8 mill. kr er føreslått til digitalisering av landkart. Delar av auken på resultatområdet skuldast òg tekniske endringar som følgje av at Area-lisprogrammet er flytt frå resultatområde 9.

Resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver

Resultatområdet 11 viser ein liten auke på 1,7 % samanlikna med saldert ramme 2001. Det skuldast i hovudsak momskompensasjon og lønnskompensasjon. Driftsutgiftspostane i miljøvernforvaltninga er til saman reduserte med omlag 22 mill. kr.

9 Resultatområde 1: Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

Definisjon og avgrensing

Biologisk mangfald utgjer – saman med tilgang på rein jord, reint vatn og rein luft – grunnlaget for menneska sin eksistens. I tillegg er biologisk mangfald avgjerande for verdiskapinga i samfunnet og livskvaliteten og velferda til menneska. Med biologisk mangfald er meint mangfaldet av liv, dvs. planter, dyr og mikroorganismar, deira arvestoff og dei samfunna dei dannar i samspel med kvarandre og med det ikkje levande miljøet (vatn, luft, jord og stein).

Produksjon av oksygen via fotosyntesen, vasshushald, danning av jordsmonn og miljøet si evne til å dempe effektane av miljøbelastningar er døme på livsberande prosessar og økologiske tenester som mennesket er avhengig av for å overleve. Bruk av arvemateriale, arter eller biologiske prosessar dekkjer dei grunnleggjande behova menneska har for m.a. mat, medisinar, klede, hus og brensel. Dette gir òg grunnlag for store delar av verdiskapinga i samfunnet, f.eks. i form av uttak av råvarer som fisk og tømmer og som kjelde til produksjon og sal av medisinar og bioteknologiske produkt. Høve til friluftsliv, rekreasjon og leik og opplæring i naturen medverkar til

auka livskvalitet og velferd. Mangfaldet av liv på jorda er eit forsikringsfond for produksjonsgrunnlag og livsmiljø for framtidige generasjonar, m.a. som råvare for framtidige medisinar og genteknologi. I tillegg har mangfaldet av arter, naturtypar og landskap store estetiske og kulturelle verdier for menneska.

Resultatområdet omfattar bevaring av biologisk mangfald gjennom berekraftig bruk, vern og restaurering. Hovudårsakene til tap av biologisk mangfald er knytte til arealbruk (fysiske inngrep og arealbruksendringar), forureining, overutnytting og spreining av framande, under dette genmodifiserte organismar. Resultatområdet omfattar derfor òg arbeidet med å motverke negative miljøeffektar på det biologiske mangfaldet av desse påverknadene, med unntak av forureining som blir dekt av resultatområde 4-8. Bevaring av verdifulle geologiske førekomstar og ulike landskapskvalitetar inngår òg i resultatområdet. Forvaltning av gamle kulturmarker og tradisjonelle kulturlandskap må sjåast i samanheng med resultatområde 3. I tillegg dekkjer resultatområdet internasjonalt arbeid, m.a. oppfølging av konvensjonar og andre internasjonale prosessar og avtaler for å sikre berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Strategisk mål

Naturen skal forvaltast slik at arter som finst naturleg blir sikra i levedyktige bestandar, og slik at variasjonen av naturtypar og landskap blir halden oppe og gjer det mogleg å sikre at det biologiske mangfaldet får halde fram med å utvikle seg.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål og resultatindikatorar og statusbeskriving

Det er føreslått eit nytt nasjonalt resultatmål 7 knytt til jordvern, som Landbruksdepartementet følgjer opp i sin budsjettproposisjon.

Tabell 9.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Nasjonale resultatmål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
1. Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for kommande generasjonar.	1.1. Gjennomføre fylkesvise verneplanar i løpet av år 2005. 1.2. Gjennomføre verneplan for barskog på totalt 415 km². 1.3. Gjennomføre nasjonalparkplanen gjennom å opprette 36 nye og utvide 14 eksisterande verneområde innan 2010,. 1.4. Gjennomføre vern av marine område av nasjonal verdi i alle dei naturgeografiske regionane langs kysten. 1.5. Sikre at verneområde blir forvalta i tråd med verneføremålet.	– Talet gjennomførte fylkesvise verneplanar. – Talet km² produktiv barskog verna. – Talet nye verneområde etablerte. – Talet marine område verna etter naturvernlova fordelt på naturgeografisk region. (ikkje operativ enno) – Prosentdel av verneområde der forvaltninga er i tråd med verneføremålet. (ikkje operativ enno)
2. I truga naturtypar skal inn- grep unngåast, og i omsyns- krevjande naturtypar skal vik- tige økologiske funksjonar opp- retthaldast.	2.1. Utarbeide rikspolitiske retningslinjer (RPR) for biologisk mangfald . 2.2. I samarbeid med involverte partar leggje til rette for at bruk av areal og naturtypar skjer i tråd med nasjonalt resultatmål 2.3. Avgrense motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å minimalisere påverknaden på naturmiljø ved at ferdsla i større grad blir kanalisert til bestemte trasear og område.	Indikatorar til no ikkje utarbeidde. – Talet km² bortfall av areal i inngrepsfrie område, jf. database inngrepsfrie område. – Tal inngrep/omdisponeringar i omsynskrevjande naturtypar. – Talet på snøscooterar. – Totalt tal på dispensasjonar som er gitt.
3. Kulturlandskapet skal forval- tast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgjenge blir haldne oppe.	3.1. I samarbeid med involverte partar leggje til rette for utvikling av føremålstenlege forvaltningsmåtar og verkemiddel for verdifulle kulturlandskap, og leggje til rette for at alle sektorar tek omsyn til kulturlandskapet i si verksemd.	– Talet forvaltnings- og skjøtselsplanar for verdifulle kulturlandskap. – Areal (dekar) verdifulle kulturlandskap som er omfatta av forvaltnings- og skjøtselsplanar. – Talet på og areal av verdifulle kulturlandskap i «Nasjonalregistrering» som er i «god hevd».

Tabell 9.1 Mål- og indikortabell for resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfold.

Nasjonale resultatmål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
4. Hausting og annan bruk av levande ressursar skal ikkje føre til at arter eller bestandar blir utrydda eller truga.	4.1. Sikre at forvaltninga av dei vilt- og fiskeressursane som kan utnyttast som hovudregel blir basert på driftsplanar utarbeidde i samarbeid mellom rettshavarar, kommunar og brukarar innan 2006. 4.2. Sikre at utnyttinga av villaksen er tilpassa bestandssituasjonen.	– Talet på driftsplanar som er lagt til grunn for forvaltninga. – Indikatorar er enno ikkje utarbeidde.
5. Menneskeskapt spreiding av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, skal ikkje skade eller avgrense økosystema sin funksjon	5.1. Forebyggje negative effektar av tilsikta og utilsikta introduksjonar, og forebyggje introduksjonar av miljøskadelege organismar. 5.2. Handtere reguleringa av utsetjing, under dette omsetnad av genmodifiserte organismar slik at det ikkje oppstår skade på miljø og helse.	– Talet på kjende innførsler som kan vere årsak til skade på miljøet. – Talet på økosystem som er signifikant endra i samansetjing og produktivitet som følge av introduksjonar.
6. Truga arter skal haldast oppe på eller byggjast opp att til livskraftige nivå.	6.1. Sikre levedyktige bestandar i Noreg av dei store rovdyra: 6.2. Sikre dei ville laksebestandane. 6.3. I samarbeid med involverte partar redusere talet på truga og sårbare arter.	– Talet på familiegrupper av ulv. – Talet på reproduserande bjørnebinner. – Talet på ynglande jervetisper. – Talet på gaupeindivid. – Talet på truga og sårbare bestandar. – Talet på raudlistearter knytte til: - elvedelta - skogsbiotopar - beite- og slåtteenger - villmarksprega område

Tabell 9.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Nasjonale resultatmål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
7. Arbeidsmål som dekkjer alle dei nasjonale resultatmåla 1-6.	7.1. Styrkje omfanget og tilgjenge av kunnskap om biologisk mangfald.	– Talet på kommunar som har kartlagt og verdiklassifisert biologisk mangfald og gjort dette tilgjengeleg i operative GIS-system. – Talet på kommunar der lokale data inngår i fylkesvise og nasjonalt tilgjengelege data. – Talet på overvakingsaktivitetar som pågår eller er sette i gang i samsvar med «Plan for overvaking av biologisk mangfald». – Kvalitativ vurdering av arbeidet.
	7.2. Samordne Noreg sitt arbeid med internasjonal gjennomføring av konvensjonen om biologisk mangfald.	
	7.3. Sikre at Noreg følgjer opp sine nasjonale plikter under konvensjonen om biologisk mangfald, den europeiske landskapskonvensjonen og andre relevante avtaler.	– Kvalitativ vurdering av arbeidet.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1 Gjennomføre fylkesvise verneplanar i løpet av år 2005.

I 2000 vart 86,2 km² verna. Det vart fatta vernevedtak for verneplan for rike lauvskogar i Nordland, del av verneplan for våtmark Nordland, verneplan for barlind/kristtorn Vest-Noreg, verneplan edellauvskog Hedmark, eitt landskapsvernområde i Nord-Trøndelag og to landskapsvernområde og eitt naturreservat i Aust-Agder.

I løpet av 2001 blir verneplan for Osломarka del I i Oslo, Akershus og Buskerud gjennomført. Det same blir kystverneplan for Nordland, revidert plan for Jærstrendene i Rogaland, Gjessåsjøen i Hedmark, verneplan myr i Hedmark, og Maridalen i Oslo. I 2002 er følgjande fylkesvise verneplanar planlagt gjennomførte: verneplan kyst i Troms, verneplan for Osломarka del II i Oslo, Akershus og Buskerud, Hovedøya i Oslo og verneplan havstrand og elvedelta i Møre og Romsdal.

Arbeidsmål 1.2 Føre vidare arbeidet med å gjennomføre verneplan for barskog.

Per 01.01.01 er totalt 292 km² verna, dvs. 70 % av det samla barskogarealet på 415 km² som er planlagt verna. I 2000 var verneplan for Nord-Noreg slutført, noko som innebar at 21 km² produktiv barskog vart verna i 2000. I løpet av 2001 blir verneplan barskog for Midt-Noreg gjennomført og verneplan barskog for Vest-Noreg supplert med tre område.

Verneplanen for Aust-Noreg er planlagt vedteken i 2002. Med vern av dette området skal vern i samsvar med barskogplanen i hovudsak vere gjennomført, med unntak av dei inntil 30 km² produktiv barskog som skal inngå i kvoten ved utviding av Øvre Pasvik nasjonalpark. Det vil framleis vere behov for både tilsegnsmakt og løyving på posten i fleire år framover då det tek tid før oppgjera om vederlag er slutførte.

Ei evaluering av det gjennomførte vernearbeidet i skog blir gjennomført i 2001. På grunnlag av denne evalueringa skal det i 2002 arbeidast ut ein strategi for framtidig vern og ivaretaking av biologisk mangfald i skog.

Arbeidsmål 1.3 Gjennomføre nasjonalparkplanen gjennom å opprette 36 nye og utvide 14 eksisterande verneområde innan 2010.

Per 01.07.01 er totalt 3 av dei om lag 50 verneframlegga i nasjonalparkplanen gjennomførte. I

løpet av 2001 er følgjande område planlagt verna: Dovrefjell/Sunndalsfjella (utviding og nye område), Forollhogna (Gauldalsvidda), Naustdal/Gjengedal, Nærøyfjorden, Svellingsflaket, Røst og Helgelandsøyane (dei tre siste som del av kystverneplanen for Nordland).

I 2002 er det lagt opp til at følgjande område skal vernast: Stabbursdalen (utviding), Rebbenesøy, Ånderdalen (utviding), Verdal/Snåsa/Lierne, Hartkjølen, Femundsmarka (utvidelse), Gutulia (utviding), Lyngsalpane, Rondane (utviding), Skrim og Øvre Pasvik (utviding). Per. 15.09.01 er det autorisert 9 nasjonalparksenter.

Arbeidsmål 1.4 Verne marine område av nasjonal verdi i alle dei naturgeografiske regionane langs kysten.

Arbeidet med ein marin verneplan vart sett i gang i 2001. Det er nedsett eit nasjonalt rådgjevande utval som skal medverke med råd i arbeidet. Forslag til verneplan er planlagt sendt på høyring i 2003.

Arbeidsmål 1.5 Sikre at verneområde blir forvalta i tråd med verneformålet.

Resultatindikatorar for arbeidsmålet er ikkje utarbeidde enno. Område verna i medhald av naturvernlova skal forvaltast i tråd med verneformålet slik at verneverdiane blir haldne ved lag. Alle kommunar i landet har fått tilbod om å overta forvaltningsansvar for naturreservat, naturminne og landskapsvernområde. Direktoratet for naturforvaltning har i løpet av 2001 sendt ut konkrete delegasjonsbrev til kommunar som er interesserte i å overta forvaltningsansvar. Direktoratet for naturforvaltning vil i løpet av 2001 ha utarbeidd ei handbok til hjelp i forvaltninga m.a. når det gjeld lovgiving, fortolking av verneforskrifter, forvaltningsplanar m.m.

Arbeidsmål 2.1. Utarbeide rikspolitiske retningslinjer (RPR) for biologisk mangfald.

Det vil bli utarbeidd eit forslag til RPR for området biologisk mangfald innan 2003.

Arbeidsmål 2.2. I samarbeid med involverte partar leggje til rette for at bruk av areal og naturtypar skjer slik at inngrep blir unngått i truga naturtypar, og at viktige økologiske funksjonar blir haldne oppe i omsynskrevjande naturtypar.

Direktoratet for naturforvaltning har dei siste åra

kartlagt utstrekning av inngrepsfrie område (der avstanden til tekniske inngrep er meir enn 1 km) og villmarksprega område (der avstanden til tekniske inngrep er meir enn 5 km). Det er laga kart som viser status for slike område i 1900, 1940, 1994 og 1998. I perioden 1988 til 1998 vart utstrekninga av inngrepsfrie område 3 % mindre, mens omfanget av dei villmarksprega områda vart 4 % mindre.

Data finst elles på internettssidene til Miljøstatus i Noreg (www.miljostatus.no) og på Direktoratet for naturforvaltning sine heimesider. Denne kartlegginga utgjer no ein viktig del av grunnlaget for arealplanlegging og -disponering i delar av landet.

Miljøforvaltninga har ikkje systematiske data for inngrep og omdisponeringar av areal i omsynskrevjande naturtypar. Det er sett i verk eit arbeid med kartlegging som vil bli ein sentral reiskap for kommunane sitt arbeid med arealplanlegging og -disponering.

Omlegginga av Samla plan for vassdrag vil bli samordna med suppleringa av Verneplan for vassdrag. Andre pulje med nasjonale laksevassdrag vil bli avklart i samband med dette arbeidet.

Arbeidsmål 2.3. Avgrense motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å minimalisere påverknaden på naturmiljø ved at omfanget av slik ferdsel totalt sett ikkje overstig 1999-nivå, og at ferdsla i større grad blir kanalisert til bestemte trasear og område.

Det totale talet på snøscooterar per 31.12.99 var 46 648. Per 31.12.00 hadde talet stige til 48 300. Dette indikerer at omfanget av motorferdsel i utmark har auka.

Ved å kople kommunale planprosessar og planvedtak med lokal motorferdselpolitikk vil Regjeringa prøve om formålet med motorferdsellova kan bli betre oppfylt. Dette vil auke medvitet rundt dei verdiane som bruk av motorkøyretøy i utmark kan komme i konflikt med. Åtte kommunar deltek i ei treårig forsøksordning som skal gi grunnlag for betre styring av motorferdsel i utmark. Direktoratet for naturforvaltning har på høyring eit forslag til endring av nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og vassdrag. Forslaget inneber m.a. at kommunane får høve til å utforme lokale forskrifter som tillet køyring med snøscooter på ubruytt veg til hytteområde og køyring med snøscooter i visse former for turistnæring. Miljøverndepartementet tek sikte på at forskriftsendringa skal tre i kraft frå 1. januar 2002.

Det er vedteke nye reglar i lov om fritids- og småbåtar som set eit generelt forbod mot bruk av

vasscooterar og liknande. Lovendringa trådde i kraft 1. januar 2001, og inneber at vasscooterar berre kan nyttast i område som er avsette til formålet og der bruken ikkje medfører fare eller kjem i konflikt med miljøinteresser.

Arbeidsmål 3. 1. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for utvikling av føremålstenlege forvaltningsmåtar og verkemiddel for verdifulle kulturlandskap, og leggje til rette for at alle sektorar tek omsyn til kulturlandskapet i si verksemd.

Direktoratet for naturforvaltning har i 2000/2001 motteke rapportering frå dei fleste fylke om status for dei prioriterte områda i Nasjonal registrering (verdifulle kulturlandskap). Av rapporteringa går det fram at fylka i varierende grad arbeider med å fremje utarbeiding av forvaltnings- og skjøtselsplanar for områda. Det er venta fleire planar framover.

Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren samarbeider om ein felles strategi for direktorata sitt arbeid med landskap. Strategien vil danne grunnlaget for ei breiare tilnærming til miljøvernforvaltninga sitt arbeid med landskap. Vidare vil strategien medverke til ei klarare prioritering av miljøvernforvaltninga sin innsats på landskapsfeltet. Med omsyn til direktorata sitt arbeid med den europeiske landskapskonvensjonen, sjå arbeidsmål 7.3.

Prosjektet «Tilstandsovervåking og resultatkontroll i jordbrukets kulturlandskap (3Q)» skal over tid gi opplysningar om utviklingstendensar i jordbruket innanfor følgjande fire temaområde: biologisk mangfald, kulturminne, tilgjenge og arealbruk. For dei prioriterte områda i Nasjonal registrering er det spesielt behov for overvåking, som ikkje er dekt opp gjennom 3Q i dag. Dette må skje gjennom utvikling av nøkkeltalet «Tilstand og utvikling av de nasjonalt prioriterte kulturlandskapene».

Arbeidsmål 4.1. Sikre at forvaltninga av dei vilt- og fiskeressursane som kan utnyttast blir basert på driftsplanar utarbeidde av rettshavarar i samarbeid med kommunar og brukarar – innan 2006.

I 2000 var det utarbeidd driftsplanar for ca. 1/3 av dei 667 laksebestandane.

Målet er at forvaltninga av dei vilt- og fiskeressursane som kan utnyttast, innan 2006 som hovudregel skal baserast på driftsplanar utarbeidde av rettshavarar i samarbeid med kommunar og brukarar.

Arbeidsmål 4.2. Sikre at utnyttinga av villaksen er tilpassa bestandssituasjonen.

Reguleringar av laksefisket er i dag baserte på kunnskap om storleiken på bestandane, fagleg skjønn og erfaringar. Forslag til eit opplegg for innføring av eit kvoteregulert laksefiske i samsvar med St.meld. nr. 8 (1999-2000) vil bli ferdigstilt innan utgangen av 2001.

Arbeidsmål 5.1. Førebyggje negative effektar av tilsikta og utilsikta introduksjonar, og førebyggje introduksjonar av miljøskadelege organismar.

Det er kjent at det per 01.07.01 minst er innført 12 framande organismar som ein meiner kan ha vore årsak til skade på miljøet.

Det er ein generell auke i talet på introduserte arter. Auka handel, transport, turisme og reising kombinert med nedbygging av grensekontroll, medverkar til fleire innførsler.

Regelverket dekkjer i dag import av planter og dyr, og produkt i seg sjølv. Lovgivinga er likevel oppstykkka og ikkje dekkjande for alle arter. Det regjeringsoppnemnde lovutvalet for biologisk mangfald vil i løpet av 2002 og 2003 m.a. utgreie nytt regelverk basert på føre var-prinsippet. Introduerte arter kan ha effektar som grip over mange sektorar, og det vil bli sett i verk eit auka samarbeid mellom sektorstyresmaktene for finne metodar for å handtere dette. I tillegg vil det bli lagt auka vekt på informasjon til allmenta om kva reglar som gjeld ved innførsel av dyr og planter til Noreg.

Arbeidsmål 5. 2. Handtere reguleringa av utsetjing, under dette omsetning av genmodifiserte organismar slik at det ikkje oppstår skade på miljø og helse.

Av 32 omsøkte produkt i EU/EØS er 18 godkjende i EU. Noreg har gjennom ei tilpassing i EØS-avtala høve til å seie nei til EU-godkjende GMO-produkt som ikkje tilfredsstiller krava i gen-teknologilova om helse, miljø, berekraft, samfunnsnytte og etikk. Noreg har følgjeleg sagt nei til 8 produkt. Desse er mais, oljeraps (3 typar) og sikorissalat, to vaksinar mot respektive rabies og pseudorabies, og ein mjølketest. Plantene og mjølketesten er forbodne fordi dei inneheld genar som er resistente mot antibiotika. Ein tobakk og tre typar nellik er tillatne omsett i Noreg, men er lite aktuelle å dyrke. I andre saker ventar ein på fleire opplysningar før behandling. Det er per august 2002 ikkje innført genmodifiserte organismar

(GMO) som kan medføre endringar i norske økosystem.

Ei revidert utgåve av EU sitt utsetjingsdirektiv (no 2001/18 (tidlegare 90/220)) vart vedteken av EU 12. mars 2001. EU har med dette nærma seg norsk lovgiving på området, m.a. når det gjeld meir open saksbehandling, meir omfattande risikovurderingar, offentlege register for dyrking av GMO, overvaking også etter omsetning, semje om at reglar om merking og om å kunne spore produktet skal på plass innan utløpet av 2001, implementering av Cartagena-protokollen og utfasing av antibiotikaresistente genar. Det har vidare komme inn ei føresegn om å konsultere etikk-komitear og eit krav om rapportering av sosioøkonomiske konsekvensar, under dette omsetning av GMO.

Arbeidsmål 6.1. Sikre levedyktige bestandar av dei store rovdyra.

Per 1. mai 2001 er det registrert totalt 10 familiegrupper (flokkar) av ulv i Sør-Skandinavia. I tillegg er det registrert 5 revirmarkerande par. Av familiegruppene er to registrerte i Noreg, 6 i Sverige, og to på tvers av riksgrensa. Av registrerte par er tre i Sverige, eitt i Noreg og eitt på tvers av riksgrensa. Utviklinga i den sørskandinaviske ulvebestanden blir nøye følgt gjennom eit forskningssamarbeid mellom Noreg og Sverige.

Estimatet på talet bjørnar i Noreg er på 35-55 individ. Registreringar tyder på vekst i bestanden. Reproduktive binner er påviste i Finnmark (Sør-Varanger), Nord-Trøndelag (Lierne) og Hedmark (Trysil).

Førebels status for yngling hos jerv viser at det per 1. juni 2001 er 21 trulege eller dokumenterte ynglingar i Nord-Noreg og 11 i Sør-Noreg. Dette er ein reduksjon i Nord-Noreg på 13 i forhold til året før, mens bestanden i Sør-Noreg er stabil. For gaupe ligg inga nyare landsdekkjande oversikt føre, men ein trur at bestanden er noko redusert. Ein viser til omtale av jerveforvaltninga i teksten under overskrifta «Verkemiddel».

Bestanden av gaupe på landsbasis og bestanden av jerv frå Nord-Trøndelag og nordover og i Sør-Noreg er vurdert som levedyktige på det bestandsnivået som er i dag. Også bestanden av ulv er vurdert som tilnærma levedyktig med utgangspunkt i det bestandsnivået som er i dag. Bestandsmåla for bjørn i kjerneområda som omfattar den skandinaviske bjørnebestanden (dvs. utanfor Finnmark) er ikkje oppfylte.

Med bakgrunn i at bestanden av ulv i Sør-Skandinavia har nådd eit nivå på minst 8-10 fami-

liegrupper, er felling i større grad enn tidlegare nytta som verkemiddel ved forvaltning av arta. Regjeringa legg stor vekt på at rovvilt skal forvalta på ein slik måte at lokale interesser blir tekne vare på. Det er derfor ei målsetjing å vidareutvikle lokale forvaltningsmodellar. Arbeidet med bestandsovervaking held fram og er eit viktig verktøy for forvaltningstiltak.

Arbeidsmål 6.2. Sikre dei ville laksebestandane.

Laksefisket i 2000-sesongen har totalt sett vore betre enn på svært mange år som følgje av ein kombinasjon av betre temperaturforhold i havet og spesielt gode føresetnader for oppvandring i elvane i fiskesesongen. Det er i all hovudsak dei bestandane som har vore i rimeleg god forfatning også i seinare år som har gitt grunnlag for auka fangst. Omlag ein tredel av bestandane er framleis sterkt truga eller sårbare.

Det er teke sikte på at forslag til nasjonale laksevasdrag og laksefjordar skal leggjast fram for Stortinget våren 2002. Det er avsett midlar til kampen mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, til å betre det faglege grunnlaget for reguleringane i laksefisket og til å styrkje lakseforskninga.

Arbeidsmål 6.3. I samarbeid med aktuelle partar redusere talet på truga og sårbare arter.

I den nasjonale raudlista blir det ført oversikt over arter som er truga av utrydding, arter som er sårbare eller som krev omsyn og arter som er i ein slik situasjon at dei bør overvakast. Raudlista blir ikkje oppdatert årleg. Siste oppdatering vart gjort i 1998.

I lista for 1998 var 290 arter i Noreg plasserte i kategorien direkte truga, og 545 som sårbare. Vidare var 906 arter plasserte i kategorien omsynskrevjande, dvs. arter som på grunn av tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

458 arter var i 1998 plasserte i kategorien «bør overvakast». Desse artene er i tilbakegang, men er ikkje rekna som truga. Kategorien er noko «usikker» då det ikkje dreier seg om truga arter, men arter som f.eks. er på grensa av sitt utbreiingsområde.

Bestandssituasjonen for fjellrev i Noreg er svært alvorleg. I tillegg til styrkt overvaking, vart det i 2000 førebudd tiltak for å fange inn og ale opp fjellrev for seinare utsetjing. På grunn av mangel på registrert yngling let dette seg ikkje gjennomføre i 2000. I 2001 er situasjonen betre, og per august 2001 er det påvist 14 ynglingar frå Setesdal

i sør til Varanger i nord. Det er i alt fanga inn 5 årskvelpar som skal inngå i avlsprosjektet.

Arbeidsmål 7.1. Styrkje omfanget og tilgangen på kunnskap om biologisk mangfald.

Per september 2001 har ca. 252 kommunar fått tilskot til å kartleggje biologisk mangfald. Tilsvarende tal for 2000 var 165.

I 2001 er det venta at 50-70 kommunar vil ha ferdige datasett med biologisk mangfald. Desse datasetta vil inngå i fylkesvise og nasjonale fagsystem og gjerast offentleg tilgjengelege.

Innan 2003 skal kommunane ha gjennomført kartlegging av det mest verdifulle mangfaldet. Hovuddelen av utgiftene blir dekt av kommunane, men det blir gitt eit eingongstilskot frå kap. 1410 post 60 Kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald.

Arbeidet med å etablere ein artsdatabank starta opp våren 2001 og er leia av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Eit utval med deltaking frå forskning, forvaltning og frivillige organisasjonar la i august 2001 fram «Rapport med forslag til etablering og drift av artsdatabank i Norge». Artsdatabanken skal etablerast i 2002.

Arbeidsmål 7.2. Samordne Noreg sitt arbeid med internasjonal gjennomføring av konvensjonen om biologisk mangfald.

Miljøverndepartementet samordnar arbeidet under konvensjonen om biomangfald med relevante departement. I 2001 blir to vitskapsmøte gjennomført. Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismar (GMO) som vart vedteken i januar 2000 skal sikre at handel og bruk av levande GMO ikkje skader biologisk mangfald eller helse. Protokollen trer i kraft etter at 50 land har ratifisert den. Noreg ratifiserte protokollen som tredje land etter Stortingsvedtak av 13. februar 2001.

Noreg har medverka aktivt til ei operasjonalisering og vidareutvikling av FN-konvensjonen om biologisk mangfald. Eit prioritert tema har vore å styrkje det vitskaplege fundamentet for konvensjonen, noko som det no er brei aksept for. Noreg har vore ei pådrivar for ei rekkje saker under konvensjonen, m.a. behovet for aktivt samarbeid mellom relevante internasjonale fora og biokonvensjonen, forholdet mellom handel og miljø i arbeidet med introduserte arter (under dette også genmodifiserte organismar), og forholdet mellom klimakonvensjonen og biologisk mangfald er døme på dette arbeidet.

Arbeidsmål 7.3. Sikre at Noreg følgjer opp sine nasjonale plikter under konvensjonen om biologisk mangfald, den europeiske landskapskonvensjonen og andre relevante avtaler.

Ei rekkje av pliktene under biokonvensjonen, under dei kartlegging, overvaking, arealbruk, hausting av biologiske produkt, genteknologi og spreiding av framande organismar, blir følgd opp løpande. Innsatsen vil bli ytterlegare styrkt ved betre samordning av tiltak, jf. St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald – samordning og sektoransvar, som vart lagt fram våren 2001. Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren er sekretariat for eit nordisk prosjekt for oppfølging av den europeiske landskapskonvensjonen. Parallelt med dette vil det vere ein nasjonal innsats for å følgje opp denne.

Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 522,8 mill. kr. Finansieringa er i hovudsak dekt av budsjetttramma for Direktoratet for naturforvaltning, jf. kap. 1427, og fagkapitla 1425 og 1426, men òg kapitla 1400, 1410, 1429 og 1441 inneheld budsjettmidlar som medverkar til finansieringa av resultatområdet i år 2002. Fylkesmannen har òg ansvar for store oppgåver under resultatområde 1. Ein viser til nærare omtale av desse under kap. 1406. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene vart frå 2001 budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt budsjett.

Naturvernlova, viltlova, laks- og innlandsfisklova, genteknologilova og plan og bygningslova er miljøforvaltninga sine viktigaste juridiske verkemiddel innan resultatområdet. Friluftsløva har innverknad på arealforvaltning og naturbruk. Vernearbeidet etter naturvernlova skjer i det alt vesentlege gjennom tematiske fylkesvise verneplanar, nasjonalparkplanen og verneplan for barskog. Område med særleg store natur- og kulturverdiar kan òg fredast etter kulturminnelova, eventuelt i kombinasjon med naturvernlova og plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel for å få til berekraftig arealbruk og arealplanlegging. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal medverke til å oppretthalde verneverdiane i dei verna vassdraga. Lokal forankring av miljøpolitikken er ein føresetnad for at miljøvernet i framtida skal sikrast støtte. Regjeringa legg stor vekt på lokal forankring av miljøvernpolitikken og vil føre vidare arbeidet med å gi kommunar og fylkeskommunar meir

ansvar i planlegging og forvaltning av verneområde og i gjennomføringa av rovviltpolitikken. Lov om statleg naturoppsyn har som mål å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet. Lova har lagt grunnlaget for etablering av Statens naturoppsyn (SNO).

Motorisert ferdsel i utmark og vassdrag er regulert av motorferdsellova og nasjonal forskrift for bruk av motorkøyrerøy i utmark.

Framstilling og bruk av genmodifiserte organismar (GMO) er regulert i genteknologilova i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling. Forvaltninga i Miljøverndepartementet skjer i samråd med andre aktuelle departement.

Fagleg koordinering av nye søknader frå EU om omsetning av GMO er lagt til Direktoratet for naturforvaltning. Regelverket i EU er i rask utvikling. Kontroversielle tema er godkjenning og merking av genmodifiserte produkt og patent på bioteknologiske oppfinningar. Noreg spelar ei aktiv rolle i utviklinga av EU sine reglar for merking og godkjenning av GMO.

Arbeidet med LA 21 vil kunne medverke vesentleg til å sikre berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald på lokalt nivå. Miljøvernstyresektorene vil prioritere rådgiving og utarbeiding av vegleiingsmateriell, medverke til nettverksbygging og etablering av lokale og regionale arenaer for å fremje LA 21-prosessar i lokalsamfunna.

FN-konvensjonen om biologisk mangfald har som hovudmålsetjingar vern av biologisk mangfald, berekraftig bruk av biologiske ressursar og likeverdig fordeling av fordelane med utnytting av genetiske ressursar. Partslanda har m.a. forplikta seg til å utarbeide nasjonale strategiar og handlingsplanar for vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald, og å integrere bevaring og berekraftig bruk av biologisk mangfald i relevante sektorielle eller tverrsektorielle planar, program og politikk. Trondheimkonferansen om biologisk mangfald som Noreg har arrangert i samarbeid med fleire internasjonale organisasjonar, medverkar til ei strategisk og fagleg utvikling av konvensjonen om biologisk mangfald. Neste konferanse vil finne stad i 2003 med teknologioverføring som tema. Som ei oppfølging av plikta til å utvikle ein nasjonal handlingsplan for konvensjonen, vart St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald – sektoransvar og samordning lagt fram våren 2001. Meldinga er eit politisk verktøy for Noreg si oppfølging av konvensjonen om biologisk mangfald og legg spesiell vekt på å medverke til samhandling mellom alle aktuelle sektorar. I St.meld. nr. 42 (2000-2001) føreset Regjeringa at det blir etablert eit nytt kunnskapsbasert forvaltningssystem for

biologisk mangfold. Følgjande tre innsatsområde utgjør elementa i systemet: Nasjonalt program for kartlegging og overvaking; samordning av juridiske og økonomiske verkemiddel; og samordning av informasjon, forskning og kompetanse. Opprettinga av ein artsdatabank er ein del av programmet for kartlegging og overvaking. Dette programmet er ein føresetnad for å etablere eit nytt forvaltningssystem. Noreg vil medverke aktivt til ei vidareutvikling og operasjonalisering av konvensjonen m.a. gjennom å følgje opp vedtak innanfor forskjellige sektorar. Det er utarbeidd internasjonale arbeidsprogram for biologisk mangfold i skog, jordbruk, ferskvatn, tørre område og marine system, ein GMO-protokoll (Cartagena-protokollen) er underteikna av 105 land, det er sett i gang ein prosess for å ivareta urbefolkningsgruppene sine kunnskapar om biologisk mangfold og det er sett i gang eit arbeid for å utvikle retningslinjer for tilgang og fordeling av goder for bruk av genressursar. Internasjonalt samarbeid om berekraftig bruk og vern av biologisk mangfold finn òg stad gjennom ei rekkje andre internasjonale og regionale konvensjonar, avtaler og organisasjonar, under dette Ramsarkonvensjonen om våtmarker, Washingtonkonvensjonen om internasjonal handel med truga plante- og dyrearter (CITES), Bonnkonvensjonen om trekjande arter (CMS), Bernkonvensjonen om bevaring av europeiske ville arter og deira levestader, Oslo-Pariskonvensjonen (OSPAR), Nordsjøkonferansen, Konvensjonen om bevaring av atlantisk laks (NASCO), miljøvernssamarbeidet under Nordisk ministerråd og under Arktisk Råd, FN sitt miljøprogram (UNEP), OECD og Verdas naturvernunion (IUCN). Noreg ønskjer å medverke til ei styrking av det internasjonale miljøvernarbeidet m.a. ved å arbeide for auka effektivisering og styrkt samhandling mellom ulike avtaleverk. Dette gjeld både innanfor gruppa av avtaler som gjeld naturforvaltning og biologisk mangfold, og i høve til internasjonal sektorintegrering. Det er vidare aktiv oppfølging av bilaterale miljøavtaler med Russland, Indonesia, Kina og Sør-Afrika. Dei nasjonale etatane innan miljøforvaltninga er òg fagsenter for Direktoratet for utviklingssamarbeid (NORAD) innan miljøretta bistand.

Berekraftig bruk og vern av skog, inkludert genetiske ressursar, blir følgd opp gjennom deltaking i FN sitt skogforum (UNFF), og gjennom arbeidsprogrammet for biologisk mangfold i skog under konvensjonen om biologisk mangfold, og i andre forum. Vidare blir arbeidet med plantegenetiske ressursar for mat og landbruk, som er viktig både for miljø og matvareforsyning og trygg-

leik, følgd opp gjennom deltaking i gruppa for plantegenetiske ressursar i FN-organisasjonen for ernæring og landbruk (FAO).

I dei siste åra har EU ført ein offensiv og målretta politikk for bevaring av biologisk mangfold. Habitatdirektivet om vern av livsmiljøet og ville dyr og planter, og Fugleverndirektivet om vern av ville fuglar og deira livsmiljø, er blant dei viktige instrumenta i dette arbeidet. Desse er obligatoriske for medlemslanda. Eit særskilt vern er gitt for eit sett av verdifulle naturområde, NATURA 2000-nettverket, som til saman skal dekkje heile variasjonsbreidda i den europeiske naturen. F.eks. er Sverige i full gang med å oppfylle dei krav som er sette.

Noreg har gitt si tilslutning til ein europeisk strategi for vern av naturen i regi av Europarådet. Bernkonvensjonen, som Noreg har ratifisert, er gitt i oppdrag å leie implementeringa av denne strategien. I praksis arbeider EU og Europarådet etter omlag same faglege lest. Regjeringa vil ha ei aktiv oppfølging av Europarådet sin strategi, og ambisjonen er at norsk politikk minst skal vere på høgde med EU sin politikk på dette området.

Gode kulturlandskapsdata er vesentleg for å innarbeide kulturlandskapsverdiene i arealplanlegginga. I samarbeid med Landbruksdepartementet er det sett i gang eit overvåkingsprogram som skal gi oversyn over tilstand og endring i jordbruket sitt kulturlandskap.

Når det gjeld dei store rovdyra blir det lagt vekt på å gjennomføre ei balansert og differensiert forvaltning. Forvaltningsområdet der ulv skal få etablere par og familiegrupper vart fastlagt av Regjeringa i februar 2001 (jf. St.meld. nr. 24 (2000-2001) Regjeringens miljøprofil og rikets miljøtilstand). Nye stillingar knytte til det statlege fellingslaget i regi av Statens naturopsyn (SNO) er i 2001 etablerte i utmarkskommunar i Finnmark, Nord-Trøndelag og Hedmark. Skadefelling av rovvilt kan gjennomførast både av lokale jaktlag og av det statlege fellingslaget i regi av Statens naturopsyn (SNO). For oppdrag som blir gitt til SNO er det utforma ein eigen instruks som regulerer metodebruk m.v. i samband med felling av skadedyr. Det blir utbetalt vederlag for rovviltskadar på bufe og tamrein etter nærare fastsette forskrifter. SNO har frå 2001 overteke ansvaret for all skadedokumentasjon i heile landet, med unntak av Finnmark fylke der det i 2001 er utforma ei mellombels ordning i regi av Fylkesmannen i nært samarbeid med SNO. I tillegg disponerer ein midlar til førebyggjande tiltak og omstillingstiltak for å avgrense rovviltskadar, og til bestandsovervaking av dei fire store rovdyrartene. Innanfor

rovdyrforvaltninga er kommunikasjon med aktuelle rovviltkommunar, organisasjonar og massemedia òg eit viktig verkemiddel, ikkje minst for å medverke til å redusere fryktreaksjonar. For å redusere konflikhtar i forhold til dei som har jaktrett, har departementet i samarbeid med aktuelle organisasjonar sett i verk ei prøveordning frå hausten 2001 der staten tilbyr seg å leige jaktrett innanfor reviområde for familiegrupper av ulv. Inntekter og utgifter knytte til ei prøveordning med leige av jaktrett, vil bli budsjetterte over kap. 1427. Regjeringa har sett i verk tiltak for å redusere tap av sau grunna jerv i beitesesongen 2001. Evalueringa av jerveforvaltninga vart slutført sommaren 2001, og ein ny forvaltningsmodell for jerv er skissert under pkt 6.1.

Eit forslag til nasjonal overvaking av biologisk mangfald er utarbeidd. Overvakinga vil bli gradvis implementert gjennom arbeidet med dei sektorvise miljøhandlingsplanane, oppfølging av stortingsmeldinga om biologisk mangfald og den nasjonale samordninga av miljøovervaking som er ivareteken av samordningsgruppa for overvaking.

Miljødata, geografiske data og kunnskap om biologisk mangfald skal gjerast tilgjengelege for avgjerdestakarar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Ei effektiv geodataforvaltning og lett tilgjengelege kartdata for område av verdi for biologisk mangfald, friluftsliv og vilt- og fiskeressursar vil gi monaleg samfunnsgevinst gjennom kvalitativt betre og kostnadsreducerande arealplanprosessar.

Miljøverndepartementet prioriterer forvaltningsrelatert FoU på omsynskrevjande arter og leveområde, og kunnskapsoppbygging som grunnlag for overvaking. Forsking på effektar av menneskeleg verksemd står sentralt. Utviklinga innan genteknologi går raskt, og forskning på miljøverknader, samfunnsnytte og etikk i samband med dette skal prioriterast. Forsking på desse temaområda er ivareteken gjennom NINA-NIKU instituttforskning og fleire av Forskingsrådet sin program. Programma «Biologisk mangfold, dynamikk, trusler og forvaltning», «Landskap i endring» og «Marine ressurser og miljø» er sentrale. Det blir arbeidd for at forskinga sine resultat skal bli lettare tilgjengelege for allmenta og avgjerdestakarane. Departementet ønskjer òg i større grad å bruke informasjon/kommunikasjon og folkeleg deltaking som eit strategisk verkemiddel for å nå måla i resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Forvaltning av jerv

Stortinget ga gjennom Innst. S. nr. 301 (1996-97),

jf. St. meld. nr. 35 (1996-97) Om rovviltforvaltning, rammevilkår for jerveforvaltninga i Noreg. Det har vore eit mål å halde oppe reproduksjon og utbreiing av jerv i Nord-Noreg minst på det nivå ein hadde i 1997. I Sør-Noreg skulle det innførast eit strengt vern for arta innan eit fastsett kjerneområde, men slik at det ville bli opna for bestandsregulering dersom bestanden auka utover 8-10 ynglingar årleg. Av omsyn til skadepotensialet i forhold til sau skulle det ikkje leggjast til rette for etablering av ynglande jerv utanfor kjerneområdet, og generelt skulle det vere ein låg terskel for å utløyse fellingsløyve utanfor kjerneområdet. Ut frå desse målsetjingane er forvaltningspraksis etablert slik at bestanden i Sør-Noreg utanfor kjerneområdet har vore forvalta gjennom lisensjakt og skadefelling, under dette hiuttak, men med særlege omsyn i ein korridor mot aust for å sikre høvet til utveksling av individ med Sverige. Innanfor kjerneområdet har det vore eit svært avgrensa uttak. Når det gjeld jervebestanden i Nord-Noreg, har denne i samsvar med behandlinga av St. meld. nr. 35 (1996-97) vore forvalta slik at ein skulle sikre samanhengande utbreiing av jerv på Nordkalotten, og at uttak av jerv ikkje skulle føre til redusert bestandsstorleik.

Jerv i Sør-Noreg

Storleiken på jervebestanden og utbreiinga av jerv i Sør-Noreg har auka frå det tidspunktet då St. meld. nr. 35 (1996-97) vart behandla. Oppdaterte utrekningar på bakgrunn av gjennomsnittleg tal kjente ynglingar i perioden 1998-2000, tilseier minimum 55 individ. Talet er høgare enn ein trudde før, og er nærare ei dobling av estimatet som låg til grunn ved behandling av St. meld. nr. 35 (1996-97). Frå og med 1997 er det påvist ynglingar òg utanfor kjerneområdet, og totalt 11 ynglingar vart med full visse påvist i Sør-Noreg i 2001. Av desse var 8 innanfor kjerneområdet for jerv. Det geografiske området der skadar valda av jerv er påvist har blitt monaleg utvida dei seinare åra.

Avgangen av jerv i Sør-Noreg har vore stabil, og siste jaktår (1.4.00-31.3.01) vart det registrert 4 dyr i avgang. Inneverande jaktår er det sidan 1. april så langt registrert ein avgang på 15 dyr, av dette 10 ungar og 5 vaksne. 3 vaksne og 9 ungar er avliwa ved hiuttak. Blant desse var 1 tise og 2 kvelpar frå hi i kjerneområdet. Uttaket er resultat av skadefellingsløyve som er gitt i tråd med varsla endringar i forvaltningsregimet, og med grunnlag i nye bestandsvurderingar.

Jerveskadane på sau og lam i Sør-Noreg har auka kvart år i perioden 1994-2000. Frå 1996 til

2000 auka talet dyr erstatta som drepne av jerv frå 4 610 til 9 407. Utbetalingane av vederlag har auka både innanfor og utanfor kjerneområdet, men auken har vore størst utanfor. I 2000 vart det erstatta ca 1 000 fleire dyr som drepne av jerv utanfor kjerneområdet enn innanfor.

Med bakgrunn i dei bestandsdata som no ligg føre for jerv i Sør-Noreg, meiner departementet at forvaltningsmålet for jerv i Sør-Noreg er nådd. Føremålet med ei kjerneområde-forvaltning er etter departementet si vurdering primært å sikre ei kontrollert oppbygging av ei rovviltstamme til eit levedyktig nivå. Då dette nivået no er nådd, fell noko av grunnlaget for ein slik forvaltningsmodell bort.

Framover i tid skal jerv i Sør-Noreg forvalta meir på linje med den forvaltninga som er i dag av jerv i Nord-Noreg. Regjeringa har derfor bestemt å avvikle kjerneområdet for jerv i Sør-Noreg med verknad frå 1. april 2002. Dette inneber at jerv i Sør-Noreg i større grad vil bli forvalta aktivt ut frå konfliktnivå i forhold til sau i utmark. For å skape tilstrekkeleg tryggleik for framtida i sauehaldet skal det inntil vidare ikkje akseptast etablering av ynglande jerv i faste bestandar i områda med kvotefri gaupejakt i Sør-Noreg, bortsett frå i det området i Møre og Romsdal som i dag inngår i kjerneområdet for jerv. Vidare skal jerv i Sør-Noreg forvalta ut frå eit bestandsmål på minst 10-15 årlege ynglingar i heile Sør-Noreg. Dette vil vere tilstrekkeleg for at arta skal overleve, dersom det gjennom forvaltninga kan sikrast ei viss utveksling mellom den sør-norske bestanden og dei meir talrike populasjonane av jerv på Nordkallotten. Eit bestandsmål på minst 10-15 årlege ynglingar i heile Sør-Noreg inneber ei vidareføring av det ambisjonsnivået som er i dag for å sikre arta høve til å overleve. Eit slikt bestandsmål er såleis ei nødvendig tilpassing som ei følgje av at ei avviking av kjerneområdeforvaltninga vil medføre ei større geografisk utbreiing av ein liten bestand av jerv. Det blir vanskelegare å føresjå utviklinga i bestanden, noko som igjen medfører behov for endå større presisjon i bestandsforvaltninga enn ved den modellen som er i dag. Departementet legg elles opp til at bestandsmålet for jerv i Sør-Noreg blir nærare utgreidd og presentert i ei stortingsmelding om rovvilt i 2003.

Det blir lagt opp til at skadefellingsløyve på vilkår, lisensjakt og førebyggjande tiltak (spesielt tidleg sanking) blir utvikla vidare til meir presise verkemiddel som blir målretta mot dei område der konfliktnivået er stort. Særleg vil det vere viktig å sikre presise uttak av skadedyr i slike områder, m.a. gjennom en aktiv innsats fra SNOs fel-

lingsslag. Alle fylke i Sør-Noreg skal i løpet av 2001 utarbeide fylkesvise forvaltningsplanar for store rovdyr. Departementet vil be om at òg fylke som ligg innanfor området med kvotefri gaupejakt (Vestlandet) gjer ein gjennomgang av kva område i randsona austover som kan vere eigna til forvaltning av jerv utan at konfliktane i høve til beitenæringa blir for store. Departementet meiner at ein slik forvaltningsmodell for jerv i Sør-Noreg kan gi eit lågare konfliktnivå enn i dag samtidig som arta blir sikra å overleve på det nivået som er i dag.

Departementet vil leggje vedtak om fellingskvotar for jerv i Sør-Noreg til eit demokratisk organ som representerer dei regionar der jerven har si utbreiing. Ei ny jervnemnd for Sør-Noreg vil få eit større ansvar for tildeling av fellingskvotar innanfor heile utbreiingsområdet for jerv i Sør-Noreg, og ikkje berre utanfor det eksisterande kjerneområdet. Dette inneber etter departementet si vurdering at ei ny jervnemnd for Sør-Noreg bør bestå av representantar som direkte representerer dei aktuelle fylkeskommunane, og der sekretariatsansvaret blir lagt til ein sentral fylkeskommune. Departementet føreset vidare at ei lokal forankring av forvaltninga av jerv i Sør-Noreg blir sikra gjennom at dei mest aktuelle kommunane i størst mogleg grad får høve til å stå føre eller medverke ved konkrete forvaltningsoppgåver, m.a. gjennom tildeling av fellingsløyve på vilkår, gjennom organisering av arbeidet med førebyggjande tiltak, gjennom bruk av lokale fellingslag m.v. For å medverke til å effektivisere lisensjakt på jerv ønskjer departementet frå neste jaktår å forlenge jakttida slik at starttidspunktet i heile landet blir framskunda frå 1. oktober til 20. august. Vidare vil departementet vurdere bruk av båsfangst også i samband med jakt på jerv. Forslaga er gitt som samrøystes råd frå det sentrale rovviltutvalet (SRU), og vil bli følgde opp gjennom eigen høyringsrunde i vinter.

Jerv i Nord-Noreg

Talet på jerv i Nord-Noreg har totalt sett auka sidan stortingsmeldinga vart behandla, og auken har skjedd hovudsakleg i fylka Troms og Nord-Trøndelag. I 2000 vart det registrert 34 ynglingar i Nord-Noreg. Førebels registrering for inneverande sesong (2001), tyder på ein reduksjon i talet på ynglingar til 21. Oppdaterte utrekningar på vinterbestanden av jerv i Nord-Noreg gir eit estimat på ca 214 individ. Tilsvarende tal for perioden 1995-1997 var ca 180. Den nordnorske bestanden av jerv er i direkte kontakt med den svenske delen av bestanden.

Rein går tapt gjennom året hovudsakleg på grunn av rovdyr, sjukdom, ulykker og tap som følge av ugunstig vær og slitne beite. Rein er det einaste beitedyret som finn næringa si i utmark heile året. Driftsforma medfører derfor i seg sjølv auka tapsrisiko, og gjer reindriftsnæringa spesielt sårbar ved ein auke i rovdyrstammene. Rovdyrtapa sin del av dei totale tapa i reindriftsnæringa har vore aukande dei siste åra. Dette speglar seg m.a. i eit auka tal utbetalingar av vederlag. Det gjennomsnittlege talet på rein som er erstatta dei tre siste åra er meir enn dubla for Finnmark og nær dubla for Troms i forhold til dei to føregåande åra. Det inneber at tapa på grunn av rovvilt no er omkring 25 % og 35 % av totaltapa av rein i respektive Finnmark og Troms. Dokumentasjonen av rovvilttap er effektivisert dei siste åra og fleire kadaver er undersøkte, men i forhold til dei auka tapa er dokumentasjonsprosenten gått ned og ligg i gjennomsnitt for dei tre siste åra på respektive ca 8 % og 10 %. Kadaverdokumentasjonen viser at det i hovudsak er jerv og kongeørn som står for dei største tapa, og at tap som skuldast kongeørn har auka mest dei siste åra. Endringar av viltlova, ny erstatningsforskrift, auka midlar til førebyggjande tiltak, og auka samarbeid og ferdigstilling av ein heilskapleg forvaltningsplan for rovvilt i Finnmark fylke er blant dei nye og viktige tiltaka ved sidan av fellingstiltak som skal redusere tapa i reindriften pga. rovvilt. Som følgje av produksjonssvikten i reindriftsnæringa løyvde Regjeringa 20 mill. kr som ekstraordinær støtte innan delar av Aust-Finnmark, Vest-Finnmark og Troms reinbeiteområde. Dette kom i tillegg til ekstra midlar over reindriftsavtala i forhold til Verdiskapingsprogrammet og ei frivillig ordning for innløyasing av driftseiningar i distrikt med oversysselsetjing og for mykje rein. Under forhandlingane om reindriftsavtala vart partane vidare samde om å revitalisere eit felles forum for å drøfte problem og tiltak knytte til reindrift og rovviltforvaltning.

Avgangen av jerv i Nord-Noreg har auka monaleg dei siste åra. Jaktåret 1998/99 vart det registrert ein avgang på 17 jerv. Jaktåret 1999-2000 auka talet til 25, og siste jaktår (2000-2001) vart det registrert 39 dyr i avgang. For å få til eit sikkert og effektivt uttak i samband med store tap til jerv i indre Finnmark sist vinter er det i 2001 teke i bruk ekstraordinære verkemiddel ved bruk av Statens naturoppsyn og løyve til bruk av luftfartøy i felling. I Finnmark, Troms og Nordland er det i perioden januar til august 2001 felt i alt 10 jerv i regi av Statens naturoppsyn. I tillegg vart

heile kvoten under lisensjakta i desse tre nordlegaste fylka felt siste jaktår.

Åra 1994-1997 vart det årleg erstatta mellom 2 300 og 3 000 sauer og lam som drepne av jerv i Nord-Noreg. Dei siste åra har tapa auka noko, og i 2000 vart 3 818 sauer og lam erstatta som drepne av jerv. Kvart av dei fire reindriftsåra 1995/96 til 1998/99 vart mellom 1 700 og 1 900 tamrein erstatta som drepne av jerv, mens talet vart redusert til 1 494 reindriftsåret 1999/00. Statistikken er likevel ikkje fullstendig då ein del av vederlaga ikkje er spesifisert på skadevaldar.

Bestandssituasjonen i dag for jerv i Nord-Noreg og dei overvakingssopplegga som er sette i verk gir etter departementet si vurdering totalt sett eit forsvarleg grunnlag for å styre bestandsutviklinga og utbreiinga gjennom uttak. Det er samtidig ei høg fellingsgrad ved lisensjakta i Nord-Noreg, slik at dette verkemidlet fyller rolla si som føresett. Det høge tapet av rein i enkelte område er likevel ikkje tilfredsstillande, samtidig som det er meir komplisert å førebyggje desse ved andre tiltak enn felling. Dette er òg bakgrunnen for at det i 2000 og 2001 er lagt opp til auka uttak av jerv i Nord-Noreg, under dette òg iverksett felling av enkeltindivid eller tisper og ungar i hi etter at den ordinære lisensjakta er avslutta. På denne måten er det prøvd å kombinere dei ulike verkemidla betre med sikte på å redusere tapa.

Etter departementet si vurdering er det med det verkemiddelapparatet for jerv i Nord-Noreg som finst i dag forsvarleg å forvalte jervebestanden om lag på det nivå den har i dag, samtidig som arbeidet med å redusere tap må intensiverast gjennom auka vektlegging av målretta felling og førebyggjande tiltak. For tamrein er tapsårsakene samansette. Ved sida av tiltak for å redusere konflikter og tap grunna rovvilt arbeider Regjeringa med å sikre eit betre samsvar mellom talet på beitedyr og tilgjengelege beiteressursar. I forhold til tap av sau i utmark grunna jerv i Nord-Noreg vil ein målretta og utvida bruk av tidleg nedsanking av sau i særleg konfliktfylte område saman med presis felling gi høve til å redusere konflikter og tap.

10 Resultatområde 2 Friluftsliv

Definisjon og avgrensing

Tilgang til friluftsliv for alle er eit viktig grunnlag for god livskvalitet, m.a. i form av betre helse og auka trivsel. Naturopplevingar medverkar til auka interesse for og kunnskap om naturen. Dette ska-

per auka miljømedvit i befolkninga – eit viktig grunnlag for den respekt og audmjuke som krevst for ei god og framtidsretta forvaltning av den norske natur- og kulturarven.

Resultatområdet omfattar å ta vare på befolkninga sin tilgang til å utøve friluftsliv gjennom å sikre areal og rettar til ferdsel og opphald, leggje til rette for bruk av desse areala og å stimulere til miljøvennleg friluftsliv. Areal for friluftsliv, grunnlaget for haustingsaktivitetar som bærplukking, jakt, fiske o.l. og den kulturhistoriske dimensjonen ved friluftsliv blir òg tekne vare på gjennom arbeidet på resultatområda 1, 3 og 9. Andre miljøkvalitetar som har innverknad på friluftslivet er ivaretekne gjennom resultatområda 1, 3, 4, 6 og 7. Friluftsliv i polare område er dekt av resultatområde 8.

Strategisk mål

Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål og resultatindikatorar og statusbeskriving

Statusbeskriving

Regjeringa la våren 2001 fram St.meld. nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet. Meldinga gir ei brei oversikt over friluftslivet sine verdiar, utbreiing, trender, mål og tiltak. Meldinga vart ikkje behandla av Stortinget i vårsesjonen 2001, men vil venteleg bli behandla vinteren 2001/2002.

Arbeidsmål 1.1. Stimulere til utøving av miljøvennleg friluftsliv i samarbeid med frivillige organisasjonar.

Landsomfattande undersøkingar om friluftsliv er blitt gjennomførte ei rekkje gonger sidan 1970. Siste undersøking vart gjort i 1996, og er såleis litt gammal. Til trass for at spørsmåla er formulerte litt ulikt, kastar desse undersøkingane lys over utviklinga i aktivitetsmønsteret knytt til friluftsliv.

Eit hovudtrekk i utviklinga frå 1970-talet er at det har blitt langt fleire utøvarar i mange friluftslivsaktivitetar. Dette gjeld spesielt aktivitetar som ski- og fotturar i fjellet, fotturar i skog og mark, løpe- og joggeturar i naturomgivnader og køyring i alpinanlegg. Desse aktivitetane viste ein auke

fram mot slutten av 1980-åra, for deretter å halde seg stabile. På 1990-talet er det særleg aktiviteten sykling i naturomgivnader som har auka sterkt. Når det gjeld fiske og jakt, har aktiviteten halde seg rimeleg stabil i heile perioden, mens omfanget av bær- og soppturar har vist nedgang.

I ei undersøking frå 1999 av endringar i norsk friluftsliv oppgir over halvparten av dei spurde at dei ikkje har nokon favorittaktivitet når det gjeld friluftsliv, men at friluftslivet deira består av kvardagsfriluftslivet med «enkle» aktivitetar i nærområda.

Sjølv om deltakartalet har auka, viser undersøkingane frå 1970-talet og fram til i dag at frekvensen av den enkelte si deltaking i friluftsliv ikkje har endra seg nemneverdig i tidsperioden.

Det er i gang eit samarbeid med Statistisk sentralbyrå slik at undersøking av friluftslivsaktivitetar blir ein del av «Levekårsundersøkinga». I 2001 vil undersøkinga bli gjennomført og resultata vil vere klare våren 2002.

Arbeidsmål 2.1. Barn og unge skal meistre trygg og miljøvennleg ferdsel i utmark

Statistikk som kastar lys over status i forhold til dette arbeidsmålet, vil bli tilgjengeleg våren 2002.

Generelt kan vi slå fast at folk flest har ein del kunnskap om og dugleik i friluftsliv. Barn og unge får viktig opplæring gjennom turlivet til foreldre og venner, og ikkje minst gjennom barnehage, skule og innsatsen til organisasjonar. Undersøkingar viser at kunnskap og dugleik aukar med målretta stimulering og at grunnlaget for gode friluftslivsvanar i vaksen alder blir lagt i barndommen.

Barn sitt friluftsliv er i hovudsak knytt til leik, men dessverre har barn sin leik i aukande grad gått bort frå utandørs- og til innandørsaktivitetar prega av stillesitjande leik med TV-titting, dataspel og video. Undersøkingar tyder dessutan på at transport med bil eller buss til skule, barnehage og fritidsaktivitetar aukar. Den passive livsstilen gjer at barn ikkje berre får redusert motorisk dugleik, dei blir òg fysisk svakare, mindre uthaldande og overvektige.

Den negative trenden for barn som er omtalt over, gjeld om mogleg i endå større grad for ungdom. Undersøkingar viser at ungdom driv lite med friluftsliv og fysiske aktivitetar.

Departementet har starta eit samarbeid med Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet (SEF) om å følgje med i utviklinga.

Tabell 10.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 Friluftsliv.

Nasjonale resultatmål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
1. Friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd i alle lag av befolkninga.	1.1. Stimulere til utøving av miljøvennleg friluftsliv i samarbeid med relevante partar, under dette frivillige organisasjonar.	– Statistikk om folk si deltaking i friluftsliv, under dette: – Dagsturar og overnattingsturar i naturomgivnader – Bruk av nærområde i byar og tettstader. – Bærplukking, fritidsfiske og jakt.
2. Barn og unge skal gis høve til å utvikle dugleik i friluftsliv.	2.1. Barn og unge skal meistre trygg og miljøvennleg ferdsel i utmark.	– Kunnskap om allemannsretten, fjellreglane og sjøvettreglane innan fylte 18 år, i eit utval kommunar (ikkje operativ). – Prosentdelen av barn og unge under 18 år som har delteke i friluftssaktivitetar dei siste 12 månadene. – Talet på medlemmer i ungdomsorganisasjonar dominert av aktivitetar retta mot natur- og friluftsliv som f.eks. speidarforeiningar og turistforeininga sine ungdomsgrupper (ikkje operativ)
3. Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennleg ferdsel, opphald og hausting blir fremja og naturgrunnlaget teke vare på.	3. 1. Framtidige behov for kjøp, bandlegging og avtalt fleirbruk av naturområde skal framgå av vedtekne kommunale planar i fem utvalde fylke innan år 2004. 3.2. Alle viktige friluftslivsområde, (dvs. skjergardsparkar og tilsvarande og viktige (by)marker), skal innan år 2005 inngå i opplegg som gir tilfredsstillande tilretteleggings- og skjøtselsnivå. 3.3. Vilt- og ferskvass-fiskeresursar som kan utnyttast skal vere tilgjengelege for allmenta.	– Prosentdelen kommunar med planar som omfattar slike område i desse fylka. – Prosentdelen av friluftsområde med slikt forvaltningsoppbygg. – Prosentdelen av område som kan utnyttast (dvs. fiskevatn, fiskeførande elvelengd, jaktterreng o. l.) i eit utval kommunar med kortsal for fiske og småviltjakt.
4. Ved bustader, skular og barnehagar skal det vere god tilgang til trygg ferdsel, leik og annan aktivitet i ein variert og samanhengande grøntstruktur med godt samband til omkringliggjande naturområde.	4.1. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for at minst 30 % av bustader, skular og barnehagar i eit utval byar og tettstader har trygt og tilgjengeleg rekreasjonsareal innan 500 meters avstand og i tilknytning til ein samanhengande grøntstruktur. 4.2. Alle kommunar skal ha kartlagt sine uteområde	– Prosentdelen slike bygningar med rekreasjonsareal og tilknytning til grøntstruktur innan 500 m. – Prosentdelen kommunar som har gjort slik kartlegging.

Arbeidsmål 3. 1. Framtidige behov for kjøp, bandlegging og avtalt fleirbruk av naturområde skal framgå av vedtekne kommunale planar i fem utvalde fylke innan år 2004.

I samarbeid med kommunane har fylkesmennene og Direktoratet for naturforvaltning kartlagt det framtidige behovet for å sikre friluftslivsområde gjennom kjøp og bandlegging av areal på kysten frå svenskegrensa til og med Hordaland. Med tilskot frå Direktoratet for naturforvaltning gjennomfører Friluftsrådas landsforbund eit prosjekt som m.a. skal føre vidare dette arbeidet. I løpet av siste år er det opna ny skjergardspark i Lindesnes. Fleire viktige område er òg sikra til friluftsføremål med statleg finansiering, m.a. Malmøya i Larvik og Dunholmen i Nøtterøy og Randvika i Risør.

Arbeidsmål 3.2. Alle viktige friluftslivsområde, (dvs. skjergardsparkar og tilsvarande, og viktige (by)marker), skal innan år 2005 inngå i opplegg som gir tilfredsstillande tilretteleggings- og skjøtselsnivå.

Det er utarbeidd heilskaplege forvaltningsplanar som m.a. oppgir behovet for tilrettelegging og skjøtselsnivå for ein overvegande del av friluftslivsområda i Oslofjorden, skjergardsparkane på Sørlandet og Vestkystparken.

På oppdrag frå Miljøverndepartementet har fylkesmennene innhenta rapportar frå kystkommunane om dispensasjonspraksisen i 100-metersbeltet. Rapporteringa gjeld saker som krev dispensasjon frå byggjeforbodet i § 17-2 i plan- og bygningslova, kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan. Rapporteringa omfattar ikkje tiltak i byggjeområde eller tiltak som ikkje er søknadspliktige. Rapporteringa viser at det er gitt 1404 dispensasjonar i 2000, mens 489 søknader er avslått. Følgjeleg er om lag 75 % av søknadene innvilga. I fylka som er omfatta av «Rikspolitiske retningslinjer for Oslofjorden» er i gjennomsnitt 59 % av søknadene innvilga. Hordaland har flest saker med 393 søknader. Av desse vart 80 % innvilga. Rapporteringa er gjennomført for første gong i 2000 som eit ledd i den statlege tiltakspakken for strandsona, og vil halde fram.

Ofte vil andre ting enn bygningane ha stor privatiserende effekt i strandsona. Tiltak som plattingar, bryggjer, trappeanlegg, flaggstenger, gjerde, steinar som er lagt ut m.v. vil i mange tilfelle ha større verknad som ferdselshinder for allmenta. Dels er dette forsøk på fysisk å hindre ferdsel, dels er det mindre tiltak som til saman gir eigedommen eit sterkt privat preg, slik at ein kvier seg for å passere. I mange tilfelle vil dette vere ulovlege steng-

sel i høve til friluftslova. I eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmannen i Østfold og Østfold fylkeskommune er i alt ca. 4500 ulike privatiserende objekt/tiltak registrerte i 100-metersbeltet over ei kyststrekning på 340 km. Dette inneber at det mellom kvart slik objekt/tiltak berre er gjennomsnittleg 75 m. Tilgjengeprosjektet i Østfold viser at kommunane må gjere ein omfattande jobb for å få til auka tilgjenge for allmenta. I tillegg viser resultatata kor viktig det er å ta vare på dei lengre kyststrekningane utan privatiserende objekt/tiltak og å halde desse inngrepsfrie.

Arbeidsmål 3.3. Vilt- og ferskvass-fiskeressursar som kan utnyttast skal vere tilgjengelege for allmenta.

Organiseringa av jakt og fiske varierer mellom kommunar og fylke. Aktiviteten aukar likevel på dette feltet. Gjennom eit konstruktivt samarbeid med rettshavarane blir fleire og fleire område organiserte og opna for allmenta. Som eit tiltak for å auke tilgjenget til innlandsfisk blir det for 2002 fremja forslag om å fjerne fiskeavgifta for denne type fiske (unntatt fiske etter anadrom laksefisk). Talet på jegerar som har løyst jegeravgiftskort har vist ein klar auke i dei seinare åra. Omkring 191 000 personar betalte jegeravgift i 2000/2001 (mot 190 000 i 1999/2000). I jegerregisteret er det registrert omkring 350 000 personar (mot 335 000 året før). Ca. 224 000 personar betalte fiskeavgift i 2000/2001, noko som var ein reduksjon på 3000 i forhold til 1999.

Arbeid med å betre allmenta sin tilgang til jakt og innlandsfiske vil i aukande grad skje ved at rettshavarane utarbeider driftsplanar for dei vilt- og fiskeressursane som kan haustast, jf. arbeidsmål 4.1 under resultatområde 1.

Arbeidsmål 4.1. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for at minst 30 % av bustader, skular og barnehagar i eit utval byar og tettstader har trygt og tilgjengeleg rekreasjonsareal innan 500 meters avstand og i tilknyting til ein samanhengande grøntstruktur.

Arbeidet med kartlegging og rettleiing blir ført vidare som ledd i Regjeringa sitt program for miljøvennleg storbyutvikling. Dette målet vil og bli fulgt opp gjennom dei sektorvise miljøhandlingsplanane (SMH).

Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 89,9 mill. kr. Finansieringa blir i hovudsak dekt av

Direktoratet for naturforvaltning si budsjett-ramme jf. kap. 1427, og delar av kapitla 1425 og 1426. Vidare inneheld delar av Miljøverndepartementet sine budsjettkapittel 1400 og 1410 og budsjettmidlar som medverkar til finansieringa av resultatområdet i år 2002. Fylkesmannen har òg oppgåver under resultatområde 2. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene vart frå og med 2001 budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt budsjett.

Statlege midlar til å sikre regionalt og nasjonalt viktige friluftslivsområde er eit nødvendig verkemiddel der arealpresset og konfliktpotensialet er stort. Statlege midlar er òg viktige for å motivere kommunane til å realisere vedtekne planar for å bevare grøntstruktur og leggje til rette for friluftsliv. Slik medverknad gir svært god effekt då midlane utløyser monaleg kommunal eigeninnsats. Løyvingane til dette formålet har med budsjettforslaget for 2002 auka med 18,0 mill. kr i løpet av to år.

Staten medverkar dessutan til finansiering av driftsordningar for dei sikra områda i samarbeid med kommunane.

Det gis vidare driftsstøtte til Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO), Den Norske Turistforening og Norges Jeger- og Fiskerforbund og Friluftsrådenes Landsforbund. Dette gjeld m.a. til arbeidet i Forum for natur og friluftsliv som er organisert i alle fylke. Det blir dessutan gitt tilskot til stimulerings tiltak i regi av dei frivillige organisasjonane. Desse midlane vil vere knytte til aktivitetsretta prosjekt med formål å stimulere nye grupper, især barn og unge, til å utøve friluftsliv.

Det blir òg gitt tilskot til frivillige organisasjonar til tilrettelegging for fritidsfiske og jakt.

I tillegg til plan- og bygningslova er friluftsløva, lakse- og innlandsfiskeløva og viltlova dei viktigaste juridiske verkemidla. Miljøverndepartementet har gitt ut eit rundskriv om friluftsløva som gir oversikt over kommunane sine oppgåver med å fremje allmenta sine friluftsinteresser.

Trass i byggjeforbodet i 100-metersbeltet og «Rikspolitiske retningslinjer for Oslofjorden» har utbygginga i strandsona halde fram på grunn av liberal utbyggingspraksis og dispensasjonar. Dette har ført til at allmenta sin tilgang til strandsona er sterkt avgrensa i mange av kommunane langs Oslofjorden. Det blir føreslått å gjennomføre tiltak som vil sikre mange av dei mest verdifulle friluftsområda, og verne dei mest verdifulle naturområda. I budsjettet for 2000 vart det løyvd 2 mill. kr til å starte dette arbeidet under kap. 1427 post 30. Utkast til verneplan for Vestfold vart lagt

fram for lokal høyring i 2001. Dette arbeidet held fram i 2002.

Det er venta at kvaliteten på område der friluftsliv blir utøvd vil auke ved innføring av åtferdsreglar for skjergardsparkane, mål og retningslinjer for tilrettelegging i fjellet, generelle prinsipp for naturvennleg tilrettelegging, og informasjon om rettar og plikter knytte til naturbruk. Slike tiltak vil òg kunne førebyggje skadar på biologisk mangfald. Samordna driftsordningar langs kysten er på same måten eit viktig tiltak for å halde ved like intensivt utnytta friluftslivsområde. Informasjon om allemannsretten er eit viktig verkemiddel for å fremje omsynsfull ferdsel i naturen og for å demme opp for ei utvikling med former for friluftsliv og kommersialisering som slit meir på naturen. Miljøverndepartementet samarbeider med andre styresmakter for å auke tryggleiken og miljømedvitet blant brukarane av fritidsbåtar. Gjennom Norges Jeger- og Fiskerforbunds «Fritidsfiskeprosjekt» blir det arbeidd med å stimulere til fritidsfiske i befolkninga generelt og overfor barn, ungdom, kvinner og funksjonshemma spesielt.

For å fremje human, sikker og etisk forsvarleg jakt blir det lagt stor vekt på haldningar i den obligatoriske jegeropplæringa. Forskingsprogramma «Miljøbetinget livskvalitet» og «Bruk og forvaltning av utmark» har skaffa fram ny og forvaltningsrelevant kunnskap for resultatområdet. Denne forskinga vil bli ført vidare innanfor det nye programmet «Landskap i endring». I programplanen er det m.a. fokusert på den innverknad natur- og kulturmiljø har på livskvalitet og trivsel, og på dei effektar miljøendringar har for livskvalitet og for barn og unge si utvikling.

Departementet ønskjer òg i større grad å bruke informasjon/kommunikasjon som eit viktig strategisk verkemiddel for å nå måla under resultatområde 2 Friluftsliv.

11 Resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø

Definisjon og avgrensing

Kulturarven tilhøyrer oss alle og skal forvaltast slik at flest mogeleg kan ha glede av den som ressurs for bruk og som oppleving. Kulturarven vitnar om både kontinuitet og endring gjennom tidene, og er òg viktig som grunnlag for vår tolking og forståing av fortida. Samtidig gir kulturarven kunnskap om materialbruk og handverksteknikkar som har mykje å seie for arbeidet med mil-

jøvenleg byggjeskikk og ein varsam bruk av naturressursane. Slik kan kulturarven òg hjelpe oss å velje strategiar for ei berekraftig utvikling. Medviten satsing på vedlikehald av kulturminnene kan gi kompetanse og sysselsetjing i distrikta med positive ringverknader langt utover det enkelte vernetiltaket.

Resultatområdet omfattar bevaring av kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske innhaldet i landskapet gjennom vern, berekraftig bruk og vedlikehald. I arbeidet inngår automatisk freda kulturminne og kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova. Sikring av kulturhistoriske verdiar og kvalitetar i våre fysiske omgivnader skjer òg gjennom tilfredsstillande forvaltning, gjennom det ordinære kommunale planarbeidet og som ledd i by- og tettstadsutviklinga.

Resultatområdet inkluderer òg fartøyvern. I tillegg dekkjer det internasjonalt samarbeid, og oppfølging av konvensjonar og andre internasjonale avtaler for å sikre kulturminne og kulturmiljø. Landskapsarbeidet er i hovudsak dekt av resultatområde 1. Verknader av luftforureining på kulturminne er dekt av resultatområde 7.

Strategisk mål

Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltaast og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for oppleving og vidareutvikling av fysiske omgivnader. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv som kunnskapsressursar og som grunnlag for opplevingar.

Tabell 11.1 Mål- og indikortabell for resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø.

Nasjonale resultatmål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
1. Det årlege tapet av kulturminne og kulturmiljø som følgje av fjerning, øydelegging eller forfall skal minimerast, og skal innan år 2008 ikkje overstige 0,5 % årleg.	1.1. Styrkje omfanget og tilgjengelet av forvaltningsretta kunnskap om kulturminna.	– Talet på kommunar med tilgang til kulturminneregister. – Talet på arealbrukande sektorar med tilgang til kulturminneregistra.
	1.2. I samarbeid med aktuelle partar skal stadene sin eigenart og deira kulturhistoriske innhald takast vare på, og estetiske kvalitetar i stadsforminga innan kommunal planlegging og byutviklingspolitikk skal vektleggjast.	– Talet på kommunar med vedteken kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. – Talet på kommunar med kulturminnefagleg kompetanse. – Talet på kommunar som nyttar stadsanalyse som planverktøy.
	1.3. Styrkje kommunesektoren som forvaltningsnivå innan kulturminneområdet.	– Meir ansvar og mynde lagt til kommunesektoren innan 2006. – Opplærings- og rettleiingstiltak som er sette i verk – Mengd bygningsavfall frå riving og rehabilitering.
	1.4. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for auka medvit i kommunane om verdien av og høvet til vidare bruk og ombruk framfor riving og utbygging.	
	1.5. I samarbeid med andre sektorar utvikle verkemiddel (eksisterande og nye) for vern av kulturminne og kulturmiljø.	– Talet på statlege sektorar med eigen kulturminnefagleg kompetanse.

Tabell 11.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø.

Nasjonale resultatmål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
2. Det representative utvalet av kulturminne og kulturmiljø skal bevarast i ein tilstand som svarer til 1998-nivå, og freda bygningar og anlegg skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan år 2010.	2.1. Førebyggje og redusere inngrep i freda kulturminne og kulturmiljø. 2.2. I samarbeid med m.a. lokale styresmakter og eigarar leggje til rette for å betre tilstanden for verneverdige kulturminne og kulturmiljø. 2.3. Følgje opp Noreg sine plikter i forhold til UNESCO sin verdsarvkonvensjon: gjennom forvaltninga av dei norske verdsarvområda og ved å medverke til betre representativitet av områda på verdsarvlista.	– Talet på dispensasjonar. – Prosentdel verneverdige kulturminne som har ordinært vedlikehaldsnivå. – Talet på forvaltningsplanar for freda kulturminne og kulturmiljø. – Formelt vern etablert. – Rutinemessig revidering av tilstand på dei norske verdsarvområda er gjennomført og dokumentert. – Tentativ liste over nye norske nominasjonar til verdsarvlista sendt UNESCO
3. Den geografiske, sosiale, etniske og tidsmessige breidda i varig verna kulturminne og kulturmiljø skal betrast, slik at svakt representerte og manglande hovudgrupper er representerte med fleire objekt innan år 2004 (i forhold til 1998-nivå).	3.1. I samarbeid med aktuelle partar arbeide for at andre sektorar tek større ansvar for kulturminne knytte til eiga verksemd. 3.2. Gjennomføre fredingar i samsvar med sektorvise verneplanar.	– Talet på ferdigstilte sektorvise verneplanar. – Talet på fredingar av svakt representerte hovudgrupper. – Talet på fredingar i samsvar med plan.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål og resultatindikatorar og statusbeskriving

Som ledd i arbeidet med å betre representativiteten på fredingslista er det i 2001 utarbeidd oversikt som viser hovudgrupper av freda kulturminne. Arbeidsmål 3.1. i St.prp. nr. 1 for 2000-2001 er derfor nådd og teke ut av tabellen ovanfor. I løpet av 2001 ligg det føre ein vernestrategi som vil gi statlege etatar, kommunar og enkeltpersonar innsikt i prioriteringar og vurderingar som kulturminneforvaltninga gjer. Målet med strategien er auka forståing for kva som er verneverdig og kvifor, og kva verkemiddel som kan nyttast for å sikre kulturminne. Arbeidsmål 3.2. i St.prp. nr. 1 for 2000-2001 om å utvikle kriterium for prioritering og vern av kulturminne er nådd gjennom vernestrategien og arbeidsmålet er teke ut av tabellen ovanfor.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Styrkje omfanget og tilgjengelet av forvaltningsretta kunnskap om kulturminna.

For å gjere kulturminnedata lettare tilgjengelege, blir det arbeidd med å samordne dei eksisterande kulturminneregistra i ein moderne kartbasert database der alle typar kulturminne vil finnast. Kulturminnebasen vil vere hovudleverandør av kulturminnedata til AREALIS og Miljøstatus Noreg og gi grunnlagsmateriale til overvaking av kulturminne og årleg rapportering. Kulturminnebasen skal bli tilgjengeleg over Internett for aktuelle brukarar. Kulturminnebasen vil modernisere kulturminneforvaltninga og få den til å fungere meir effektivt i forhold til andre delar av samfunnet. Det blir vist til omtala under Verkemiddel.

Arbeidsmål 1.2. I samarbeid med aktuelle partar skal stadene si eigenart og deira kulturhistoriske innhald takast vare på, og estetiske kvalitetar i stadsforminga innan kommunal planlegging og byutviklingspolitikk skal vektleggjast.

Det pågår arbeid med reiskaps- og kunnskapsutvikling med særleg fokus på stadskvalitet, byforming og synleggjering av kulturminne. I den samanheng blir det utvikla prinsipp for bruk, vern, omforming og nybygging i eksisterande kulturmiljø. Det er gjennomført evaluering av fem kommunar sine erfaringar med stadsanalysar. Resultata viser at gode faglege analysar kan gi auka medvit om estetiske og kulturhistoriske kvalitetar. Erfaringane vil danne grunnlag for utvikling av rettleingsmateriale til kommunane.

Arbeidsmål 1.3. Styrkje kommunen som forvaltningsnivå innan kulturminneområdet.

Regjeringa ønskjer å gi kommunesektoren større handlingsrom på miljøområdet. Målet er å stimulere til lokal forankring, forståing og engasjement for viktige miljøvernpolitiske oppgåver hos avgjerdstakarar og lokalbefolkning, og skape ei betre oppgåvedeling mellom staten og kommunesektoren.

Det blir lagt opp til ein aktiv dialog med kommunesektoren om opplegg og gjennomføring av satsinga. Fylkeskommunen og Sametinget er inviterte til å delta i dialog og samråd om dette. Kommunane, musea, dei frivillige organisasjonane og andre aktuelle instansar vil òg bli trekte med i prosessen.

Overføring av oppgåver og mynde vil skje i løpet av ein fireårsperiode; frå 2002 til utgangen av 2005. Kompetanseutvikling, bygging av nettverk og etablering av andre støttestrukturar vil skje gradvis.

Arbeidsmål 1.4. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for auka medvit i kommunane om verdien av og høvet til vidare bruk og ombruk framfor riving og utbygging.

Bygningane i landet med tilhøyrande infrastruktur representerer store samfunnsverdiar. Meir enn 40 % av landet sin realkapital er investert i bygningar og anlegg. På årsbasis er ca. 40 % av aktiviteten innanfor bygg- og anleggsverksemda knytt til eksisterande bygningsmasse, og bygg- og anleggsverksemda medverkar med ca. 40 % av den totale avfallsmengda i samfunnet. Det er ei

utfordring å finne alternativ bruk for den eksisterande bygningsmassen m.a. for å redusere den totale avfallsmengda og energibruken, og utvikle metodar for vedlikehald, rehabilitering og gjenvinning. Gjennom kulturminna kan vi sikre og utvikle kunnskap, og på den måten medverke til å finne løysingar på nye problemstillingar og utfordringar i arbeidet med å utvikle eit berekraftig samfunn.

Riksantikvaren har saman med Byggforsk fått utarbeidd ein rapport om miljø- og ressursrekneskap for murgardar i byar (2000). Rapporten viser at rehabilitering er eit betre alternativ enn riving og nybygg for murgardar. Det er utvikla ein modell for gjennomføring av slike miljøanalysar. Modellen vil vere til stor nytte både for offentlege styresmakter og byggjebansjen. Riksantikvaren samarbeider med Statens bygningstekniske etat om å innarbeide kulturminneomsyn i byggjesaksdelen av plan- og bygningslova og i byggjeforskriftene.

Arbeidsmål 1.5. I samarbeid med andre sektorar utvikle verkemiddel (eksisterande og nye) for vern av kulturminne og kulturmiljø.

Det er utarbeidd oversikt over verkemiddel i andre sektorar som kan ha særleg effekt på vern av kulturminne. Innsamla materiale vil bli brukt i drøftingar om utvikling av verkemiddel med relevante sektorar, m.a. i arbeidet med sektorvise miljøhandlingsplanar. Det blir arbeidd med å etablere nettverk mellom sektorane og aktørar som er aktuelle i samband med kulturminneverdiane eller som har oppgåver knytte til kulturminneområdet. Formålet er betre samarbeid mellom partane. Nettverksbygginga skal medverke til å skape nye arenaer for kulturminnearbeidet og ein sterkare innsats for bruk og vern av kulturminnearven. Samarbeid og dialog med næringslivet, m.a. byggjebansjen, vil vere særleg aktuelt.

Arbeidsmål 2.1. Førebyggje og redusere inngrep i freda kulturminne.

Det blir arbeidd med å betre ajourhaldet og tilgjenget til dei kartbaserte elektroniske kulturminneregistra for å gi større tilgjenge til informasjon om kvar ein kan finne kulturminne og kulturmiljø, jf. 1.1. Kommunesatsinga innanfor kulturminneområdet vil styrkje arbeidet ved hjelp av meir kunnskap og større ansvar i kommunesektoren, jf. 1.3.

Arbeidsmål 2. 2. I samarbeid med m.a. lokale styresmakter og eigarar leggje til rette for å betre tilstanden for verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Det er utarbeidd oversikt over tilstanden for ein del nasjonalt viktige kulturminne. Oversikta skal oppdaterast løpande. Riksantikvaren utviklar eit system for registrering og overvaking av vedlikehaldstilstanden for freda bygningar og anlegg som grunnlag for fylkeskommunane sitt vernearbeid.

Arbeidsmål 2. 3. Følgje opp Noreg sine plikter i forhold til UNESCO sin verdsarvkonvensjon: gjennom forvaltninga av dei norske verdsarvområda og ved å medverke til betre representativitet i områda på verdsarvlista.

Det er fire norske verdsarvområde; Urnes stavkyrkje, Bryggen i Bergen, Røros Bergstad og bergkunsten i Alta. UNESCO sine retningslinjer fastset at det skal rapporterast om verdsarvområda sin tilstand og deira utvikling kvart 6. år. Alle dei fire områda er blitt evaluerte og det pågår arbeid med å følgje opp evalueringane. I 2000 starta eit stort prosjekt for istandsetjing av Bryggen i Bergen. Det blir ført vidare i 2002. Arbeid med istandsetjing i Røros Bergstad er ført vidare og det er gjennomført ei utgreiing om utviding av dette verdsarvområdet for å omfatte gruveområdet m.v. Det er sett i gang arbeid med ein forvaltningsplan for Urnes stavkyrkje. Vidare er det utarbeidd ein forvaltningsplan for bergkunsten i Alta. Det er sett i gang arbeid med å førebu nominasjonar til UNESCO si verdsarvliste. Arbeidet skje i samarbeid med aktuelle kommunar og fylke Aktuelle område er:

- Vestnorsk fjordlandskap, Geirangerfjorden i Møre og Romsdal og Nærøyfjorden i Sogn og Fjordane og Hordaland
- Nordnorsk skjergard, Vega i Nordland
- Nordnorsk fjordlandskap, Hellemobotn i Nordland

Etter initiativ frå Vega kommune er det i første omgang sett i gang arbeid med Nordnorsk skjergard.

Prøveperioden for Det nordiske verdsarvkontoret i Oslo (Nordic World Heritage Office – NWHO) går ut i 2001 og kontoret har vore gjennom ei internasjonal evaluering. Evalueringa konkluderer med at kontoret bør etablerast på permanent basis og organiserast som ei stifting. Det er sett i gang forhandlingar med UNESCO med sikte på ei permanent etablering av kontoret i tråd med

anbefalingane i evalueringa. Regjeringa vil komme tilbake til drifta av stiftinga når forhandlingane med UNESCO er nærare avklart.

Arbeidsmål 3.3 I samarbeid med aktuelle partar arbeide for at andre sektorar tek større ansvar for kulturminne knytt til eiga verksemd.

Det er sektorstyresmaktene som har ansvaret for å setje i stand og vedlikehalde kulturminne i offentleg eige. Dette følgjer av det miljøansvaret den enkelte sektor har for utviklinga på sitt området og som er grunnlaget for arbeidet med dei sektorvise miljøhandlingsplanane. Regjeringa arbeider for at omsynet til kulturminneverdiane får ein større plass i sektorstyresmaktene si utforming av politikken på ei rekkje område. I arbeidet med dei sektorvise miljøhandlingsplanane blir det lagt vekt på å få sektorane til å utvikle tiltak som kan fremje bevaring av sektorane sine egne kulturminne.

Arbeidsmål 3.4. Gjennomføre fredingar i samsvar med sektorvise verneplanar.

I 2000 har det særleg vore satsa på å slutføre fredingsarbeidet i tilknytning til Verneplan for fyr og Verneplan for NSB. Prosjekta blir avslutta i 2001. Då vil 83 fyr og 5 tåkeklokker og 50 NSB-anlegg vere freda.

Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansierte med totalt 198,0 mill. kr i 2002 budsjettet. Finansieringa er i hovudsak dekt av Riksantikvaren si budsjettamme jf. kap. 1429, men òg kapitla 1400, 1401 og 1410 inneheld budsjettmidlar som medverkar til finansieringa av resultatområdet i 2002.

Dei viktigaste kulturminna og kulturmiljøa er sikra gjennom freding etter kulturminnelova. I arbeidet med å sikre verdifulle kulturlandskap og kulturmiljø er òg freding etter naturvernlova og bevaring etter plan- og bygningslova sentrale verkemiddel. Regjeringa ønskjer i større grad å bruke informasjon, kommunikasjon og lokal deltaking som eit viktig strategisk verkemiddel for å nå resultatmåla i resultatområde 3.

Ei heilskapleg og sektorovegripande kulturminneforvaltning føreset oversikt over kjente kulturminne og kulturmiljø. Det årlege tapet av kulturminne og kulturmiljø er utrekna til ca. 1 %. Dette skuldast både auka press på areala og fysiske inngrep, men òg mangel på kunnskap om kvar kulturminna finst. Det må bli lettare for kul-

turminneforvaltninga sjølv, for kommunane, andre sektorar, utbyggjarar, tiltakshavarar og for publikum å skaffe seg nøyaktige og oppdaterte opplysningar om kulturminne i eit planområde. Berre på det grunnlaget kan dei innrette seg etter dette tidleg i planprosessen og unngå dyre og tidkrevjande konflikhtar. Kulturminnebasen som no blir utvikla, er eit moderne IT-basert planleggingsverktøy. Dette blir eit viktig verktøy for overvaking av tilstand, rapportering av miljøstatus og for å gi informasjon om kulturminne og kulturmiljø. Planleggingsverktøyet vil òg ha ein konfliktførebyggjande effekt og lette og effektivisere kulturminnestyresmaktene og kommunane sitt arbeid med plansaker.

Forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø skjer i dag i stor grad innafor rammene av plan- og bygningslova. Det er derfor viktig å synleggjere og sikre kulturminneverdiane i arbeidet med utvikling av byar og tettstader, jf. resultatområde 9 Regional planlegging.

Det er behov for auka satsing på kulturminne og kulturmiljø både når det gjeld å utvide forvaltningsansvaret og auke den samfunnsmessige effekten. Vesentlege utfordringar vil vere knytte til kommunesatsinga og arbeidet med å styrkje lokalt medvit og lokalt engasjement, ei meir dynamisk forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i byar og tettstader og kulturminne og kulturmiljø som ressursar for busetjing og næringsutvikling.

Satsinga krev kompetanseheving, større kunnskap om problema, større medvit om verdiane, nye arbeidsformer m.a. innan overvaking og utvikling av indikatorar og planleggingsmetodikk m.a. for strategiutvikling. Kunnskapen må nå svært mange og nye aktørar. Auka forskingsinnsats på området er ein føresetnad for å få til den satsinga som er politisk vedteken. I 2002 blir det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå FoU-miljøa, forvaltninga, organisasjonane og næringslivet for å definere eit program for arbeidet.

Riksantikvaren koordinerer kulturminneforvaltninga sitt arbeid med forskning og utvikling (FoU). Utbygging av kontaktnett mot forskingsmiljø som universitet, høgskular og miljøinstitutta og oppbygging og sikring av forskingskompetanse er prioritert i FoU-arbeidet. Forskingsprogrammet «Landskap i endring» blir støtta gjennom Noregs forskingsråd.

Internasjonalt samarbeid om bevaring av kulturminne og kulturmiljø skjer gjennom nordiske fora, i norsk-russisk samarbeid, innan Europarådet, EU/EØS-systemet og innanfor UNESCO. I oppfølging av internasjonale avtaler og konvensjo-

nar blir det lagt vekt på tiltak som styrkjer kulturminna sine kunnskaps-, opplevings- og bruksverdier.

Noreg underteikna den europeiske landskapskonvensjonen i oktober 2000. Det pågår ei nasjonal og nordisk oppfølging av konvensjonen der Noreg har ansvaret for eit felles nordisk prosjekt, jf. arbeidsmål 7.3 under resultatområde 1. Det nordiske verdsarvkontoret i Oslo (Nordic World Heritage Office – NWHO) har som mål m.a. å støtte implementeringa av UNESCO sin verdsarvkonvensjon (World Heritage Convention) av 1972 og kontoret har m.a. gitt bistand til land i Afrika i samband med nominasjonar av område til UNESCO si verdsarvliste og har vore med å utvikle modellar for berekraftig forvaltning av kulturminne jf. arbeidsmål 2.3.

Riksantikvaren er fagsenter for kulturminneforvaltning i bistandsarbeidet og skal i samarbeid med NORAD syte for at kulturminneinteressene blir ivaretekne i norske bistandsprosjekt. Ein viser elles til omtale under resultatområde 8.

1. januar 2001 vart det etablert ei eiga avdeling for kulturminneforvaltning i Miljøverndepartementet. Avdelinga vart oppretta ved omdispensering av midlar på departementet sitt budsjett. Den nye avdelinga vil medverke til eit sterkare strategisk grep og auka fokus på dei utfordringane som ligg på feltet. Etableringa må òg sjåast som ein integrert del av regjeringa si oppfølging av den auka innsatsen Stortinget har bedt om, jf. omtalen nedanfor.

Auka satsing på kulturminne

Stortinget har tidlegare bedt Regjeringa om ein eigen opptrappingsplan for kulturminnevernet, om forslag til betra støtteordningar og incitament for å sikre eit betre og meir effektivt vern og om at det blir oppretta eit eige kulturminnefond. I Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon for 2001 er det gjort greie for vidare behandling av desse forslaga. Etter at budsjettet for 2001 vart lagt fram, er det i samband med Stortinget si behandling av ulike saker, i tillegg gjort fleire nye vedtak som har stor innverknad på arbeidet med ein samla opptrappingsplan for kulturminnefeltet. Dette gjeld:

- St.meld. nr. 14 (2000-2001) Børs og katedral. Om økonomien i Den norske kyrkja, jf. Innst. S. nr. 187 (2000-2001).
- Dok. 8:52 (2000-2001) Om Opprettelse av fond for bevaring av festninger og andre militærhistoriske bygninger

- Regjeringa har i samband med at stortingsmeldinga om fyrvesenet (St.meld. nr. 28 (2000-2001) Fyrstasjonene – posisjon og betydning i en moderne navigasjonsinfrastruktur) vart framlagt, varsla ei utgreiing om alternative forvaltningsformer for freda, ikkje aktive fyrstasjonar.
- St.meld. nr. 31 (2000-2001) Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling.

Regjeringa meiner dette understrekar behovet for ei heilskapleg tilnærming der dei ulike tiltaka blir sett i samanheng. Regjeringa ønskjer derfor å leggje til rette for ei opptrapping av kulturminnefeltet gjennom ei auka satsing i fleire dimensjonar og der dei ulike tiltaka blir fasa inn over tid. Viktige komponentar i ein styrkt innsats vil vere konkrete vernetiltak, utvikling av politikk og verkemiddel, kompetanseoppbygging og reformering av forvaltningsapparatet. Enkelte tiltak er klare for gjennomføring, mens andre må utgreiast ytterlegare før dei blir sette i verk. Miljøverndepartementet deltek i samarbeid med dei aktuelle departementa i oppfølginga av vedtaka som er nemnde ovanfor. Dette arbeidet vil òg ha positive verknader for ei opptrapping av innsatsen på kulturminnefeltet. Regjeringa viser elles til utgreiingar i Stortingsmelding om oppmodings- og utgreiingsvedtak som blir fremja hausten 2001.

Kulturminneutvalet, som m a. skal utgreie mål, strategiar og verkemiddel i kulturminneforvaltninga, skal gi si innstilling i desember 2001. Utvalet skal særleg sjå på nye økonomiske verkemiddel og incitament i vernearbeidet og byrdefordelinga mellom det offentlege og private eigarar. Regjeringa meiner det er viktig å unngå ein situasjon der det blir gjennomført tiltak som kan vanskeleggjere ei god og effektiv oppfølging av utvalet sin rapport.

Regjeringa sitt arbeid med opptrappingsplanen i 2002 kan grupperast i tre viktige område:

1. Felles innsats for kulturarven gjennom spleiselag og partnerskap mellom offentlege og private aktørar der både næringsliv og private organisasjonar blir aktivt trekte med. Satsinga vil bestå av fleire element.
2. Større lokalt engasjement og lokal innsats ved å styrkje kommunesektoren som forvaltningsnivå innan kulturminneområdet gjennom meir ansvar og makt.
3. Større fokus på landskap og landsskapsspørsmål.

Til pkt. 1. Partnerskap mellom det offentlege og private aktørar

Regjeringa vil arbeide for eit samarbeid mellom det offentlege og næringslivet i kulturminnearbeidet for å utløyse meir satsing på dette området. Regjeringa meiner at eit slikt samarbeid samla sett vil gi auka ressursar til kulturminnevernet.

Regjeringa vil i denne samanhengen komme tilbake med forslag i høve til kulturminnefond. I fleire europeiske land har ein valt ulike modellar for å etablere fond for kulturminneføremål. For å få best mogleg effekt av ei slik ordning, meiner Regjeringa at ein bør arbeide noko meir med ulike modellar for utløysing av privat kapital før forslag blir fremja. For å vinne erfaring med samarbeid mellom offentlege og private, føreslår Regjeringa ei tilskotsordning på 10 mill. kr i statsbudsjettet for 2002, som skal nyttast til å finansiere kulturminneprosjekt gjennom samarbeid mellom det offentlege og næringslivet. Tilskotsordninga blir etablert som ei førebels ordning over 3 år, m.a. for å teste ut kor mykje private midlar og frivillig innsats dette kan utløyse.

Kulturminneutvalet vil òg komme med forslag om korleis ein best mogeleg kan få til eit dynamisk samspel mellom offentlege og private aktørar. Regjeringa meiner det vil vere føremålstenleg å avvente forslaga frå utvalet før det blir fremja eit gjennomarbeidd forslag om korleis kulturminnevernet kan finansierast på ein robust og framtidsretta måte.

Forvaltning av kulturhistorisk viktige eigedomar i statleg eige

Det er òg eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald av viktige kulturhistoriske bygningane som staten eig. Regjeringa har derfor vedteke å setje i gang eit arbeid som skal medverke til ny politikk for statleg eigarskap og forvaltning av kulturhistorisk viktige eigedommar. Innafor ramma av dette arbeidet vil det m.a. bli vurdert ulike modellar for forvaltning og drift av kulturhistoriske eigedommar som kan fungere i eit langsiktig perspektiv.

Til pkt. 2. Styrkje kommunesektoren som forvaltningsnivå.

Gjennom programmet for fornying av offentleg sektor og oppfølging av St.meld. nr. 31 (2000-2001) Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling ønskjer regjeringa å desentralisere oppgåver og mynde til kommunar og fylkeskommunar.

Å overføre meir ansvar og mynde til kommunesektoren på kulturminneområdet er ein del av arbeidet med å modernisere offentleg forvaltning og styrkje lokaldemokratiet. Det er òg eit ledd i arbeidet med å auke innsatsen for kulturarven. For å få til ei god og heilskapleg forvaltning av kulturminna, må det takast ansvar på lokalt nivå, og det må handlast lokalt. Målet er både å styrkje miljøarbeidet, der kulturminna er ein viktig del, og å styrkje lokaldemokratiet.

Oppgåvene på kulturminneområdet må delast mellom stat, fylkesnivå og kommune, slik at mynde og ansvar blir plassert der det fungerer best. Ved vurdering av kva for oppgåver kommunesektoren skal løyse, bør det bli teke omsyn til at det i enkelte tilfelle kan vere kostnadseffektivt og føremålstenleg å nytte nasjonale verkemiddel overfor miljøutfordringar av lokal karakter, i høve til eventuelle internasjonale plikter og til kva som vil vere ei effektiv og nyttig ansvarsdeling.

Til pkt. 3. Større fokus på landskap og landskaps-spørsmål.

Det blir arbeidd med ein landskapsstrategi for miljøvernforvaltninga sitt arbeid med landskap som blir lagt fram hausten 2001. Dette arbeidet går parallelt med norsk implementering av den europeiske landskapskonvensjonen. Konvensjonen tek sikte på å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og auke medvitte rundt landskap og landskaps-spørsmål. Landskaps-satsinga er kopla opp mot eit nordisk samarbeid på landskapsfeltet der Noreg har fått ansvaret for eit større nordisk prosjekt for oppfølging av landskapskonvensjonen. Arbeidet er finansiert gjennom midlar frå Nordisk Råd.

12 Resultatområde 4: Overgjødsling og oljeforureining

Definisjon og avgrensing

Utslepp av partiklar, næringssalt og olje kan føre til skadar på økosystemet. Store utslepp av partiklar og næringssalt kan føre til nedslamming og overgjødsling (eutrofipåverknad). Dette medfører dårleg vasskvalitet både i ferskvatn og saltvatn, som igjen kan føre til fiskedød, tap av biologisk mangfald, redusert rekreasjonsverdi knytt til bading og anna friluftsliv, og gjere vatnet mindre eigna for bruk til drikkevatt, fiskeoppdrett, vatning av jordbruksareal m.m. Utslepp av olje og kjemikaliar kan skade organismar og økosystem i havet, på sjøbotnen, i strandsona og i jordsmonnet. Dei viktigaste effektane er at vatnet blir giftig for organismar, hinder av opptak av livsviktige gassar og næringsstoff og tap av isolerande og vassavstøytande eigenskapar hos fuglar. Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere utsleppa av partiklar, næringssalt (nitrogen og fosfor) og olje til vassførekomstane. Beredskap mot akutt forureining frå olje- og kjemikal er òg dekt av dette resultatområdet. Utsleppa av næringssalt og partiklar kjem i hovudsak frå kommunale avløp, landbruk, fiskeoppdrett og industri. Utsleppa av olje kjem frå landbasert verksemd, skipsfart og petroleumsverksemd. Resultatområdet omfattar internasjonalt havmiljøarbeid, slik som oppfølging av m.a. Nordsjø-deklarasjonane, OSPAR-konvensjonen, London-konvensjonen og konvensjonar innan FN sin skipsfartsorganisasjon (IMO), så vel som relevante EU-direktiv.

Strategisk mål

Det skal sikrast ein vasskvalitet i førekomstar av ferskvatn og i marine område som medverkar til å halde oppe arter og økosystem, og som ivaretek omsynet til helse og trivsel for menneska.

Tabell 12.1 Mål- og indikortabell for resultatområde 4 Overgjødning og oljeforureining.

Nasjonale resultatmål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Resultatindikatorar
1. Utsleppa av næringssalta fosfor og nitrogen til eutrofi-påverka delar av Nordsjøen skal vere redusert med om lag 50 % innan 2005 rekna frå 1985.	Utslepp frå kommunal avløpssektor skal vere i samsvar med krava i EU sitt avløpsdirektiv.	– Talet på anlegg med gjennomført primær-, sekundær- og tertiær reinsing blir vurdert mot talet på anlegg som skal ha dei ulike reinsetypene.
2. Operasjonelle utslepp av olje skal ikkje medføre uakseptabel helse- eller miljøskade. Risikoen for miljøskade og andre ulemper som følgje av akutt forureining skal liggje på eit akseptabelt nivå.	2.1. For nye felt skal det som hovudregel etablerast løysingar som inneber 0-utslepp, og for eksisterande felt skal det innan 2005 etablerast løysingar for 0-utslepp eller minimale operasjonelle utslepp av miljøskadelege sambindingar til sjø frå petroleumsverksemda. 2.2. Utslepp av olje frå skipsfarten skal reduserast innan utgangen av 2005. 2.3. Det skal til ei kvar tid vere eit akseptabelt beredskapsnivå sett i forhold til risikoen for akutt forureining.	– Mengd utslepp av olje i vatn frå petroleumsverksemda. – Talet på og mengd akutte utslepp av olje frå petroleumsverksemd, skip og landbaserte utslepp. – Talet på godkjende private og kommunale beredskapsplanar. – Talet på vrak som medfører fare for miljøskade som følgje av mogleg akutte utslepp.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål og resultatindikatorar og statusbeskriving

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Utslepp frå kommunal avløpssektor skal vere i samsvar med krava i EU sitt avløpsdirektiv.

Miljøverndepartementet har bede SFT utarbeide forslag til ei sjølvberande forskrift, der EU sitt avløpsdirektiv blir lagt til grunn. Kommunane blir oppmoda til å setje i gang førebuingar til å gjennomføre tiltak i tråd med direktivet så raskt som mogleg, slik at dei er førebudde på krava som vil bli stilte i den nye forskrifta. Kommunane må i første omgang skaffe fram nødvendig dokumentasjon for å avklare kva ytterlegare tiltak som må gjennomførast ved dei ulike anlegga for å nå krava i direktivet.

Arbeidsmål 2.1. For nye felt skal det som hovudregel etablerast løysingar som inneber 0-utslepp, og for eksisterande felt skal det innan 2005 etablerast løysingar for 0-utslepp eller minimale operasjonelle utslepp av miljøskadelege sambindingar til sjø frå petroleumsverksemda.

Det vart i 2000 registrert utslepp på til saman 2

738 tonn olje saman med det produserte vatnet frå operasjonelle utslepp frå petroleumsverksemda. Dei siste åra har det vore ein årleg auke på ca. 10 % i slike utslepp. I 2000 var dei totale operasjonelle utsleppa av offshorekjemikaliar på 203 908 tonn. På oppdrag frå SFT har operatørselskapa utgreidd moglege tiltak for å redusere utsleppa til sjø frå kvar enkelt installasjon. På bakgrunn av dette har styresmaktene lagt opp ein strategi for å følgje opp operatørane sitt arbeid for å nå null miljøskadelege utslepp ved boring/brønnoperasjonar, produksjon og rørleidningar. Resultata blir rapporterte til SFT som ein del av selskapa sine årlege utsleppsrapportar. I tillegg vil SFT følgje opp arbeidet ved gjennomføring av tilsyn.

Arbeidsmål 2.2. Skipsfarten sine utslepp av olje skal reduserast innan utgangen av 2005.

Det er dei ulovlege utsleppa frå skipsfarten som utgjer hovudutfordringane. Gjennom SFT sitt system for overvaking vart det identifisert 64 ulovlege utslepp frå skip i år 2000 som i mengd er rekna til å vere 272 m³. I 2000 var det to skipsulykker i norsk område som ga større akutte utslepp av olje. Fryseskipet «Green Ålesund» havarerte den 15. desember 2000 i Bleivik nord for Hauge-sund, (utslepp 140 m³) mens lasteskipet «John R»

havarete den 25. desember 2000 ved Kvitvær nord for Tromsø. Havaria førte til at det vart sett i gang svært omfattande oppryddingsaksjonar for å avgrense forureininga av nærområda.

Arbeidsmål 2.3. Det skal til ei kvar tid vere eit akseptabelt beredskapsnivå sett i forhold til risikoen for miljøskade og andre ulemper som følgje av akutt forureining.

Havaria av «Green Ålesund» og «John R» har starta ein brei debatt om tryggleiken og beredskapen langs kysten. Dette har aktualisert behovet for ein gjennomgang av aktuelle tiltak, både strakstiltak og tiltak av meir langsiktig karakter, for å førebyggje ulykker. Regjeringa la i juni 2001 fram ein eigen handlingsplan for større tryggleik og beredskap langs kysten, jf. omtale under kap 2 Hovudutfordringar og hovudelement i miljøvernpolitikken.

Miljøverndepartementet er ansvarleg departement for beredskapen mot akutt forureining. Ein miljørisiko- og beredskapsanalyse utarbeidd av Statens forureiningstilsyn (SFT), og skipshavaria sist vinter, viser at dagens statlege oljevernberedskap bør styrkjast. Det blir føreslått auka løyvingar til kjøp av nytt og vedlikehald av eksisterande oljevernutstyr til dei statlege depota, og noko av dette utstyret vil bli plassert ved enkelte kommunale depot. SFT har òg vurdert høvet til å effektivisere og styrkje det statlege oljevernet gjennom ei endra lokalisering av dei 15 statlege oljeverndepota langs kysten. Basert på vurderingar frå SFT og høyringsuttaler til desse vil Regjeringa halde fast ved hovudstrukturen. Plasseringa av enkelte depot på Vestlandet bør likevel endrast av omsyn til betre effektivitet, kortare responstid og samordning med private og kommunale ressursar. Dette gjeld Fedje-depotet som bør nedleggjast og flyttast til Florø, og depotet i Bergen som bør flyttast nordover i Hjeltefjorden.

Vidare er føreslått auka løyving til kurs og øvingar med spesiell vekt på nordområda. Det vil m.a. bli gjennomført øvingar der både den statlege, private og kommunale beredskapen deltek.

Alle operatørselskapa på norsk sokkel må etablere ein akseptabel beredskap mot akutt forureining basert på miljø- og risikoanalyse før oppstart av leite- og produksjonsverksemd. På landsida har ca. 60 bedrifter godkjende beredskapsplanar. Alle høgrisikobedrifter er dekte. Kommunane ivaretek sitt beredskapsansvar gjennom interkommunalt samarbeid, og landet er inndelt i 34 interkommunale samarbeidsregionar. 33 av desse har i dag godkjende beredskapsplanar.

Regjeringa vil gjennomgå organiseringa av oljevernberedskapen for å få til ei betre utnytting og samordning av dei private og statlege beredskapsressursane i høve til større tilfelle av akutt forureining, under dette også skipsfartsnæringa sine ressursar.

Nærare 2600 skipsvrak er kartlagde for å vurdere risikoen for miljøskade som følgje av akutte oljeutslepp. Av desse har ein meint at ca. 30 representerer høg risiko for oljeforureining langs norskekysten. Alle dei seks vraka med høgast risiko vart undersøkt nærare i perioden 1999 og 2000. Undersøkingane viste store oljemengder i «Erich Giese», som ligg i Narvik, og i «Boardale», som ligg i Bø i Vesterålen, mens det var lite eller svært små oljemengder i dei andre. Statens forureiningstilsyn anbefaler ikkje at desse to vraka blir tømde for olje. Tilsynet legg vekt på at kostnadene ved tømmeoperasjonane er for store i forhold til forventta miljøvinst. Det er liten fare for større utslepp frå desse vraka, og oljen som er om bord er av ein forholdsvis lett type som delvis vil brytast ned i vatnet før den når overflata. I 2001 er fleire skipsvrak fjerna. Både skipsvraka Green Ålesund, som låg utanfor Haugesund, og Boiky, som låg utanfor Skogsøya i Vesterålen, er fjerna. Det er i 2001 gitt tilsegn om økonomisk støtte til å fjerne skipsvraket M/S Hedlo, som ligg utanfor Karmøy. Ei rekkje vrak med kjemiske stridsmidel vart dumpa i Norskerenna søraust for Arendal etter 2. verdskrigen. I 1989 gjennomførte Forsvarets forskingsinstitutt ei undersøking av fem av desse vraka. Konklusjonen var den gongen at det er lite truleg at dumpefeltet utgjør ein alvorleg trussel for akutt forureining langs kysten, men at situasjonen bør overvakast jamleg. Regjeringa meiner at det for 2002 bør prioriterast ei ny undersøking av dei same fem vraka som vart undersøkte for 12 år sidan, for å følgje utviklinga og betre kunnskapsgrunnlaget.

Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 193,5 mill. kr over Miljøverndepartementet sitt budsjett for 2002. Finansieringa er i hovudsak dekt over Statens forureiningstilsyn si budsjettamme, jf. kap. 1441 og 1443, men òg kap. 1400 og 1410 inneheld budsjettmidlar som skal medverke til finansiering av resultatområdet i 2002. Gjennom lov om kommunale vass- og kloakkavgifter, med tilhøyrande forskrift, er kommunen gitt høve til å dekkje sine kostnader på avløpssektoren gjennom gebyr.

Innan kommunal avløpssektor og fiskeoppdrett blir det nytta utsluppsløyve/pålegg om reining, i medhald av forureiningslova, og bruk av forureiningsgebyr for å sikre gjennomføring av pålegga. Avrenning frå landbruket er regulert av miljøvernstyresmaktene m.a. gjennom forskrifter om husdyrgjødsel, bakkeplanering og silopressaft. Den som driv verksemd som kan medføre akutt forureining skal i medhald av forureiningslova ha ein tilfredsstillande beredskap. Den offentlege beredskapen (kommunal og statleg) er derfor i prinsippet eit supplement til den private beredskapen. I praksis handterer likevel den statlege beredskapen, under leiing av Statens forureiningstilsyn, akutte oljeutslupp frå skipsfarten.

Beredskapen for petroleumsverksemda er basert på miljøvernstyresmaktene sitt felles regelverk med tryggleiksstyresmaktene (Oljedirektoratet og Statens helsetilsyn). Internkontroll, som òg omfattar beredskap, er gjennomført hos alle operatørselskap. Operasjonelle utslupp til sjø frå petroleumsverksemda er regulert gjennom forureiningslova, mens sjødugleikslova regulerer utslupp frå skip. I arbeidet med å redusere operasjonelle utslupp frå petroleumsverksemda er det oppfølging av null utslupp-målet frå St.meld. nr. 58 (1996-97) som er viktigast. I det internasjonale arbeidet på området vedtok OSPAR (konvensjonen om vern av det marine miljø i det Nordøstlege Atlanterhav) i 2001 eit nytt regelverk som regulerer utslupp av produsert vatn frå installasjonar offshore. I 1998 vart Nordsjøen oppretta som spesielt område under MARPOL 73/78-konvensjonen sitt vedlegg om oljeforureining frå skip. Dette inneber strengare utsluppskrav enn dei generelle reglane for utslupp av olje frå skip. FN sin skipsfartsorganisasjon (IMO) arbeider no med ein revisjon av det generelle MARPOL-regelverket, både med sikte på forenkling og eventuell skjerping. Parallelt med IMO-prosessen arbeider EU med ei skjerping og utviding av sitt regelverk med sikte på å redusere risikoen for ulykker i framtida som ledd i ei oppfølging av Erika-ulykka utanfor Frankrike.

EU sitt rammedirektiv for forvaltning av vassressursar stiller krav til ei heilskapleg forvaltning og at det skal arbeidast ut miljømål for vassdrag og sjøområde på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Ei konsekvensvurdering av direktivet vil bli send på høyring årsskiftet 2001/02. Direktivet vil få følgjer for store delar av norsk vassforvaltning. For å prøve ut modellar for forvaltning, bruk av verkemiddel m.v. skal det gjennomførast 2 til 3 pilotprosjekt. Det blir sett av midlar på kap. 1441 post 65 til tilskot for å betre vassmiljøet i Noreg.

Tilskotsposten vil særleg bli nytta opp mot prosjekt i samband med rammedirektivet for vatn. Morsa-prosjektet, som har som hovudføremål å betre vasskvaliteten i Hobøl-Vansjøvassdraget i Akershus og Østfold, vil bli omfatta av tilskotsposten. I samband med rammedirektivet for vatn er det viktig at kommunane fastset miljømål for sine vassførekomstar. Føremålet med å fastsetje miljømål er å gi kommunane betre oversikt over tilstand og bruk av eigne vassførekomstar, å stimulere til auka lokal interesse, engasjement og aktivitet innan forvaltninga av vassressursar, og å få ein god styringsreiskap for langsiktig planlegging, forvaltning og prioritering av tiltak.

Det er brei semje om at kunnskapsgrunnlaget om moglege langtidseffektar av utslupp til sjø frå petroleumsverksemda ikkje er tilstrekkeleg, og at den forskings- og overvakingssinnsatsen som blir gjort av industrien og forvaltninga på området bør organiserast på ein meir rasjonell måte enn i dag. I samarbeid med Miljøverndepartementet og Fiskeridepartementet har Noregs forskingsråd på oppdrag frå Olje- og energidepartementet laga eit forslag til forskingsprogram for å samordne og auke innsatsen for å betre kunnskapsgrunnlaget om langtidseffektar av utslupp til sjø, primært av kjemikaliar og produsert vatn. Den 5. internasjonale ministerkonferansen om vern av miljøet i Nordsjøen (Nordsjøkonferansen) skal haldast i Bergen 20.- 21 mars 2002. Miljøverndepartementet har ansvaret for førebuingane til konferansen. Det vil bli utarbeidd ein statusrapport om oppfølging frå tidlegare Nordsjøkonferansar, og vedteke ei ministererklæring frå møtet.

Informasjonstiltak er eit verkemiddel departementet vil ta i bruk for å nå måla under resultatområde 4.

13 Resultatområde 5: Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Definisjon og avgrensing

Kjemikaliar finst i alle produkt og inngår i dei fleste industriprosessar. Ei rekkje av kjemikaliane kan skade menneske og/eller miljø. Dei farlegaste kjemikaliane, som f.eks. PCB og dioksin, kan vere årsak til skadar sjølv i små konsentrasjonar. Helse- og miljøfarlege kjemikaliar (f.eks. ftalat i plast og azofargestoff i tekstil) kan framkalle sjukdommar som kreft eller allergiar, og skade forplantningsevna eller arvestoffet. Fleire kjemikaliar (miljøgiftene) blir brotne ned svært langsomt og hopar seg opp i næringskjedene, noko

som kan representere eit alvorleg trugsmål mot det biologiske mangfaldet, matforsyninga og helse for kommande generasjonar.

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere bruk og utslepp av miljøgifter og andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar til jord, luft og vatn. Utsleppa av slike kjemikaliar kjem frå produksjon av råstoff og ferdigvarer i industrien, frå bruk av produkt (f.eks. vaskemiddel, måling, batteri og tekstil) i hushalda og i næringslivet, og frå transport- og landbrukssektoren. I tillegg omfattar resultatområdet forureining årsaka av verksemd i tidlegare tider, feilaktig disponering av avfall og nedlagde gruver. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, m.a. oppfølginga av OSPAR-konvensjonen, Nordsjø-deklarasjonane og miljøgiftprotokollar under FN

sin økonomiske kommisjon for Europa (ECE) og FN sitt miljøprogram UNEP. Kjemikaliar som bryt ned ozon, drivhusgassar og kjemikaliar som medfører grenseoverskridande og lokale luftforureiningar er dekte under resultatområde 7 Klimaendringar, luftforureining og støy.

Strategisk mål

Utslepp og bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar skal ikkje føre til helseskadar eller skadar på naturen si evne til produksjon og sjølvfornying. Konsentrasjonane av dei farlegaste kjemikaliane i miljøet skal bringast ned mot bakgrunnsnivået for naturleg førekommande stoff, og tilnærma null for menneskeskapte sambindingar.

Tabell 13.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 Helse – og miljøfarlege kjemikaliar.

Nasjonale resultatmål:	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål:	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar:
1. Utslepp av enkelte miljøgifter (jf. prioritetslista i tabell 13.2) skal stansast eller reduserast vesentleg innan år 2000, 2005 og 2010.	1.1. For dei bruksområda som fell innanfor miljøvernforvaltninga sitt ansvarsområde ¹⁾ , sikre stans eller reduksjon i utslepp av kjemikaliane på lista i samsvar med fristane i det nasjonale målet.	– Sjå statusbeskriving for arbeidsmål 1.1.
2. Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer eit alvorleg trugsmål mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast med det mål å stanse utsleppa innan ein generasjon (25 år, dvs. ca 2020).	2.1. Målet skal operasjonaliserast nærare gjennom m.a. internasjonalt arbeid.	– Målet må operasjonaliserast nærare før resultatindikatorar kan utformast.
3. Risikoen for at utslepp og bruk av kjemikaliar blir årsak til skade på helse og miljø skal reduserast vesentleg.	3.1. For dei kjemikaliar og bruksområde som fell innanfor miljøvernforvaltninga sitt ansvarsområde ¹⁾ , sikre vesentleg reduksjon i risikoen for at utslepp og bruk fører til skade på helse og miljø.	– Sjå statusbeskriving for arbeidsmål 3.1.
4. Forureina grunn, vatn og sediment som skriv seg frå verksemd i tidlegare tider, feildisponering av avfall og liknande, skal ikkje medføre fare for alvorleg forureiningsproblem.	4.1. Miljøvernstyresmaktene skal sjå til at dei ansvarlege sikrar at forureina grunn som skriv seg frå verksemd i tidlegare tider ikkje medfører fare for spreiding av alvorleg forureining eller helseskade.	– Sjå statusbeskriving for arbeidsmål 4.1.

¹⁾ Miljøvernstyresmaktene har ansvaret for den påverknad kjemikaliar har på miljøet generelt. I tillegg har miljøvernstyresmaktene ansvaret for den påverknad kjemikaliar har på forbrukarane si helse, mens påverknad på arbeidstakarane si helse er arbeidsstyresmaktene sitt ansvar. Miljøvernstyresmaktene sitt ansvar er vidare avgrensa i forhold til kjemikaliane sine bruksområde. Eksempel på bruksområde som fell utanfor miljøvernstyresmaktene sitt ansvarsområde er plantevernmiddel, legemiddel, veterinærprodukt, kosmetikk, næringsmiddel og ei rekkje bekjempingsmiddel. Endeleg er òg ansvaret avgrensa i forhold til enkelte eigenskapar ved kjemikaliar. Brann- og eksplosjonsfare knytt til kjemikaliar fell utanfor miljøvernstyresmaktene sitt ansvarsområde.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving*Statusbeskriving*

Arbeidsmål 1.1. For dei bruksområde som fell innanfor miljøvernforvaltninga sitt ansvarsområde, sikre stans eller reduksjon i utslepp av kjemikaliar på prioritetslista i samsvar med fristane i det nasjonale målet.

Arbeidsmål 1 omfattar eit tjuetal miljøgifter som utgjer særlege helse- og miljøproblem i Noreg, som det er inngått internasjonale avtaler om, og som derfor er oppførte på prioritetslista, jf. tabell 13.2. I følge målet skal utsleppa av stoffa på den første delen av lista vere vesentleg reduserte innan 2000 i forhold til nivået i 1995, og målet er å stanse dei heilt innan 2005. Utsleppa av dei andre miljøgiftene på lista skal reduserast vesentleg innan 2010.

Dei samla utsleppa av alle miljøgiftene på prioritetslista er reduserte frå 1995 til i dag. Utsleppa av miljøgiftene på den første delen av lista er vesentleg reduserte i tråd med målet. Målsetjinga var at all bruk av stoffgruppene nonylfenol, nonylfenoletoksilat, oktylfenol og oktylfenoletoksilat (alkylfenol) skulle vere stansa innan år 2000, men undersøkingar viser at dei framleis var i bruk dette året. Sjølv om det hadde vore ein vesentleg nedgang frå 1995 då måla vart fastsette, vil Regjeringa derfor ta i bruk strenge reguleringar av desse stoffa, jf. omtala av verkemiddel. Vidare viser det seg at spesialavfall i form av PCB frå isolerglasruter i svært lita grad blir handtert lovleg og forsvarleg. Det er derfor sett i gang ei rekkje strakstiltak for å auke innleveringa av dette spesialavfallet, jf. omtale under resultatområde 6, resultatmål 3, og det blir føreslått ei særskilt tilskotsordning til dette, jf. omtale under kap 1441 post 77.

Tabell 13.2 Liste over prioriterte kjemikaliar som er omfatta av det nasjonale resultatmål 1 (Prioritetslista).

Reduserast vesentleg innan 2000 og blir søkt stansa innan 2005:	Reduserast vesentleg seinast innan 2010:
Høgklorete, kortkjeda parafin	Bromerte flammehemmarar
PCB	1,2 Diklorete (EDC)
Pentaklorfenol	Dioksin og furan
Nonylfenol og nonylfenoletoksilat*	Heksaklorbenzen
Oktylfenol og oktylfenoletoksilat*	Klorete alkyl benzen (KAB)
Enkelte tensid	Muskxylen
	Tetraklorete (PER)
	Triklorbenzen
	Trikllorete (TRI)
	PAH
	Tributyltinnsambindingar
	Trifenyltinnsambindingar
	Bly
	Kadmium
	Koppar
	Kvikksølv
	Krom

* stansast innan 2000

Arbeidsmål 2.1 Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer eit alvorleg trugsmål mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast med det mål å stanse utsleppa innan ein generasjon.

Noreg har slutta seg til det internasjonale generasjonsmålet for miljøgifter. Målet inneber at utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer eit alvorleg trugsmål mot helse og miljø skal stansast innan ein generasjon (25 år frå 1995 då målet vart vedteke, dvs. innan 2020). Stoffa som er omfatta av generasjonsmålet er dei som er giftige, persistente og som kan bioakkumulerast. Målet er nedfelt i ministererklæringa frå den fjerde Nordsjøkonferansen i 1995 og i OSPAR sin miljøgiftstrategi. Eit liknande mål har òg blitt vedteke i det nye EU-direktivet om vassressursar, og målet blir dermed omfatta av EØS-regelverket. Første heilskaplege vurdering av kor langt måla er nådd i forhold til generasjonsmålet vil finne stad i samband med den 5. Nordsjøkonferansen i Bergen i mars 2002.

Arbeidsmål 3.1. For dei kjemikaliar og bruksområde som fell innanfor miljøvernforvaltninga sitt ansvarsområde, sikre vesentleg reduksjon i risikoen for at utslepp og bruk fører til skade på helse og miljø.

Arbeidsmålet er retta mot det førebyggjande arbeidet med å hindre helse- og miljøskade frå kjemikaliar, og inneber at stadig mindre helse- og miljøfarlege kjemikaliar skal inngå i produksjon, produkt og avfall, og at kjemikaliar skal nyttast på ein måte som reduserer faren for helse- og miljøskade til eit minimum. Når helse- og miljøfarlege kjemikaliar først inngår i produkt, krevst ofte ei spesiell behandling av produktet i avfallsfasen. Alle produkt som inneheld ei viss mengd helse- og miljøfarlege kjemikaliar blir spesialavfall når dei blir tekne ut av bruk. Det er eit mål at slikt avfall skal takast forsvarleg hand om, jf. omtalen av resultatområde 6 resultatmål 3. Det er ikkje utvikla ein heilskapleg kjemikaliestatistikk som omtalar utviklinga i risikoen knytt til bruk og utslepp av kjemikaliar, men omfanget av bruken av kjemikaliar som er klassifiserte som helse- eller miljøfarlege er ein indikasjon for utviklinga av risiko knytt til bruk og utslepp av kjemikaliar. Omfanget av bruken av slike kjemikaliar er ikkje vesentleg endra frå 1999 til 2000.

Arbeidsmål 4.1. Miljøvernstyresmaktene skal sjå til at dei ansvarlege sikrar at forureina grunn som skriv seg frå verksemd i tidlegare tider ikkje medfører fare for spreining av alvorleg forureining eller helseskade.

Miljøverndepartementet sin strategi for arbeidet med forureina grunn vart skissert i St.prp. nr. 1 (1999-2000). Av dei om lag 100 stadene som vart angitt i St.meld. nr. 8 (1999-2000) med behov for snarlege tiltak, er det gjennomført nødvendige tiltak ved 9. Undersøkingar og tiltak går føre ved alle dei andre stadene, og miljøproblema på desse stadene er venta å vere løyste innan 2005. Det gjenstår om lag 390 saker der det er behov for å undersøkje om forureininga er så alvorleg at det krevst tiltak. Dei som er ansvarlege etter forureiningslova må utgreie miljøtilstanden og behovet for tiltak som avgrensar forureiningane.

Det er òg ei rekkje lokalitetar med forureining i grunnen som ikkje representerer noko problem med den bruk som er i dag av dei aktuelle areala og resipient. I 2000 var det ca. 1335 slike kartlagde lokalitetar.

Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 105,8 mill. kr. Finansieringa er i hovudsak dekt over Statens forureiningstilsyn sitt budsjett kap. 1441 samt kapitla 1400, 1443 og 1410.

Miljøtilstanden i Noreg er i stor grad avhengig av internasjonale avtaler då ein stor del av den mengda helse- og miljøfarlege kjemikaliar som blir tilført miljøet i Noreg stammar frå utslepp i andre land, og blir ført til Noreg via luft- og havstraumar. I tillegg blir det innført ei rekkje kjemikaliar via produkt som er produserte utanfor Noreg. Utviklinga av EU sitt nye kjemikalier regelverk har spesielt stor innverknad for Noreg, både fordi det i så stor grad påverkar tilførslene via luft, hav- og produktstraumar, fordi det påverkar utsleppa også i Noreg og fordi regelverket vil vere ein del av EØS-avtala. EU-kommisjonen la i februar 2001 fram forslag til ny kjemikaliepolitikk. Noreg og EFTA har kommentert forslaget og føreslått ytterlegare utbetringar. Regjeringa vil medverke til å utvikle eit godt nytt europeisk kjemikalier regelverk gjennom dei fora Noreg deltek i. Den konkrete innsatsen i EU skal auke. Noreg skal medverke til effektiv gjennomføring og utviding av ECE-protokollane om organiske miljøgifter og tungmetall, leggje til rette for tilslutning til den globale POPs-konvensjonen om organiske miljøgifter som nyleg er underteikna, og for at den trer i kraft snarast mogleg. Noreg ønskjer ei

vidare styrking og utviding av arbeidet med kjemikalier i UNEP og det globale forumet IFCS.

Noreg deltek i slutføringa av forslaget til eit nytt, felles globalt system for merking av helse- og miljøfarlege kjemikalier innan transport, arbeidsliv og for forbrukarar under ECOSOC. Eit globalt system vil føre til auka vern av helse og miljø i den internasjonale handelen med kjemikalier.

Nasjonalt vil Miljøverndepartementet føre vidare arbeidet med strenge utsleppskrav i konsesjonar etter forureiningslova og bruk av forskrifter etter lova om produktkontroll i tillegg til utvikling av ny kunnskap for å redusere utsleppa av helse- og miljøfarlege kjemikalier.

Bruk av blyhagl utgjer over 70 prosent av dei samla blyutsleppa i Noreg. Regjeringa innfører derfor eit forbod mot omsetning, eksport, import og bruk av blyhagl ved årsskiftet. Når det gjeld jakt på fastmark, dvs. i skog og på fjellet, blir det foreslått ein overgangsperiode på tre år, slik at omstillingsprosessen kan skje på ein smidig måte.

For å redusere utsleppa av dei giftige tungmetalla krom og arsen innfører Regjeringa i 2002 eit generelt forbod mot trykkimpregnert trevirke som inneheld krom og arsen, med unntak for nokre typar stolpar som skal stå i direkte kontakt med jord eller vatn. Inntil ein får god nok kunnskap og erfaring med dei miljøvennlege alternativa til kopparimpregnert trevirke, vil koppar framleis vere tillate å bruke i trykkimpregnert trevirke på alle bruksområde.

For å kunne nå målet om ein vesentleg reduksjon av utslepp av koppar innan 2010 tek Regjeringa sikte på å innføre ei forskrift som vil gi mindre kopparutslepp frå notverkstader.

Miljøgifta PCP er ikkje nytta i produksjon i Noreg, men finst likevel i importerte tekstil- og lærprodukt. For å sikre stans i utsleppa av denne miljøgifta, vurderer derfor Regjeringa å innføre verkemiddel som hindrar at produkt som inneheld slike miljøgifter blir innførte til Noreg.

TBT er ein hormonhermar som påverkar forplantninga og er ekstremt giftig for marine organismar. I Noreg blir stoffet i all hovudsak brukt som tilgroingshindrande middel i botnstoff på skip. På grunn av skipsfarten sin internasjonale karakter er det viktig å få på plass eit globalt forbod. Det er ei målsetjing innan FN sin sjøfartsorganisasjon IMO å stanse påføring av TBT innan 1. januar 2003. Regjeringa tek sikte på å innføre eit norsk forbod innan same fristen.

Krematorium utgjer ei vesentleg kjelde til utslepp av kvikksølv til luft. I tillegg medverkar krematoria til utslepp av miljøgiftene PAH og dioksin. Miljøverndepartementet vurderer derfor

å innføre ei forskrift som stiller krav om at krematorium installerer reinsing og/eller skifter ut eller oppgraderer eldre omnar og på den måten reduserer utsleppa sine.

Miljøvernstyresmaktene har arbeidd for ein frivillig stans i bruken av oktyl- og nonylfenol og deira etoksilat. Undersøkingar i 2000 viste likevel at desse kjemikaliane framleis var i bruk og at Regjeringa si målsetjing om stans innan 2000 dermed ikkje var nådd. For så langt som råd er å sikre at målet blir oppfylt, vil Regjeringa derfor innføre ei forskrift med eit generelt forbod.

All ny bruk av miljøgifta PCB har vore forboden sidan 1980, men det finst likevel PCB i produkt som framleis er i bruk. Den største gjenverande kjelda til PCB er fugemasse i eldre isolerglasruter. Når slike glasruter blir kasserte er dei spesialavfall. Likevel blir svært få av desse i dag innleverte til godkjende mottaks- og behandlingsanlegg. Det er derfor sett i verk ulike strakstiltak for å sikre auka innlevering, jf. omtale under resultatområde 6, resultatmål 3, og det er foreslått oppretta ein ny tilskotspost for å medverke til auka innsamling av isolerglasruter som inneheld PCB, jf. kap. 1441 post 77. Vidare vil Miljøverndepartementet leggje fram ein handlingsplan for PCB der alt pågåande arbeid og nye initiativ for å stanse vidare utslepp vil blir presentert. Ein slik plan vil m.a. innehalde tiltak innan forskning og kartlegging, internasjonalt samarbeid, oppryddingstiltak og miljøovervaking generelt med særleg vekt på arktiske strøk, jf. Innst.S. nr. 277 (2000-2001).

Innan OSPAR er det no offentleggjort ei liste over 400 stoff som førebels er omfatta av generasjonsmålet, jf. resultatmål 2. Av desse er 29 stoff prioriterte for tiltak. Under direktivet om vassressursar er det foreslått 11 stoff som skal vere omfatta av målet om utfasing. Målet skal operasjonaliserast vidare internasjonalt, spesielt i samband med den 5. Nordsjøkonferansen i mars 2002 i Bergen. Elles vil det vere viktig å halde fram samarbeidet om dette innan OSPAR og EU/EØS.

Tiltak som medverkar til å redusere den samla risikoen knytt til bruk av kjemikalier, jf. resultatmål 3, vil òg få høg prioritet, m.a. vil det bli lagt vekt på å betre informasjonen om kjemikalier. Det er tidlegare foreslått å opprette eit ope informasjonssystem – ein produktinformasjonsbank – på Internett. Produsentane skal der frivillig kunne leggje ut informasjon om innhaldet av kjemikalier i sine produkt, slik at informasjonen blir lettare tilgjengeleg for private og yrkesvise brukarar. Etter at GRIP har gjennomført eit pilotprosjekt i 2001, vil Miljøverndepartementet medverke til at det

kan opprettast ein produktinformasjonsbank på Internett.

Produktregisteret er eit sentralt verkemiddel i styresmaktene sitt arbeid med helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Fordi miljøvernstyresmaktene i stor grad har ei koordinerande rolle på kjemikalieområdet, SFT er den største brukaren av registeret, og fordi miljøvernstyresmaktene er forbrukarstyresmakt på kjemikalieområdet føreslår Regjeringa at det administrative ansvaret for Produktregisteret blir overført frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet til Miljøverndepartementet, jf. Kap. 1444. Forslaget er i tråd med anbefaling frå Statskonsult som i 2000 gjennomførte ei evaluering av Produktregisteret. I 2002 vil Produktregisteret prioritere å auke kapasiteten for å ivareta ny deklarasjonsplikt for miljøfarlege produkt, utvikling av elektronisk innmelding over Internett av opplysningar til Produktregisteret, og tilrettelegging for eit samarbeid med Giftinformasjonssentralen og GRIP om formidling av kjemikalieinformasjon. Vidare vil Produktregisteret samanstille data i rapportar som viser informasjon om stoff, bransjar og grupper av kjemikaliar og deira utvikling over tid, og delta aktivt i Nordisk produktregistergruppe slik at opplysningar frå produktregistra kan utnyttast i nordisk samanheng. Miljøverndepartementet vil i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet i 2002 gjennomføre eit fornyingsprosjekt med mål å komme fram til tiltak som medverkar til ei vidareutvikling av registeret slik at det i størst mogleg grad kan ivareta styresmaktene sitt behov for korrekte data om bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar og importørane sitt behov for ei effektiv innrapportering av opplysningar, og medverke til informasjon til allmenta om bruk av farlege kjemikaliar.

Forvaltninga av kjemikaliar er i dag svært kompleks og fordelt på ei rekkje departement og direktorat. For å sikre ei effektiv og heilskapleg forvaltning har Regjeringa gjennomført eit breitt arbeid for å kartlegge og analysere regelverk og organisering av forvaltninga på kjemikalieområdet, og den vurderer no behovet for endringar.

Forureina grunn og opprydding i forureina sediment

Miljøverndepartementet vil føre vidare arbeidet med forureina grunn og sediment innanfor dei fem hovudområda som vart skisserte i St.prp. nr. 1 (1999-2000). Det viktigaste verkemidlet for å få rydda opp i område med forureina grunn er pålegg etter forureiningslova. Dei lokalitetane

med forureina grunn som ikkje representerer noko problem med den bruken som er i dag av aktuelle areal og resipientar, men som må vurderast i samband med aktuelle byggje- og gravesaker, bør handterast lokalt. Det blir derfor arbeidd med å leggje til rette for at allmenta skal få betre tilgang til informasjon om forureina grunn, og at lokale styresmakter skal kunne få nødvendig mynde og tilgang til den informasjonen som trengst for lokalt å kunne overta dette ansvaret.

Forureina sediment frå tidlegare utslepp av miljøgifter finst omtrent overalt i nærleiken av industriverksemd og større folkesenter, og er i dag det største gjenverande lokale miljøproblemet i Noreg. Miljøgiftene i sedimenta kan skade det biologiske mangfaldet, skade menneske si helse gjennom inntak av fisk og skaldyr og redusere den bruksverdi område har for m.a. friluftsliv, fiske og fiskeoppdrett. I alt 24 fjordar og hamner, 818 km², er så forureina at styresmaktene har måtta råde folk frå å ete sjømat frå områda. Problemet er både omfattande og komplekst, og oppryddinga i forureina sediment byr på store juridiske, teknologiske og ressursvise utfordringar. Det er derfor behov for ein heilskapleg strategi med klare mål, ambisjonar og prioritering av ulike tiltak for det vidare arbeidet på området. Det blir no arbeidd med å utvikle ein slik heilskapleg strategi, og Regjeringa tek sikte på å komme tilbake i ei melding til Stortinget med ein presentasjon av denne strategien i tillegg til ei omtale av status i arbeidet så langt.

Regjeringa legg allereie no opp til auka innsats for å hindre at miljøgifter i sediment skader helse og miljø, og føreslår derfor auka løyvingar til dette arbeidet, jf. kap. 1441 post 39. I tråd med prinsippet om at forureinar betaler er det lagt opp til at utgiftene til opprydding i forureina sediment i utgangspunktet skal dekkjast av dei som har vore årsak til forureininga eller som i dag er ansvarlege for det forureina området. Det er likevel ofte uklare ansvarsforhold i saker med større forureina område slik at det er behov for bruk av statlege midlar for å sikre god nok framdrift i oppryddingsarbeidet.

Blant dei største utfordringane i dette arbeidet er mangelen på erfaring med gjennomføring av oppryddingstiltak, behovet for utvikling av nye teknologiske løysingar og behovet for å sikre heilskapelege tilnærmingar til større fjord- og kystområde der allereie forureina sediment må sjåast i samanheng med nye utslepp frå land. I det vidare arbeidet vil det derfor bli lagt vekt på å gjennomføre prosjekt som gir erfaring med gjennomføring av oppryddingstiltak. Det er òg viktig med lokal

og regional deltaking for å komme fram til heilskapleg gode løysingar for dei enkelte fjord- og kystområda. Tiltak i sediment der det på grunn av ytre påverknad eller naturlege forhold er fare for vidare spreiding av miljøgiftene til nye område vil bli prioriterte.

Det er behov for auka kunnskap om korleis dei ulike miljøgiftene i sedimenta påverkar livet i havet, korleis ulike miljøgifter opptrer saman, kva verknad miljøgiftene i sedimenta har i forhold til kjelder på land osv. Dette er kunnskap som vil vere nødvendig for å kunne fastsetje rett ambisjonsnivå og lage tiltaksplanar for oppryddinga. Regjeringa vil derfor prioritere forskning innan dette området.

14 Resultatområde 6: Avfall og gjenvinning

Definisjon og avgrensing

Sluttbehandling av avfall er kjelde til globale og lokale miljøproblem. Det er rekna ut at utslepp av metan frå deponi utgjer om lag 7 % av dei samla norske utsleppa av klimagassar. I tillegg medfører avfallsbehandlinga utslepp av helse- og miljøskadelege kjemikalier, støv, forsurande komponentar, tungmetall, næringssalt og forsøpling. Resultatområdet omfattar arbeidet med å redusere miljøskadelege utslepp som følgje av avfall (inkl. spesialavfall), gjennom å redusere avfallsmengdene, auka gjenvinninga og syte for ei forsvarleg sluttbehandling av avfallet og mindre forsøpling. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, særleg arbeidet med EU-direktiv og oppfølginga av Basel-konvensjonen. Resultatområdet omfattar ikkje kjernefysisk avfall, eller avfall frå sprengstoff, eksplosiv m. v. Både fiskeavfall som blir dumpa til sjøs og lausmassar, stein og grus er omfatta av avfallsomgrepet, men dei er ikkje årsak til vesentlege ulemper når det gjeld forureining.

Strategisk mål

Det er eit mål å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og naturmiljø. Dette skal gjerast ved å løyse avfallsproblema gjennom verkemiddel som sikrar ein samfunnsø-

konomisk god balanse mellom omfanget av avfall som blir generert, og som blir attvunne, brent eller deponert.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sitt arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Miljøvernforvaltninga skal gjennom verkemiddel for meir rett prising, kostnads- og ansvarsdeling for avfallshandtering, og tilskot og kunnskapsformidling, medverke til å stimulere til ei generering av avfall som er vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.

Utviklinga i avfallsmengda blir påverka av ein rekkje drivkrefter i samfunnet, m.a. av den økonomiske utviklinga. Miljøvernforvaltninga har få verkemiddel som direkte regulerer genereringa av avfall. Verkemiddel som er innførte for å sikre auka gjenvinning eller forsvarleg sluttbehandling av avfall vil likevel stimulere til avfallsreduksjon òg. Både skjerpa krav til avfallsbehandling, avgift på sluttbehandling av avfall og innføring av produsentansvar er med på å prise miljøkostnader og medverkar til betre ansvarsdeling, som dermed stimulerer til avfallsreduksjon. Det har vore ein nedgang i dei kommunale avfallsmengdene i perioden 1998 til 2000 på 3,6 %. I same tidsrom har BNP auka med om lag 3 %. Kommunalt avfall omfattar alt avfall frå hushald og delar av næringsavfallet. Frå tidlegare veit vi at det har vore ein reduksjon i dei totale mengdene næringsavfall i perioden 1994 til 1998 på om lag 4,5 %. Statistikken over avfallsmengd for dei siste åra kan derfor tyde på at utviklinga går i riktig retning med omsyn til det nasjonale resultatmålet.

Avgifta på sluttbehandling av avfall som vart innført i 1999, har som hovudmål å prise miljøkostnadene frå sluttbehandling av avfall og i tillegg stimulere til energiutnytting. Avgifta medverkar dermed til avfallsreduksjon og auka gjenvinning. Ei interdepartemental arbeidsgruppe har vurdert avgifta, jf. Budsjett-innst. S.nr.1 (2000-2001) og vurderinga er omtalt i St. prp. nr 1 (2001-2002) Skatte-, avgifts- og tollvedtak og i omtalen av verkemiddel under.

Tabell 14.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6: Avfall og gjenvinning.

Nasjonale resultatmål:	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål:	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar:
1. Utviklinga i generert mengd avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.	1.1. Miljøvernforvaltninga skal gjennom verkemiddel for meir rett prising, kostnads- og ansvarsdeling for avfallshandtering, og tilskot og kunnskapsformidling, medverke til å stimulere til ei generering av avfall som er vesentleg lågare enn den økonomiske veksten ¹⁾ .	– Total mengd avfall generert per år sett i forhold til økonomisk vekst målt i BNP.
2. Basert på at mengda avfall til sluttbehandling skal reduserast i tråd med kva som er eit fornøytig nivå av omsyn til samfunnsøkonomi og miljø, er det teke sikte på at mengda avfall til sluttbehandling innan 2010 skal vere om lag 25 % av generert avfallsmengd.	2.1. Miljøvernforvaltninga skal gjennom forvaltning av forureiningslova, konsesjonspraksis, krav til kommunar og næringslivet medverke til rammevilkår som gjer at mengda avfall til sluttbehandling innan 2010 skal vere maksimalt 25 % av generert mengd avfall per år. ¹⁾	– Den delen av totalt generert mengd avfall som går til sluttbehandling.
3. Praktisk talt alt spesialavfall skal takast forsvarleg hand om, og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapasitet.	3.1. Miljøvernforvaltninga skal gjennom forvaltning av forureiningslova og forskrift om spesialavfall m.a. medverke til at praktisk talt alt spesialavfall blir teke forsvarleg hand om ut frå miljøomsyn, og medverke til å sikre god nok nasjonal behandlingsskapasitet.	– Mengd spesialavfall med ukjent disponering. – Mengd spesialavfall som blir eksporter til sluttbehandling.

¹⁾ Arbeidsmål og oppfølging/verkemiddel knytte til resultatmål 1 vil i monaleg grad påverke måloppnåinga for resultatmål 2, og vice versa.

Vidare har Miljøverndepartementet nedsett eit utval med representantar frå næringsliv, kommunar, forbrukarar, forskning og organisasjonar som skal gi råd om verkemiddel, og forslag til tiltak for å redusere avfallsmengdene. Utvalet vart nedsett i april og skal arbeide i eitt år. Konklusjonane frå utvalet vil bli gitt ut i form av ei NOU. Vidare har tilskot til GRIP, Miljøfyrtårn-ordninga og stiftelsen Miljømerking resultert i avfallsreduserande tiltak.

Arbeidsmål 2.1. Miljøvernforvaltninga skal gjennom forvaltning av forureiningslova, konsesjonspraksis, krav til kommunar og næringslivet medverke til rammevilkår som gjer at mengda avfall til sluttbehandling innan 2010 skal vere maksimalt 25 % av generert mengd avfall per år.¹⁾

Det er etablert returordningar for ulike avfallstypar, m.a. for elektriske og elektroniske produkt, dekk, blybatteri, bilvrak og forskjellige typar

emballasje. Miljøvernstyresmaktene forvaltar regelverk og driv tilsyn med desse. Miljøvernforvaltninga si løpande regulering og tilsyn med anlegg for avfallsbehandling er viktig for å sikre gjenvinning. På mange område har gjenvinninga auka, f.eks. har gjenvinninga av kommunalt avfall auka med 31,7 % i perioden 1998-2000.

Arbeidsmål 3.1. Miljøvernforvaltninga skal gjennom forvaltning av forureiningslova og forskrift om spesialavfall m.a. medverke til at praktisk talt alt spesialavfall blir teke forsvarleg hand om ut frå miljøomsyn, og medverke til å sikre god nok nasjonal behandlingsskapasitet.

Innan utgangen av 2001 er det venta at det ligg føre ny statistikk frå Statistisk sentralbyrå som gir informasjon om mengd spesialavfall med ukjent disponering. Miljøvernforvaltninga sitt løpande arbeid med regulering og tilsyn med alle som handterer spesialavfall er viktig for å sikre ei høg

grad av innsamling og forsvarleg behandling av spesialavfall. Det er i år blitt sett spesielt fokus på manglande innlevering av spesialavfall som skriv seg frå isolerglasruter som inneheld PCB. Det er vurdert å vere om lag 150 tonn PCB igjen i vindauge som enno ikkje er skifta ut. For å auke innleveringa av dette spesialavfallet har Miljøverndepartementet sett i verk ei rekkje strakstiltak. Det er sendt ut brev til alle aktørar i bygg- og anleggs- og rivningsbransjen for å understreke det ansvaret dei har for å sikre lovleg og forsvarleg handtering av dette avfallet. Vidare er òg alle avfallsmottak tilskrivne for å understreke deira ansvar, og fylkesmenn er bedne om å oppprioritere dette i sitt kontrollarbeid. Det er òg gitt tilskot til tiltak innan informasjon og oppbygging av kompetanse på feltet. I det vidare arbeidet blir det lagt opp til å inngå ei avtale med den aktuelle bransjen der den forpliktar seg til å ta ansvar for den ulovlege praksisen som no går føre seg. Det er òg lagt opp til å yte tilskot for å bidra til å få på plass eit innsamlingssystem for isolerglasruter som inneheld PCB, jf. omtale under kap 1441 post 77.

Verkemiddel

Avfallspolitikken blir gjennomført gjennom eit samspel mellom ei rekkje ulike verkemiddel; lover og forskrifter, avgifter, tilskotsordningar, bransjeavtaler og informasjonstiltak, og kombinasjonar av desse. Resultatområdet er planlagt finansiert med 365,7 mill. kr, som blir løyvd over kap. 1441 Statens forureiningstilsyn, kap. 1400 Miljøverndepartementet, og i noko grad over kap. 1410 Miljøforskning.

Det bilvraksystemet vi har i Noreg i dag sikrar ei høg grad av innsamling og forsvarleg behandling av kasserte køyretøy sett ut frå miljøomsyn. Systemet er basert på offentleg innkreving av vrakpantavgift og utbetaling av pant til bileigarar og vederlag til verksemder som handterer kasserte køyretøy. Statens forureiningstilsyn har det overordna ansvaret for systemet. Ansvaret omfattar i tillegg til tilsynsfunksjonen òg det å inngå kontraktar med verksemder som handterer bilvraka. EU vedtok den 10.09.00 eit direktiv om utrangerte køyretøy (2000/53/EU). Direktivet, som er under behandling i EØS-komiteen med sikte på innlemming i EØS-avtala, legg opp til at det er produsentar og importørar av køyretøy som i framtida skal ha ansvaret for handtering av kasserte køyretøy, såkalla produsentansvar. Frå den 01.07.2002 skal produsentar og importørar ha ansvar for køyretøy som kjem på marknaden etter dette tidspunktet. Frå 01.01.2007 blir ansvaret

utvida til å gjelde alle køyretøy som er omfatta av direktivet. I tillegg til produsentansvaret har direktivet òg høgare krav til innsamling og gjenvinning enn det som blir oppnådd i Noreg i dag. Direktivet medfører behov for omlegging av det norske bilvraksystemet. Miljøverndepartementet har i samråd med andre aktuelle departement og bransjen vurdert ei føremålstenleg tilpassing med sikte på å føre vidare dei gode resultata som er oppnådd i det eksisterande systemet. Det er semje om at omlegginga inntil vidare ikkje skal innebere noko endring av den delen av systemet som gjeld utbetaling av vrakpant som incitament til innlevering for siste bileigar, jf. omtale under kap. 1441. Pant er eit viktig incitament for å sikre innlevering av kasserte køyretøy. Spørsmålet om eventuelt å endre ordninga med offentleg pant vil kunne vurderast på ein føremålstenleg måte igjen i samband med full innføring av produsentansvar i 2007. Innføring av produsentansvar bør skje i tråd med direktivet slik at det ikkje oppstår ulikskap i konkurransetilhøva for norsk bilnæring i forhold til andre land. Etter at produsentansvar er innført i 2007 vil SFT få ei klarere rolle som tilsynsstyresmakt på området, samtidig som bilbransjen sitt ansvar for eige avfall blir klargjort i tråd med avfallspolitikken. Eit nytt utkast til regelverk er sendt på høyring hausten 2001, med sikte på vedtak primo 2002.

Innsamling og ombruk eller gjenvinning av emballasje for drikkevarer blir stimulert gjennom ei miljøavgift som blir redusert i takt med aukande returdel. I tillegg er det ilagt ei grunnavgift på eingongsemballasje til drikkevarer for å stimulere til ombruk. Ordninga blir ført vidare i 2002, jf. St.prp. nr. 1 (2001-2002) Skatte-, avgifts- og tollvedtak. Innsamling og gjenvinning av annan emballasje er regulert gjennom avtaler med næringslivet. Avtalene vart evaluert våren 2000. Hovudkonklusjonane og forslag til endringar vart omtalt i St. meld. nr 24 (2000-2001). Forslaga har fått tilslutning av Stortinget ved behandlinga av meldinga. Endringane i avtalene vil bli gjort i løpet av hausten 2001.

Innsamling og gjenvinning av brukt smørjeolje (spillolje) blir stimulert gjennom ei avgift på smørjeolje og avgiftsrefusjon ved levering av spillolje til godkjent innsamlar. Refusjonsordninga vart i 2000 utvida til òg å omfatte spillolje som ikkje stammar frå avgiftspliktig smørjeolje, men framleis med unntak for spillolje som stammar frå skip i utanriksfart. Erfaringane så langt med omlegginga er kommenterte under kap. 1441 post 76.

Det er sett i verk ei rekkje strakstiltak i samband med ulovleg handtering av spesialavfall i

form av isolerglasruter som inneheld PCB, jf. omtale under arbeidsmål 3.1 over. I tillegg blir det no arbeidd spesielt for å medverke til å få på plass ei innsamlingsordning for forsvarleg behandling av isolerglasruter som inneheld PCB og ei avtale med den aktuelle bransjen, jf. omtale under kap 1441 post 77.

Over kap. 1400, post 73 Tilskot til kompetanseoppbygging og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk og Lokal Agenda 21, blir det gitt driftstilskot til ulike spesifiserte verksemder som m.a. arbeider for auka gjenvinning av avfall, jf. omtale under kap. 1400.

Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova), og forskrifter gitt i medhald av den er dei sentrale juridiske styringsverktøya på avfallsfeltet.

Anlegg for sluttbehandling av avfall er konsekjanspliktige, og det er stilt strenge krav til reinsing av utslepp frå deponi og forbrenningsanlegg. Krava blir stadig skjerpa og det vil i løpet av hausten bli fastsett ei forskrift med nye krav knytte til deponia som sikrar implementering av direktiv i EØS-avtala om dette. Vidare er det i EU vedteke eit nytt direktiv om forbrenning av avfall. Det er teke sikte på å innlemme dette i EØS-avtala og implementere det gjennom eiga forskrift om forbrenning av avfall som på vanleg måte vil bli sendt på høyring i løpet av våren.

Kommunane har ei sentral rolle i handteringa av avfall. Dei har ansvar for å samle inn og behandle forbruksavfall, dei handhevar forbodet mot forsøpling og har plikt til å sikre seg full kostnadsdekning når dei fastset avfallsgebyra, og dei blir oppmoda til å differensiere gebyra. Dei har òg plikt til å syte for innsamling av spesialavfall frå mindre verksemder og innsamling av elektronisk avfall, og innsamling og forsvarleg behandling av kuldemøbel som inneheld KFK. Næringslivet har ansvar for at produksjonsavfall blir levert til godkjende behandlingsanlegg dersom det ikkje blir attvunne eller brukt på annan måte. Delar av produksjonsavfallet er regulert gjennom konsesjonar der det m.a. er stilt krav til bedrifta om ein plan for avfallsreduksjon. Det har i aukande grad blitt lagt vekt på at næringslivet har ansvar for avfall frå eigne produkt. I tråd med dette er det teke i bruk verkemiddel for å sikre at produsentar og importørar tek ansvar for innsamling og gjenvinning av ulike avfallstypar, m.a. for elektriske og elektroniske produkt, dekk, blybatteri og forskjellige typar emballasje.

Regjeringa vil på bakgrunn av Innst. S. nr. 295. (2000-2001), til St.meld. 24 (2000-2001) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand,

fremje ein proposisjon om endring av definisjonane av avfall i forureiningslova. Proposisjonen vil omtale dei aktuelle problemstillingane i samband med lovendringa, under dette den nærare grensdraginga mellom kommunane og næringslivet sitt ansvar, forholdet til allereie etablerte særskilde ordningar for gjenvinning av våtorganisk avfall og kommunane sitt høve til å dekkje kostnader til kontroll på området gjennom særskilde gebyr.

Noreg deltek i internasjonalt samarbeid med sikte på å oppnå ei mest mogleg føremålstenleg tilnærming til miljøproblema som skriv seg frå avfall og for å hauste erfaringar frå andre land, under dette i samanheng med arbeidet under Nordisk Ministerråd. Samarbeidet med EU er sentralt og EØS-avtala inneheld ei rekkje reglar som regulerer avfallsområdet. Dei viktigaste direktiva regulerer standarden på avfallsanlegga og dermed utsleppa frå sluttbehandling av avfall. I tillegg legg EU opp til auka bruk av produsent- og bransjeavtaler med næringslivet. Noreg har òg slutta seg til Basel-konvensjonen av 1989 som er ein global FN-konvensjon som regulerer høvet til import/eksport av avfall og fastset krav til prosedyrar ved slike transportar.

Sluttbehandlingsavgift på avfall

Avgifta på sluttbehandling av avfall vart innført frå 1. januar 1999. I tråd med Budsjett-Innst. S. nr 1 (2000-2001) er det gjort ei vurdering av korleis sluttbehandlingsavgifta kan endrast slik at den i større grad enn i dag stimulerer til gjenvinning av energi og samsvarer med miljøkostnadene knytte til sluttbehandling av avfall for alle anlegg. Vurderinga omfattar høvet til å leggje avgift direkte på utsleppa ved forbrenning. Ei meir utfyllande vurdering er presentert i St. prp. nr. 1 (2001-2002) Skatte-, avgifts- og tollvedtak.

Arbeidsgruppa anbefaler at sluttbehandlingsavgifta for forbrenningsanlegg for avfall blir lagt om til ei utsleppsavgift basert på kontinuerlege målingar for enkelte parameter, og løpande prøvetaking for andre. Gruppa anbefaler at anlegg som forbrenn mindre enn ei bestemt mengd avfall per år og der målekostnadene kan bli urimeleg store, kan velje eit alternativ med ei utrekna avgift som blir fastsett ut frå forventa utsleppskoeffisientar. Ei utsleppsavgift vil prise utsleppa direkte og stimulere anlegga til å investere i reinare teknologi og i større grad sortere ut komponentar i avfallet som gir høge utslepp. Arbeidsgruppa har ikkje vurdert eit konkret nivå for ei utsleppsavgift og ytterlegare utgreiingar må gjerast før eit konkret forslag kan leggjast fram for Stortinget.

Med den teknologien som er i dag er det ikkje mogleg å innføre ei utslppsavgift for deponi. Ei differensiering etter miljøstandarden på deponia vil likevel vere meir treffsikker enn den utforminga avgifta no har. Ei eventuell differensiering av sluttbehandlingsavgifta for deponi vil måtte baserast på objektive kriterium, som i størst mogleg grad kan knytast til faktisk miljøstandard ved deponiet. Ei eventuell todeling av avgifta kan vurderast basert på om deponiet oppfyller krava som er stilte i EU sitt deponeringsdirektiv eller ikkje. Krava vil uansett gjelde frå 2009, men ei differensiering av avgifta vil gi eksisterande anlegg stimulans til å framskande den nødvendige oppgraderinga. Det er likevel fleire forhold som må vurderast nærare før det kan leggjast fram eit konkret forslag om ei differensiering av sluttbehandlingsavgifta for deponi.

Det er eit politisk mål å leggje om energiproduksjonen til meir bruk av nye fornybare energikjelder og miljøvennleg varme, jf. St. meld. 29 (1998-99) Om energipolitikken. Arbeidsgruppa har lagt dette målet til grunn for drøftingane sine. Stortinget har lagt vekt på at måla skal nåast gjennom ein effektiv bruk av verkemiddel. Arbeidsgruppa har vurdert korleis ein mest føremålstenleg kan stimulere til auka produksjon av avfallsbasert energi. Dersom det er ønskjeleg å stimulere til auka energiutnytting i avfallsanlegga, anbefalar arbeidsgruppa at det blir innført ein subsidie i form av eit tilskot per kWh. Ein subsidie per produsert kWh vil vere eit meir treffsikkert verkemiddel enn den differensieringa av avgifta som er i dag. Eit tilskot per produsert kWh vil i prinsippet kunne gis til alle nye fornybare energikjelder, inkludert utnytting av gass frå deponi, dersom ein ønskjer å fremje bruken av desse. Arbeidsgruppa meiner at ei avgiftsdifferensiering per kWh som blir produsert alternativt vil vere betre enn den differensieringa som er i dag og som avheng av graden av energiutnytting i anlegget. Generelt vil ei stimulering basert på produsert kWh stimulere til å brenne avfall med høg brennverdi.

I prinsippet bør alle utslipp bli prisa ut frå miljøskadane som dei er årsak til. Unntak skaper avgrensningsproblem og tilpassingar. Unntak frå miljøavgifter representerer heller ikkje kostnadseffektiv bruk av verkemiddel, og er ikkje i tråd med prinsippet om at forureinar betaler. Arbeidsgruppa meiner derfor at det prinsipielt sett er ønskjeleg å utvide verkeområdet for avgifta til å omfatte alle verksemdar som brenn avfall eller avfallsbasert brensel. Per i dag ligg det ikkje føre eit tilstrekkeleg datamateriale til at gruppa kan vurdere alle konsekvensane av ei utviding av ver-

keområdet for avgifta. M.a. har det ikkje vore mogleg å vurdere dei næringsvise konsekvensane. Gruppa anbefalar at ei utviding av avgiftsgrunnlaget blir vurdert på nytt når resultatet av konsekvensvurderinga som skal gjerast i samband med implementeringa av EU-direktivet ligg føre.

Det er føreslått at anbefalingane frå arbeidsgruppa blir nærare utgreidde. På bakgrunn av behandlinga i Stortinget av statsbudsjettet for 2002 vil det bli arbeidd vidare med ei omlegging i tråd med anbefalingane frå arbeidsgruppa. Regjeringa kjem tilbake i 2003-budsjettet med konkrete forslag til endringar.

15 Resultatområde 7: Klimaendringar, luftforureining og støy

Resultatområdet omfattar følgjande underområde:

- Klimaendringar
- Nedbryting av ozonlaget
- Langtransporterte luftforureiningar
- Lokal luftkvalitet
- Støy

15.1 Klimaendringar

Definisjon og avgrensing

Utslepp av klimagassar vil på sikt kunne føre til at gjennomsnittstemperaturen ved jordoverflata aukar. Ein slik temperaturauke vil kunne endre nedbørsmønster og vindsystem, flytte klimasoner og heve havnivået. Desse endringane vil kunne få svært alvorlege konsekvensar for naturlege økosystem og samfunnsforhold. Resultatområdet omfattar arbeidet med å redusere utslipp og auke opptak av alle klimagassar, under dette m.a. karbondioksid (CO₂), metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Størsteparten av utsleppa av klimagassar nasjonalt kjem frå bruk av fossilt brensel til ulike formål, som transport, stasjonær forbrenning og petroleumsproduksjon. I tillegg er det monalege utslepp frå industrielle prosessar og frå avfallsfyllingar. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, m.a. oppfølging av Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen.

Strategiske mål

Konsentrasjonen av klimagassar skal bli stabilisert på eit nivå som vil hindre skadeleg, menneskeskapt påverknad av klimasystemet.

Tabell 15.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7, underområde Klimaendringar.

Nasjonale mål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
	1.1. Leie det norske arbeidet med å vidareutvikle Klima-konvensjonen og Kyoto-protokollen til å bli miljø- og kostnadseffektive instrument for å avgrense utsleppet av klimagassar og auke opptaket.	– Status for dei internasjonale forhandlingane og landa si oppfølging av avtalene, under dette registrering av talet på land som har ratifisert Kyotoprotokollen.
2. Utsleppa av klimagassar i den forpliktande perioden 2008-2012 skal ikkje vere meir enn 1 % høgare enn i 1990	2.1. Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å avgrense utsleppa av klimagassar i Noreg med sikte på å utløyse kostnadseffektive tiltak. 2.2. I samarbeid med energistyrsmaktene redusere konsekvensane av utslepp ved bruk og produksjon av energi.	– Utvikling i nasjonale utslepp av klimagassar. Styrken i bruken av verkemiddel overfor klimagassar. Utviklinga og gjennomføringa av kvotesystem og andre verkemiddel – Omfang av utnytting av lokale og nye fornybare energikjelder.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltning sine arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1: Leie det norske arbeidet med å vidareutvikle Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen til å bli miljø- og kostnadseffektive instrument for å avgrense utsleppet av klimagassar og auke opptaket.

Det står framleis att spørsmål knytte til konkretisering av reglar og retningslinjer for Kyotoprotokollen som må vere avklarte før eit tilstrekkeleg tal land vil ratifisere protokollen slik at den kan tre i kraft. Protokollen trer i kraft når minst 55 partar har ratifisert den, under dette industriland som sto for minst 55 % av CO₂-utsleppa frå industrilanda i 1990. Til no er Kyotoprotokollen ratifisert av 34 land. Av desse er berre eitt industriland, Romania. Under avslutninga av den 6. partskonferansen under Klimakonvensjonen i Bonn i juli 2001 vart det semje om ei omfattande politisk avtale som gir avklaring på mange av dei politisk mest vanskelege spørsmåla knytte til Kyotoprotokollen. Det er håp om att endelege vedtak kan fattast på den 7. partskonferansen i Marrakesh i oktober/ november 2001.

Arbeidsmål 2.1: Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å avgrense utsleppa av klimagassar i Noreg med sikte på å utløyse kostnadseffektive tiltak.

22. juni 2001 la Regjeringa fram St.meld.nr. 54 (2000-2001) Norsk klimapolitikk. I meldinga legg Regjeringa opp til ein styrkt og heilskapleg bruk av verkemiddel for å sikre at Noreg oppfyller sine forpliktingar under Kyotoprotokollen. Utsleppa av klimagassar i 1999 var 56,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dette er 8 % høgare enn utsleppa i 1990. Utsleppsveksten for klimagassane i Noreg er venta å halde fram dersom ikkje ytterlegare tiltak blir sette i verk. St.meld. nr. 54 (2000-2001) Norsk klimapolitikk inneheld framskrivingar som viser at samla utslepp av klimagassar vil kunne auke med om lag 28 % frå 1990 fram mot 2010, og CO₂-utsleppa med drygt 40 %, utan nye tiltak som avgrensar utsleppa. I denne meldinga føreslår Regjeringa nye verkemiddel for å redusere utsleppa av klimagassar.

Arbeidsmål 2.2: I samarbeid med energistyrsmaktene redusere konsekvensane av utslepp ved bruk og produksjon av energi.

Utslepp av CO₂ frå stasjonær forbrenning svarer til 6,2 millionar tonn i 2000. Med ein vekst i energibruken og eventuell utbygging av gasskraftverk vil dei nasjonale CO₂-utsleppa kunne auke mona-

leg framover. Regjeringa har gitt økonomisk støtte til lokale klimatiltak. Regjeringa har òg auka tilskota til utvikling av klimateknologi gjennom KLIMATEK-programmet i regi av Noregs forskingsråd.

Verkemiddel

Finansieringa av resultatområde 7, underområda klimaendringar, nedbryting av ozonlaget og langtransporterte luftforureiningar blir dekt over kap. 1410, kap. 1400 og kap. 1471. CO₂-avgifta som vart innført i 1991, vil vere hovudverkemidlet i Noreg inntil eit nasjonalt kvotesystem er på plass. CO₂-avgifta dekkjer om lag 64 % av CO₂-utsleppa og om lag 47 % av dei samla utsleppa av klimagassar. Det blir her vist til Finansdepartementet sin avgiftsproposisjon for ei nærare oversikt over satsane for CO₂-avgifta.

I Klimameldinga går Regjeringa inn for at eit nasjonalt kvotesystem skal innførast frå 2008, som er det første året i den forpliktande perioden under Kyotoprotokollen (2008-2012). Regjeringa vil òg kontinuerleg vurdere om det vil vere føremålstenleg å innføre eit kvotesystem på eit tidlegare tidspunkt, til dømes i samarbeid med EU eller land i Østersjø-regionen.

Regjeringa vil ta initiativ til å opne forhandlingar med verksemdar som ikkje er omfatta av CO₂-avgifta, med sikte på å få utløyst tiltak som reduserer utsleppa. Regjeringa omtalte i klimameldinga iverksetting av verkemiddel mot dei ikkje-industrielle utsleppa av HFK, PFK og SF₆. Det blir lagt opp til forhandlingar med sikte på avtaler med aktuelle bransjar. I tillegg krev IPPC-direktivet frå EU, som gjeld dei fleste store utleppskjelder, m.a. at styresmaktene stiller krav om at industrien tek i bruk best tilgjengeleg teknologi (BAT). Noreg deltek aktivt under EØS-avtala i arbeidet med IPPC-direktivet og vil løpande følgje opp direktivet i forhold til norsk industri.

Som ledd i ein synleg og aktiv klimapolitikk vil Regjeringa satse på enøk og fornybare energikjelder, m.a. gjennom Enova SF. Enova skal medverke til å oppfylle nasjonale energi- og miljømål. I denne samanheng vil m.a. målet frå St.prp. nr. 29 (1998-99) Om energipolitikken om ei omlegging av energiproduksjon og -bruk stå sentralt. I kombinasjon med m.a. tilskotsmiddel frå Enova vil Regjeringa følgje opp med meir samordna informasjon og koordinert bruk av verkemiddel overfor regionalt og lokalt nivå. Arealplanlegging etter Plan- og bygningslova er eitt av fleire verkemiddel for fylkeskommunane og kommunane. Ei samordning av energiplanlegginga med kommunal areal-

planlegging er ein viktig føresetnad for å styrkje bruken av fjernvarme- og nærvarmesystem basert på fornybare og lokale energikjelder. Utvikling av klimaplanar gjennom Lokal Agenda 21 vil medverke til å fremje samspelet mellom forvaltning, næringsliv og organisasjonar på regionalt og lokalt nivå.

Regjeringa legg opp til ei langsiktig og styrkt satsing på klimaforskning i Noreg. Den auka satsinga vil for det første gjelde klimavitskaplege problemstillingar som omfattar grunnleggjande forståing av forholdet mellom naturlege og menneskeskapte klimavariasjonar, klimamodellar og konsekvensar av klimaendringar. Eit anna prioritert felt er analysar av samfunnsvisse rammevilkår og aktuelle verkemiddel. Regjeringa vil gjennom tiltak knytte til forskning, informasjon og oppbygging av kompetanse aktivt medverke til å byggje opp beredskap, og leggje til rette for nødvendige samfunnsvisse tilpassingar i ulike sektorar for å avgrense skadar og tap som er venta å ville komme på grunn av klimaendringar. Det tredje hovudområdet for ei styrkt klimaforskning er utvikling av teknologi som konkret reduserer utsleppa av CO₂ og andre klimagassar. Dette vil òg kunne inkludere utvikling av nye fornybare/alternative energikjelder og meir miljøvennleg og effektiv bruk av energi.

Regjeringa vil styrkje satsinga på informasjon om klimaproblema og nasjonal klimapolitikk. CICERO vil i denne samanheng bli tillagt ei spesiell nasjonal oppgåve knytt til informasjon og formidling av forskning.

Regjeringa vil at Noreg framleis skal vere ein aktiv deltakar i internasjonalt klimasamarbeid, mellom anna i arbeidet med å utvikle vidare Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen til å bli miljø- og klimaeffektive instrument for å avgrense utsleppa og auke opptaket av klimagassar. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at norsk industri og næringsliv skal kunne delta aktivt i internasjonalt klimasamarbeid, mellom anna gjennom bruk av Kyotomekanismene.

Noreg har dei seinare åra samarbeidd med andre land, både gjennom Verdsbanken og bilateralt med land i Aust-Europa og utviklingsland for å skaffe erfaring med prosjektsamarbeid for å redusere utsleppa av klimagassar («felles gjennomføring»). Dei nordiske energi- og miljøministrane har vedteke å etablere eit prøveprosjekt for Østersjø-regionen der ein ønskjer å skaffe nærare erfaring med prosjektsamarbeid, under dette gjennomføring av prosjekt og vidare utgreiing av eit mogeleg kvotesystem i Norden.

15.2 Nedbryting av ozonlaget**Definisjon og avgrensing**

Ozonlaget vernar menneske, planter og dyr mot skadeleg ultrafiolett stråling. Blir ozonlaget svekt, kan det få alvorlege konsekvensar for livet på jorda. For sterk ultrafiolett stråling kan føre til hudkreft og augeskader, svekkje immunforsvaret hos menneske og dyr og redusere veksten av plankton i havet og planteveksten på landjorda. Sidan midten av 1980-talet har det i vårmånadene funne stad ei gradvis menneskeskapt svekking av ozonlaget over Antarktis. I dei siste åra har det skjedd ei markert svekking av ozonlaget òg over arktiske område. Ei meir moderat svekking er òg

registrert over midlare breiddegrader i vårmånadene. Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere utsleppa av alle ozonreduserande stoff, under dette m.a. klorfluorkarbon (KFK), hydroklorfluorkarbon (HKFK), metylbromid og halon. Dei viktigaste kjeldene til utslepp av ozonreduserande stoff er industri og privat hushald (kjølemiddel/brannslokkingsmiddel). Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, m.a. oppfølging av Montrealprotokollen.

Strategiske mål

All produksjon og forbruk av ozonreduserande stoff skal stansast.

Tabell 15.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7, underområde Nedbryting av ozonlaget.

Nasjonale mål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
	3.1. Leie det norske arbeidet med å vidareutvikle Montreal-protokollen til framleis å vere eit miljø- og kostnadseffektivt instrument for å avgrense utslepp av ozonreduserande stoff.	– Status i det internasjonale arbeidet, under dette talet på land som har ratifisert og følgjer opp dei ulike endringane av protokollen og landa si oppfølging av sine forpliktingar.
4. Det skal ikkje vere forbruk av halon, eller av nokon type klorfluorkarbon (KFK), tetraklorometan, metylkloroform og hydrobromfluorkarbon (HBFK).	4.1. Følgje opp bruken av verkemiddel overfor halon, KFK, tetraklormetan, metylkloroform og HBFK.	– Reell reduksjon i bruk av KFK og halon
5. Forbruket av metylbromid skal vere stabilisert frå 1995, og fasa ut innan 2005.	5.1. Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å redusere forbruket av metylbromid i Noreg, under dette oppfølging av endringar i ozonforordninga frå EU.	– Reell reduksjon i produksjon, import, eksport og bruk av metylbromid.
6. Forbruket av hydroklorfluorkarbon (HKFK) skal vere stabilisert frå 1995, og fasa ut innan 2015.	6.1. Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å redusere forbruket av HKFK i Noreg, under dette følgje opp endringar i ozonforordninga frå EU.	– Reell reduksjon i produksjon, import, eksport og bruk av HKFK.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Statusbeskriving

Arbeidsmåla 3.1. – 6.1. Leie det norske arbeidet med å avgrense utslipp av ozonreduserande stoff og forbruket av desse.

Noreg har oppfylt alle internasjonale plikter og har sett strengare nasjonale mål for utfasing enn forpliktingane for enkelte av dei stoffa som er regulerte i Montrealprotokollen. Noreg sine delmål er at forbruket av metylbromid skal redusereast med 70 % innan 01.01.2003 og 100 % innan 01.01.2005. Forbruket av HKFK skal redusereast med 35 % innan 01.01.2004, 60 % innan 01.01.2007, 80 % innan 01.01.2010, 95 % innan 01.01.2013 og 100 % innan 01.01.2015. Noreg har ingen produksjon av ozonreduserande stoff. Når det gjeld metylbromid og HKFK, blir det årleg utdelt avgrensa kvotar. I 2000 innfridde forbruket av metylbromid plikta til stabilisering og forbruket av HKFK var 25 % under plikta til stabilisering. Noreg har såleis oppfylt både pliktene i høve til Montrealprotokollen og dei nasjonale måla for utfasing.

Verkemiddel

Finansiering av resultatområde 7, underområde nedbryting av ozonlaget, blir i hovudsak dekt under kap. 1400.

Noreg har i mange år lege i forkant av dei internasjonale føresegnene når det gjeld reduksjon i forbruket av dei ozonreduserande stoffa. Bakgrunnen for dei gode reduksjonsresultata for ozonreduserande stoff i Noreg er at det er teke i bruk ein kombinasjon av verkemiddel som har virka styringseffektivt, der forskrifter, informasjon, frivillige tiltak og samarbeid mellom styresmaktene og bransjane har stått sentralt. Alle dei ozonreduserande stoffa i Montrealprotokollen er no regulerte gjennom forskrifter.

Det blir i dag berre gitt løyve til import av metylbromid og HKFK til Noreg. Unntak er import av KFK i ferdigprodusert astmaspray og små mengder KFK, tetraklormetan og metylklo-

roform til analysar som er godkjende som essensiell bruk under Montrealprotokollen.

Det nasjonale arbeidet er no retta mot kontroll av at føresegnene blir overhaldne, overvaking av miljøsituasjonen og oppfølging av dei endringane i Montrealprotokollen som vart vedtekne hausten 1997. Noreg har sett i verk ei ordning med lisensiering for import og eksport av ozonreduserande stoff slik dei nye krava i Montrealprotokollen la opp til frå 1. januar 2000.

15.3 Langtransporterte luftforureiningar

Definisjon og avgrensing

Forsuring som kjem av tilførsler av svoveldioksid (SO_2), nitrogenoksid (NO_x) og ammoniakk (NH_3) er ein av dei største truslane mot biologisk mangfald i Noreg, særleg i ferskvatn. Den mest synlege effekten er skadane på fiskebestanden, særleg i Sør-Noreg, jf. resultatområde 1. Utslipp av flyktige organiske sambindingar (VOC) og nitrogenoksid (NO_x) gir bakkenært ozon som ved høge konsentrasjonar kan gi helseskadar og skadar på vegetasjon, avlingar og material. Tilførsel av nitrogen og ammoniakk kan medføre overgjødning, jf. resultatområde 4. Resultatområdet omfattar arbeidet med å forebyggje og redusere utslappa av svovel, nitrogenoksid, ammoniakk og flyktige organiske sambindingar. I tillegg omfattar det arbeidet med å betre miljøtilstanden, som f.eks. kalking. Meir enn 90 % av nedfallet av svovel og nitrogenoksid i Noreg kjem frå andre land. Dei viktigaste utslippepskjeldene er industrielle prosessar og bruk av fossilt brensel til energiproduksjon og transport. Petroleumsverksemd og transport og bruk av løysemiddel er dei viktigaste kjeldene til utslappa av VOC, mens landbruket er hovudkjelda til utslipp av ammoniakk. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, m.a. oppfølging av Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureiningar.

Strategiske mål

Utslappa av svovel, nitrogenoksid, flyktige organiske sambindingar og ammoniakk skal redusereast, slik at påverknaden av naturen blir halden innanfor kritiske belastningsgrenser (naturen si tolegrense), og slik at mennesket si helse og miljøet ikkje tek skade.

Tabell 15.3 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7, underområde Langtransporterte luftforureiningar.

Nasjonale mål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
	7.1. Leie det norske arbeidet under Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftureining.	– Del av økosystem i respektive Noreg og heile avtaleområdet som er verna mot overskriding av tolegrenser for forsuring, bakkenært ozon og overgjødsling.
8. Utsleppa av svoveldioksid (SO ₂ -utsleppa) skal maksimalt vere 22 000 tonn i 2010, som svarer til 58 % reduksjon i forhold til nivået i 1990.	8.1. Leie arbeidet med å utvikle og implementere ytterlegare verkemiddel.	– Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar.
9. Utsleppa av nitrogenoksid (NO _x -utsleppa) skal maksimalt vere 156 000 tonn i 2010, som svarer til 29 % reduksjon i forhold til nivået i 1990.	9.1. Leie arbeidet med å utvikle og implementere ytterlegare verkemiddel.	– Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar.
10. Utsleppa av flyktige organiske sambindingar (VOC-utsleppa) frå heile fastlandet og norsk økonomisk sone sør for 62. breiddegrad skal reduserast med 30 % i høve til 1989-nivå snarast mogleg. I tillegg skal VOC-utsleppa maksimalt vere 195 000 tonn i 2010, som svarer til 35 % reduksjon i høve til nivået i 1990.	10.1. Leie arbeidet med å utvikle og implementere ytterlegare verkemiddel.	– Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar.
11. Utsleppa av ammoniakk (NH ₃ -utsleppa) skal maksimalt vere 23 000 tonn i 2010, som svarer til utsleppsniået i 1990.	11.1. Leie arbeidet med å utvikle og implementere ytterlegare verkemiddel.	– Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Statusbeskriving

Arbeidsmål 7.1.: Leie det norske arbeidet under Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining.

Noreg er avhengig av omfattande reduksjonar av utslepp i Europa for å løyse miljøproblema som skriv seg frå langtransportert luftforureining. 1. desember 1999 vart det vedteke ein ny protokoll om reduksjon av forsuring, overgjødsling og bak-

kenært ozon under ECE-konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining. 31 statar har underteikna avtala, mellom dei Noreg. Protokollen regulerer landa sine utslepp av svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksid (NO_x), ammoniakk (NH₃) og flyktige organiske sambindingar (VOC). Pliktene for Noreg i høve til den nye protokollen er reflekterte i dei nasjonale måla. Frå 1985 og fram til i dag har område med forsuringsskadar i Noreg blitt reduserte med meir enn 30 %. Med den nye protokollen vil område med overskridingar av tolegrenser for forsuring bli reduserte med ytterlegare 50-60 %. Likevel vil tolegrensene vere overskridne på ca. 7-8 % av arealet i Noreg i 2010. Miljøeffektane av protokollen i

Noreg og i Europa som heilskap er nærare omtalte i St.prp. nr. 87 (1999-2000) Om samtykke til ratifikasjon av ein protokoll av 30. november 1999 til konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining av 13. november 1979, som gjeld reduksjon av forsuring, overgjødsling og bakkenært ozon. Stortinget samtykte i at Noreg ratifiserer Gøteborgprotokollen 18. desember 2000.

Arbeidsmåla 8.1.-11.1. Leie arbeidet med å utvikle og implementere ytterlegare verkemiddel i høve til utslepp av svoveldioksid, nitrogenoksid, ammoniakk og flyktige organiske sambindingar.

Utsleppa av SO₂ er fram mot 2010 venta å halde seg stabile på det nivået som er i dag eller bli noko reduserte avhengig av korleis Noreg gjennomfører sine plikter når det gjeld utslepp i høve til Kyoto-protokollen. Noreg vil med dette overhalde den internasjonale plikta for SO₂ frå 1994. For å overhalde plikta i Gøteborgprotokollen innan 2010 må Noreg redusere utsleppa av SO₂ med 24 % i høve til 2000.

FN sin sjøfartsorganisasjon IMO vedtok hausten 1997 eigne reglar om utslepp av m.a. NO_x og SO₂ til luft frå skip. Våren 2000 vedtok IMO å etablere Nordsjøen som såkalla SO_x-kontrollområde, noko som inneber at skip i dette området berre kan nytte drivstoff med eit svovelinnhald på maksimalt 1,5 % vekteiningar. Dette regelverket har enno ikkje trådt i kraft. Det vart i 2000 innført miljødifferensiering av tonnasjeskatten i forhold til utsleppa av m.a. NO_x og SO₂.

Framskrivingar viser at utsleppa av NO_x kan ventast reduserte med 11 % i perioden 1990-2010. Ut frå desse framskrivingane av utslepp er Noreg venta å overhalde den internasjonale føresegna for NO_x frå 1988. Førebels viser tala at utsleppa av NO_x i 2000 var 217.000 tonn. Dette er om lag 12.000 tonn under gjeldande internasjonale forplikting. For å overhalde forpliktinga i Gøteborgprotokollen må Noreg redusere utsleppa av NO_x med 28 % i høve til 2000. For NO_x-utsleppa er bruken av verkemiddel i dag utforma med utgangspunkt i St.meld. nr. 41 (1994-95) Om Norges politikk mot klimaendringar og utslipp av nitrogenoksider (NO_x). Låg-NO_x-brennarar blir tekne i bruk ved installering av nye gassturbinar på norsk sokkel der slik teknologi er kommersielt tilgjengeleg. Utsleppa av NO_x frå køyretøy er regulerte gjennom køyretøysforskriftene til vegtrafikklova. Krava er skjerpa i tråd med utviklinga av EU sitt regelverk på området. Det vart i 2000 innført differensiert årsavgift på tunge køyretøy etter utsleppa av

m.a. NO_x. IMO sitt regelverk set krav til NO_x-utslepp frå skip som er bygde eller oppgraderte 1. januar 2000 eller seinare.

Utsleppa av VOC har auka med 15 % frå 1990 til i dag. Tal for 2000 tyder førebels på at utsleppa av VOC var om lag 369.000 tonn. Forpliktinga vår under VOC-protokollen av 1991 er 247.000 tonn. For å redusere utsleppa ned til eit nivå som er innanfor vår forplikting blir utslepp av VOC frå lasting av olje på sokkelen no regulerte gjennom utsleppsløyve etter forureiningslova. Noreg har gjennomført eit EU-direktiv om å redusere VOC-utsleppa frå lagring og distribusjon av bensin frå terminalar til bensinstasjonar. For å overhalde forpliktinga i Gøteborgprotokollen må Noreg redusere utsleppa av VOC med 47 % i høve til 2000. Utsleppa av ammoniakk i Noreg har auka med om lag 17 % i perioden 1990-1998. Auken skuldast i hovudsak auka utslepp av ammoniakk frå landbruket og frå personbilar med trevegs katalysator. Det er venta at utsleppa vil endre seg lite fram mot 2010 utan nye tiltak. For å overhalde forpliktinga i Gøteborgprotokollen må Noreg redusere utsleppa av ammoniakk med 15 % i høve til 2000.

Verkemiddel

Finansiering av resultatområde 7, underområde langtransportert luftforureining, blir i hovudsak dekt under kap. 1400.

Regjeringa vil føre vidare Noreg sitt aktive bidrag til det omfattande internasjonale samarbeidet knytt til forsking, utgreiing og kartlegging av problem med luftforureining og oppfølging av eksisterande avtaler. Etter kvart vil det òg vere aktuelt å utvikle nye avtaler. Forskingsprogram under Noregs forskingsråd, og Miljøverndepartementet sitt program «Naturen sine tolegrensar», er sentrale for å leggje grunnlag for slike nye avtaler.

Det blir no arbeidd med ein heilskapleg gjennomgang av bruken av verkemiddel for å oppfylle krava til reduksjonar av utslepp i Gøteborgprotokollen. Dei største utfordringane er knytte til å redusere utsleppa av SO₂ frå prosessindustrien, NO_x frå sjøfart og fiske og frå petroleumsverksemda på sokkelen, ammoniakk frå landbruket og VOC frå bøyelasting og lagring av råolje. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget i seinare meldingar med eventuelle endringar i bruken av verkemiddel. Noreg deltek aktivt i arbeidet med å vidareutvikle IMO sitt regelverk om utslepp av m.a. NO_x og SO₂ frå skip.

På bakgrunn av forpliktinga i Gøteborgprotokollen har Miljøvernministeren og Prosessindus-

triens Landsforening inngått ei intensjonsavtale om reduksjonar i svovelutsleppa. Avtala tek utgangspunkt i SFT sin tiltaksanalyse for svovel. Denne konkluderer med at den mest kostnadseffektive måten å oppfylle Noreg si forplikting på er å redusere dei årlege utsleppa av SO₂ frå prosessindustrien med 7.000 tonn. Då avtala vart inngått forplikta prosessindustrien seg til å redusere dei årlege utsleppa av SO₂ med minimum 5.000 tonn. Prosessindustrien skal vidare leggje fram konkrete forslag til korleis ein slik utsleppsreduksjon kan gjennomførast, og samtidig leggje fram forslag til korleis ein samla reduksjon på 7.000 tonn kan gjennomførast på ein måte som er kostnadseffektiv for Noreg. Utslepp frå den enkelte verksemda vil bli regulerte i konsesjon frå SFT. Miljøstyresmaktene tek, så langt m.a. forureiningslova gir høve til dette, sikte på å utforme utsleppsløva slik at det blir mogleg for industrien å oppfylle reduksjonskravet ved å gå saman om å setje i verk felles tiltak som reduserer utsleppa der industrien finn det mest høveleg. Regjeringa fremjar på denne bakgrunnen forslag til Stortinget om at avgifta for utslepp av SO₂ frå bruk av kol og koks og frå raffineria blir fjerna frå 1.1.2002.

For raskast mogleg å oppfylle forpliktinga om 30 % reduksjon i VOC-utsleppa i forhold til 1989, blir det spesielt fokusert på tiltak for å redusere utsleppa frå lasting av råolje. Det er allereie installert anlegg for å gjenvinne VOC ved lasting av olje på Sture-terminalen. Teknologi som skal gjenvinne VOC ved lasting av olje på sokkelen er i ferd med å bli teken i bruk på dei første skipa. Innføring av best tilgjengeleg teknologi på bøyelaste-skipa vil venteleg redusere VOC-utsleppa med opptil 80 000 tonn årleg, og dette vil vere det desidert viktigaste enkelttiltaket for å oppfylle Noreg sine forpliktingar til reduksjon.

Noreg er gjennom IPPC-direktivet pålagt å stille krav til bruk av dei beste tilgjengelege teknikkar overfor utslepp av m.a. NO_x, VOC og SO₂ frå store industrianlegg. Gjennomføringa av direktivet vil bli sett i samanheng med arbeidet med å overhalde Noreg sine forpliktingar under Konvensjonen om langtransportert, grensekryssande luftforureining.

15.4 Lokal luftforureining

Definisjon og avgrensing

Lokale luftforureiningar gir monalege helse- og trivselsproblem i ei rekkje byar og tettstader i Noreg. I dei største byane blir ein stor del av befolkninga utsett for konsentrasjonar av luftforureining som aukar risikoen for tidlegare død og helseplager, som f.eks. luftvegsinfeksjonar, lunge-sjukdommar og kreft.

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere helseskadelege utslepp av dei stoffa som gir redusert luftkvalitet lokalt. Hovudkjeldene til slike utslepp er vegtrafikk og vedfyring, men andre kjelder medverkar òg. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, med utvikling og oppfølging av EU-direktiv som det mest sentrale.

Strategiske mål

Lokale problem med luftforureining skal førebyggjast og reduserast slik at omsynet til helse og trivsel for menneska blir teke vare på.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Statusbeskriving

Arbeidsmål 12.1.-15.1.: Miljøvernstyresmaktene skal medverke til å nå dei nasjonale måla for luftkvalitet ved å syte for reduserte utslepp frå store stasjonære kjelder og miljømessig betra kvalitet på drivstoff og fyringsolje.

Utslepp frå store, stasjonære kjelder fører i dag i svært lita grad til overskriding av dei nasjonale resultatmåla. Det er mogleg at utslepp av svevestøv frå ferrosilium-industri på enkelte einsidige industristader kan utgjere eit problem. Miljøvernstyresmaktene vil undersøke dette nærare og evt. stille krav til ytterlegare reinsing for å sikre at måla blir nådde.

Tabell 15.4 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7 underområde Lokal luftkvalitet.

Nasjonale resultatmål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
12. Døgnmiddelkonsen-trasjonen av svevestøv (PM10) skal innan 2005 ikkje overskride 50 mg/m ³ meir enn 25 dagar per år og innan 2010 ikkje meir enn 7 dagar per år. 13. Timemiddelkonsen-trasjonen av nitrogendioksid (NO ₂) skal innan 2010 ikkje overskride 150 mg/m ³ meir enn 8 timar per år. 14. Døgnmiddelkonsen-trasjonen av svoveldioksid (SO ₂) skal innan 2005 ikkje overskride 90 mg/m ³ . 15. Årsmiddel-konsentrasjonen av benzen skal innan 2010 ikkje overskride 2 mg/m ³ . som bybakgrunnsverdi.	12.1.-15.1. Miljøvernstyres-maktene skal medverke til å nå dei nasjonale måla for luftkvalitet ved å syte for reduserte utslepp frå store stasjonære kjelder og miljømessig betra kvalitet på drivstoff og fyringsolje.	– Utslepp av svevestøv (PM10), nitrogendioksid (NO ₂), svoveldioksid (SO ₂) og benzen frå store stasjonære kjelder.

Verkemiddel

Budsjettmidlar til faglege utgreiingar, forskning og miljøovervaking utgjer eit viktig og nødvendig grunnlag for arbeidet med lokal luftkvalitet, og blir dekte under kap. 1441 og 1410. Resultat frå miljøovervaking blir nytta vidare i utrekningsmodellar, utgreiingar av tiltak og i dose-respons-samanhengar. Budsjettmidla blir òg nytta til å utvikle verktøy og metodar.

Forskrift om grenseverdier for lokal luftforureining og støy av 30. mai 1997 set krav til gjennomføring av tiltak i dei område som er sterkast belasta av lokal luftforureining. Forskrifta er under revisjon, m.a. for å sikre implementering av nye EU-direktiv i norsk rett. Det vil ha monalege positive helseverknader å overhalde dei nye EU-direktiva. Vidare skal forskrift om svovelinnhald i ulike oljeprodukt av 20. juni 1995 reviderast på bakgrunn av eit nytt EU-direktiv på området.

Plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel i samband med lokal luftforureining, fordi den kan nyttast til å påverke lokaliseringa av utsleppskjeldene, og til å regulere utnyttinga av omkringliggjande areal. Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging skal leg-

gjast til grunn for all planlegging og utøving av mynde i kommunar, fylkeskommunar og statlege organ.

15.5 Støy

Definisjon og avgrensing

Støy medfører helseproblem og andre former for redusert livskvalitet, m.a. søvnproblem, fysiologiske verknader og stress, og reduserte høve til å konsentrere seg og kommunisere med andre. Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebygge og redusere dei støyproblem som gir negative helse- og trivselseffektar. Sentralt står òg arbeidet med å fremje stille som miljøkvalitet. Hovudkjelda til støyplager er vegtrafikk, men ei rekkje andre kjelder medverkar òg. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, med utvikling og oppfølging av EU-direktiv som det mest sentrale.

Strategisk mål

Støyproblem skal førebyggjast og reduserast slik at omsynet til helse og trivsel for menneska blir teke vare på.

Tabell 15.5 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7 underområde Støy.

Nasjonale resultatmål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
16. Støyplaga skal reduserast med 25 % innan 2010 i forhold til 1999.	16.1 Miljøvern-styresmaktene skal medverke til å nå det nasjonale målet for støy ved å syte for å redusere støyplagene frå industri, motorsport, skytebaner og enkelte produkt.	– Støyplage (SPI) for industri, motorsport, skytebaner og enkelte produkt.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Statusbeskriving

Arbeidsmål 16.1.: Miljøvernstyresmaktene skal medverke til å nå det nasjonale målet for støy ved å syte for å redusere støyplagene frå industri, motorsport, skytebaner og enkelte produkt.

Industristøy er den nest største kjelda til støyplage – etter vegtrafikkstøy. Støyplagene frå skytebaner, motorsport og produkt er vesentleg mindre. Miljøvernstyresmaktene vil undersøkje støyutsleppa og støyplaga frå dei ulike kjeldene nærare, og vurdere aktuelle verkemiddel for å redusere desse støyplagene.

Verkemiddel

Budsjettmiddel til faglege utgreiingar, forskning og miljøovervaking utgjer eit viktig og nødvendig grunnlag for arbeidet med støy, og blir dekt over kap. 1441, 1400 og 1410. Miljøovervaking er innhenting av utsleppstal og andre miljødata og blir nytta m.a. i utrekningsmodellar, utgreiingar av tiltak og rapportering av resultat. Budsjettmidlane blir vidare nytta til å skaffe fram eller betre datagrunnlag for å følgje opp støyutslepp og støyplage. Både utgreiingsmidlar og forskingsmidlar vil vere sentrale òg i tida framover for å få etablert og vidareutvikla ein nasjonal støymodell for utrekning av støyplaga på tvers av kjelder. Forskings- og utgreiingsmidlar medverkar vidare til kompetanseoppbygging i dei støyfaglege miljøa og i høgare utdanning.

Forskrift om grenseverdiar for lokal luftforureining og støy av 30. mai 1997 set krav til gjenomføring av forbetringstiltak innan januar 2005 i dei område som er sterkast belasta av støy. Støy frå m.a. industri, motorsport og nye skytebaner er regulert av konsesjonssystemet i forureinings-

lova. Lova om produktkontroll heimlar støykrav til produkt, og er nytta til å gi forskrifter om m.a. leiketøy, fritidsbåtar m.m.

Plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel i samband med støy, fordi den kan nyttast til å påverke lokaliseringa av støykjeldene, og til å regulere utnyttinga av areal som ligg omkring. Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging skal leggjast til grunn for all planlegging og utøving av mynde i kommunar, fylkeskommunar og hos statlege organ. Retningslinjer for respektive vegtrafikkstøy (blir òg nytta for tog), skytebaner og arealbruk i flystøysoner gitt i medhald av lova skal leggjast til grunn for planlegginga.

EU-kommisjonen la fram eit forslag til rammedirektiv for utandørs støy juli 2000. Forslaget til direktiv er framleis til politisk behandling i EU. Fokus er i første rekkje på kartlegging, informasjon og etablering av felles måleining og målemetodar for støy.

16 Resultatområde 8: Internasjonalt miljøvernssamarbeid og miljøvern i polarområda

Resultatområdet omfattar følgjande underområde:

- Internasjonalt miljøvernssamarbeid
- Miljøvern i polarområda
- Radioaktiv forureining

16.1 Internasjonalt miljøvernssamarbeid

Definisjon og avgrensing

Internasjonalt samarbeid er ein viktig del av miljøvernarbeidet fordi hovudkjeldene til miljøskadar i Noreg i mange tilfelle finst i andre land. I våre nærområde har miljøproblema ofte ein direkte og umiddelbar innverknad på miljøtilstanden i Noreg. På regionalt og globalt nivå er utviklinga internasjonalt heilt avgjerande for norsk miljøtil-

stand. Dette gjeld m.a klimaendringa, reduksjon av ozonlaget, sur nedbør, miljøgifter og tap av biologisk mangfald. Globaliseringa av verdsøkonomien og Noreg si tilknytning til EU-systemet gjennom EØS og til Verdas handelsorganisasjon (WTO), fører òg til at nasjonal miljøvernpolitikk blir stadig meir påverka av konkurranseomsyn og økonomiske og politiske forhold og avgjersler i andre land og innanfor internasjonale organisasjonar. Det er òg viktig å medverke til berekraftig utvikling og betring av miljøtilstanden i våre nær-område og i u-landa.

Resultatområdet omfattar bilateralt miljøvern-samarbeid med land i Aust-Europa, i hovudsak Russland. Det generelle samarbeidet med land i Sentral-, Sørøst- og Aust-Europa er samordna innanfor ramma av Miljø for Europa-prosessen. Samarbeidet i nærområdet går føre seg innanfor ramma av m.a. Nordisk Ministerråd, Barentsrådet og Arktisk Råd. Resultatområdet omfattar òg bilaterale miljøvern-avtaler med u-land og integrering av miljøomsyn i norsk bistand. Til resultatområdet høyrer vidare å ivareta norske interesser innanfor det generelle internasjonale miljøvern-samarbeidet, og arbeidet med miljø- og utviklingsproblem innanfor organisasjonar knytte til FN-systemet, og innanfor Verdas handelsorganisasjon (WTO), OECD, EFTA/EØS og Nordisk Ministerråd. Internasjonalt arbeid retta mot dei enkelte miljøutfordringane er dekt under dei andre resultatområda.

Strategiske mål

Internasjonalt miljøvern-samarbeid skal medverke til å skape kontroll over globale miljøproblem, redusere miljøskadar i Noreg som skuldast aktivitetar og utslepp i andre land, sikre ei berekraftig utvikling og betring av miljøtilstanden i våre nær-område og i u-landa, og sikre at internasjonale avtaler og regelverk gir rammevilkår som ikkje svekkjer den nasjonale miljøvernpolitikken

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål, resultatindikatorar og status-beskriving

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Medverke til oppfølging av strategien for berekraftig utvikling i Norden og handlingsprogrammet for det nordiske miljø-samarbeidet 2001-2004.

Strategien for ei berekraftig utvikling i Norden og

nærområda vart vedteken av Nordisk Ministerråd i desember 2000 og Nordisk Råd ga si tilslutning i juni 2001. Strategien har eit 20-årsperspektiv, og integrasjon av miljøvernomsyn i sektorpolitikken er eit hovudelement. Vidareutvikling av samarbeidet med Norden sine nærområde med grunnlag i det pågåande miljøvern-samarbeidet i Barentsregionen, Arktis og Østersjø-regionen er lagt vekt på i strategien.

Det nordiske miljøhandlingsprogrammet for perioden 2001-2004 legg grunnlaget for det nordiske samarbeidet på miljøvernområdet og vil vere eit viktig bidrag til oppfølging av strategien. Det nordiske miljøvern-samarbeidet er konsentrert om felles nordiske miljøspørsmål, miljøtiltak i nærområda og saker som dei nordiske landa ønskjer å føre fram i andre internasjonale organ. Det blir rapportert om status og resultat for det nordiske miljøvern-samarbeidet i den årlege stortingsmeldinga om det nordiske samarbeidet. Auka satsing på kulturmiljøarbeid, fokus på berekraftig bruk og vern av genetiske ressursar, og arbeid for å etablere eit forsøksområde for utprøving av dei fleksible mekanismene under Kyoto-protokollen, er eksempel på kva som er oppnådd innan miljøvernområdet i det nordiske samarbeidet.

Arbeidsmål 1.2. Medverke til å betre miljø-situasjonen og sikre natur- og kulturminneverdiane i Noreg sine nærområde i Barentsregionen og i den arktiske regionen.

Nordic Environmental Finance Corporation (NEFCO) er ein sentral samarbeidspartner når det gjeld miljøprosjekt i Norden sine nærområde og har medverka til fleire miljøprosjekt i Russland, under dette prosjekt om avfallsbehandling, vassbehandling og resirkulering i St. Petersburg, energispareprosjekt i Kaliningrad.

Det er sett i gang ei rekkje prosjekt i oppfølginga av den nordiske handlingsplanen for Arktis, under dette effektar av tråling og botnskraping (havområda i nord), overvaking av kulturminne (Grønland og Svalbard), LA 21 i Arktis og prosjekt om miljøundervisning.

Under Arktisk Råd er arbeidet under samarbeidsprogramma ført vidare. Vidare er det sett i gang eit nytt prosjekt «Arctic Climate Impact Assessment – ACIA» jf. resultatområde 7.

Tabell 16.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Internasjonalt miljøvernssamarbeid.

Nasjonale mål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
1. Samarbeidet i Norden, i Noreg sine nærområde og i den arktiske regionen skal medverke til å betre miljøsituasjonen og sikre natur- og kulturminneverdiane i desse områda, og til å redusere og førebyggje grenseoverskridande forureining som kan påverke miljø, helse eller næringsverksemd i Noreg.	1.1. Medverke til oppfølging av strategien for berekraftig utvikling i Norden og handlingsprogrammet for det nordiske miljø-samarbeidet 2001-2004 1.2. Medverke til å betre miljøsituasjonen og sikre natur- og kulturminneverdiane i Noreg sine nærområde i Barentsregionen og i den arktiske region.	– Oppfølging av strategien og handlingsprogrammet – Prosjekt som er sette i gang i NMR sin handlingsplan for natur- og kulturmiljøvern i Arktis. – Aktivitetar som er sette i gang i arbeidsgruppene under Arktisk Råd. – Implementering av Arktisk Råd sin handlingsplan for å redusere/eliminere forureining i Arktis. – Framdrift m.o.t. måla i handlingsplanen under Barentssamarbeidet. – Framdrift m.o.t. LA 21-arbeid og auka kommune til kommune-samarbeid. – Utarbeide og iverksetje informasjonsplan.
2. Samarbeid og bistand skal medverke til å setje styresmakter og næringsliv i Russland og i dei baltiske republikkane betre i stand til å få forsvarleg kontroll over landa sine eigne miljøproblem, og til å integrere Russland si miljøvernforvaltning i regionalt samarbeid.	2.1. Særleg merksemd mot oppfølging av moderniseringsprosjektet i nikkilverket i Petsjenga, styrking av miljøkompetansen i forvaltning og industri og implementering av tiltak slik at grense-overskridande forureining blir redusert. Økt fokus på biomangfald og kulturminne i Nordvest-Russland.	– Modernisering av nikkilverket i Petsjenga. – Påvist reduksjon av forureining frå industri/ forureinande verksemd – Talet på deltakarar og kurs i miljøforvaltning og miljøstyring. Økonomisk og miljømessig vinst i bedrifter som har gjennomført Program for Reinare produksjon. – Betre standard på russisk oljevernberedskap i nord. – Russisk tilslutning til OSPAR-standardar. – Prosjekt i Nordvest-Russland med økonomisk støtte frå NEFCO og NIB. – Prosjekt med norsk samarbeidspartnar. – Auka tal på verna område som er viktige for biologisk mangfald. Talet på registrerte og restaurerte kulturminne.

Tabell 16.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Internasjonalt miljøvernssamarbeid.

Nasjonale mål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
3. Noreg skal arbeide for at EØS-regelverket ikkje svekkjer norske miljøvernreglar eller høvet til å skjerpe desse, og at EØS-regelverket tek nødvendige omsyn til norsk vernenivå og norske naturforhold.	3.1. Påverke utforminga av politikken på miljøområdet i EU. 3.2. Sikre ei effektiv gjennomføring i norsk lovverk av EU-rettsakter som blir sett på som relevante og akseptable.	– Talet på norske synspunkt/merknader sendt/overleverte EU – Talet på gjennomførte/ innlemma rettsakter innanfor overvåkings-organet (ESA) sine fristar.
4. Noreg skal arbeide for at rammevilkåra for handel og miljø innanfor WTO medverkar til ei berekraftig utvikling.	4.1. Medverke til at miljøkonsekvensar blir analyserte og miljøomsyn integrerte i forhandlingane i WTO og i regelverket.	– Evaluering av resultatata frå kommande forhandlingsrunde.
5. Globale og regionale samarbeidsorgan skal utviklast til effektive reiskap for berekraftig utvikling, for å oppnå globale og regionale miljømål og for effektiv oppfølging av internasjonale miljø-konvensjonar.	5.1. Medverke til at OECD integrerer miljøomsyn i sitt arbeid og utarbeider analysar og retningslinjer som kan fremje ei berekraftig utvikling 5.2. Vidareutvikle det regionale miljør samarbeidet i Europa, innan UNECE med spesiell vekt på «Miljø for Europa»-prosessen. 5.3. Medverke til betre organisering av internasjonalt miljøvernarbeid og implementering av internasjonale konvensjonar. 5.4. Støtte prosessene fram mot og delta aktivt på toppmøtet om berekraftig utvikling i Johannesburg i 2002 og følgje opp CSD sitt arbeidsprogram.	– Fortløpande vurdering basert på relevante dokument. – Evaluere i samband med førebuingane til neste miljøvernministermøte i Kiev i 2003. – Delta i FN-gruppa for styrking av den internasjonale miljøforvaltninga og medverke til gruppa sin rapport. – Evaluere i samband med miljøministermøtet i 2002.
6. Miljøomsyn skal integrerast i norsk utviklingsarbeid. Miljøretta bistand og anna samarbeid med utviklingsland skal medverke til å styrkje miljøvernforvaltninga og betre miljøtilstanden i samarbeidslanda og til å førebyggje globale miljøproblem.	6.1. Medverke til å vidareutvikle og følgje opp det bilaterale miljøvernssamarbeidet mellom Noreg og respektive Indonesia, Kina, Sør-Afrika og andre sentrale samarbeidsland. 6.2. Medverke til å vidareutvikle miljøforvaltninga sine fagsenter for miljøbistand.	– Statusgjennomgang av miljøvernssamarbeidet på dei årlege møta. – Gjennomføring av årsprogram jf. avtale med NORAD. – Gjennomføring av utvekslingsordninga mellom miljøvernforvaltninga og NORAD.

Saman med lokalt og regionalt miljøvernssamarbeid i Barentsregionen utgjer arbeidet under den bilaterale miljøkommisjonen det viktigaste bidraget frå norsk side til Barentssamarbeidet på miljøområdet. Under formannskapsperioden for Barentsrådet – miljø, som gjekk fram til hausten 2001, la ein frå norsk side vekt på å implementere handlingsprogrammet for miljøvern og berekraft-

tig utvikling. Prioriterte område har vore å utvikle og gjennomføre tiltak som reduksjon av forureining, vern av biologisk mangfald, berekraftig bruk av naturressursar, vern av kulturminne, utvikling av russisk regional miljøvernforvaltning og NGO-samarbeid. Tiltak som har å gjere med befolkninga si helse, kulturelle band og naturgrunnlag har blitt spesielt prioriterte. Ein har

vidare søkt å utvikle samarbeid innan energi- og helsesektoren. Det har blitt lagt stor vekt på å stimulere til og styrkje det regionale og lokale folk til folk-samarbeidet som eit fundament for Barentssamarbeidet. Samarbeid mellom urbefolkningar har fått spesiell merksemd. Sverige overtok formannskapet i Barentsrådet – miljøhausten 2001.

Arbeidsmål 2.1. Særleg merksemd mot oppfølging av moderniseringsprosjektet i nikkilverket i Petsjenga, styrking av miljøkompetansen i forvaltning og industri og implementering av tiltak slik at grenseoverskridande forureining blir redusert. Auka fokus på biomangfald og kulturminne i Nordvest-Russland.

Tre område har hovudprioritet: det grensenære miljosamarbeidet, natur- og kulturforvaltning i Kenozero, og vern av dei nordlege havområda. Samarbeid på klima- og energiområdet er òg høgt prioritert. Når det gjeld grensenære område står arbeidet med modernisering av nikkilverket i Petsjenga sentralt. Det gjeld òg samarbeid med miljøvernforvaltninga om oppfølging av dette prosjektet. Når det gjeld vern og bruk av naturressursar og biologisk mangfald, har den norsk-russiske gruppa for biodiversitet eit koordinert samarbeid med Sverige og Finland om prosjekt i Russland. Fylkesmannen i Finnmark samarbeider med miljøvernstyresmaktene i Murmansk om forvaltning av det felles verneområdet i Pasvik. På kulturminneområdet har objekt på UNESCO-lista og samarbeid om kulturminne i grenseområda stått sentralt. Dei fleste store industrikombinata i Barentsregionen har delteke i program for reinare produksjon og dei første investeringsprosjekta er no godkjende under NEFCO-fondet for reinare produksjon. Det er starta arbeid med sertifisering av ei mekanisk bedrift etter miljøsertifiseringssystemet ISO 14001, og det blir halde introduksjonsseminar om temaet for russiske bedrifter. Vidare er det starta eit arbeid med å utvikle og etablere eit system for miljøovervaking av radioaktivitet og andre miljøgifter i dei nordlege havområda. Dette programmet skal integrerast i det nasjonale overvakingsprogrammet. Ei norsk-russisk gruppe for oljevernberedskap har starta eit arbeid om vurdering av framtidig beredskap knytt til kommande petroleumsaktivitet og petroleumstransport på norsk og russisk sokkel.

Ei internasjonal gruppe av eksperter meiner at dei planane som ligg føre for modernisering av

nikkelverket i Petsjenga, vil redusere utsleppa av SO₂ med minst 90 % og utsleppa av tungmetall til luft med minst 90 %. Alle sentrale føresetnader knytte til moderniseringsprosjektet er no på plass. Dei sentrale avtalene knytte til det norske tilskottet blir venteleg undertekna i oktober 2001. Det er planlagt å sette prosjektet i gang i 2001.

Arbeidsmål 3.1. Påverke utforminga av politikken på miljøområdet i EU.

I Europa er EU vår viktigaste samarbeidspartner. EØS-avtala er den primære ramma og innfallsporten til samarbeidet med EU. EØS-avtala blir stadig meir omfattande ettersom nye rettsakter kjem til i avtala. Avtala sin innverknad for norsk politikk aukar tilsvarande.

Regjeringa følgjer kontinuerleg med i utforminga av politikken i Kommisjonen og Rådet. Rådet har vedteke felles haldning for det 6. miljøhandlingsprogrammet. Programmet har 4 hovudsatsingsområde: klima, helse og miljø, biologisk mangfald og berekraftig ressursforvaltning. Frå norsk side har ein følgd utarbeidinga av programmet. Hovudtrekka i programmet samsvarar godt med norsk miljøvernpolitikk.

Det er utarbeidd ein strategi for berekraftig utvikling som vart behandla i Det europeiske råd i juni 2001. Denne vil vere Fellesskapet sitt bidrag til FN-toppmøtet i Johannesburg (Rio+10) i 2002. Kommisjonen er i ferd med å utarbeide eit regelverk for ansvar ved miljøskadar. Direktiv for miljøinformasjon og allmenn deltaking i avgjerdsprosessar er til behandling i Rådet. Regjeringa vil prioritere å få innverknad på dei sakene som er viktige for Noreg, som f.eks. på klimaområdet og på område der Noreg har eit regelverk som tek betre omsyn til helse, miljø og tryggleik (f.eks. kjemikaliefeltet og genteknologi).

Arbeidsmål 3.2. Sikre ei effektiv gjennomføring i norsk lovverk av EU-rettsakter som blir sett på som relevante og akseptable.

Det er lagt stor vekt på å sikre ei rask og effektiv gjennomføring i norsk lovverk av EU-rettsakter som blir sett på som relevante og akseptable. Av aktuelt regelverk kan nemnast: overvaking og kontroll av avfallstransportar, reduksjon av utslepp av flyktige organiske sambindingar frå industriprosessar og avgrensing i bruk av farlege stoff og preparat.

Arbeidsmål 4.1. Medverke til at miljøkonsekvensar blir analyserte og miljøomsyn integrerte i forhandlingane i WTO og i regelverket.

Forhandlingar som pågår i Verdas Handelsorganisasjon (WTO) og som omfattar områda landbruk, tenester og intellektuelle eigedomsrettar og eventuelle nye tema i samband med ein ny runde, som m.a marknadstilgang, investeringar, konkurransepolitikk m.v., vil kunne gi verknader for både miljøtilstanden og val av verkemiddel i miljøvernpolitikken. Noreg legg vekt på at miljøomsyn skal integrerast i WTO-forhandlingane og i handelsregelverket, for å sikre at handelssystemet medverkar til berekraftig utvikling. Det er vidare lagt vekt på at miljøkonsekvensar blir vurderte både m.o.t. miljøtilstanden og bruken av verkemiddel for dei sektorane som blir ytterlegare liberaliserte. Vurderingar av miljøkonsekvensar er starta i første omgang på områda landbruk, fiskeri og transporttenester. Desse vil inngå i grunnlaget for vidare utforming av norske posisjonar.

Arbeidsmål 5.1. Medverke til at OECD integrerer miljøomsyn i arbeidet sitt og utarbeider analysar og retningslinjer som kan fremje ei berekraftig utvikling.

OECD arbeider aktivt for å styrkje den tverrfaglege integreringa av miljøomsyn i organisasjonen si samla verksemd. Berekraftig utvikling er nedfelt som ei sentral målsetjing for heile OECD-området. Eit tverrsektorielt treårig prosjekt for berekraftig utvikling munna ut i ein rapport til eit møte for finans- og miljøvernministrane i mai 2001. Rapporten gir eit praktisk rammeverk for utforming av politikk som fremjar berekraftig utvikling m.a ved å føreslå ei rekkje tiltak for å få marknadskrefter til å verke for berekraftig utvikling, styrkje avgjerdsprosessar, utnytte tilgjengeleg vitskap og teknologi og å handtere koplingar til den globale økonomien. I rapporten er det spesielt fokusert på klimaendringar og forvaltning av naturressursar, to område der risikoen for ei utvikling som ikkje er berekraftig blir sett på som spesielt høg.

Miljøvernministrane vedtok i mai 2001 ein miljøvernstrategi for dei neste 10 åra som gir målsetjingar for OECD-landa sin miljøpolitikk og nasjonale tiltak for å nå desse. Dei fem overordna målsetjingane er: å halde oppe integriteten i økosystema, kople økonomisk vekst vekk frå det å forringe miljøet, bruke indikatorar til å måle framsteg og betre informasjonsgrunnlaget for avgjer-

der, betra livskvalitet, og styrkt internasjonal miljøstyring og samarbeid. For kvar av målsetjingane er oppgitt dei viktigaste utfordringane, nasjonale tiltak for å møte utfordringane, indikatorar til å måle framsteg og forslag til OECD sitt vidare arbeid. Prioriteringane, både i berekraftprosjektet og i miljøvernstrategien, samsvarer godt med norsk miljøvernpolitikk.

Arbeidsmål 5.2. Utvikle vidare det regionale miljø-samarbeidet i Europa, innan UNECE med spesiell vekt på «Miljø for Europa-prosessen».

«Miljø for Europa-prosessen» går føre seg som ein brei samarbeidsprosess som involverer ECE-landa, internasjonale organisasjonar (særleg OECD, ECE, UNEP, WHO og Europarådet), internasjonale finansieringsinstitusjonar (særleg EBRD, Verdsbanken og NEFCO) og ikkje-statlege organisasjonar. Det blir lagt vekt på å styrkje eksisterande konvensjonsarbeid, utarbeide nye konvensjonar og protokollar, styrkje miljøvernforvaltninga og finansiere miljøvernprosjekt i dei sentral-, søraust-, og austeuropiske landa, og å styrkje offentleg deltaking i avgjerdsprosessar som kan påverke miljøet. Spesiell vekt vil i denne perioden bli lagt på miljøvernproblem i dei tidlegare sovjetrepublikkane og i statane på Balkan.

Arbeidsmål 5.3. Medverke til betre organisering av internasjonalt miljøvernarbeid og implementering av internasjonale konvensjonar.

FN sitt miljøvernprogram UNEP har sentrale funksjonar for overvaking- og analyse og tek initiativ til forhandlingsprosessar om miljøvernavtaler. Det er i dag brei internasjonal semje om at UNEP må styrkjast. Dette føreset ei adekvat, planmessig og stabil finansiering. I regi av UNEP er det etablert ei ministergruppe som skal komme med anbefalingar om korleis ein kan styrkje internasjonal forvaltning på miljøområdet. Ministergruppa sine anbefalingar skal leggjast fram på det globale miljøvernministermøtet i februar 2002 og vil leggje viktige premisser for m.a drøftingane på FN-toppmøtet om berekraftig utvikling i Johannesburg i september 2002. Departementet medverka aktivt i arbeidet for berekraftig forvaltning av genressursar på internasjonalt nivå, inklusive FAO-forhandlingar om landbruksgenetiske ressursar og prosessar kopla opp mot patentvern av bioteknologiske ressursar.

Arbeidsmål 5.4. Støtte prosessane fram mot og delta aktivt på toppmøtet om berekraftig utvikling i Johannesburg i 2002 og følgje opp CSD sitt arbeidsprogram.

FN-toppmøtet om berekraftig utvikling skal heldast i september 2002 i Johannesburg i Sør-Afrika. Den nasjonale førebuingssprosessen er starten for å identifisere viktige saker for Noreg til møtet. Eit ledd i dette er den utlyste visjonskonkurransen blant norsk ungdom. Det har nyleg vore halde eit regionale førebuande minister møte i Genève.

Arbeidsmål 6.1. Medverke til å vidareutvikle og følgje opp det bilaterale miljøvernssamarbeidet mellom Noreg og respektive Indonesia, Kina, Sør-Afrika og andre sentrale samarbeidsland.

Den andre programperioden (2000-2004) i miljøvernssamarbeidet mellom Noreg og Sør-Afrika er komme godt i gang, og dei fleste miljøprosjekta er no under implementering. Strategiske konsultasjonar mellom dei to miljøverndepartementa både på politisk og administrativt nivå inngår som ein viktig del av avtala, og det har vore arrangert to slike møte i løpet av året.

Det tredje arbeidsprogrammet i miljøvernssamarbeidet mellom Indonesia og Noreg vart avslutta i 2000. I 2001 undertekna dei to landa eit «Letter of Intent» om ei vidareføring av miljøvernssamarbeidet i 2001-2004 innanfor ei økonomisk ramme på NOK 20 mill.

Miljø er prioritert i samarbeidet mellom Kina og Noreg. Det har vore ein tett miljøpolitisk dialog om det internasjonale miljøvernssamarbeidet. Vidare omfattar det bilateralt samarbeid, teknisk assistanse og institusjons- og kapasitetsbygging.

Arbeidsmål 6.2. Medverke til å vidareutvikle miljøforvaltninga sine fagsenter for miljøbistand.

I løpet av dei siste to åra har NORAD inngått rammeavtaler med 7 miljøfagsenter: Miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning, Statens forureiningstilsyn, Riksantikvaren, Statens kartverk, Noregs Landbrukshøgskole og Havforskingsinstituttet. Fagsentra skal vere ein kompetansebase for NORAD innan miljøbistand, og skal stille til rådvelde sin fagkompetanse innanfor dei fagområde og arbeidsfelt dei er ansvarlege for i statsforvaltninga. Fagsentra arbeider òg for å etablere eit nærmare institusjonelt samarbeid med søsterorganisasjonar i utviklingsland. Her blir det fokusert på å bygge opp kapasitet i miljøforvalt-

ninga og å medverke konstruktivt til implementering av internasjonale miljøavtaler.

Verkemiddel

Resultatområde 8 – underområda internasjonalt miljøvernssamarbeid, miljøvern i polarområda og radioaktiv forureining finansierast hovudsakleg på kap. 1400, 1410 og 1471.

Drifta av det bilaterale miljøssamarbeidet med Russland og Baltikum blir finansiert over kap. 1400 post 21, mens prosjektsamarbeidet og støtte til NEFCO sitt miljøutviklingsfond blir finansiert med midlar frå kap. 0197 post 70 – Tilskot til tiltak innan atomtryggleik og samarbeidsprogrammet med Sentral- og Aust-Europa blir finansiert over Utanriksdepartementet sitt budsjett. Årleg løyving til NEFCO sin grunnkapital er delt mellom Miljøverndepartementet og Utanriksdepartementet.

Det nordiske miljøfondet som er administrert av NEFCO blir brukt åleine eller saman med NEFCO sine ordinære investeringsmidlar til å iverksetje miljøprosjekt i Nordvest-Russland og dei baltiske statane. Det gjeld særleg prosjekt det elles har vist seg vanskeleg å få realisert. Når det gjeld dei baltiske landa, skal investeringane føre til at EU sine direktiv og HELCOM sin anbefalingar på miljøområdet blir oppfylte der dette er relevant. Viktige prosjektområde er energi- og klimatiltak, reinare teknologi, rehabilitering av vass- og avløpsverk og reduksjon av diffuse utslepp frå landbrukssektoren.

Miljøverndepartementet sitt viktigaste verkemiddel i samarbeidet med Russland er den bilaterale miljøkommisjonen, dei fem arbeidsgruppene under kommisjonen og to program (reinare produksjon og miljøforvaltning). Det regionale miljøvernssamarbeidet mellom Finnmark fylke og Murmansk fylke rapporterer òg til miljøvernkommisjonen. Miljøvernkommisjonen møtest årleg og vedtek arbeidsprogramma for to år av gongen. Lokale og regionale samarbeidstiltak og tiltak under den bilaterale miljøkommisjonen utgjer eit vesentleg bidrag frå norsk side til Barentssamarbeidet på miljøområdet.

Arktisk Råd vart formelt oppretta 19. september 1996 i Ottawa av dei fem nordiske land, Russland, USA og Canada. I tillegg møter som faste medlemmer, men utan stemmerett, representantar frå The Inuit Circumpolar Conference, Samerådet og The Association of Indigenous Minorities of the North, Siberia and the Far East of the Russian Federation. Hovudformålet med Arktisk Råd er å fremje samarbeid, koordinering og samhand-

ling mellom landa i felles arktiske saker på ei rekkje område. Sekretariatet for Arktisk Råd roterer blant landa.

Under det norske formannskapet i det nordiske regjeringssamarbeidet i 2002 vil oppfølginga av den nordiske strategien for berekraftig utvikling og miljøhandlingsprogrammet få ein sentral plass. I oppfølginga av strategien, er det avgjerande at dei ansvarlege sektorane medverkar. Viktige innsatsområde vil vere havmiljø og kystkultur, biologisk mangfald og genetiske ressursar, berekraftig byutvikling, informasjon og medverknad i Norden og nærområda og forskningssamarbeid på klimaområdet.

På EU/EØS-området er møte med EU-formannskap og med sentrale EU-land, Nordisk Ministerråd og nordiske «frukostmøte» i forkant av miljøvernministermøta i EU dei sentrale verkemidla på politisk plan. Noreg deltek òg i EU-møte på departementsrådsnivå (EPRG) og i ca. 30 ekspertgrupper på miljøområdet. Miljøverndepartementet har lånt ut ein person til det svenske miljøverndepartementet for å styrkje kontakten med EU sitt miljøarbeid. På nasjonalt plan blir det halde informasjonsmøte med frivillige organisasjonar og partane i arbeidslivet, og relevante saker blir sende på høyring til aktuelle partar. Det blir arbeidd med å betre tilgangen til informasjon for eksterne aktørar og auka deltaking i dei førebuaende EU/EØS-prosessane.

Utvikling av nye uformelle kanalar for å oppretthalde ein sterk innverknad på utforming av ny politikk i EU er eit viktig verkemiddel frå norsk side. Sidan Europaparlamentet har fått auka makt og innverknad i EU sine avgjerdsprosessar, vil det bli lagt vekt på å auke kontakten og dermed høvet til å øve innverknad overfor Europaparlamentet i saker der Noreg har spesielle interesser og der Noreg har noko å bidra med i europeisk samanheng. Klimaområdet og område der Noreg har eit regelverk som tek meir omsyn til helse, miljø og tryggleik (f.eks. kjemikaliefeltet og genteknologi) vil bli prioriterte i kontakten med EU.

Noreg gjennomfører fortløpande nye rettsakter på miljøvernområde som er aktuelle å innlemme i EØS-avtala. Det vil bli prioritert å gjennomføre vedtekne EU-rettsakter som m.a bilvrak, forvaltning av vassressursane og på områda bioteknologi og kjemikaliar. Når det gjeld andre direktiv som er under forhandling i Europaparlamentet og i Rådet, under dette reglar om tilgang til miljøinformasjon, allmenn deltaking i avgjerdsprosessar og nye reglar på området luftkvalitet, vil Regjeringa løpande vurdere behovet for norske merknader og førebu gjennomføring i norsk rett.

Ei langsiktig oppbygging av miljøvernforvaltninga i landa i Sentral-, Søraust og Aust-Europa er ei prioritert oppgåve for å kunne oppnå miljøforbetringar og leggje til rette for ei berekraftig utvikling. Regjeringa har m.a. lagt fram ein handlingsplan for auka kontakt og samarbeid mellom Noreg og søkjarlanda til EU. Miljø og berekraftig utvikling er eitt av hovudsatsingsområda i handlingsplanen som gjeld for perioden 2001-2006. Regjeringa vil medverke til at miljøbistand for m.a implementering av miljøkonvensjonar blir styrkt i Verdsbanken, UNESCO, UNEP, UNDP, WHO og andre.

Regjeringa vil følgje opp vidareføringa i UNEP av arbeidet med ei FN-reform på miljøområdet, m.a gjennom å delta aktivt i den pågåande mellomstatlege forhandlingsprosessen på ministernivå, der ein skal komme fram til forslag om korleis den internasjonale miljøforvaltninga kan styrkjast. I denne samanhengen vil ein særleg leggje vekt på å utvikle mekanismar som sikrar FN ei meir effektiv og heilskapleg tilnærming til miljøvern, m.a gjennom vidare å styrkje UNEP si rolle som sentral FN-autoritet på miljøspørsmål inklusive styrkt og meir planmessig finansiering, styrking av UNEP si koordineringsrolle overfor miljøkonvensjonane og betre koordinering mellom dei ulike konvensjonane på miljøområdet.

Ei sentral utfordring er etter norsk syn å dra nytte av den pågåande globaliseringa i kampen mot fattigdom og for bevaring av miljøet og den produktive kapasiteten i naturressursane. Noreg vil framleis prioritere arbeidet med berekraftig produksjon og forbruk. Noreg vil òg leggje stor vekt på å trekkje det sivile samfunnet og næringslivet aktivt og på ein forpliktande måte med i prosessen fram mot og i oppfølginga av toppmøtet i Johannesburg. Regjeringa vil arbeide for at CSD blir ein global møteplass der landa – i samarbeid med private aktørar – utviklar globalt politisk engasjement for å møte framtida sine utfordringar i arbeidet med berekraftig utvikling. Regjeringa vil arbeide for ein meir målretta kommisjon og om nødvendig for å endre CSD sitt arbeidsprogram og -metodar. Som ledd i dei politiske førebuingane samarbeider departementet òg med Oslo kommune om den europeiske konferansen av miljøbyar som ICLEI (International Council for Local Environmental Initiatives) vil halde i februar 2002. Dette vil involvere politiske og administrative leiarar frå byar over heile Europa. Informasjon vil vere eit viktig verkemiddel for å vekke interesse og auke kunnskapen om berekraftig utvikling.

Det globale miljøfondet (Global Environment Facility: GEF) finansierer dei globale miljøavta-

lene. GEF vart oppretta for å dekkje tilleggskostnadene ved tiltak som gir globale miljøfordelar innanfor områda vern av biologisk mangfald, klima, ozon, internasjonale vasspørsmål og ørken-spreiing. For inneverande fireårsperiode disponerer GEF ca. 2.7 mrd. USD. Fondet har nyleg vedteke retningslinjer for bruk av midlar til støtte for den globale miljøgiftavtala (POP-avtala).

Strategien for miljøretta utviklingssamarbeid 1997-2005 framhevar satsingsområde som berekraftige produksjonssystem, berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, redusert forureining, kulturminnevern og forvaltning av dei kulturelle verdiane i naturmiljøet, og strategien er eit viktig dokument for å sikre integrasjon av miljøomsyn i norsk bistand. Miljøverndepartementet medverkar på ulike måtar til å styrkje miljøintegrasjonen i det norske utviklingssamarbeidet. Dokumentet Utvikling, fattigdom og miljø: Miljøpolitiske prioriteringer 2001-2005 gir føringar for implementering av strategien. Dei bilaterale miljøvernavtalene opnar for eit nært miljøpolitisk og fagleg samarbeid mellom miljøverndepartementa i Noreg og respektive Kina, Indonesia og Sør-Afrika, og gir ein god arena for miljøpolitiske samtaler av både nasjonal og global karakter. Vidare er dei nyoppretta miljøfagsentra sentrale miljørådgivarar for NORAD og samarbeidspartnarar i fleire utviklingsland. Utvekslingsordninga mellom NORAD og miljøforvaltninga (1999-2002) har ført til ei gjensidig styrking av den bistands- og miljøfaglege forståinga i organisasjonane. Det kan òg nemnast at det frå norsk side gis støtte til at u-land kan delta i sentrale internasjonale miljøprosessar og møte.

16.2 Miljøvern i polarområda

Definisjon og avgrensing

På Svalbard og i Antarktis forvaltar Noreg nokre av dei siste store områda på jorda med relativt urørt natur. Dei urørte naturområda i verda blir raskt reduserte i omfang. Slike område har stor eigenverdi, er viktige for bevaring av det biologiske mangfaldet, og har aukande verdi både for opplevingar og som referanseområde for miljøovervaking og miljøvernforskning. Innanfor dei norske polarområda er hovudutfordringa å unngå at utnyttinga av dei levende ressursane i havet, petroleumsverksemd og bergverksdrift, eller den

raskt aukande turismen og forskingsaktiviteten blir eit trugsmål mot det biologiske mangfaldet, dei urørte naturområda og kulturminna. Forureinande utslepp frå kjelder utanfor polarområda, som f.eks. klimagassar, ozonreduserande stoff, miljøgifter og faren for utslepp av radioaktive stoff, er òg eit trugsmål mot miljø og livsgrunnlaget i desse områda. Resultatområdet omfattar arbeidet med alle miljøutfordringane på Svalbard, Jan Mayen og i Barentshavet, og dei norske bilanda i Antarktis og Antarktis-samarbeidet.

Strategiske mål

Dei store, samanhengande villmarksområda på Svalbard og i Antarktis skal saman med kulturminna sikrast mot vesentlege inngrep og påverknader. Svalbard skal framstå som eitt av dei best forvalta villmarksområda i verda, og busetnadene skal drivast på ein miljøforsvarleg måte for å sikre miljø og trivsel. Noreg skal arbeide for at Barentshavet blir teke vare på som eitt dei reinaste havområda i verda, og at ressursutnyttinga går føre seg innanfor rammer som sikrar at det biologiske mangfaldet blir halde oppe på kort og lang sikt.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Statusbeskriving

Arbeidsmål 7.1. Styrkje kunnskapen om dei marine økosystema.

Departementet starta i 2001 eit nytt forskingsprogram i regi av NFR spesielt retta mot effektane av klimaendringane på økosystema i havområda i nord.

Arbeidsmål 8.1. Avgrense den menneskelege påverknaden på bestandsutviklinga hos utvalde arter.

Ei rekkje tiltak er sette i verk, inkludert vern av område og arter, og dette har medverka til at naturmiljøet er godt bevart, og til at ei rekkje dyrebestandar som tidlegare var truga som følgje av for sterk utnytting, i dag er restituerte eller i vekst, som m.a. svalbardrein, kvalross og isbjørn.

Tabell 16.2 Mål- og indikatortabell for resultat område 8 underområde Miljøvern i polarområda.

Nasjonale mål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
7. Utnytting av ressursane i Barentshavet skal ikkje føre til at arter eller bestandar blir truga eller utrydda.	7.1. Styrkje kunnskapen om dei marine økosystema.	– Forskings- og registreringsprosjekt som er sette i gang. – Framlagde resultat/ publikasjonar. – Storleiken på utvalde marine bestandar og ICES sine kvoteanbefalingar.
8. Bestandar av arter som i dag er rekna som truga eller på annan måte negativt påverka av arealbruk, hausting og/eller forureining skal takast vare på og om mogleg byggast opp att.	8.1. Avgrense den menneskelege påverknaden på bestandsutviklinga hos utvalde arter.	– Bestandsstatus for utvalde arter. – Talet på arter som har endra status på raudlista for Svalbard og Jan Mayen.
9. Omfanget av saman-hengande villmarksområde på Svalbard skal søkjast oppretthalde. Eit representativt utval av natur på Svalbard skal sikrast mot vesentlege inngrep og påverknad gjennom særskilde vernevttak innan år 2002. Viktige marine naturverdiar rundt Svalbard skal sikrast.	9.1. Styrkje områdevernet på Svalbard og bevare omfanget av villmarksprege naturområde utanfor verneområda.	– Omfanget av urørt villmark på Svalbard. – Fråvær av gjennomgåande «linjeinngrep». – Områdevernet sin representativitet og vernestatus. – Talet på verneområde der vernevedtektene er oppgradert. – Omfanget av område med vernestatus. – Iverksette verne- og forvaltningstiltak i marine område innan år 2005.
10. Eit representativt utval av kulturminne på Svalbard og Jan Mayen skal søkjast bevart som eit vitskapeleg kjeldemateriale og eit grunnlag for opplevingar for framtidige generasjonar. Tapet av kulturminne som følge av menneskeleg verksemd skal i gjennomsnitt ikkje overstige 0,1 % årleg.	10.1. Avgrense menneskelege skadeverknader på og bevare kulturminne og kulturmiljøet.	– Talet på og omfang av registrerte kulturminne og kulturmiljø. – Gjennomsnittleg, årleg tap av kulturminne i %. – Gjennomføring av tiltak i medhald av kulturminneplanen for Svalbard og miljøhandlingsplanen for Jan Mayen innan respektive 2002 og 2005.
11. Transport og ferdsel på Svalbard skal ikkje medføre vesentlege eller varige skadar på vegetasjonen eller forstyrre dyrelivet. Høva til å oppleve naturen uforstyrta av motorisert ferdsel skal sikrast og i område som er lett tilgjengelege frå busetnadene.	11.1. Avgrense og styre ferdsla på Svalbard.	– Omfanget av motorisert ferdsel på Svalbard. – Geografisk utstrekning av snøscooterfrie område. – Ferdselsslitasje i utvalde område.

Arbeidsmål 9.1. Styrkje områdevernet på Svalbard og bevare omfanget av villmarksprege naturområde utanfor verneområda.

Forslag til nye verneområde og ei konsekvensutgreiing er under utarbeiding og vil seinare bli sendt på høyring. Sidan det er samanheng mellom forskrifter som blir fastsette i medhald av miljølova for Svalbard og verneføresegnene i verneplanen er det naturleg at forskriftene blir høyrde først. Det vil skje hausten 2001.

Arbeidsmål 10.1. Avgrense menneskelege skadeverknader på og bevare kulturminne og kulturmiljøet ved gjennomføring av tiltak

Det er sett i verk overvaking av slitasje på kulturminne, og det er gjennomført tiltak for å bevare kulturminne som sto i fare for å bli øydelagt m.a. på grunn av erosjon i strandsona. Vidare er det utarbeidd ein plan for bevaring av tekniske og industrielle kulturminne i Ny-Ålesund og i Longyearbyen. Det er òg gjennomført utgravingar og registreringar av nyleg oppdaga russiske tufter.

Arbeidsmål 11.1. Avgrense og styre ferdsla på Svalbard.

Det er sett i gang eit arbeid med eiga forskrift som skal regulere ferdsla slik at denne ikkje reduserer omfanget og kvaliteten på villmarksområda. Det er òg lagt vekt på å sikre at ferdsel i dei villmarksprege områda i dag ikkje øydelegg eller reduserer kulturminna på lengre sikt. Det er sett i gang overvaking av den motoriserte ferdsla.

Verkemiddel

Finansieringa av resultatområde 8, underområde miljøvern i nordområda, blir dekt over Norsk Polarinstitutt si budsjetttramme, jf. kap. 1471, men òg kap. 1400 inneheld budsjettmidlar som skal medverke til finansieringa av dette resultatområdet i 2002.

Eit viktig verkemiddel for miljøvernforvaltninga på Svalbard er eit uttømmende og strengt regelverk som set klare rammer for all verksemd på øygruppa, og eit effektivt apparat for handheving som kan oppdage og straffefølgje brot på regelverket. Ei ny miljøvernlov for Svalbard vart vedteken av Stortinget i 2001. Forskrifter som må ligge føre når lova trer i kraft, under dette forskrift om ferdsel, vil bli sendt på høyring hausten 2001. Lova med tilhøyrande forskrifter vil tre i kraft i løpet av 2002. Lova skal setje miljøvise ram-

mevilkår for all aktivitet på øygruppa og er i tråd med Noreg si rett og plikt etter Svalbardtraktaten til å gi miljøvernreglar. Lova vil i tråd med traktaten bli brukt og handheva likt overfor borgarar og selskap frå alle traktatpartar.

Andre verkemiddel som er tekne i bruk er velordna registrering og overvaking av sentrale miljøkomponentar og aktive vernetiltak.

Omsynet til miljøet i polarområda vil bli innarbeidd i dei sektorvis miljøhandlingsplanane i dei ulike departementa, med særleg vekt på fiskeriativitet, industrielle verksemdar, turisme og forskning.

Eit godt kunnskapsgrunnlag basert på forskning er ein føresetnad for at Noreg skal kunne forvalte sine polare territorium på ein økologisk forsvarleg måte. Norsk polarforskning av høg internasjonal kvalitet er òg ein føresetnad for at Noreg skal kunne spele ein aktiv rolle i den vidare utviklinga av det internasjonale forskings- og miljøvernssamarbeidet i polarområda.

Et internasjonalt samarbeid for å verne trekjande arter og hindre langtransportert forureining er òg eit viktig verkemiddel.

Vidare er informasjon eit verkemiddel for å spreie kunnskap om Regjeringa sin miljøpolitikk for Svalbard.

16.3 Radioaktiv forureining

Definisjon og avgrensing

Ei rekkje atomreaktorar, nukleære anlegg og avfallslager i våre nærområde representerer ein reell risiko for ulykker som kan medføre monaleg radioaktiv forureining av norske område. Det finst òg fleire kjelder med regulære utslepp som medfører radioaktiv forureining av norske havområde. Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere utslepp og risiko for framtidige ulykker som kan medføre radioaktiv forureining som kan påverke naturmiljøet. Internasjonalt går dette arbeidet føre seg m.a i regi av Londonkonvensjonen og Oslo- og Paris-konvensjonane, og gjennom felles innsats for å løyse atomproblema i Nordvest-Russland. Strålevern og helseverknader av radioaktiv forureining ligg under Sosial- og helsedepartementet sitt ansvarsområde.

Strategiske mål

Noreg skal medverke til å redusere utslepp og risiko for utslepp av radioaktive stoff som kan føre til forureining av norsk miljø.

Tabell 16.3 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Radioaktiv forureining.

Nasjonale mål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
12. Samarbeidet med Russland skal medverke til å redusere risikoen for radioaktiv forureining av norske land- og sjøområde for å unngå moglege konsekvensar for helse, miljø og næringsverksemd.	12.1. Redusere faren for radioaktiv forureining av miljøet frå avfallslager, nukleære anlegg og transport av radioaktivt materiale i Noreg sine nærområde.	– Gjennomførte felles norsk-russiske seminar/kurs om utgreiing av miljøkonsekvensar. – Gjennomførte tryggleikstiltak. – Gjere eit overslag over atomtryggleiks- og avfallssituasjonen i Nordvest-Russland. – Status og planar for transport av radioaktivt materiale langs norskekysten.
13. Noreg skal arbeide for at utsleppa av radioaktive stoff frå reprosesseringsanlegg i våre nærområde skal reduserast monaleg.	13.1. Arbeide for reduksjon og stans i utsleppa gjennom kontaktar med involverte land og samarbeid innanfor relevante internasjonale fora.	– Resultat frå overvakingsprogrammet. – Reduksjon av utslepp frå Sellafield.
14. Utslepp av radioaktive stoff frå nasjonale kjelder skal avgrensast til nivå som ikkje påverkar naturmiljøet.	14.1. Kartleggje kjeldene og avgrense utsleppa til nivå som ikkje påverkar naturmiljøet.	– Samla utslepp av radioaktive stoff frå nasjonale kjelder blir målt.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Statusbeskriving

Arbeidsmål 12.1. Redusere faren for radioaktiv forureining av miljøet frå avfallslager, nukleære anlegg og transport av radioaktivt materiale i Noreg sine nærområde.

I 1999 vart det starta eit arbeid med å hjelpe russiske styresmakter når det gjeld å utvikle krav og kriterium til utgreiingar av miljøkonsekvensar ved godkjenning av prosjekt og som skal hindre radioaktiv forureining i Nordvest-Russland. Ein rapport frå første fase av dette prosjektet vart lagt fram i mai 2001. Rapporten peiker m.a på behovet for betre kontakt mellom tiltakshavar og styresmakter på eit tidleg stadium i prosessen, og avklaring av ansvarsforhold på russisk side for konkrete prosjekt.

Det er sett i gang ei norsk/russisk konsekvensvurdering av ulykkesscenarium ved atomanlegga i Majak, målingar av radioaktivitet i det marine miljø ved reinseanlegget RTP Atomflot i Murmansk, og radioaktiv forureining av elva Jenisej frå atomanlegget i Krasnojarsk. Vidare omfattar dette vurdering av landområde som er særleg sårbare for radioaktiv forureining, felles russisk-norsk automatisk målenettverk i Mur-

mansk-regionen, og etablering av eit felles overvakingsprogram for radioaktivitet i nordlege havområde.

Den russiske presidenten undertekna i 2001 ei lov som tillet import av brukt kjernebrensel til Russland. Dette kan medføre transport av kjernebrensel og radioaktivt avfall mellom europeiske reprosesseringsanlegg og kjernekraftverk i Japan via den nordlege sjøruta og norske farvatn. Noreg vil markere overfor involverte land at slike transportar er sterkt uønskte, og arbeide for at det så raskt som mogleg blir vedteke eit internasjonalt regelverk om transport av radioaktivt avfall. I påvente av dette blir det arbeidd med bilaterale avtaler om notifikasjon av slik transport, m.a med Russland. Noreg vil òg setje saka på dagsordenen under den 5. Nordsjøkonferansen i 2002.

Arbeidsmål 13.1. Arbeide for reduksjon og stans i utsleppa gjennom kontaktar med involverte land og samarbeid innanfor relevante internasjonale fora.

Dei totale utsleppa av radioaktive stoff til det marine miljø er vesentleg reduserte i forhold til tidlegare. Reprosesseringsanlegget i Sellafield i England har likevel sidan 1994 sleppt ut store mengder av det radioaktive stoffet Technetium-99 og som seinare er målt i tang og hummar langs norskekysten. Noreg har fleire gonger vendt seg til britiske styresmakter med oppmodning om å

redusere utsleppa. I OSPAR-samanheng samarbeider Noreg med Danmark, Irland og andre aktuelle land for å få stansa utsleppa frå Sellafield og andre reprosesseringsanlegg. På OSPAR-kommisjonen sitt møte i juni 2000 vart det fatta vedtak om å arbeide for ein overgang frå reprosessering til direkte lagring av brukt kjernebrensel. Frankrike og England, som har dei aktuelle anlegga, reserverte seg likevel mot vedtaka. Trykket på britiske styresmakter når det gjeld Sellafield vil bli halde oppe, m.a ved å ta saka opp på den 5. Nordsjøkonferansen i 2002.

Arbeidsmål 14.1. Kartleggje kjeldene og avgrense utsleppa til nivå som ikkje påverkar naturmiljøet.

Gjennom det nasjonale overvakingsprogrammet for radioaktiv forureining i det marine miljø vil norske styresmakter halde seg løpende orientert om den radioaktive forureininga langs norskekysten. Overvakingsprogrammet, som er leia av Statens strålevern, har vore i ein oppbyggingsfase i 1999 og 2000. Hausten 2000 vart programmet òg justert noko etter Kursk-ulykka. Det er i denne samanhengen etablert eit norsk/russisk samarbeid om marin overvaking og vurderingar av konsekvensar, samtidig som overvakinga av Finnmarkskysten og radioaktivitet i fisk vil bli utvida. I 2001 er òg overvakinga av radioaktiv forureining av landmiljøet blitt styrkt. Programmet omfattar samtidig utslepp av radioaktive stoff frå nasjonale kjelder. Dette arbeidet har så langt vore fokusert på utslepp frå dei nukleære anlegga i Halden og på Kjeller, og forbruk av opne radioaktive kjelder ved sjukehus, oljeindustri og forskingsaktivitet. Overvakingsprogrammet vil bli ført vidare og styrkt i 2002.

Verkemiddel

Finansieringa av resultatområde 8, underområde radioaktiv forureining, er i hovudsak dekt over kap. 1410, mens det òg på kap. 1400 er sett av midlar til dette underområdet. Finansieringa på kap. 1410 dekkjer m.a ei vidareføring av overvakingsprogrammet for radioaktivitet langs norskekysten og eit terrestrisk overvakingsprogram. Midlar til prosjektsamarbeidet med Russland kjem frå kap. 0197 post 70 – Tilskot til atomtryggleikstiltak og samarbeidsprogrammet med Sentral- og Aust-Europa over Utanriksdepartementet sitt budsjett.

Gjennom ein samarbeidsavtale mellom Miljøverndepartementet og Sosial- og helsedepartementet ved Statens strålevern, vart Strålevernet i 1999 formelt Miljøverndepartementet sin fagin-

stans på området radioaktiv forureining av miljøet. Dette inneber ein tryggleik for at Miljøverndepartementet sine noverande og framtidige plikter på dette området vil bli ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Miljøverndepartementet sitt behov for slik ekspertise vil truleg auke i åra framover m.a som følgje av ulykka med atomubåten Kursk, planar om transportar av radioaktivt avfall i eller i nærleiken av norske farvatn, og aukande fokus på utsleppa frå Sellafield. Det er òg generelt aukande internasjonal fokus på vern av miljøet mot radioaktiv forureining. Det blir arbeidd aktivt med nye kriterium for utslepp og det er aukande satsing på forskning av moglege effektar på naturmiljøet som følgje av eksponering frå radioaktive stoff.

17 Resultatområde 9: Regional planlegging

Definisjon og avgrensing

Programområdet omfattar planlegging og utgreiing etter føresegnene om planlegging og konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova. Verksamda er kjenneteikna av at planlegginga skal vere eit sentralt verkemiddel for å fremje og sikre den utviklinga som kommunane og fylka ønskjer, både fysisk og økonomisk, sosialt og kulturelt. Samtidig skal planlegginga ivareta dei nasjonale og regionale interessene som m.a. ligg i å sikre ei berekraftig arealforvaltning. Planlegginga må derfor vere sektorovergripande. Ansvaret for planlegginga ligg i hovudsak til kommunestyra og fylkestinga, men skal skje i nært samråd med statlege fagstyresmakter, organisasjonar og innbyggjarar. Miljøverndepartementet er statleg planstyresmakt etter lova og har som oppgåve, i samarbeid med andre departement, å utvikle og formidle nasjonale mål for planlegginga i fylke og kommunar, arbeide med lov og forskrifter, behandle enkeltsaker og sikre riktig bruk av lov og plansystem gjennom rettleiing og opplæring.

Strategiske mål

Den regionale planlegginga skal medverke til å utvikle eit samfunn som tek vare på viktige felles verdiar og grunnleggjande levekår for ulike grupper innanfor dei rammer som ei berekraftig utvikling set. Ei opa haldning, innsyn og deltaking blir lagt vekt på i planprosessane. Dei strategiske måla er nedfelt i St.meld. nr. 29 (1996-97) Regional planlegging og arealpolitikk.

Tabell 17.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 9 Regional planlegging.

Nasjonale resultatmål	Resultatindikatorar
1. Planlegginga i kommunane skal samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga innanfor kommunen sine område.	– Talet på kommunar med ny/revidert kommuneplan i siste kommunevalperiode.
2. Kommunal arealplanlegging skal skje innanfor rammene for nasjonal politikk, slik den kjem til uttrykk m.a. i St.meld. nr. 29 (1996-97) Regional planlegging og arealpolitikk, med særleg vekt på rikspolitiske retningslinjer.	– Departementet si politikkformidling retta mot fylke/kommunar – Talet på og typar motsegn saker avgjort av departementet og endringar gjort av eigengodkjende planar.
3. Fylkesplanlegginga skal samordne staten, fylkeskommunane og hovudtrekka i kommunane si fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle verksemd retta inn mot regional utvikling.	– Talet på godkjende planar der det ikkje er vesentleg avvik i forhold til nasjonal politikk. – Avvik mellom mål og strategiar i kommune- og fylkesplan. – Talet på fylke der regionalt utviklingsprogram (RUP) er integrert i fylkesplanen sitt handlingsprogram.
4. Fylkesplanlegginga skal samordne og styre bruk og vern av areal- og naturressursar over kommunegrensene.	– Talet på godkjende fylkesplanar og delplanar med konkrete retningslinjer for areal- og naturressursar. – Talet på godkjende fylkesplanar og delplanar med retningslinjer for senterstruktur og varehandel.
5. Plan- og bygningslova skal vere eit effektivt verktøy for samordning mellom sektorar og forvaltningsnivå underlagt folkevalt styring.	– Tilgjenge til opplæring og vegleiing for alle viktige aktørar. – Framdrifta i planlovutvalet sitt arbeid. – Talet på besøk på MD sine planrelaterte nettsider.
6. Alle viktige vedtak skal byggje på kunnskap om konsekvenser for miljø og samfunn.	– Kjennskap til regelverk om konsekvensutgreiingar hos relevante aktørar. – Talet på vedtak som eksplisitt viser til KU-prosess og dokumenterte konsekvensar. – Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for KUsaker som er innanfor dei rammer forskrifta set. – Talet på planprosessar som er gjennomført i samsvar med anbefalte kvalitetskrav til planlegginga etter plan og bygningslova. – Talet på miljøutgreiingar etter utgreiingsinstruksen.

Nasjonale resultatmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Forvaltninga av plandelen i plan- og bygningslova er ei oppgåve som går på tvers av sektorar, og ansvaret for dette er lagt til Miljøverndepartementet. Det er derfor berre formulert nasjonale resultatmål på dette resultatområdet.

Statusbeskriving

Formålet med regional planlegging er å samordne den offentlege innsatsen mellom forvaltningsnivå, sektorar og næringar. Behovet for slik planlegging er spesielt tydeleg når utfordringar i samsfunnsutviklinga krev at tiltaka blir sett inn i ein annan sektor enn den som vil ha mest nytte av tiltaket. Interesse for og vitaliteten i regionale planprosessar føreset at fylkesting og kommunestyre har eit handlingsrom som gjer det meningsfullt å planlegge.

Resultatmål 1. Planlegginga i kommunane skal samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innanfor kommunen sitt område.

Ansvar for kommuneplanlegginga ligg i kommunane. Kravet om ei berekraftig utvikling, effektiv næringsutvikling, demokrati og betre samordning av samfunnsutviklinga, forsterkar kravet til kommuneplanen som strategisk plan for utvikling av kommunen. Dei fleste departement stiller krav til kommunane på sine område. Det er viktig at kommuneplanane kan fange opp dei relevante sentrale plankrav utan nødvendigvis å måtte lage eigne kommunale planar for dei ulike sektoromsyn. Lokal Agenda 21 gir nye perspektiv og arbeidsformer som er relevante for kommunal planlegging, jf. resultatområde 11. Mange kommunar driv eit aktivt utviklingsarbeid når det gjeld kommunal planlegging. Miljøverndepartementet medverkar òg, gjennom prosjekt og samarbeid med enkeltkommunar, til å styrkje kommuneplanprosessane. Prosjekta omfattar m.a. samordna planvegleiing frå fylkesnivået, utvikling av prosesskompetanse (fleire fylke), ei plan- og byggesaksbehandling som er lettare å føresjå og betre kopling til økonomiplanlegginga.

Miljøverndepartementet samarbeider med Kommunal- og regionaldepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Kommunanes Sentralforbund om å organisere læring frå utviklingsarbeida. Dei ulike aktørane samarbeider dessutan om «Arena-prosjektet», som spesielt fokuserer på å bygge opp erfaringsutvikling rundt den strategiske, langsiktige, ikkje-fysiske planlegginga i kommunane. Arena-diskusjonane dannar grunnlag for konkrete innspel om endringsbehov til planlovutvalet sitt arbeid.

Dei fleste kommunane har vedteke eigen arealdel til kommuneplanen og reviderer denne med jamne mellomrom. Mange kommunar har òg utvikla ein aktiv bruk av kommunedelplanar for enkelte tema eller geografiske område i kommunen. Departementet arbeider med å få fram relevant informasjon om omfanget av lokale planar og verknadene av desse. Ved gjennomføring av større bygge- og anleggsarbeid, og ved nærare avklaring av arealbruken i område som er avsette til utbygging i følgje kommuneplanen, blir det utarbeidd reguleringsplanar. På dette området legg ein m.a. vekt på å ta i bruk IKT-baserte verkøy med sikte på ei meir effektiv plan- og byggesaksbehandling.

Resultatmål 2. Kommunal arealplanlegging skal skje innanfor rammene for nasjonal politikk.

Fylkeskommunen og statlege regionale etatar har ansvaret for å samarbeide om formidling av nasjonale og regionale mål tidleg i planprosessane. Integrering av berekraftperspektivet i kommunal planlegging krev samarbeid på tvers av departementa. Fylkeskommunen har vegleiingsplikt. Fylkesmannen og Miljøverndepartementet har tilsynsmynde.

I det store fleirtal av plansaker blir det oppnådd semje lokalt og planane blir eigengodkjende av kommunestyret, noko som viser at plansystemet fungerer som føresett. Miljøverndepartementet behandlar berre dei planane der det er konflikt mellom kommunen og fylkeskommunen eller statlege fagstyresmakter (motsegn saker). I 2000 fatta departementet vedtak i 40 slike saker. I 48 % av sakene vart motsegnene tekne til følgje, mens kommunen fikk heilt eller delvis medhald i 52 % av sakene. I saker der kommunen sitt vedtak blir overprøvd er føresetnaden at fylkeskommunen eller staten sitt standpunkt har forankring i viktige regionale eller nasjonale interesser. Motsegnene som vart brakt inn for departementet i 2000 var m.a. knytte til følgjande omsyn: Jordvern, rein-driftsnæring, friluftsliv/strandsone, naturvern, kulturminnevern, riksvegtrasé, jernbanetrasé, vassdragsvern, fiskeriinteresser, støy/luftforureining og rikspolitiske retningslinjer. Gjennom departementet sine avgjersler i desse sakene blir gjeldande arealpolitikk konkretisert og formidla.

Det pågår eit 3 års forvaltningsforsøk i Akershus som inneber at fylkeskommunen har fått delegert mynde til å fatte vedtak i motsegn saker. Forsøket er i store trekk i samsvar med det Stortinget ønskjer som ei reform, jf. behandlinga av St.meld. nr. 31 (2000-2001) Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling. Departementet legg no opp til at forsøket blir ført vidare fram til reforma blir sett i kraft. Spørsmålet om evaluering av forsøket vil bli vurdert nærare med utgangspunkt i dette. Undersøkingar viser at byggjeverksemda i 100-metersbeltet, særleg i Oslofjord-området, er meir omfattande enn tidlegare. Dispensasjonspraksisen i 100-metersbeltet langs sjøen er derfor skjerp. Det er m.a. innført eit rapporteringssystem for dispensasjonssaker og det er etablert eit eige kystsonenettverk for fylka i pressområda. I år 2000 vart det i heile landet gitt ca. 1900 dispensasjonar innanfor 100-metersbeltet, noko som inneber at ca. 75 prosent av søknadene vart innvilga. Tala må brukast med varsemd, men dei viser at det går føre seg ei monaleg privatisering i 100-

metersbeltet. Mange av tiltaka er likevel mindre byggesaker, som f.eks. tilbygg. I Agder-fylke er det sett i gang arbeid med å utarbeide forslag til riks-politiske retningslinjer for kystområda, m.a. med utgangspunkt i dei som gjeld for Oslofjord-området. For at kommunane skal ha eit best mogleg informasjonsgrunnlag i si forvaltning av strandsona blir det arbeidd vidare med utvikling av digitale verktøy som kommunane kan nytte i saksbehandling og avgjerdsprosess.

Hyttebygginga i fjellområda skaper òg mange utfordringar. Dette gjeld m.a. forholdet til areal- og energibruk, friluftsliv og allemannsrett, natur- og dyreliv, byggeskikk og omsyn til landskapet. Det ligg føre planar for omfattande hyttebygging i mange fjellområde. I mange kommunar er hyttene ei viktig reiselivsnæring. Departementet meiner det er behov for å utvikle ein miljøtilpassa hyttepolitikk og vil arbeide vidare med dette i samarbeid med lokale styresmakter.

For å styrkje kommunane sitt arbeid med å utvikle miljøvennlege og attraktive senter i distrikta, samarbeider Miljøverndepartementet med seks andre departement med sikte på å samordne statlege verkemiddel for tettstadsutvikling. Eit positivt «image» gir stadene føremoner i konkurransen om næringsverksemd og er viktig for å trekkje til seg nye innbyggjarar, særleg ungdom og kvinner. Stadsidentitet blir skapt både gjennom historie, kulturarv, estetiske omgivnader og møteplassar for kulturelle og sosiale opplevingar. 4 fylke og 16 kommunar er førebels inviterte til å delta i arbeidet med tettstadsutvikling. Det er viktig å utvikle attraktive tettstader også i små samfunn. Derfor bør erfaringane frå arbeidet òg knytast opp mot småsamfunnsatsinga som Kommunal- og regionaldepartementet no set i gang, jf. St.meld. nr. 34 (2000-2001).

Miljøverndepartementet samarbeider med fleire departement og storbyane om å utforme ein politikk for miljøvennleg utvikling i dei store byane. Hovudutfordringane er å redusere miljøulempene frå trafikken og å leggje til rette for vidare utvikling og fornying av byen, hovudsakleg innanfor område som allereie er utbygde. Dette krev høg kvalitet på byrom og fellesareal. Det blir lagt stor vekt på dialog og samarbeid med næringslivet i byutviklinga.

Regjeringa har gjort ein spesiell innsats for å medverke til betre miljø i Groruddalen i Oslo. Dette skjer gjennom støtte til Oslo kommune sitt arbeid med ein heilskapleg utviklingsplan for Groruddalen – kombinert med raske tiltak for å betre det fysiske miljøet.

Som ein del av gjennomføringa av Regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma, jf. St.meld. nr. 8 (1998-99), gjennomfører Miljøverndepartementet eit fireårig utviklingsprogram i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet. Føremålet med satsinga er å gjere omsynet til funksjonshemma i all planlegging etter plan- og bygningslova tydeleg, med særleg fokus på å betre tilgjenget for alle i det fysiske utemiljøet. Medverknad frå dei funksjonshemma sine interesseorganisasjonar er eit sentralt element. Det pågår mange forsøks- og utviklingsprosjekt som ledd i å utvikle betre praksis på området. Sjølv handlingsprogrammet er no i slutfasen, men det blir i samarbeid med SHD lagt opp til at arbeidet kan førast vidare. Miljøverndepartementet vil byggje vidare på dei erfaringane som er gjort, og formidle og vidareutvikle omsynet til funksjonshemma i planlegginga gjennom konkrete verkemiddel og tiltak. I tillegg vil departementet, i samarbeid med SHD, KR, KUF, SD, og BFD, utvikle strategien universell utforming, som legg avgjerande vekt på omsynet til funksjonshemma i fysisk utforming, gjennom eit eige handlingsprogram.

Resultatmål 3. Fylkesplanlegginga skal samordne staten, fylkeskommunane og hovudtrekka i kommunane si fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle verksemd retta inn mot regional utvikling.

Hovudansvaret for fylkesplanlegginga ligg hos fylkeskommunane. Ved Stortinget si behandling av St.meld. nr. 31 (2000-2001) – Kommune, fylke og stat – En bedre oppgavefordeling, er det lagt opp til at fylkesplanen skal styrkjast og gis ein generelt forpliktande verknad. Fylkesplanen skal vere eit felles regionalt plandokument og planprosessane må bere preg av partnerskap, slik at kommunar og stat får eigarskap til planen. Dette føreset ein gjennomgang av reglar og rutiner for å sikre betre medverknad i fylkesplanprosessen. Dette er i tråd med intensjonane i rundskriv T-3/98 «Arbeidet med fylkesplanene». Gjennom plan- og godkjenningssprosessen skal partane forplikte seg til å følgje opp og gjennomføre godkjent fylkesplan, kvar på sine ansvarsområde. Når planane blir sende inn til sentral godkjenning, skal ein frå regionalt hald gjere tydeleg kva ein ventar at regjeringa skal ta stilling til. I 2001 er det godkjent 6 fylkesplanar og 15 fylkesdelplanar. Erfaringane frå dei godkjende fylkes- og fylkesdelplanane er så langt at:

- samarbeidet på regionalt nivå fungerer både breitt og godt, både når det gjeld deltaking og

evne og vilje til å finne fram til strategiar som det er semje om

- det er eit gjennomgåande problem at den sentrale godkjenningsbehandlinga gir for lite konkret tilbakemelding i forhold til dei spesifikke regionale grepa i planen og dei problemstillingane som blir melde inn ved oversendinga
- saksbehandlinga tek for lang tid

Ordninga med sentral godkjenning av fylkes- og fylkesdelplanar blir halden oppe. Statskonsult har på oppdrag av Miljøverndepartementet vurdert ordninga. Spørsmålet om endringar blir teke opp i Planlovutvalet sitt arbeid.

Miljøverndepartementet samarbeider med Kommunanes sentralforbund og andre aktuelle departement om eit program med sikte på å utvikle fylkesplanlegginga og fylkesplanen si rolle i tråd med politikken i St.meld. nr. 31.

Departementet har medverka til kompetanseoppbygging og erfaringsutveksling innan regional planlegging gjennom deltaking i Østersjø-samarbeidet og Interreg II-arbeidet og formidling av retningslinjene for ei berekraftig romleg utvikling i Europa, som vart vedteken av dei europeiske planministrane hausten 2000.

Resultatmål 4. Fylkesplanlegginga skal samordne og styre bruk og vern av areal- og naturressursar over kommunegrensene.

Ansaret for overordna arealplanlegging på tvers av kommunegrensene ligg hos fylkeskommunane i samarbeid med kommunane og aktuelle statlege etatar i fylket. St.meld. nr. 31 (2000 – 2001) understrekar behovet for i større grad å ta opp arealspørsmål som ikkje kan avklarast av den enkelte kommune, som f.eks store samanhengande naturområde, store infrastrukturtiltak og hovudtrekka i utbyggingsmønsteret. Det siste året er det godkjent fleire fylkes- og fylkesdelplanar som behandlar slike spørsmål. Dette gjeld m.a. planar som skal avløyse etableringsstoppen som mellombels er innført for kjøpesenter. Det er 6 slike planar som er godkjende eller til behandling i departementet. Korleis arealspørsmål bør behandlast i fylkesplansamanheng, blir teke opp som ein del av samarbeidsprogrammet med KS om fylkesplanlegging

Resultatmål 5. Plan- og bygningslova skal vere eit effektivt verktøy for samordning mellom sektorar og forvaltningsnivå underlagt folkevalt styring.

Det blir kvart år satsa på omfattande opplæring og rettleiing ut mot fylkesnivået, som igjen rettleier kommunane. Opplæring og politikkformidling om bruken av planlova blir utvikla i samarbeid med fylka og blir søkt tilpassa kunnskap og læringsbehov i det enkelte fylke. Det er viktig at ulike høyrings- og klageinstansar har tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse, slik at dei ikkje seinkar planprosessane.

Behovet for effektivisering, forenkling og forbedring i lovstruktur, praktisering, og i lovinnhald, er viktige omsyn å vurdere i samanheng med utforminga av regelverket. Det er nedsett eit planlovutval som skal føreta ein samla gjennomgang av planleggingsføresegnene i plan- og bygningslova og nærliggjande lover. Utvalet er bede om å levere to delinnstillingar innanfor si funksjonstid på 4 år. Første delinnstilling vart lagt fram i januar 2001 og har vore ute på høyring og brei debatt. Utvalet vil med grunnlag i si første delutgreiing og inntrykka frå høyringa utarbeide konkrete lovendringsforslag. Den andre delinnstillinga er venta i desember 2002. I løpet av vinteren vil det bli fremja ein odelstingsproposisjon med forslag om endringar i plan- og bygningslova som både tek opp i seg dei endringar som følgjer av Stortinget si behandling av St. meld. nr. 31 (2000-2001) om oppgåvefordelinga mellom kommunar, fylke og stat og forslag frå planlovutvalet. Føremålet med lovendringar er ytterlegare forenkling og effektivisering av planprosessen.

Resultatmål 6. Alle viktige vedtak etter plan- og bygningslova skal baserast på kunnskap om konsekvensar for miljø og samfunn.

Føresegnene om konsekvensutgreiingar (KU) stiller krav om at verknader for miljø, naturressursar og samfunn av større utbyggingstiltak skal utgreiast før det blir fatta planvedtak eller gitt løyve til gjennomføring. Tiltakshavar har ansvar for å klargjere verknadene. Ansvarleg styresmakt, dvs. planstyresmakta eller konsesjonsstyresmakta, har ansvaret for saksbehandlinga. Miljøverndepartementet kan gi merknader til utgreiingsprogrammet som fastset omfanget av utgreiingane og kva alternativ som skal utgreiast med sikte på å ivareta nasjonale eller regionale omsyn. Saksbehandlingstida i Miljøverndepartementet er i gjennomsnitt to veker. Evaluering viser at konsekvensutgreiingar medverkar til at miljøomsyn blir

sterkere ivaretekne og til at medverknad frå involverte og allmenta og informasjon om konsekvensar blir betre. Kostnadene ved å gjennomføre utgreiinga er som føreset ved innføringa av føresega. Det blir utført eit løpande formidlings- og opplæringsarbeid overfor tiltakshavarar og ansvarlege styresmakter (dvs. kommunar, fylkeskommunar, departement og direktorat) om regelverket, med sikte på god praksis.

Prinsipp for konsekvensvurdering og kvalitetskrav i kommunal arealplanlegging er tekne i bruk i ei rekke kommunar og erfaringane inngår som grunnlag for planlovutvalet sitt arbeid. Erfaringane viser m.a. at konsekvensvurderingar i arealplanlegginga fører til auka vekt på berekraft, meir open saksbehandling og at konsekvensane av planane blir lettare å føresjå. Miljøverndepartementet har utarbeidd ein vegleiar om vurdering av miljøkonsekvensar av stortingsmeldingar, -proposisjonar, forskrifter og andre saker som blir lagt fram for regjeringa eller Stortinget, og det er etablert eit samarbeid mellom aktuelle departement for informasjon og rettleiing i bruk av utgreiingsinstruksen.

Miljøverndepartementet samarbeider nært med EU-landa, Norden og EU-kommisjonen på området. Det er starta opp eit arbeid med sikte på å innarbeide nytt EU-direktiv om miljøvurderingar av visse planar og program. Dette direktivet vil få konsekvensar for planlegginga etter plan- og bygningslova og vil òg kunne tangere planlegginga innan andre sektorar (m.a samferdsel og energi). Miljøverndepartementet deltek i aktivitetar innanfor ramma av konvensjonen om konsekvensutgreiingar i grenseoverskridande samanheng (FNECE) og leier arbeidet med å utvikle ein protokoll om strategiske konsekvensutgreiingar.

Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med nærare 55 mill. kr i 2002. Finansieringa er i hovudsak dekt over kapitla 1400, 1410, 1425, 1426, 1427, 1429 og 1441.

Føresegnene i plan- og bygningslova om planlegging og konsekvensutgreiing er det viktigaste verkemidlet på resultatområdet. Eit planlovutval arbeider med ein gjennomgang av plan- og bygningslova og lover som grensar til denne, jf. omtalen under resultatmål 5.

For å medverke til gode samfunnsmessige avgjersler regionalt og lokalt er det viktig å heve kunnskapsnivået og styrkje planpraksisen i fylke, kommunar og statlege etatar ved ein kombinasjon av tiltak som informasjon, opplæring, vegleing og

politikkformidling. Dette skjer m.a. gjennom regionale samlingar, seminar og foredragsverksemd, rettskjelderegisteret ReSpons, rikspolitiske retningslinjer, vegleing, publikasjonar som Plannytt og Planjuss og gjennom masterutdanninga i samfunnsplanlegging. Departementet legg vidare opp til eit samarbeid med næringslivet, byggjebnarsjen, utdanningsinstitusjonar og organisasjonar om ei betre tilrettelegging av opplæringstiltaka. Tiltak som aukar kompetansen innan planbistand internasjonalt er òg ein del av departementet sin innsats. Formidling av gode planeksempel, m.a. gjennom Internett og stimulering av nettverk for planleggjarar, er eit sentralt verkemiddel. Samarbeidsforum for storbyutvikling, der seks byar og ni departement deltek, er ein viktig arena for politikkformidling og utveksling av erfaringar med planlegging i byområde. Planlovutvalet gjennomgår plan- og bygningslova, og har ved brei offentlig høyring og debatt avlagt si første delinnstilling.

Det pågår fleire forskingsprogram som gir verdifull kunnskap til utvikling og implementering av nasjonal politikk og plansystemet etter plan- og bygningslova. Gjennom Noregs Forskingsråd medverkar Miljøverndepartementet til finansiering av programma. Dei viktigaste samarbeidspartnarane på finansieringssida er Kommunal- og regionaldepartementet og Samferdselsdepartementet. Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) er ein viktig bidragsytar i kraft av å vere kompetansesenter for konsekvensutgreiingar og forskning knytt til plan- og bygningslova. NIBR ivaretek òg viktige oppgåver knytt til dokumentasjon, nettverksbygging og formidling. Miljøverndepartementet samarbeider med Kommunal- og regionaldepartementet om å vidareutvikle regionale utviklingsprogram og integrere programma som verkemiddel i fylkesplanlegginga. Utfordringane knytt til lokal og regional Agenda vil stå sentralt i dette utviklingsarbeidet. Departementet tek initiativet til forsøk, utgreiingar og evalueringar for å betre grunnlaget for utvikling av politikk og planleggingsmetodar.

For å få betre kunnskap om utviklinga i arealbruken i Noreg er det etablert eit program for arealdokumentasjon. Sentralt er Arealis, eit prosjekt for å gjere areal-, miljø- og planinformasjon betre tilgjengeleg. Prosjektet er eit samarbeid mellom sentrale faginstansar, fylkesetatar og kommunar. Arealis skal kople saman databasar med informasjon om arealbruk og arealverdiar. Alle fylka er i gang med dette arbeidet, og 57 pilotkommunar deltek.

18 Resultatområde 10: Kart og geodata

Definisjon og avgrensing

Forvaltningsansvaret for den nasjonale kart- og geodatapolitikken er lagt til Miljøverndepartementet. Resultatområdet omfatter etablering og drift av geografisk basisinformasjon. Resultatområdet dekkjer òg oppfølging og utvikling av standardar og regelverk og fagleg samarbeid med andre land på området, stimulering av norsk næringsutvikling innanfor geografisk informasjonsteknologi (GIT), forskning og utvikling, og sikring av historisk geografisk informasjon. Kartlegging av polare landområde høyrer til resultat-område 8. Resultatområdet inkluderer òg eit forvaltningsansvar for å skaffe fram arealdata for planleggingsformål.

Strategisk mål

Landet skal ha ein tenleg infrastruktur for lett tilgjengeleg geografisk informasjon, dvs. kart og elektronisk baserte tenester som tilfredsstiller det felles behov ulike brukergrupper har for geografisk informasjon og fastlegging av posisjonar, under dette eit tilfredsstillande geodetisk grunn-

lag (grunnlag av målepunkt) for kartlegging, oppmåling og satellittbasert stadfesting. Det er viktig å utvikle gode standardar for geodata, som er tilpassa internasjonale forhold.

Kart og annan geografisk informasjon er nødvendige hjelpemiddel for planlegging, drift og som avgjerdsstøtte i mange sektorar i samfunnet. Det gjeld m.a. for næringsutvikling, miljø- og ressursforvaltning, planlegging og utbygging, hevdning av suverenitet og beredskap, og for dokumentasjon av eigedomsforhold. Gode kart og posisjonsdata er nødvendig for sikker ferdsel på land, til sjøs, og i lufta.

Innanfor arealpolitikken er det eit mål å skaffe fram god informasjon om areala sin tilstand, før framtidig bruk blir planlagt. Staten og kommunane må i fellesskap etablere dette datagrunnlaget.

Nasjonale resultatmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Forvaltninga av den nasjonale kart- og geodatapolitikken er ei oppgåve som går på tvers av sektorar, og ansvaret for dette er lagt til Miljøverndepartementet. Det er derfor berre formulert nasjonale resultatmål på dette resultatområdet.

Tabell 18.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 10 Kart og geodata.

Nasjonale resultatmål	Resultatindikatorar
1. Landet skal ha eit einsarta geodetisk grunnlag (grunnlag av målepunkt) tilpassa satellittbasert stadfesting.	– Talet på kommunar med ferdig målt landsett – Gjenståande km høgdegrunnlag – Status for centiposprosjektet
2. Landet skal ha ein tenleg infrastruktur av nasjonale geografiske databasar.	– Prosentvis del av felles geodata som står att å etablere for landområda – Digitalt eigedomskartverk i prosent av totalt tal eigedommar
3. Landet skal vere dekt av tenlege trykte og digitale kartseriar.	– Ajourhaldsfrekvens for trykt hovudkartserie Noreg 1:50 000 – Del trykte sjøkart i moderne kvalitet – Del autoriserte elektroniske sjøkart for norskekysten etter internasjonal standard i prosent av total
4. Geografiske data skal vere lett tilgjengelege og kunne nyttast effektivt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.	– Utvikling og bruk av nasjonale og internasjonale standardar – Tal kommunar som deltek i «Geovekst»-samarbeidet for felles forvaltning av geodata – Tal brukarar (oppslag mot) NGIS
5. Arealplanlegginga skal gis eit best mogleg informasjonsgrunnlag om verdien og bruken av areala.	– Talet på kommunar som har innført arealinformasjonsystemet Arealis – Oversikt over planstatus i kommunane

Statusbeskriving

Resultatmål 1. Landet skal ha eit einsarta geodetisk grunnlag tilpassa satellittbasert stadfesting.

All privat og offentleg oppmåling, kartlegging og navigasjon føreset eit korrekt geodetisk grunnlag (kartreferanse). Grunnlaget er bygd opp over ei rekkje år, men er mange stader ikkje så nøyaktig og påliteleg som overgangen til satellittbaserte løysingar krev. Nytt landsomfattande overordna grunnlag, basert på internasjonal standard (EUREF89), kom på plass i 1997. Arbeidet med eit meir detaljert landsnett skjer i samarbeid med kommunar og andre brukarar som samfinansierte prosjekt. Så langt er 56 % av kommunane målt ferdig, noko som er godt føre planen. Det gjenstår i tillegg arbeid for den enkelte kommune for å kunne ta grunnlaget i bruk i det daglege arbeidet. Det nasjonale høgdegrunnlaget frå 50-talet er ikkje tilpassa bruk av satellitteknologi. Målet er å gjennomføre nødvendige målingar, slik at eit betre grunnlag er på plass innan 2005. Det gjenstår å måle 2 100 km.

Satellittsystemet Global Positioning System (GPS) gir i utgangspunktet posisjonar med grannsemd på 100 meter for sivile brukarar. Kartverket har etablert ei kontrollteneste, SATREF, som tilbyr GPS-brukarar i Noreg meir pålitelege og nøyaktige data (1-10 m). Denne tenesta er tilgjengeleg på testbasis over det ordinære kringkastingsnettet for FM-radio. Med digital kringkastingsnett kan tenesta gi auka grannsemd. Kartverket vurderer, saman med andre nordiske kartverk, ei oppgradering av tenesta (centiposprosjektet) som vil kunne utvide bruken, ikkje minst innan kart og oppmåling. Kartverket legg til grunn ei minimum oppetid på tenesta på 98 %.

Resultatmål 2. Landet skal ha ein tenleg infrastruktur av nasjonale geografiske databasar.

Arbeidet med å etablere grunnleggjande geodata for landområda skjer i nært samarbeid innanfor Geovekst, eit samarbeid mellom Statens kartverk, Statens vegvesen, landbruksavdelingar på fylkesnivå, Telenor, dei fleste energiverka og dei fleste kommunane om etablering, ajourhald og finansiering av grunnleggjande geodata i samsvar med felles standard, under dette FKB-standard (Felles Kart Base). Ikkje minst for miljø- og landbruksforvaltninga er det viktig å få på plass dette grunnlaget for meir effektiv saksbehandling. Med det investeringsnivået som er i dag er første-gongsetableringa digitalt med FKB-standard

venta å vere fullført innan 2012. I løpet av 2001 er det venta at ca. 38 % vil vere fullført. Den årlege nyetablering ligg på ca. 6 %. Det nasjonale eigedomsregisteret består av tre element; Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret (GAB), Elektronisk grunnbok og digitalt eigedomskartverk (DEK). Arbeidet med digitalt eigedomskartverk er ei stor oppgåve som har gått føre seg i fleire år i samarbeid med den enkelte kommune. Kartverket etablerer først og fremst data utanfor tettbygd strøk. Det er etablert DEK i 294 kommunar utanfor tettbygd strøk i område som er dekte av Økonomisk kartverk. Etter kvart som data kjem i digital form blir manglar i datagrunnlaget synlege. Første versjon basert på tilgjengelege data frå økonomisk kartverk er venta ferdig i 2005. Eigedsdata for tettbygd strøk blir først og fremst etablert av kommunane. Mangelen på bustadinformasjon i offentlege register gjer at vi i dag har ufullstendig statistikk om bustader og hushald. Opplysningar om talet på bustadeiningar har blitt registrerte i GAB sidan 1984, men dette har berre fanga opp nye bygningar. Folke- og bustadteljinga i 2001 supplerte opplysningane m.a. for eldre blokker, bygardar og andre bygningar med fleire bustader.

Kartverket samarbeider med Forsvaret og Luftfartsverket om å etablere ein database over alle luftfartshinder, m.a. høgspenteleidningar, master o.l. Ein slik database vil kunne auke tryggleiken i lufta, ikkje minst for helikoptertrafikken.

Resultatmål 3. Landet skal vere dekt av tenlege trykte og digitale kartseriar.

Arbeidet med å dekkje fastlandet av Noreg med tidsmessige landkart har gått føre seg frå slutten av 50-talet. Første gongs produksjon av økonomisk kartverk vil etter planen vere fullført i 2001 med Nordland som siste fylke. Økonomisk kartverk vil då omfatte vel 180 000 km², dvs. alt vesentleg produktivt areal, til saman over 32 000 kartblad. Frekvensen på ajourhaldet av denne typen kart er i dag på 18 år. «N50», den digitale førsteutgåva av hovudkartserien for Noreg 1:50 000 vart lansert ved årsskiftet 2000/2001.

Bruk av pålitelege elektroniske sjøkart i kombinasjon med moderne navigasjonssystem vil auke tryggleiken til sjøs. Bruk av slike system vil kunne redusere faren for skadar på personar og miljø, redusere materielle kostnader, auke regulariteten, korte ned seglingsruter og styrkje næringsgrunnlaget langs kysten. Så langt har Kartverket gitt ut 49 av 141 papirkart i moderne kvalitet. Regjeringa har trappa opp arbeidet med

elektroniske sjøkart for norskekysten. Ved utgangen av 2000 var ca. 30 % dekt med elektroniske sjøkart etter internasjonal standard. Sjømåling med laser frå fly er blitt nytta for grunne farvatn. Desse områda er svært tid- og ressurskrevjande med tradisjonelle metodar. Sjøkartlegginga langs norskekysten fekk tilført 20 mill. kr ekstra i 2001. Det ligg nå til rette for å få på plass moderne digitale elektroniske sjøkart for kysten i 2006-2007 og for heile strekninga frå svenskegrensa til og med Trøndelag i løpet av 2003. Dei siste åra har det blitt sendt ein sjømålingsekspedisjon til Svalbard kvart år. Dette har, saman med investeringa i ny teknologi, gitt god framdrift i den aktuelle målesesongen frå juli til september/oktober. Til no er 46 % av samla areal dekt med tidsmessige målingar. Dei viktigaste sjøområda vil bli målt først.

Resultatmål 4. Geografiske data skal vere lett tilgjengelege og kunne nyttast effektivt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Det er særdeles viktig å få på plass og ta i bruk aksepterte nasjonale og internasjonale standardar for felles bruk av geografiske data. Noreg er aktiv i utvikling og bruk av felles standardar. Erfaringane viser at Kartverket har ei oppgåve som sentral koordinator og bidragsyter i eit vellykka standardiseringsarbeid. Miljøvernforvaltninga spesielt, og offentleg forvaltning generelt, skal gjennomføre ein planmessig bruk av slike standardar.

Geovekstsamarbeidet omfattar så langt 390 kommunar. Det blir årleg produsert geodata for ein verdi av 75 mill. kr innanfor Geovekstkonseptet.

Resultatområde 5. Arealplanlegginga skal gis eit best mogleg informasjonsgrunnlag om verdien og bruken av areal.

Miljøverndepartementet har gjennomført Areal-dokumentasjonsprogrammet 1997-2000. Programmet er no evaluert av brukarane og i ein rapport frå Asplan Viak. Ein av hovudkonklusjonane er at etableringa av eit system for arealinformasjon no bør komme over i ein driftsfase under namnet Arealis. Systemet vil gjere areal-, miljø- og planinformasjon betre tilgjengeleg. Sentrale fagstyresmakter, fylkesetatar og kommunar skal i samarbeid syte for å etablere databasar om arealbruk og arealverdiar, som kan koplast saman. Prioritering av kva datasett som skal etablerast først skal avklarast. Så langt har alle fylke og 87 kommunar vore involverte.

Erfaringa frå programmet tilseier òg ei vidareføring av element knytte til overvaking av areal, gjerne med bruk av moderne teknologi. Eksempel på dette kan vere digitale skråfoto frå fly av strandsona i Oslofjorden, satellittbilete av tettstadsutviklinga, digitalfoto av den enkelte byggjesak eller videoovervaking med flykamera av endringar i byggmassen. 75 % av saker knytte til offentlig saksbehandling har eit element av geografisk informasjon i seg. Ved å hente informasjonen ved hjelp av teknologi, kan dei som skal ta avgjerder sikrast eit betre avgjerdsunderlag til lågare kostnad, då synfaringa i praksis kan gjennomførast i møterommet.

Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 392,8 mill. kr i 2002, der alt i hovudsak blir dekt over kapitla 1465 og 2465. Kapitla 1400, 1425, 1426, 1427 og 1510 er òg med på å finansiere resultatområdet.

Miljøverndepartementet sitt ansvar innan resultatområdet blir i all hovudsak utøvd av Statens kartverk. Kommunane har òg eit monaleg ansvar. Verksemda i kommunane er tradisjonelt knytt til teknisk kartlegging (målestokk 1:1 000) og GAB-registrering. Kartverket har eit tradisjonelt ansvar for å etablere og forvalte nasjonale kartseriar og register, m.a. hovudkartseriane i målestokk 1:50 000 for respektive sjø og land, økonomisk kartverk (målestokk 1:5 000) og landet sitt offisielle register for grunneigedoms-, adresse- og bygningsdata (GAB-registeret). Etablering av databasar og produksjon av kart i digital form har lenge vore den store utfordringa, og vil vere det i fleire år framover.

Når kart og stadfesta informasjon blir forvalta i digital form, er ikkje informasjonen lenger knytt til ein bestemt kartmålestokk. Data samla inn til bruk for eitt formål, f.eks. lokalt i ein kommune, er like godt eigna til bruk i landsomfattande kartseriar. Å utnytte innsamla data på tvers av forvaltningsnivåa stiller krav til samarbeid om felles dataforvaltning både mellom stat og kommune og mellom dei forskjellige statlege deltakarane. Med dette som bakgrunn arbeider departementet med retningslinjer for samarbeidet om etablering og tilgang til geografisk fellesinformasjon. Departementet vil i den samanheng føre vidare prinsippa frå geovekstsamarbeidet, og ser for seg eit «digitalt Noreg» som for brukarane står fram som ein heilskapleg digital geografisk infrastruktur på tvers av administrative grenser og etatsorganisering.

Statskonsult har i ein rapport sett på staten si eiga forvaltning og bruk av geodata, særleg den framtidige organiseringa av Statens kartverk. Rapporten låg føre i mai 2001, og vil vere med på å danne grunnlag for avgjersler om Statens organisering av geodataforvaltninga. Departementet vil komme tilbake til dette som eiga sak.

Departementet arbeider med ein proposisjon for ny lov om eigedomsregistrering. Statens kartverk må, som eit nasjonalt kompetansesenter på geodata, ha god spisskompetanse og tilstrekkeleg breiddekompetanse til å ivareta forvaltninga av den nasjonale geodatainfrastrukturen. I neste 5-10-årsperiode vil oppgåvene for staten sitt kartorgan dreie meir i retning av forvaltning av data, og mot ajourhald og kvalitetssikring. Produksjon av data vil ikkje lenger vere den dominerande oppgåva. Dette inneber ei omstilling av kompetanseprofil og kapasitet i Kartverket. Statens kartverk er i gang med ei slik omstilling. Den meir teknisk-utøvande bemanninga må gradvis reduserast og spesialistkompetanse og bestillarkompetanse må styrkjast.

Statens kartverk er eit av Miljøverndepartementet og NORAD sine fagsenter for miljøutvikling og deltek med jamne mellomrom i norske bistandsprosjekt. I det siste året har dette vore knytt til Guatemala, Indonesia, Laos, Vietnam, Sri Lanka, Sør-Afrika, Zimbabwe, Mosambik, Tanzania, Palestina, Romania, Kroatia, Kosovo og Makedonia.

19 Resultatområde 11: Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver

Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar oppgåver og verkemiddel som går på tvers av resultatområda 1-10. Resultatområdet innverkar følgjeleg på resultatoppnåinga innanfor alle dei andre resultatområda. Sentrale funksjonar er å:

- Medverke til å integrere miljøomsyn i andre område av politikken på ein effektiv måte, m.a. ved hjelp av sektorvise miljøhandlingsplanar og resultatrapportering.
- Ta i bruk generelle økonomiske verkemiddel (f.eks. avgifter og tilskot) og frivillige avtaler med næringslivet (når slike alternativ gir betre resultat i form av miljøvennleg teknologi og mindre belastning på miljøet), generelle administrative verkemiddel (f.eks. forskning, infor-

masjon, forvaltningspolitisk samarbeid, innhenting og formidling av miljødata samt miljølære i skulen) eller andre områdeovergripande verkemiddel (f.eks. desentralisering av oppgåver og mynde til kommunar og fylkeskommunar).

- Utføre forvaltningsoppgåver, internt utviklingsarbeid f.eks. innanfor personal, økonomi, IT – samt internadministrasjon og andre oppgåver som ikkje naturleg høyrer inn under dei andre resultatområda.

Områdeovergripande internasjonalt arbeid er omtalt under resultatområde 8.

Strategiske mål

- Miljøvernforvaltninga skal innrette verksemda slik at måla i miljøvernpolitikken blir nådde til så låge kostnader som mogleg for samfunnet. Styrings- og kostnadseffektivitet skal vere grunnleggjande for valet av verkemiddel.
- Miljøvernpolitikken sitt verdigrunnlag skal bli profilert, og miljøvernomsyn skal integrerast i alle sektorar av samfunnet. Kunnskap og tilgjenge til miljøinformasjon skal medverke til å styrkje forståinga for å betre avgjerdsgrunnlaget i miljøvernpolitikken.
- Miljøvernforvaltninga skal leggje til rette for å styrkje og fornye miljøvernarbeidet i fylkeskommunen og kommunane, og stimulere til berekraftig praksis regionalt og lokalt.

Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Resultatområdet har ikkje eigne nasjonale mål, men må sjåast i lys av miljøvernforvaltninga sine områdeovergripande oppgåver, jf. resultatområda 1-10.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1. Sikre at miljøvernforvaltninga arbeider målretta, i samsvar med overordna retningslinjer for statsforvaltninga, og organiserer og utnyttar ressursane effektivt.

Det ligg føre eit strategidokument og overordna plan- og styringsdokument for å leie miljøvernforvaltninga mest mogleg målretta og effektivt. Det blir fortløpande arbeid med strategi- og organisasjonsutvikling i tråd med fornyingsarbeidet i staten.

Tabell 19.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver.

Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar.
1. Sikre at miljøvernforvaltninga arbeider målretta, i samsvar med overordna retningslinjer for statsforvaltninga, og organiserer og utnyttar ressursane effektivt.	– Godt gjennomført styringsdialog med ytre etatar, Sysselmannen på Svalbard, Noregs forskingsråd, og god kommunikasjon/dialog med kommunesektoren. – Oppdatert regelverk og kvalitativ vurdering av gjennomførte administrative tiltak.
2. Sikre eit godt avgjerdsgrunnlag i miljøvernpolitikken.	– Etablert eit enkelt, forståeleg og operativt system for dokumentasjon av resultat innan miljøvernpolitikken i samarbeid med andre departement. – Etablert og teke i bruk gode prosessar for utvikling av og tilgang til ny kunnskap både internt og i samarbeid med andre styresmakter og Noregs forskingsråd. – Teke i bruk eksisterande erfaring og kunnskap på ein effektiv måte.
3. Sikre at miljøvernomsyn blir formidla, forankra og integrerte i alle sektorar av samfunnet.	– Etablert og gjennomført ein løpande dialog med sektordepartementa. – Ha formidla relevant og ny miljøkunnskap på ein føremålstenleg måte til andre departement. – Ha opparbeidd tilstrekkeleg kunnskap om andre departement sine mål og utfordringar – Vidareutvikla og ferdigstilt Stortingsmelding om Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand for å integrere miljøvernpolitikken i viktige prosessar og sektorar. – Integrert miljøvernpolitiske mål og synleggjort det økologiske perspektivet i relevante stortingsdokument. – Endra subsidie- og skatte- og avgiftssystemet i meir miljøvennleg retning, og utvikla frivillige avtaler med næringslivet. – Medverke til fullskala drift av Grøn Stat, dvs. til at alle departement startar innføring av miljøleingssystem i 2002 og til at alle statlege etatar har innført miljøleing innan 2005.
4. Sikre at nasjonale rammevilkår fremjar regional/lokal handling på miljøvernområdet. Medverke til å styrkje lokal handlefridom og demokrati	– Har ei føremålstenleg og god ansvarsdeling mellom stat, fylkeskommune og kommune på miljøvernområdet. – Har tilrettelagt for føremålstenlege system for dialog og samhandling i samband med overføring av oppgåver til kommunesektoren. – Har medverka i arbeidet med å innlemme miljøvernavdelingane i «det nye fylket» på ein god måte. – Talet på kommunar som har slutta seg til Fredrikstad-erklæringa.
5. Formidle informasjon og leggje til rette for god kommunikasjon med ulike målgrupper om lokale, nasjonale og globale miljøutfordringar.	– Skapt nye kommunikasjonskanalar for bestemte målgrupper. – Lagt til rette for ei meir opa haldning og auka tilgjenge til miljøinformasjon. – Utnytta dei høva elektroniske medium gir, m.o.t. ulike typar og former for informasjonsformidling. – Løpande formidla Regjeringa sin miljøvernpolitikk via aktuelle kommunikasjonskanalar.

Leiing- og kompetanseutvikling står sentralt for å sikre effektiv og planlagt bruk av ressursane. Det blir arbeidd kontinuerleg med å utvikle personalressursane og vidareutvikle sentrale personalpolitiske område. Departementet har m.a. gjennomført ei 360 graders leiarevaluering. I tillegg blir ulike opplæringstiltak gjennomført både innanfor miljøfaglege og tverrfaglege område.

Bruken av informasjonsteknologi skal medverke til effektive og betre arbeidsprosessar. Departementet innfører no elektronisk saksbehandling. Samtidig er Intranettet lansert i ny utgåve for å støtte betre opp om dei ulike arbeidsoppgåvene som intern informasjon og samhandling i departementet. SFT og DN har utvikla elektroniske utgåver av sine serviceerklæringar. Strategi for IT i heile miljøvernforvaltninga blir følgt opp som eit forpliktande samarbeid mellom departement og etatar. Samtidig blir det interne samarbeidet om IT-spørsmål styrkt på tvers av avdelingane i departementet. Gjennom arbeid med dei fire satsingsområda i strategien er det fokusert på meir effektiv samhandling og dataforvaltning, modernisering av informasjonsløysingar i forvaltninga, utvikling av IT-kompetanse og bruk av IT i organisasjonsutvikling.

Arbeidsmål 2. Sikre eit godt avgjerdsgrunnlag i miljøvernpolitikken.

Miljøvernforvaltninga har ansvar for utvikling og drift av systema for dokumentasjon og kvalitets-sikring av norske miljødata. Miljøvernforvaltninga skal syte for at data som blir brukt i statlege og sentrale internasjonale rapportar er autoriserte og offisielle norske miljødata. Eit system for resultatdokumentasjon i miljøvernpolitikken er under utvikling. Det blir m.a. lagt opp til ei systematisk innsamling av miljødata og dokumentasjon av resultata av Regjeringa sin samla miljøvernpolitikk gjennom miljøovervaking, miljøstatistikk og sektorvis miljørapportering. Systemet vil gi viktig informasjon for å vurdere utviklinga i miljøet og gjennomføringa av politikken innanfor kvar sektor, og identifisere behovet for ny politikk. Referansesystemet for miljøinformasjon skal innehalde tilvisingar til alle miljødata som blir nytta i Stortingsmelding om Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand (RM), «Miljøstatus i Norge» på Internett og internasjonal rapportering. Arbeidet med dataproduksjon, forvaltning og formidling er òg knytt opp mot IT-strategi for miljøvernforvaltninga.

Miljøverndepartementet samarbeider med Noregs forskingsråd for å sikre at kunnskapspro-

duksjonen blir målretta, og at resultata frå forskninga blir formidla slik at dei òg kan nyttast av andre avgjerdstakarar. Det er lagt stor vekt på å formidle nye forskingsresultat til avgjerdstakarene på ein god måte, og at forvaltninga får forståing for i kor stor grad forskingsresultat ligg til grunn for forvaltninga sitt eige arbeid og dei avgjerder den tek. Nye kunnskapsbehov og resultat av forskingsinnsatsen som er finansierte av Miljøverndepartementet, er omtalt under dei enkelte resultatområda. Gjennom EØS-avtala deltek Noreg i EU sitt 5. rammeprogram for forskning. Norske forskingsmiljø har markert seg godt, m.a. i miljødelen av rammeprogrammet.

Arbeidsmål 3. Sikre at miljøvernomsyn blir formidla, forankra og integrerte i alle sektorar av samfunnet.

Miljøprofilen i statsbudsjettet og rapportering om status i miljøvernpolitikken er omtalt i Stortingsmelding om Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. Gjennom sektorvise miljøhandlingsplanar skal departementa setje nye arbeidsmål og gjere greie for verkemiddel og tiltak. Miljøhandlingsplanar er utarbeidde av Samferdsledepartementet, Forsvarsdepartementet, Fiskeridepartementet, Olje- og energidepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Landbruksdepartementet. I år vil det bli utarbeidd planar for Finansdepartementet, Kulturdepartementet, Justisdepartementet og Utanriksdepartementet. Nettverk for miljølære er utvikla til å bli eit godt hjelpemiddel for lærarar og elevar på alle nivå innanfor skuleverket. Mange skular nyttar nettverket sine Internettsider, som òg er kopla opp mot «Miljøstatus i Noreg» for utdjupande bakgrunnsinformasjon. Både spørsmål knytte til berekraftig utvikling og miljøvernforvaltninga sitt arbeid med miljøinformasjon og stadfesta informasjon er synleggjort i det tverrdepartementale samarbeidet om eNoreg-planen.

Arbeidsmål 4. Sikre at nasjonale rammevilkår fremjar regional/lokal handling på miljøvernområdet. Medverke til å styrkje lokal handlefridom og demokrati.

Gjennom programmet for fornying av offentleg sektor tek Regjeringa sikte på å desentralisere oppgåver og mynde til fylkeskommunar og kommunar for å styrkje og revitalisere det lokale demokratiet.

I tråd med Stortingsmelding nr. 31 (2000-2001) «*Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling*» – vil regionale miljøvernoppgåver bli overførte frå fylkesmannen til fylkeskommunen, med unntak av klagebehandling og legalkontroll. Med unntak av dei ressursane som er knytte til klagebehandling av kommunale enkeltvedtak og legalkontroll, må dei faglege og administrative ressursane som i dag blir nytta på oppgåver knytte til miljøvern hos fylkesmannen trekkjast ut av fylkesmannsembetet. Dette inneber at det tidlegare fagkapitlet 1406 Miljøvernavdelingane hos fylkesmannsembeta som vart innlemma i kap. 1510 Fylkesmannsembetet frå 1.1.2001, og dei tidlegare overførte administrative økonomiske ressursane til same kapittel, i all hovudsak blir trekte ut av kap.1510. Kap. 1510 er administrert av Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Ressursbruken knytt til klagebehandling av kommunale enkeltvedtak er av Miljøverndepartementet rekna til ca. 1/2 årsverk per fylke. Det må gjerast endringar i lov og forskrifter før overføringa kan skje i 2003. Miljøvernforvaltninga vil i tida framover arbeide med å konkretisere oppgavefordelinga på regionalt nivå, arbeide med å utvikle system for dialog og samhandling og medverke til å innlemme miljøvernavdelinga i «det nye fylket» på ein god måte.

Samtidig er det òg ønske om å styrkje det kommunale miljøvernarbeidet ved å gi kommunane auka ansvar, større fridom og fleire verkemiddel for å ivareta miljøvernoppgåver av lokal karakter, og medverke i arbeidet med å ivareta nasjonale og globale miljøutfordringar. Kommunen er den politiske og administrative eininga som står nærmast lokalbefolkninga og lokale behov. Kommunen bør derfor ha mynde og høve til å ivareta og utvikle eit godt miljø lokalt – både når det gjeld vass- og luftkvalitet, biologisk mangfald og tilgang på område for rekreasjon, kulturminne og kulturmiljø. På mange område manglar kommunene likevel dei nødvendige verkemidlane for å kunne sikre den utviklinga som ein ønskjer lokalt.

Kommunane skal i utgangspunktet få mynde i høve til alle forureiningsspørsmål av lokal karakter, og vere styresmakt overfor lokale utfordringar knytte til friluftsliv, vern av biologisk mangfald og kulturminnevern. Ved vurderinga av kva oppgåver kommunane skal løyse, bør det likevel takast omsyn til at nasjonale verkemiddel i enkelte tilfelle kan vere kostnadseffektive og føremålstenlege å nytte, både overfor miljøutfordringar av lokal karakter, til å ivareta eventuelle inter-

nasjonale plikter, og til kva som vil vere ei effektiv og føremålstenleg ansvars- og arbeidsdeling.

Staten skal framleis ha hovudansvar for nasjonale og overnasjonale miljøutfordringar. Dette krev at staten er tydeleg på kva som skal definert som nasjonale interesser. På område der kommunane har – eller blir tillagt oppgåver – for å løyse nasjonale eller overnasjonale miljøutfordringar, vil det vere større behov for statleg styring og klare statlege rammer.

Den konkrete delinga av ansvar og mynde mellom stat og kommune på miljøvernområdet blir drøfta i konsultasjonsprosessen i år mellom Regjeringa og Kommunanes Sentralforbund (KS). Før ansvar og mynde kan overførast til kommunen vil det vere behov for ein del lov- og forskriftsendringer m.m. Regjeringa tek derfor sikte på at overføringa av meir ansvar og mynde til kommunane kan skje gradvis frå 2002 til 2005.

Mange kommunar har i dag monaleg eigenkompetanse, og har lange tradisjonar med å skaffe seg den kompetansen som oppgåva krev. Det vil likevel ikkje vere naturleg eller føremålstenleg at kommunane, verken saman eller kvar for seg, skal ha spesialkompetanse på alle enkeltområde eller ressursar/kompetanse til å utvikle føremålstenlege verktøy. For å medverke til å styrkje det kommunale miljøvernarbeidet og til ei effektiv forvaltning vil derfor Regjeringa hjelpe til med å utvikle støttefunksjonar for kommunane på regionalt og nasjonalt nivå.

Interkommunalt samarbeid fungerer bra i mange regionar. Gjennom dette kan ein utløyse stordriftsfordelar og utvide kompetansen. Interkommunalt samarbeid bør derfor utnyttast av kommunane òg i det vidare arbeidet med miljøutfordringar.

Det nasjonale stimuleringsprogrammet for lokal Agenda 21 (1997-2001) har hatt som målsetjing å oppmuntre kommunane til å bruke LA 21 som ein lokalpolitisk metode for å trekkje lokalbefolkninga, organisasjonar og næringsliv sterkare inn i ein debatt om lokale utfordringar når det gjeld berekraft. Programmet har gitt gode resultat viser rapporten «*Miljøvernlederstillinger og lokal Agenda 21 – Hva er status?*» frå forskingsprogrammet ProSus (rapport nr.1/2000). Ca. 260 kommunar, alle fylkeskommunane og ei rekkje sentrale organisasjonar, m.a. LO og Den norske kyrkja, har til no slutta seg til Fredrikstaderklæringa.

I løpet av dei siste tre åra har delen av kommunar som har teke opp lokal Agenda 21 til politisk drøfting i kommunestyre eller formannskap auka frå 16 til 49 %. Over halvparten oppgir at dei har

sett av eigne ressursar til dette arbeidet. Meir enn kvar tredje kommune oppgir at arbeidet er under intern førebuing i kommunen.

Ei hovudsatsing frå styresmaktene si side i programperioden har vore ei ordning med LA 21-knutepunkt i fylka. I 13 fylke er koordineringsfunksjonen lagt til Kommunanes Sentralforbund, i dei andre fylka til fylkeskommunen eller fylkesmannen. Det er òg gjort forsøk med eit samisk knutepunkt, og denne ordninga blir evaluert særskilt. 71 % av kommunane som arbeider med lokal Agenda 21 oppgir å ha vore i kontakt med knutepunkta eller meiner at knutepunkta har vore viktige for arbeidet deira.

Dei frivillige organisasjonane har fått støtte til kompetanseutvikling for å auke lokalt engasjement og samspel. Stiftelsen Idebanken er blitt styrkt som støttefunksjon og kompetansesenter for kommunane i deira LA 21-arbeid. Den nasjonale LA 21-konferansen Synergi 21 som blir arrangert i Stavanger i oktober 2001 skal bli ei synleggjering av breidda og kontinuiteten i LA 21-arbeidet. LA 21-arbeidet i kommunane skal stimulerast vidare gjennom reforma på miljøvernområdet.

Arbeidsmål 5. Formidle informasjon og leggje til rette for god kommunikasjon med ulike målgrupper om lokale, nasjonale og globale miljøutfordringar.

Internett er ein sentral kanal for informasjonsformidling. Store mengder miljøinformasjon er alleie gjort tilgjengeleg under ei felles inngangsside for miljøvernforvaltninga, www.miljo.no.

Både informasjonsmengda og den teknologiske utviklinga har medverka til at MD sine internettsider er blitt ein betre formidlingskanal. Døme på dette er m.a. at alle høyringssaker blir lagt ut på nettet med høve til å sende inn høyringsuttalene elektronisk, og det er oppretta eit debattforum om barn og unge i planlegginga. Auka tilgjenge og ei meir opa haldning er m.a. i tråd med Århuskonvensjonen og retten til miljøinformasjon. Bruken av Internett i miljøvernforvaltninga blir òg sett i samanheng med IT-strategien. Dette gjeld særleg vidare utvikling av interaktive, brukertilpassa informasjonsløysingar.

Under www.miljo.no er «Miljøstatus i Norge» den sentrale nettstaden når det gjeld fakta og annan informasjon knytt til tilstand og utvikling for dei miljøvernpolitiske resultatområda.

Talet besøk på Miljøverndepartementet sine nettsider har auka klart sidan første registrering av statistikk på nye Odin i oktober 2000. Også

«Miljøstatus i Norge» har hatt ein klar framgang i talet på besøk.

Pressa og frivillige organisasjonar er viktige målgrupper for Miljøverndepartementet, på grunn av den rolla dei har som vidareformidlarar. Vi legg derfor særleg vekt på at desse gruppene får god tilgang til informasjon slik at dei på sin måte kan formidle vidare til sine målgrupper. På tradisjonell måte blir det òg utarbeidd artiklar og kronikkar til aviser og tidsskrifter, og det blir arrangert pressekonferansar ved viktige hendingar.

Som eit ledd i arbeidet med å skape auka oppslutning om miljøvernpolitikken har Miljøverndepartementet sett i gang det femårige prosjektet 070605 – *Tid for forandring*. Gjennom nye kommunikasjonskanalar og saman med nye samarbeidsaktørar har prosjektet fått stor merksemd og oppslutning rundt omkring i landet. Det har òg medverka til å gi miljøarbeidet ein ny dimensjon ved å fokusere på livskvalitet og det gode liv. Prosjektet varer fram til 2005.

Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med 453,8 mill. kr over Miljøverndepartementet sitt budsjett for år 2002. Resultatområdet omfattar innsatsen av områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver på tvers av alle resultatområda 1-10 på departements-, direktorats- og fylkesmannsnivå, og blir finansiert av alle delar av miljøvernforvaltninga, jf. kap. 1400, 1410, 1425, 1425, 1427, 1429, 1441 og 1471. Tilskot til miljøvernorganisasjonane er òg eit viktig verkemiddel for å styrkje medverknad og engasjementet omkring ulike miljøspørsmål, jf. kap. 1401, post 70. For år 2002 er det totalt avsett ca.95,3 mill. kr til miljøovervaking over Miljøverndepartementet sitt budsjett, jf. kap. 1410, postane 21 og 60. I tillegg blir lønn og drift av fylkesmannen sine miljøvernavdelingar finansiert over kap. 1510, jf. St.prp. nr. 1 (2001-2002) for Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Miljøverndepartementet utviklar og forvaltar ei rekkje lover, reglar og instruksar som har innverknad på miljøsektoren og plansida, f.eks. plan- og bygningslova, forureiningslova m.m. Gjennom stimuleringsprogrammet for Lokal agenda 21 er det satsa monaleg på informasjon som verkemiddel ved å etablere eigen nettstad og eige informasjonstidsskrift. Informasjonstiltak er vidare eit viktig verkemiddel for å nå måla i kommunereforma.

Ein effektiv og målretta organisasjon er eit avgjerande verkemiddel for gjennomføring av Miljøverndepartementet sine mål.

Grøn stat – strategi for integrering av miljøansvar i drifta av staten

I tråd med St. meld. nr. 24 (2000-2001), blir det gitt ei omtale av korleis arbeidet med å integrere miljøomsyn i verksemda til staten skal førast vidare.

Bakgrunn

Staten har eit stort potensial til å påverke miljøet, både gjennom eiga drift, eige forbruk og gjennom påverknad av produksjon av varer og tenester. Statlege verksemdar medverkar til utslepp av klimagassar og miljøgifter, forbruk av ikkje fornybare ressursar, forureinande transport og avfallsgenerering, sjølv om dei fleste statlege etatar har ei driftsform som ikkje medfører store enkeltutslepp samanlikna med tradisjonell industri. Statleg og kommunal forvaltning nyttar i følgje Statistisk sentralbyrå ca. 7,3 TWh elektrisitet per år. Dette utgjer vel 10 prosent av energiforbruket i den samla bygningsmassen i bustader og yrkesbygningar i Noreg, og svarar til 2-3 gonger den elektrisitetsmengda som eit gasskraftverk av den typen som er planlagt på Kårstø og Kollsnes kan produsere.

Staten påverkar òg miljøet indirekte gjennom sin innkjøpspolitikk. Ved å føretrekkje dei mest miljøvennlege alternativa kan staten medverke til å vri produksjonen i ei meir miljøvennleg retning.

Å gjennomføre miljøtiltak inneber gjerne å redusere forbruket av miljøskadelege produkt, redusere energiforbruket, auke gjenvinninga o.l. Slike tiltak gir oftast òg økonomiske gevinstar. Dersom statleg og kommunal forvaltning kunne redusere elektrisitetsbruken sin med 20 prosent, som er vanleg effekt av å innføre ENØK-tiltak i yrkesbygningar, ville det medføre ein reduksjon på ca. 1,5 TWh per år, som ville gitt ei økonomisk innsparing på inntil 750 mill. kr.

Prøveprosjektet «Grøn Stat»

I 1998 vart det starta eit prøveprosjektet kalla «Grøn Stat». Formålet med prosjektet har vore å få ei systematisk utprøving av korleis ein best kan integrere miljøomsyn i staten si eiga drift og få dokumentert verknadene av dette. 10 statlege etatar har delteke i prosjektet som blir avslutta i år. Etatarne har kartlagt korleis dei påverkar miljøet, utvikla handlingsplanar for miljøtilpassa drift og prøvd ut ei rekkje miljø- og ressursparande tiltak.

Prosjektet vil først bli evaluert etter at det er avslutta, men allereie no er det likevel klart at gjennomførte tiltak har redusert vesentleg miljøpåverknaden frå dei deltakande etatarne. Gode døme kan hentast frå Noregs landbrukshøgskule, Oljedirektoratet og Statens forvaltningsteneste. Utrekningar tyder førebels på at ei rekkje av dei gjennomførte tiltaka både gir positiv miljøeffekt og samtidig økonomisk gevinst for den enkelte etat fordi tiltaket medfører redusert bruk av straum og andre ressursar, og at den samfunnsøkonomiske nytten så langt overstig kostnadene.

Strategi – heile staten skal bli grøn

Staten har eit ansvar for å redusere negativ miljøpåverknad frå eiga drift. Arbeidet med ein grønare stat er derfor eit ledd i satsinga for å fornye og effektivisere statsforvaltninga. Regjeringa meiner at staten må gå føre i miljøarbeidet og vil føre vidare Grøn Stat i full skala, slik at heile staten integrerer miljøomsyn i drifta si. Dette vil omfatte den administrative kontordrifta, drift av staten sine eigeidommar, statleg tenesteyting og forvaltning. Regjeringa vil leggje følgjande mål til grunn for arbeidet med å integrere miljøomsyn i drifta av staten: *Alle statlege etatar og verksemdar skal innan 2005 ha innført miljøleiing som ein integrert del av organisasjonen sitt styringssystem.*

Meir konkrete målsetjingar (f.eks. redusert energiforbruk) må setjast opp for den enkelte organisasjon basert på kartlegging av drifta i dag og potensial for betring i den enkelte etat og verksemd. Dei nasjonale resultatmåla skal likevel leggjast til grunn på same måte som for andre sektorar, og vil altså styre ambisjonsnivået i den enkelte etat og verksemd.

For å sikre god nok framdrift og forankring i arbeidet skal alle departementa gå føre og starte arbeidet med innføring av eit enkelt system for miljøleiing allereie i 2002. Deretter vil regjeringa kvart år gi oppdrag til eit visst tal etatar og verksemdar som i løpet av eitt år skal innføre eit slikt system.

Regjeringa legg altså opp til at innføring av såkalla miljøleiingssystem skal sikre at staten tek miljøomsyn i drifta si. Eit miljøleiingssystem er eit system for å styre, overvake og redusere verksemda si miljøbelastning. Miljøleiing kan vere basert på godkjende standardar som ISO 14001 og EMAS, eller på mindre omfattande system. Regjeringa tilrår at statlege etatar og verksemdar først innfører eit forenkla system som er utvikla under prøveprosjektet Grøn Stat. Dette kan eventuelt seinare utviklast til meir omfattande system.

I tillegg til å stille krav om innføring av miljøleiingssystem, vil Regjeringa oppfordre statlege etatar til å fokusere spesielt på område der det kan vere eit stort potensial for å redusere miljøbelastninga m.a. når det gjeld energibruk, innkjøp, transport og avfallshandtering.

Det offentlege kjøper varer og tenester for meir enn 200 mrd. kroner årleg. Ved å stille miljøkrav til leveransane kan staten påverke produksjon av varer og tenester i ei meir miljøvennleg retning. Ei ny lov om offentlege innkjøp trådte i kraft 1. juli 2001. Lova omfattar både statlege, kommunale og fylkeskommunale innkjøp. Den inneheld ei særskilt føresegn om at alle oppdragsgivarar som er omfatta av føresegnene, pliktar å ivareta miljøomsyn i planlegginga av sine innkjøp. Nærings- og handelsdepartementet forvaltar lova og skal utarbeide ein vegleiar for korleis ein kan ta miljøomsyn i samsvar med den nye lova. I tillegg skal Arbeids- og administrasjonsdepartementet med utgangspunkt i den nye lova fastsetje ein ny statleg innkjøpspolitikk med miljøprofil. Denne vil medverke til å klargjere måla med statlege innkjøp og samtidig fremje miljøomsyn ved innkjøp.

For å sikre at statlege etatar og verksemder får god nok kunnskap og kompetanse på dette området, tek Regjeringa sikte på å medverke til at det blir utvikla eit kursopplegg tilpassa statlege verksemder. Det vil bli oppretta eit prosjekt i Miljøvern-

departementet som i samarbeid med m.a. Arbeids- og administrasjonsdepartementet skal koordinere arbeidet i dei ulike etatane og verksemdene, formidle kontakt med kompetansemiljø og samarbeidspartar, stå føre kursopplegg m.m. Prosjektet vil i samarbeid med dei andre departementa kvart år fram til 2005 peike ut nye etatar som det påfølgjande år skal innføre miljøleiingssystem. Kvart departement vil få ansvar for innføring av Grøn Stat i eige hus og i underliggjande etatar.

Som nemnt er målsetjinga med Grøn Stat-arbeidet å redusere negativ miljøbelastning som følgje av staten si eiga drift. I tillegg er staten ansvarleg for å iverksetje verkemiddel som medverkar til redusert miljøpåverknad frå andre sektorar, jf. omtalen av sektorvise miljøhandlingsplanar. Verkemiddel for å påverke miljøbelastninga frå andre sektorar inngår altså ikkje i Grøn Stat-arbeidet. Det blir likevel lagt opp til at resultata av dette arbeidet skal omtalast i dei sektorvise miljøhandlingsplanane på linje med resultat av andre verkemiddel som det enkelte departement har ansvar for. Regjeringa tek vidare sikte på å gi ei oversikt over oppnådde resultat i dette arbeidet i seinare stortingsmeldingar om Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. I tillegg vil Riksrevisjonen kunne revidere Grøn Stat-arbeidet i forvaltninga, på same måten som dei har denne rolla i forhold til andre forvaltningsoppgåver.

Del III
Miljøverndepartementet sitt budsjettforslag
for 2002

Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgifter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1400	Miljøverndepartementet (jf. kap. 4400)	125 813	124 729	515 131	313,0
1401	Opplysningsverksemd, tilskot til organisasjonar	35 836	37 879		-100,0
1406	Miljøvernavdelingane ved fylkesmannsembeta (jf. kap. 4406)	286 292			
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking (jf. kap. 4410)	219 713	310 930	336 736	8,3
	Sum kategori 12.10	667 653	473 538	851 867	79,9

Utgiftene under programkategori 12.10 kan først attende til alle resultatområda. Auken i løyving samanlikna med saldert budsjett 2001 skuldast i hovudsak at utgifter som tidlegare vart løyvde under andre programkategoriar og kapittel er lagt inn under denne programkategorien. Dette gjeld kapitla 1401, 1422, 1442, 1463 og 1470.

Reduksjonen i talet på kapittel inneber ei betre oversikt over dei samla utgiftene i departementet og gjer den samla prioriteringa av tiltak enklare og meir fleksibel. Det blir elles vist til innleiinga i del 2 der det er gjort greie for budsjettvise endringar i 2002 innanfor dei ulike resultatområda.

Kap. 1400 Miljøverndepartementet (jf. kap. 4400)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	125 813	124 729	151 248
21	Spesielle driftsutgifter			62 252
60	Omstillingsprogram for å gjennomføre kommunereforma, <i>kan overføres</i>			5 200
70	Driftstilskot til frivillige miljøvernorganisasjoner			31 050
71	Internasjonale organisasjonar, <i>kan overføres</i>			32 175
72	Miljøverntiltak i nordområda, <i>kan overføres</i>			8 000
73	Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk og LA-21, <i>kan overføres</i>			38 925
74	Tilskot til AMAP, <i>kan overføres</i>			2 200
75	Miljøvennleg byutvikling, <i>kan overføres</i>			5 000
76	Støtte til internasjonale miljøtiltak og nasjonale energitiltak, <i>kan overføres</i>			9 081
78	Miljøtiltak til nikkilverka på Kola, <i>kan overføres</i>			170 000
	Sum kap 1400	125 813	124 729	515 131

Post 01 Driftsutgifter

Auken på posten skuldast i all hovudsak at midlar som tidlegare vart budsjetterte under 01-postar under kapitla 1401, 1422, 1442, 1463 og 1470 i 2002-budsjettet blir føreslått budsjetterte under kap. 1400.

Posten dekkjer utgifter som Miljøverndepartementet har til lønn og godtgjersler for sine tilsette. Omlag to tredelar av løyvinga gjeld dette. Løyvinga dekkjer òg departementet sine driftsutgifter, under dette husleige, kjøp av materiell, inventar og utstyr, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd, tiltak for kompetanseutvikling, arkiv- og kontortenester og drift og utvikling av IT-anlegget til departementet. Av desse fellesutgiftene er husleige og IT dei største.

Informasjonstiltak dekkjast og av denne posten. Innanfor departementet si informasjonsverksemd vil ein konsentrere seg om tema klima og internasjonal miljøvernpolitikk, friluftsliv/alle-mannsretten, kulturminnevern, miljøvennleg byutvikling, havmiljø, helse- og miljøfarlege kjemikaliar, biologisk mangfald og reforma i kommunane på miljøvernområdet. Midlane vil bli nytta til

tiltak overfor media og andre målgrupper, elektronisk og papirbasert publisering, formidling av nyhende via ODIN/Internett og vidareutvikling av departementet si internettsatsing.

Meirinntekter under kap. 4400 post 02 gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane er overført frå 01-postane under kapitla 1400, 1401, 1422, 1442, 1463 og 1470.

Posten dekkjer utgifter Miljøverndepartementet har til kjøp av tenester knytte til faglege utgreiingar. I tillegg blir utgifter til enkelte mellombels stillingar i tilknytning til faglege prosjekt dekte, og mindre administrative kostnader knytte til desse stillingane. Posten omfattar alle resultatområda.

Om lag 20 mill. kr av løyvinga vil bli nytta under resultatområde 9 og 10. Tiltak i samband med byutvikling og miljøvennlege og attraktive tettstader står sentralt saman med ei styrking av Arealis-programmet og fylkesplanlegginga. Til å føre vidare satsingsområdet «Planlegging for alle», tilgjenge for funksjonshemma i samfunns-

planlegginga, som har gått fram til 2001, er det sett av midlar til å følgje opp med eit handlingsprogram under nemninga «Universell utforming». Det er overført 2,4 mill. kr frå Sosial- og helsedepartementet (kap. 674 post 21) til dette tiltaket.

I overkant av 10 mill. kr er planlagt nytta til oppfølging av m. a. kommunereforma, Grøn stat, avfallsreduksjon og utgreiingar knytte til havmiljø.

Om lag 15 mill. kr vil bli nytta til tiltak og samarbeid på det nordiske og internasjonale området, og til utgreiingar innafor prioriterte område som klima. Det er òg avsett midlar til forvaltning av tilskotet til modernisering av nikkilverket i Pet-sjenga på Kola, jf. kap. 1400 post 78 nedanfor.

Dei resterande midla vil bli nytta til informasjonsverksemd og tiltak innanfor områda naturforvaltning og kulturminne. Fylkesmannens arbeid med auka tilgang for allmenta i strandsona, vil bli videreført.

Meirinntekter under kap. 4400 post 21 gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 60 Omstillingsprogram for å gjennomføre kommunereforma, kan overførast

Mål:

Tilskotsordninga skal medverke til å utvikle og halde oppe kompetanse i kommunesektoren i samband med at kommunesektoren får overført meir ansvar og mynde på miljøvernområdet.

Ordninga skal dekkje omstillingskostnader for kommunesektoren knytte til m.a. opplæring og kompetanseutvikling i samband med at kommunesektoren får overført meir ansvar og mynde på miljøvernområdet. Omstillingsprogrammet startar i 2002, og vil vare 3-5 år. Det blir ikkje stilt krav til kommunal eigenbetaling.

Kriterium for tildeling gjennom programmet vil m.a. kunne vere:

- Stønad til utvikling og gjennomføring av program for kompetanseutvikling. Målgruppa for opplæringa skal vere både politikarar, leiarar og saksbehandlarar og opplæringa skal vere skreddarsydd for dei ulike målgruppene.
- Stønad til tiltak som aukar kunnskapen om korleis fysiske, organisatoriske og økonomiske rammevilkår best kan leggjast til rette for å fremje lokalt miljøvern og miljøvennleg praksis.

- Stønad til nyskapande tiltak og strategiar som fremjar lokalt miljøvern og ein miljøvennleg praksis.
- Stønad til utvikling av samarbeidsformer og nettverksbygging som mobiliserer eksisterande kompetanse og lokalkunnskap frå lokale aktørar som f.eks. frivillig sektor.

Tiltaka skal ha overføringsverdi til andre kommunar.

Oppfølging og kontroll:

Sluttrapport og rekneskapsrapport tilpassa storleiken på tilskotet blir kravd av mottakar av tilskotet etter avslutta prosjekt.

Post 70 Driftstilskot til frivillige miljøvernorganisasjonar

Posten er flytt frå kap 1401 post 70.

Posten omfattar alle driftstilskot til frivillige miljøvernorganisasjonar som blir gitt over Miljøverndepartementet sitt budsjett. Det blir ikkje føreslått endringar i storleiken på driftstilskota for dei organisasjonane som fekk slik støtte i år 2001, med unntak av Norges Miljøvernforbund som får ein auke på 100.000 kr. Posten omfattar i tillegg ein ny organisasjon, Blekkulf. Blekkulf er ein landsomfattande organisasjon med miljøvern som hovudarbeidsfelt og den gjer eit verdifullt arbeid ved å styrkje miljøinteressa hos barn og unge. Organisasjonen oppfyller krava som er stilt til å yte grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar.

Organisasjonen har til no berre fått prosjektstøtte frå MD etter søknad og i konkurranse med andre.

Mål:

Tilskotsordninga skal medverke til å halde oppe eit breitt utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med miljøvern som hovudarbeidsfelt, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøvernspørsmål lokalt, regionalt og sentralt, basert på fagleg innsikt. Fastsetjing av storleiken på driftstilskota byggjer m.a. på ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå lokalt, deira økonomi og alternative høve til finansiering, og ikkje på medlemstal åleine. Det blir ikkje gitt grunnstøtte til private stiftingar over denne posten.

Tabell 20.1 Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar.

Organisasjon	Rekneskap 2000	Vedteke budsjett 2001	Forslag 2002
Miljøheimevernet	6 850	7467	7467
Norges Naturvernforbund	3 500	3814	3814
Framtiden i våre hender	1 280	1400	1400
Den Norske Turistforening	2 325	2560	2560
Norges Jeger- og fiskerforbund	3 250	3510	3510
Fortidsminneforeningen	2 025	2235	2235
Friluftslivets fellesorganisasjon	1 600	1730	1730
Norges Velforbund	1 500	1655	1655
Norsk Ornitologisk Forening	975	1055	1055
Norsk forening for fartøyvern	775	865	865
Forbundet Kysten	865	945	945
Natur og Ungdom	650	750	750
Norsk forening mot Støy	520	570	570
Norsk Vannforening		163	163
Kulturvernets fellesorganisasjon	435	475	475
Samarbeidsrådet for biologisk mangfold	300	500	500
WWF-Norges Medlemsforening		400	400
Norges Miljøvernforbund	45	50	150
Norsk Biologforening	60	69	69
Norsk Zoologisk Forening	40	46	46
Norsk Entomologisk Forening	60	69	69
Norsk Botanisk Forening	60	69	69
Foreningen Våre Rovdyr	50	110	110
Norsk Soppforening		43	43
Blekkulfs miljødektaktiver			400
Sum	27 165	30550	31050

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende årsmeldingar og rekneskap stadfest av revisor.

Post 71 Internasjonale organisasjonar, kan overførast

Posten er overført frå kap. 1470 post 71.

Midlane under denne posten gjeld alle resultatområde, unnateke resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver.

Mål:

Målsetjinga med løyvinga er å medverke til å halde oppe drifta av organisasjonar som utfører eit viktig miljøretta arbeid som har verdi for Noreg.

Løyvinga skal dekkje obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjonar som Noreg deltek aktivt i. Løyvinga under denne posten er ei direkte følgje av at Stortinget har ratifisert avtaler med budsjettbindingar, eller at Regjeringa har vedteke norsk medlemskap. Ordninga er ikkje open for søknad.

Følgjande internasjonale organisasjonar får bidrag:

- FN sitt miljøfond (UNEP)
- Den internasjonale hydrografiske organisasjon (IHO)
- Den internasjonale naturvernunion (IUCN)
- Fellessekretariat for Oslo- og Pariskonvensjonane og Bonnnavtalen (oljeforureining)
- Interimsekretariat for Ramsarkonvensjonen (vern av våtmarker)
- Konvensjonen om internasjonal handel med truga arter (CITES)
- Konvensjonen om trekkjande arter av ville dyr (Bonnkonvensjonen)
- Konvensjonen om vern av ozonlaget (Wienkonvensjonen)
- Protokoll om stoff som reduserer ozonlaget (Montrealprotokollen).
- Sekretariatet for Laksekonvensjonen
- Biodiversitetskonvensjonen
- Internasjonalt studiesenter for bevaring og restaurering av kulturminnesmerke (ICCROM)
- Det europeiske overvakingsprogram for langtransport av luftforureiningar (EMEP)
- Konvensjonen om kontroll med grenseoverskridande transport av farleg avfall (Baselkonvensjonen)
- Miljøverndepartementet sin del av det norske bidraget til grunnkapital i Det nordiske miljøfinansieringsselskap (NEFCO)
- Det europeiske miljøvernbyrået (EEA)
- FN sitt klimapanel (IPCC)
- FN sin Rammekonvensjon om klimaendringar (UNFCCC)
- Seas at Risk
- Stockholmkonvensjonen om persistente organiske sambindingar (POP)

Kontroll overfor tilskotsmottakar:

Kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av reviderte rekneskapar og årsrapportar.

Post 72 Miljøverntiltak i nordområda, kan overførast

Posten er overført frå kap. 1470 post 72. Midlane under denne posten er retta mot resultatområde 8. Løyvinga er oppretta for å styrkje miljøvernkompetansen retta mot nordområda. Relevante tilskotsmottakarar blir tilskrivne.

*A: Tilskot til drift av Polarmiljøsen-teret A/S**Mål:*

Målet med ordninga er utvikling av Polarmiljøsen-teret A/S i Tromsø.

Kontroll overfor tilskotsmottakar:

I tillegg til fagleg kontakt blir det motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsrapportar frå tilskotsmottakar. Kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av årsrapport og rekneskap, ved kontroll av tilskotsmottakaren si faktiske etablering i senteret og ved at tre av departementet sine direktorat deltek i selskapet sitt styre.

*B: Tilskot til FoU-verksem-d**Mål:*

Målet med tilskotsordninga er å styrkje miljøvernkompetansen retta mot nordområda. Målgruppa for tilskotsordninga er samarbeidande forskingsinstitutt som er deltakarar i Polarmiljøsen-teret.

Kriterium for oppfølging:

Forskinsinstitutta og andre som får tilskot rapporterer på talet iverksette og avslutta FoU-prosjekt, mengda av publiserte og selde publikasjonar, under dette også ved internasjonal referee.

Kontroll overfor tilskotsmottakar:

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversikter for tilskota. Kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av dei inn-sende rapportane.

Post 73 Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk og LA 21, kan overførast

Posten er overført frå kap 1442 post 70.

Posten er redusert i forhold til i fjor, m.a fordi stimuleringsprogrammet for lokal Agenda 21 (LA 21) blir avslutta ved utgangen av 2001. Dette inneber at dei fleste tilskota på denne posten må påreknast noko reduserte i forhold til i fjor.

*A. Drifts- og prosjekttilskot til spesifiserte ikkje-statlege verksemder**Mål:*

Målet med ordninga er å påverke produksjons- og forbruksmønsteret og støtte opp under lokal Agenda 21-arbeidet ved å byggje opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk, og stimulere til berekraftig praksis i hushald og i private og offentlege verksemder. Helse- og miljøfarlege kjemikaliar og avfallshandtering vil vere særleg viktige område. Ordninga omfattar:

- drifts- og prosjekttilskot til Stiftelsen for berekraftig produksjon og forbruk, GRIP Senter, som skal medverke til berekraftig produksjon og forbruk ved å utvikle og formidle kunnskap om metodar som sameiner auka verdiskaping med redusert ressursbruk og miljøbelastning. Senteret er òg eit nasjonalt informasjons- og kompetansesenter for helse- og miljøfarlege kjemikaliar, og sekretariat for «ØkoBygg», eit program for bransjeutvikling som skal stimulere til meir miljøeffektive bustader og bygg. ØkoBygg får òg støtte frå andre departement, bl. a. over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett kap. 581, post 73 Bustad- og bumiljøtiltak
- driftstilskot til stiftelsen Miljømerking i Norge, som skal stimulere næringslivet si satsing på å utvikle meir miljøvennlege produkt og stimulere forbrukarane til val av desse (ordninga er nærare omtalt i Barne- og familiedepartementets budsjettproposisjon)
- driftstilskot til GRID Arendal. GRID Arendal vart etablert i 1989 som ei stifting knytt til FN sitt miljøprogram (UNEP). Hovudoppgåvene til GRID Arendal er å vere eit internasjonalt senter for miljøinformasjon og støtte UNEP sine aktivitetar på dette området. I samsvar med avtale mellom Noreg og UNEP medverkar Noreg med 4,0 mill. kr til grunnfinansiering av GRID Arendal.

- drifts- og prosjekttilskot til Stiftelsen Idébanken. Stiftinga har som formål å fremje og formidle praktiske, lokale forsøk på å realisere ei berekraftig utvikling og har både kommunar, næringsliv og frivillige organisasjonar som målgruppe. Idébanken har ei sentral rolle som støttefunksjon for kommunane sitt arbeid med LA 21 og skal vidareutvikle si rolle i samband med miljøvernreforma i kommunane. Stiftinga Idébanken skal òg vere sentral i arbeidet med prosjektet «07-06-05 – Tid for forandring». Prosjektet varer fram til 2005.
- driftstilskot til Miljøfyrtårn-programmet som skal medverke til å motivere lokalt næringsliv til å bli meir miljøeffektive
- drifts- og prosjekttilskot m.m. til ORIO-programmet for auka gjenvinning av våtorganisk avfall og slam, som skal samanstille eksisterande kunnskap, avdekkje kunnskapshol, initiere forskings- og utgreiingsoppgåver, formidle informasjon og medverke til betre dialog mellom produsent og mottakar. Programmet får også midlar frå Landbruksdepartementet.
- Drifts- og prosjekttilskot til LOOP, ei stifting etablert av 10 returselskap for avfall, som kvar for seg utgir informasjon om si returordning. LOOP sitt formål er å gi meir heilskapleg og samordna informasjon til næringsliv, kommunar og forbrukarar om handtering, gjenvinning og annan behandling av alle typar avfall, under dette spesialavfall.

Drifts- og prosjekttilskot blir gitt på bakgrunn av årlege søknader frå ovannemnde verksemder, vedlagde spesifiserte planar og budsjett. Prosjekttilskot blir gitt på bakgrunn av konkrete prosjektsøknader. Tilskot blir berre gitt til prosjekt som er i tråd med formålet for ordninga.

Oppfølging og kontroll

Drifts- og prosjekttilskota blir følgde opp gjennom krav som blir fastsette i det enkelte tilsegnsbrev. Det blir motteke årsrapport og /eller rekneskaps-oversikter for alle tilsegner i tillegg til fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

*B. Tilskot til stimulering av lokal Agenda 21.**Mål*

Målet for ordninga er å utvikle samarbeid og nettverk for å omsetje lokalt engasjement til berekraftig praksis, i tråd med Fredrikstaderklæringa.

Ordninga vart oppretta i samband med stimuleringsprogrammet for LA 21 (1997-2001) og vil i 2002 berre dekkje avtale med Kommunane Sentralforbund for å sikre kontinuiteten mellom LA 21-programmet og kommunereforma på miljøvernområdet.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som er sette i gang blir følgde opp fagleg og økonomisk. Sluttrapport og rekneskapsrapport blir kravde av tilskotsmottakar etter avslutta prosjekt.

Post 74 Tilskot til AMAP, kan overførast

Posten er overført frå kap 1470 post 70. Løyvinga medverkar til å oppnå måla på resultatområde 8.

Mål:

Målet med løyvinga er å sikre vidareføring av programmet for arktisk miljøovervaking (AMAP) gjennom tilskot til drift av stiftinga AMAP.

Stiftinga vart oppretta av Miljøverndepartementet 24. juni 1997. Det internasjonale miljøvernssamarbeidet under den arktiske miljøvernstrategien (AEPS) tok sikte på å redusere negative miljøverknader av den aukande økonomiske aktiviteten i området. AEPS-samarbeidet er no integrert i det breiare samarbeidet i Arktisk Råd. Miljøovervaking-programmet AMAP utgjer den viktigaste delen av samarbeidet. I juni 1997 la AMAP fram ein omfattande tilstandsrapport for miljøet i Arktis, «Arctic Pollution Issues: A State of the Arctic Environment Report». Rapporten gir eit godt grunnlag for opprydding og førebygging av forureiningsproblem i Arktis.

Oppfølging og kontroll:

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsversikter i tillegg til fagleg kontakt med stiftinga.

Post 75 Miljøvennleg byutvikling, kan overførast

Midlane under posten er overførte frå kap 1463 post 75.

Tilskotsordninga vart oppretta i samband med behandlinga av St.prp. nr. 84 (2000-2001). Midlane er i hovudsak retta mot resultatområde 9 Regional planlegging, men òg resultatområda 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, 2 Friluftsliv, 3

Kultur og kulturmiljø, 5 Helse og miljøfarlege kjemikalier og 6 Avfall og gjenvinning. I tillegg er løyvinga med på å oppfylle nokre av sektormåla til andre departement, bl. a. Kommunal- og regionaldepartementet, Samferdselsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Kulturdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. Satsinga må òg sjåast i samanheng med EU sitt program for byutvikling i meir miljøretta retning.

Mål:

Formålet med ordninga er å utvikle og stimulere til nye løysningar og ny teknologi som fremjar miljøvennleg byutvikling og byforvaltning. Dette gjeld både tiltak i miljøbelasta område i storbyane og nye samarbeidsformer og pilotprosjekt innanfor bustad- og næringsutvikling, samferdsel og arealforvaltning, levande lokalsamfunn og kulturmiljø. Næringslivs- og bebuarorganisasjonar i storbykommunane vil bli prioriterte for støtte til pilotprosjekt i samarbeid med bykommunane. Groruddalen i Oslo vil få særleg merksemd i 2002 m.a. fordi området er bustad for 135.000 innbyggjarar og har omfattande næringsverksemd. Dessutan går trafikken mellom nordaustlege delar av landet og hovudstaden og mellom hovudstaden og hovudflyplassen gjennom dalen. I budsjettet for 2002 er løyvinga foreslått auka med 3 mill. kr i forhold til løyvinga for 2001. Dette som følgje av at det er viktig å planleggje for og utvikle ei miljøvennleg ramme for all menneskeleg aktivitet, særleg i dei større byområda. Miljøproblema er mange i storbyane og det er behov for å utvikle nye samarbeidsformer innan arbeidsfelt med mange aktørar og uavklarte ansvarsforhold. Midlane vil medverke til å setje i verk programmet for miljøvennleg byutvikling, slik det er nedfelt i Regjeringa sitt Langtidsprogram 2002-2005 og Regjeringa sin miljøvernpolitikk og riket sin miljøtilstand.

Oppfølging og kontroll:

Dei tiltaka som blir sette i gang blir følgde opp løpande både fagleg og økonomisk. Det blir kravd fagrapportar og rekneskapsrapportar av tilskotsmottakar etter avslutta prosjekt. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar og rekneskapar. Det vil bli sett i gang forskingsbasert evaluering av dei iverksette tiltak, og resultata frå evalueringa vil bli nytta i det vidare bypolitiske arbeidet lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Post 76 Støtte til internasjonale miljøtiltak og nasjonale energitiltak, kan overføres

Posten er overført fra kap. 1470 post 75. Midlane under denne posten gjeld resultatområda 7 og 8.

Mål:

Målet med ordninga er å styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er særskilte viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøvernpolitiske prioriteringar internasjonalt. Ordninga skal òg medverke til at Noreg gjennom nasjonale tiltak oppfyller sine internasjonale plikter når det gjeld klimændringar, stoff som bryt ned ozon og grenseoverskridande luftforureiningar. Karakteren av tilskotsordninga gjer at det ikkje er praktisk mogleg med ei kunngjering som dekkjer heile målgruppa.

Posten er auka med 2 mill. kr i høve til løyvinga for 2001. Desse midlane skal gå til utgreiing av lokale klimahandlingsplanar som kan leggje grunnlag for lokale tiltak.

Oppfølging og kontroll:

Årsrapportar og reviderte rekneskapar frå frivillige organisasjonar og rekneskap for andre gjennomførte prosjekt dannar grunnlaget for ein generell formalia- og sannsynskontroll.

Post 77 Oppfylgning av garantiansvar for miljøvernlån

Posten er overført fra kap 1442 post 73.

Ordninga med statsgaranterte miljøvernlån i Industribanken (no Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, SND) og garanti gitt av Industribanken på vegne av staten til pålagde reinsetiltak vart avvikla frå og med 1991. I 1991 vart det innført ei ny ordning med statsgaranterte miljøvern-

lån for investeringar i tiltak innan gjenvinning, spesialavfall og miljøteknologi i industrien. Denne vart avvikla frå og med 1997.

Låna er sikra mot pant eller med tilsvarande sikring, eksempelvis ved negativ pantstillingserklæring. I tilfelle gjeldssaneringar, konkursar m. v. blir staten sitt garantiansvar effektivt når den sikring som er etablert ikkje eller berre delvis gir dekning for miljøvernlåna. Under frivillige og offentlege gjeldsforhandlingar opptretr Miljøverndepartementet som ein vanleg kreditor innanfor rammene av Lov om gjeldsforhandlingar og konkurs. Under ein klar føresetnad om at Miljøverndepartementet blir likt behandla med andre, reelt likestilte kreditorar, har Miljøverndepartementet fullmakt til å akseptere og gjennomføre løysingar ved gjeldsforhandling der gjeldssanering, rentefritak, renteakkumulering eller utsetjing av avdrag kan inngå i løysinga. Departementet har ikkje fullmakt til å medverke til løysingar gjennom gjeldsforhandling som byggjer på ein ufordelaktig forskjellsbehandling av våre garanterte lån.

Det årlege behovet for løyvingar kan ikkje fastsetjast, og det blir ikkje ført opp noko forslag til løyving. Posten blir nytta til å innfri garantiar som er gitt i samsvar med tidlegare garantifullmakt. For at dette skal kunne skje på ein praktisk måte, og for at staten ikkje skal pådra seg unødige rentekostnader, har departementet fullmakt til å utgiftsføre utan løyving tap som er fastslått under føresetnad av at det så snart det er føremålstenleg blir fremja forslag til løyving for Stortinget. Denne fullmakta blir føreslått ført vidare i 2002, jf. forslag til vedtak IV. Det var ikkje tap på ordningane i 2000. Garantiansvaret for dei tre ordningane som er avvikla, men der staten framleis sit med garantiansvar, er samla sett redusert frå om lag 380,4 mill. kr per 31. desember 1999 til omlag 185,1 mill. kr ved utgangen av 2000.

Tabell 20.2 Garantifullmakter under kap. 1400 post 77.

I Garanti for lån i SND

		(i 1000 kr)
a)	Tap i 2000	0
b)	Garantiansvar 31.12.00	77 573
c)	Fullmakt, nye tilsegner i 2001	0
d)	Forslag til fullmakt, nye tilsegner i 2002	0
e)	Totalramme i 2002	77 573

II Garanti frå SND til andre private kredittinstitusjonar på vegne av staten

		(i 1000 kr)
a)	Tap i 2000	0
b)	Garantiansvar 31.12.00	6 664
c)	Fullmakt, nye tilsegner i 2001	0
d)	Forslag til fullmakt, nye tilsegner i 2002	0
e)	Totalramme i 2002	6 664

III Statsgaranterte lån i private kredittinstitusjonar og SND

		(i 1000 kr)
a)	Tap i 2000	0
b)	Garantiansvar 31.12.00	110 869
c)	Fullmakt, nye tilsegner i 2001	0
d)	Forslag til fullmakt, nye tilsegner i 2002	0
e)	Totalramme i 2002	110 869

Post 78 Miljøtiltak til nikkilverka på Kola, kan overføres

Posten er overført frå kap. 1470 post 73.

Løyvinga og tilsegnfullmakta under denne posten gjeld resultatområde 8.

Regjeringa har tidlegare gitt signal til russiske styresmakter om ei løyving på inntil 300 mill. kr for miljøtiltak på Kola i tilknytning til eit reinseprosjekt ved nikkilverket i Petsjenga. Av dette er 30 mill. kr brukt i ein tidleg fase til planlegging og prosjektering.

For å utløyse ei norsk løyving til prosjektet på inntil 270 mill. kr, som òg skal dekkje kostnadene ved forvaltning av midlane, har Stortinget stilt krav om finansiering ved lån frå Nordisk investerings-

bank (NIB), og ei tilfredsstillande miljøvurdering av moderniseringsprosjektet. Styret i NIB godkjende 1. mars 2001 eit lån på 30 mill. USD til prosjektet under føresetnad av at prosjektet blir fullfinansiert. Moderniseringsprosjektet er vurdert av ei internasjonal ekspertgruppe som meiner at dei planane som ligg føre, gir høve til ein utsleppsreduksjon på minst 90 % SO₂ og minst 90 % tungmetall til luft. Denne konklusjonen er støtta av Statens forureiningstilsyn. Regjeringa føreslo derfor i St.prp. nr. 84 (2000-2001) ei løyving på 43,2 mill. kr som tilskot til modernisering av nikkilverket i Petsjenga og 1 mill. kr under kap. 1470 post 01 til å dekkje kostnadene ved å forvalte tilskotet. Restbeløpet blir ført vidare som tilsegnfullmakt for 2002. Dette var under føresetnad av at ein fekk ei

tilfredsstillende avtale om fritak for russiske skattar og avgifter på det norske tilskotet. Stortinget slutta seg til forslaget. Komiteen sa seg i si innstilling samd i at tilskotet ikkje må utbetalast før Noreg har fått ei tilfredsstillende avtale med Russland, og at alle avtalene knytte til forvaltninga av tilskotet er underteikna. Under Statsministeren sitt offisielle besøk i Russland i juni 2001 vart ei avtale om fritak frå føderale skattar og avgifter inngått. Vidare er det gitt garanti frå lokale styresmakter om at det norske bidraget ikkje skal skatt-

leggjast. Alle dei sentrale avtalene knytte til forvaltninga av tilskotet blir venteleg ferdigforhandla og underteikna i oktober 2001. Prosjektet er planlagt sett i gang i 2001.

Regjeringa føreslår ei løyving for 2002 på 170 mill. kr i tilskot under kap. 1400 post 78. Vidare er det avsett 1,2 mill. kr under kap. 1400 post 21 til å dekkje utgifter ved forvaltning av tilskotet i 2002. Rest på tilsegnfullmakta blir etter dette 54,6 mill. kr, jf. forslag til vedtak VII.

Kap. 4400 Miljøverndepartementet (jf. kap. 1400)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
02	Ymse inntekter	708		661
09	Internasjonale oppdrag	940		
16	Refusjon frå fødselspengar/adopsjonspengar	1 230		
21	Oppdragsinntekter			662
	Sum kap 4400	2 879		1 323

Post 02 Ymse inntekter

Posten er overført frå kap 4470 post 02.

Det er budsjettert med kr 661 000 i refusjon frå Utanriksdepartementet i samband med utgifter til medlemskap i Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) som er utgiftsført over kap. 1400 post 71. I tillegg kan departementet føre meir tilfeldige inntekter under denne posten, m.a. gebyr for parkering på området til Miljøverndepartementet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1400 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Oppdragsinntekter

Posten er overført frå kap. 4470 post 09.

Midlane er refusjonar knytte til utgifter i samband med oppdrag innan miljøretta bistand. Eventuelle mindreinntekter medfører tilsvarende mindreutgifter under kap. 1400 post 21. Meirinntekter under denne posten gir på andre sida grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1400 post 21, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1401 Opplysningsverksemd, tilskot til organisasjonar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	8 471	7 329	
70	Driftstilskot til frivillige miljøvernorganisasjonar	27 365	30 550	
	Sum kap 1401	35 836	37 879	

Post 01 Driftsutgifter

Posten er lagt ned og overført til kap 1400 post 01 og post 21.

Post 70 Driftstilskot til frivillige miljøvernorganisasjonar

Posten er lagt ned og overført til kap 1400 post 70.

Kap. 1410 Miljøvernforskning og miljøovervaking (jf. kap. 4410)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
21	Miljøovervaking og miljødata		73 555	89 257
50	Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta	83 610	85 910	84 710
51	Forskningsprogram m.m.	99 752	112 214	126 018
52	Rekrutteringsstipend til kvinnelege miljøvernforskarar	3 200	2 100	1 100
53	Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning	5 000	5 000	5 000
60	Kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald, <i>kan overførast</i>		4 000	6 000
70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	22 151	22 151	22 151
79	Diverse tilskot	6 000	6 000	2 500
	Sum kap 1410	219 713	310 930	336 736

Kap. 1410 Miljøvernforskning og miljøovervaking omhandlar basisløyvingar og andre tilskot til miljøforskningsinstitutta, forskningsprogram m. m., rekrutteringsstipend for kvinnelege miljøvernforskarar og kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald i tillegg til miljøovervaking og miljødata. Kapitlet rettar seg mot alle resultat-område.

Post 21 Miljøovervaking og miljødata

Posten dekkjer utgifter til miljøovervaking og innhenting av data og miljøstatistikk knytte til dei miljøvernpolitiske resultatområda, under dette utgifter til resultatdokumentasjon og standardisering. Posten dekkjer òg formidling av resultata som blir oppnådde, m.a. informasjon om miljøstatus for Noreg på Internett. Midlar til overvaking av vilt- og fiskeressursar som kan haustast er dekte over andre postar på Miljøverndepartementet sitt budsjett.

Vidare består utgiftene i hovudsak av kjøp av varer og tenester frå forskningsinstitutt m. fl. som gjennomfører den praktiske innsamlinga og behandlinga av overvakingsdata.

Forslaget til løyving på posten representerer ein nominell auke på 15,7 mill. kr i forhold til sal-

dert budsjett 2001, inkl. 11,5 mill. kr som kompensasjon for auka utgifter som følgje av endringane i lova om meirverdiavgift. Løyvinga til overvaking av biologisk mangfald er føreslått styrkt i 2002-budsjettet med 5,6 mill. kr. Det er likeins lagt inn midlar til oppretting av artsdatabank.

Krava til dokumentasjon og betring av avgjerdsgrunnlaget aukar både nasjonalt og internasjonalt. Miljøovervaking og miljøstatistikk gir kunnskap om miljøtilstanden og endringar i den, og er eit nødvendig grunnlag for å gjennomføre ein effektiv miljøvernpolitikk. Noreg er forplikta gjennom ei rekkje internasjonale miljøvernavtaler til å dokumentere utviklinga i miljøet og dei faktorane som påverkar miljøtilstanden, og deltek i ei rekkje internasjonale overvakingsprogram. Resultata frå desse overvakingsprogramma er det viktigaste grunnlaget for revisjon av eksisterande internasjonale avtaler og etablering av nye. Miljøovervaking og miljøstatistikk gir vidare grunnlag for å vurdere i kva grad dei nasjonale miljømåla blir oppnådd, og miljø- og helseverknader av verkemiddelbruk og tiltak. Auka vektlegging av resultatoppfølging og sektoransvar i miljøvernpolitikken gjer det nødvendig med meir systematisk bruk av miljøstatistikk enn tidlegare. Samarbeidsavtala med Statistisk Sentralbyrå har gitt gode

oversikter over eksisterande statistikk som kan nyttast i samanheng med miljøovervaking.

Mange endringar i miljøtilstanden skjer gradvis og over lang tid. For å få den nødvendige informasjon må overvåkingsprogramma derfor gå over fleire år.

Post 50 Basisløyvingar til miljøforskinsinstitutta

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområde. Løyvinga for 2002 er redusert med 1,2 mill. kr i forhold til saldert budsjett 2001, og skuldast at fiskeavgifta på innanlandsfiske fell bort (jf. omtale under kap. 1425).

Mål:

Miljøinstitutta er sentralinstitutt innan sine område av miljøvernforskinga. Dei skal fungere som nasjonale kompetansesenter og ha ei kunnskapsstrategisk rolle overfor miljøvernforvaltninga, og skal tilfredsstille samfunnet sitt behov for å løse problem på kort og lang sikt innan sine område.

Posten dekkjer basisløyvingar til dei fem miljøforskinsinstitutta, under dette ein del av basisløyvinga til JORDFORSK. Noregs forskingsråd gir råd om fordeling av midlane. Basisløyvingane blir kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd. Basisløyvinga omfattar grunnløyving og løyving til strategiske instituttprogram, jf. resultatområde 11 i tabellen over resultatområde. Posten inkluderer òg 5,0 mill. kr til nasjonal brukarfinansiering av EU-prosjekt ved miljøinstitutta.

Oppfølging og kontroll:

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversikter for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. For oppfølging av årsrapporten vil det blir halde møte med dei enkelte institutt for drøftingar av miljøforvaltninga sine kunnskapsbehov. Noregs forskingsråd sin instituttpolitikk medfører at alle institutta skal evaluerast ca. kvart 6. år. Følgjande institutt er evaluerte: NILU (1997), NIVA (1998), JORDFORSK (1998), NIKU (1999) og NIBR (våren 2001). Ei samla vurdering av felles problem og samarbeidsområde mellom desse institutta var ferdig hausten 1999. Det vart m.a. konkludert med at basisløyvinga har stor innverknad på institutta si kompetanseutvikling. Grunnløyvinga er framleis eit sentralt verkemiddel for å sikre nødvendig kunnskapsbasis til å utvikle sen-

trale fagområde som ein ventar vil vere av verdi for forvaltninga.

Post 51 Forskingsprogram m.m.

Posten er føreslått auka med 8,8 mill. kr. I tillegg er midlar til forskingsprogram for villaks på 5 mill. kr i regi av Noregs forskingsråd føreslått overførte til denne posten frå kap 1427 post 21. Midlane under posten er retta mot alle resultatområde unnateke resultatområde 10 Kart og geodata.

Mål:

Mål for miljøvernforskinga er å medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit effektivt miljøvernarbeid og for ei berekraftig ressursforvaltning og samfunnsplanlegging. Miljøvernforskinga skal gi eit godt kunnskapsunderlag for nasjonale forvaltningsoppgåver, for avgjersler i politikkutforming og som grunnlag for internasjonalt miljøvernssamarbeid.

Hovudvekt er lagt på forskning innan klimaendringar, der ein auke i budsjettet går til klimafor- sking inkl. forskning på biologiske og samfunns- vise effektar som følgje av klimaendringar, og forskning og utgreiing på CO₂-fri gasskraftteknologi. (jf. nærare omtale under Del 2 under resultatområde 7 Klimaendringar, luftforureining og støy). Forsking innan biologisk mangfald og helse- og miljøfarlege kjemikaliar blir òg prioritert. I 2001 vart 16 forskingsprogram finansierte over Miljøverndepartementet sitt budsjett, og alle var samfinansierte, hovudsakleg med midlar frå budsjetta til andre departement. Forsking er eit viktig verkemiddel og er derfor nærare omtalt under dei enkelte resultatområda.

Oppfølging og kontroll:

Det blir motteke årsrapportar frå Noregs forskingsråd som er utarbeidde på bakgrunn av innspel frå programstyra. I tillegg er representantar frå miljøvernforvaltninga valt inn i programstyrer. Det bli framleis arbeidd for å betre integreringa av miljøvernforsking i alle relevante delar av Noregs forskingsråd si verksemd.

Post 52 Rekrutteringsstipend til kvinnelege miljøvernforskarar

Mål:

Målet er å styrkje kvinnerekutteringa til miljøvernforskinga.

Midlane under posten er for 2002 reduserte med 1,0 mill. kr i forhold til saldert budsjett 2001, med sikte på ei styrt nedtrapping av stipendprogrammet.

Oppfølging og kontroll:

Miljøverndepartementet deltek på dei årlege forskarsamlingane som blir arrangerte av Noregs forskingsråd.

Post 53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning

Mål:

Tilskotet er kontingent for medlemskap i International Institute for Applied Systems Analysis (IIASA).

Oppfølging og kontroll:

Kontingenten blir overført Noregs forskingsråd som ivaretek det norske medlemsskapet.

Post 60 Kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald og dekkjer tilskot til kommunar for kartlegging og verdiklassifisering av biologisk mangfald. Midlane vart før budsjettert under kap. 1427 post 60 Kommunal naturforvaltning. Auken under posten har samanheng med oppfølgjinga av St.meld. nr.

42 (2000-2001) Biologisk – sektoransvar og samordning.

Mål:

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til eit breitt kommunalt engasjement og ansvar innan naturforvaltning.

Oppfølging og kontroll:

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakar leverer sluttrapport. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane.

Post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta

Posten omfattar alle miljøinstitutta. Det blir gitt tilskot til tilrettelegging av grunnlagsinformasjon for forvaltning og forskning som rådgiving, møtegodtgjersler, nasjonale databasar og bibliotekfunksjonar m. m., til saman 22,2 mill. kr. Det blir motteke reviderte rekneskapsoversikter for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med det enkelte institutt for drøftingar av dei nasjonale oppgåver.

Post 79 Diverse tilskot

Posten dekkjer 2,5 mill. kr i finansieringstilskot til nybygg for Norsk institutt for luftforskning i 2002. Ordninga vil bli avslutta i løpet av året.

Kap. 4410 Miljøvernforskning (jf. kap. 1410)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
50	Refusjon frå diverse fond	11 736	5 868	4 668
	Sum kap 4410	11 736	5 868	4 668

Beløpet gjeld den delen av basisløyvinga til NINA-NIKU som er finansiert ved retningslinjer frå Viltfondet og Statens fiskefond. Løyvinga er føreslått redusert med 1,2 mill. kr i budsjettet for 2002. Årsaka til dette er at fiskaravgifta er føreslått

fjerna f. o. m. 2002, noko som medfører lågare inntekter til Fiskefondet som refunderer utgifter til miljøvernforskning over kap. 4410 post 50. Det blir vist til nærare omtale av dette under kap. 1425 og 4425 under programkategori 12.20.

Programkategori 12.20 Biomangfald og friluftsliv

Utgifter under programkategori 12.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1422	Biomangfald, friluftsliv og kulturminne	12 533	10 709		-100,0
1425	Vilt- og fisketiltak (jf. kap. 4425)	90 053	82 645	68 345	-17,3
1426	Statens naturoppsyn (jf. kap. 4426)	63 518	76 937	85 952	11,7
1427	Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 4427)	345 960	421 238	456 863	8,5
Sum kategori 12.20		512 065	591 529	611 160	3,3

Utgiftene under programkategori 12.20 gjeld i hovudsak tre resultatområde; 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, 2 Friluftsliv og 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver. Midlane som tidlegare låg på kap. 1422 er no lagt inn i kap. 1400 under programkategori

12.10, mens heile kapittel 1429 er flytta til programkategori 12.30. Det blir elles vist til innleiinga i del 2 der det blir gjort greie for budsjettvise endringar i 2002 innanfor dei ulike resultatområda.

Kap. 1422 Biomangfald, friluftsliv og kulturminne

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	12 533	10 709	
Sum kap 1422		12 533	10 709	

Løyvinga under dette kapitlet er flytta til kap. 1400.

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak (jf. kap. 4425)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	35 589	33 000	31 500
60	Tilskot til kommunal fiskeforvaltning, <i>kan overførast</i>	13 995	4 500	
61	Tilskot til kommunale vilttiltak, <i>kan overførast</i>		5 000	5 000
65	Fallvilt, <i>kan overførast</i>	8 029	8 000	
70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overførast</i>	9 659	11 000	6 200
71	Tilskot til viltformål, <i>kan overførast</i>	19 962	21 145	25 645
72	Erstatninger for hjorteviltskadar, <i>kan overførast</i>	2 819		
Sum kap 1425		90 053	82 645	68 345

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak omfattar utgifter der tilsvarende inntekter blir refunderte frå Viltfondet og Statens fiskefond, jf. kap. 4425 Refusjonar Viltfondet og Statens fiskefond. Midlane under kap. 1425 er hovudsakleg retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald. Ordninga med Viltfondet og Statens fiskefond synleggjer at norsk vilt- og fiskeforvaltning for ein stor del er basert på brukarfinansiering gjennom pålagde avgifter og gebyr. Refusjonen frå Fiskefondet og Viltfondet finansierer utgifter til vilt- og fisketiltak over kap. 1425 og forskning på vilt- og fiskeressursar over kap. 1410 post 50 og utgifter til drift av Jegerregisteret i Brønnøysundregistra over kap. 0904. Under kap. 4425 er det meir detaljert gjort greie for korleis inntektene frå fonda blir nytta.

Lønn og godtgjersler til fast tilsette innan det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1425, men kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning og kap. 1510 Fylkesmannsembeta.

I budsjettet for 2002 er dei samla refusjonane til statsbudsjettet frå Viltfondet og Statens fiskefond over kap. 4425 føreslått redusert med 14,3 mill. kr i forhold til 2001, jf. omtale under kap. 4425 Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond. Forslaget er basert på overslag over forventade inntekter i fonda i 2002, og særskilt bruk av kapitaliserte inntekter i fonda i tidlegare år.

Dei reduserte refusjonane skuldast først og fremst at fiskaravgifta på innlandsfiske og fiske etter kreps er føreslått fjerna frå og med 2002. Reduksjonen i denne avgifta vil medføre ein inntektsreduksjon i Fiskefondet på ca 12 mill. kr årleg. Av dette blir refusjonane som korresponde-

rer med kap. 1425 reduserte med 10,8 mill. kr, og refusjonane som korresponderer med kap. 1410 blir reduserte med 1,2 mill. kr. Det blir òg ein reduksjon på 8,0 mill. kr under kap. 1425 knytt til vilttiltak, ettersom alt ansvar for fallvilt og inntektene frå fallvilt frå 2002 vil ligge hos kommunane. Denne endringa er behandla i Ot.prp. nr. 37 (1999-2000), jf. Innst. O nr. 80 (1999-2000) og Besl. O. nr. 92 (1999-2000).

På den andre sida aukar utgiftene til lokale vilttiltak over kap. 1425 med 4,5 mill. kr grunna forventade auka inntekter til Viltfondet.

Ettersom inntektene til Fiskefondet blir reduserte, blir heile post 60 Kommunal fiskeforvaltning under kap. 1425 føreslått fjerna. Post 70 Tilskot til fiskeformål blir føreslått redusert, og det same gjeld post 01 Driftsutgifter.

Som ein konsekvens av endringa i fiskaravgifta på innlandsfiske, vil departementet seinare fremje forslag om endring i § 30 i lov om laksefiske og innlandsfiske m.v. I samband med dette vil departementet òg vurdere ein heimel for kommunane til å fastsetje ei lokal fiskaravgift for næringsfiske og bruk av fastståande reiskap.

Omlegginga av forvaltninga av hjortevilt som vart gjennomført i 2001, jf. St.prp. nr. 1 (2000-2001), blir ført vidare. Endringa medførte m.a. at kommunane har fått eit større ansvar for forvaltning av hjortevilt utanom villrein. Det er no fastsett ei statleg rammevorskrift for dei kommunale viltfonda, der inntektene til kommunane frå felingsavgifter inngår.

Villreinforvaltninga er framleis statleg, og er organisert ved lokale statlege villreinnemnder. Fellingsavgiftene for villrein blir innbetalt til det

statlege Viltfondet. I 2000 vart det felt i alt 7 631 villrein. Dette svarer til ei etterskotsvis fellingsavgift på nærare 1,5 mill. kr. Miljøverndepartementet vil iverksetje ein gjennomgang av dagens ordning med sikte på ei omlegging slik at fellingsavgifter for villrein blir innkravde og forvalta lokalt, men slik at villreinforvaltninga framleis er eit statleg ansvar.

Det er ikkje føreslått avgiftsendringar knytte til utøving av jakt for 2002. Ved ein feil vart det i 2001 kravd inn tilleggsavgift berre frå jegerar som jaktar elg og hjort. For 2002 vil dette òg omfatte jegerar som jaktar villrein.

Som ei følge av meirverdiavgiftsreforma får fleire av dei langsiktige oppgåvene som er finansierte over kap. 1425 ein kostnadsauke. Dette blir for vilttiltaka sin del nokolunde kompensert ved at inntekta til Viltfondet forventast å bli større, men for fisketiltaka vil dette medføre ein viss nedgang i aktivitetane.

Stortinget har tidlegare føresett at ca. halvparten av refusjonane frå Viltfondet og Statens fiskefond skal gå til lokale tiltak. I samband med si behandling av statsbudsjettet for 1999 presiserte likevel Stortinget at fondsmidla skal disponerast til lokale vilt- og fisketiltak i nært samarbeid med brukar- og interesseorganisasjonar. Denne intensjonen om lokal bruk av fondsmidlane er i all hovudsak oppfylt. Det blir her vist til at både løyvingforslaga under tilskotspostane og store delar av løyvingforslaget under post 01 går til formål som er viktige for den lokale vilt- og fiskeforvaltninga.

Den vidare utviklinga på dette området må elles sjåast i nær samanheng med arbeidet med å styrkje den lokale vilt- og fiskeforvaltninga basert på m.a. driftsplanar. Omlegginga vil gi grunnlag for enklare rollefordeling mellom forvaltningsnivåa, og eit tettare samarbeid mellom den statlege forvaltninga, kommunane, rettshavarane og interesseorganisasjonane om bruken av fondsmidlane.

I Innst. O. nr. 80 (1999-2000) har Stortinget bede om at det blir innført etterskotsvis innbetaling av fellingsavgiftene samtidig med overføring av ansvaret til kommunene. Dette vart sett i verk i 2001, og dei øvre rammene kommunane kan krevje i form av fellingsavgift er gitt under beskrivinga til kap. 4425.

Kommunane dekkjer òg sjølv sine administrative kostnader til viltarbeidet, jf. Ot.prp. nr. 37 (1999-2000). Det er likevel nødvendig å føre vidare høvet til å stimulere og styrkje kommunale tiltak innan viltforvaltning i ein overgangsperiode. Post 61 er derfor ført vidare som ein tilskotspost

der fylkesmannen tildeler midlar til kommunane i tråd med regionalt og kommunalt prioriterte arbeidsoppgåver og tiltak.

Når fellingsavgiftene på elg og hjort tilfell dei kommunale viltfonda, vil finansieringsgrunnlaget for sentrale tiltak blir endra. Ein heilt nødvendig føresetnad for dei endringane i roller og funksjonar som det er lagt opp til, er at ein kan beholde og vidareutvikle overvaking og FoU knytt til forvaltninga av ressursane av hjortevilt, og ha høve til å setje i verk FoU som er nødvendig for at kommunane skal kunne ha ei fagleg velfundert forvaltning av hjorteviltet. For å sikre nødvendig finansiering av slike sentrale oppgåver innan hjorteviltforvaltninga er derfor jegeravgifta differensiert, slik at dei som jaktar elg, hjort og villrein betaler ein høgare avgift.

Viltfondet og Statens fiskefond sine mål:

Viltfondet:

Viltlova sin § 40 fastset at «den som vil drive jakt eller fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastsetter» og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom behandlinga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget følgjande retningslinjer for bruken av midlane i viltfondet:

- Viltfondet skal brukast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforskning, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegersevice.
- Den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde over, skal framgå av Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon. Ved budsjetteringa er det føresett at ca. halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein skal nyttast i villreinforvaltninga.

Viltfondet sin kapital blir forvalta av Miljøverndepartementet v/Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene og fordelinga av midlar blir budsjetterte over Miljøverndepartementet sitt budsjett. Den årlege ramma skal normalt svare til fondet sine stipulerte inntekter same år. Eventuelle oversky-

tande inntekter skal overførast og bli kapitalisert i fondet

Statens fiskefond:

I lov om laksefisk og innlandsfisk m. v., § 30, heiter det at den som er fylt 16 år og vil fiske etter anadrom laksefisk eller innlandsfisk skal betale avgift til fiskefondet.

Det er gitt visse unntak, m.a. for fiske i medhald av reindriftslovgivinga og til undervisnings- eller behandlingssøremål. Som ei følgje av forslaget om å fjerne fiskaravgift på alt fiske etter innlandsfisk, blir følgjande retningslinjer for bruken av midlar frå Statens fiskefond lagt til grunn:

- Statens fiskefond sine inntekter består av fiskaravgift og renter av fondet sin kapital.
- Statens fiskefond skal nyttast til forvaltningstiltak knytte til anadrom laksefisk og som kjem samfunnet og allmenta til gode; under dette investeringar, spesielle driftsutgifter til fiskefremjande søremål, fiskeforskning og overvaking.
- Den årlege fordelinga av midlane mellom formåla som nemnde over, skal framgå av Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon. Ved budsjetteringa er føresett at omlag halvparten av fondet sine inntekter skal gå til lokale tiltak.

Statens fiskefond sin kapital blir forvalta av Miljøverndepartementet ved Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene og fordelinga av midlar blir budsjetterte over Miljøverndepartementet sitt budsjett. Den årlege ramma skal normalt svare til dei inntekter ein ventar at fondet vil ha same år. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og blir kapitaliserte i fondet.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Løyvinga er føresett å skulle dekkje utgifter til faglege prosjekt og utgreiingar og administrative kostnader knytte til desse prosjekta. Midlane skal nyttast til å leggje til rette for ei langsiktig og berekraftig utnytting av jakt- og fiskeressursane, og allmenta sin tilgang til desse. Midlane dekkjer òg utgifter til lønn og godtgjersler for mellombels tilsette knytte til gjennomføringa av prosjekt og spesielle utgreiingar m.v.

Løyvinga på posten må sjåast i lys av at vilt- og fiskeressursane er eit fellesgode. Ein må derfor

sikre at desse ressursane blir forvalta på ein forvarleg måte, og innanfor ramma av ein berekraftig haustingspolitikk. Det overordna ansvaret for dette er lagt til Direktoratet for naturforvaltning som fagdirektorat. Direktoratet må derfor syte for at sentralt drivne overvakingsprogram, FoU og utgreiingar gir fylkesmenn, kommunar, rettshavarar, organisasjonar og andre aktørar eit godt grunnlag for forvaltninga av arter og bestandar.

Posten er føreslått redusert som ei følgje av bortfallet av inntektene frå fiskaravgifta på fiske etter innlandsfisk og kreps.

Post 60 Tilskot til kommunal fiskeforvaltning, kan overførast

Posten blir føreslått oppheva i statsbudsjettet for 2002 grunna bortfall av inntekter etter fjerninga av fiskaravgifta på fiske etter innlandsfisk og kreps.

Post 61 Tilskot til kommunale vilttiltak, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Mål:

Målet med tilskotsordninga er å medverke til ei god gjennomføring av lokale vilttiltak i kommunane.

Posten skal dekkje utgifter til tiltak innan den lokale viltforvaltninga, og må sjåast i samanheng med det omleggingsarbeidet som er gjennomført når det gjeld kommunane si rolle i viltforvaltninga, jf. Ot.prp. nr. 37 (1999-2000) Om lov om endring i viltloven. Posten skal berre dekkje delar av kommunane sine utgifter til tiltak, jf. at fellingsavgifter for elg og hjort blir kravde inn av kommunen og inngår i kommunale viltfond. Midlane er føresett tildelte kommunane frå fylkesmannen, og prioriterte i forhold til kommunar som sjølve har eit avgrensa inntektsgrunnlag gjennom fellingsavgiftene, dvs. kommunar som har små bestandar av hjortevilt, og der dei kommunale viltfonda bør få tilført midlar til prioriterte tiltak via denne tilskotsposten. Det kan gis tilskot til kartlegging av viltressursane og viltinteressene i kommunane, innarbeiding av viltinteressene i kommunale planar, oppretting og drift av driftsplanområde, deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid, delfinansiering av kompetansegivande etter- og vidareutdanning i viltforvaltning og andre oppgåver som følgjer av kommunane si mynde etter viltlova. Det

skal særleg leggjast vekt på å styrkje interkommunale fellesprosjekt, og som omfattar kommuneovergripande viltbestandar.

Tildeling skjer på bakgrunn av søknader og melde behov frå kommunane, og fordelingsnøklar av objektiv karakter.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarane.

Post 65 Fallvilt, kan overførast

Posten har dekt utgifter til å ta vare på fallvilt i kommunene. Frå og med 2001 har dette vore eit kommunalt ansvar, slik at inntektene frå fallvilt tilfell kommunen, jf. Ot.prp. nr. 37 (1999-2000) og behandlinga av denne i Innst. O. nr. 80 (1999-2000) og Besl. O. nr. 92 (1999-2000). Den ordninga som eksisterte baserte seg likevel på at kommunane forskoterte utgiftene, og fekk dei refunderte året etter. Derfor har løyvinga på posten blitt halden oppe i budsjettet for 2001. Frå 2002 vil alt ansvar for fallvilt ligge hos kommunane, og posten blir føreslått opphevd.

Post 70 Tilskot til fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald og resultatområde 2 Friluftsliv.

Post 71 Tilskot til viltformål, kan overførast

(i 1 000 kr)				
Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
71.1	Hjortevilttiltak	19 962	7 000	7 000
71.2	Villreintiltak		1 700	1 700
71.3	Lokale vilttiltak m.v.		6 445	10 945
71.4	Viltovervaking		6 000	6 000
Sum post 71		19 962	21 145	25 645

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Posten blir føreslått redusert med 4,8 mill. kr som ei følgje av bortfallet av inntektene frå fiskaravgifta på fiske etter innlandsfisk og kreps. Noko av reduksjonen blir føreslått oppvegen ved at 2,3 mill. kr av løyvinga til kap. 1427 post 70 Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, blir sett av til tiltak retta mot tilrettelegging av fiske for allmenta.

Mål:

Målet med tilskotsordninga er å sikre og utvikle lokale bestandar av laks, sjøaure og sjørøye, og å motivere til og betre høva for fritidsfiske. Tilskotsordninga skal understøtte den lokale fiskeforvaltninga med særleg vekt på gjennomføring av tiltak i tråd med driftsplanar.

Tilskot gis til tiltak i regi av lag og organisasjonar etter søknad. Det kan gis tilskot til kultiveringstiltak, tilrettelegging for og stimulering til fritidsfiske, informasjon om fisketilhøve, organisering av fiskekortområde og forvaltningsrelaterte utgreiings-, forskings- og overvakingsprosjekt.

Oppfølging og kontroll:

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Tilskot til FoU blir kontrollert spesielt i forhold til dei forventningane som er gitt i tilsegna eller kontrakten.

Mål:

Målet for tilskotsordninga er å medverke til ei god gjennomføring av oppgåver innan viltforvaltninga og tiltak i regi av enkeltpersonar, lag og organisa-

sjonar der tiltaket har ein regional, interkommunal eller sentral karakter.

Bruken av tilskotsmidlane vart endra i 2001 som ei følge av omleggingsarbeidet i forhold til kommunane, jf. Ot.prp nr 37 (1999-2000) samt Innst. O. nr. 80 (1999-2000) og Besl. O. nr. 92 (1999-2000). Kommunane krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort som ein del av eit kommunalt viltfond. For 2002 er derfor føresett at søknader om tilskot til tiltak som har reint kommunal karakter blir viste til dei kommunale viltfonda som er finansierte med fellingsavgifter, midlar frå post 61, og eventuelt eigne kommunale midlar. På bakgrunn av søknader innanfor prioriterte satsingsområde må fylkesmannen ha verkemiddel som kan stimulere til regionale utviklingsoppgåver, og som støttar opp om kommunale og interkommunale prioriterte tiltak, under dette tiltak som stimulerer til eit større engasjement i arbeidet med driftsplanar blant rettshavarane, og som støttar opp under betre tilrettelegging av jakttilhøva for allmenta.

Tiltak som kan gis tilskot er kartlegging av viltressursane/viltet sine leveområde, kartlegging av viltinteressene i kommunar og regionar, innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteressene i kommunale planar etter plan- og bygningslova, kartlegging og iverksetjing av tiltak med formål å betre bestandsoversikter, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid, FoU og studentoppgåver, organisasjonar, lag og foreiningar som ønskjer å iverksetje tiltak, og andre prioriterte viltføremål. Det kan òg gis tilskot til tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jakttilhøve.

Midlar til fellestiltak blir fordelte av Direktoratet for naturforvaltning mens midlar til lokale tiltak blir fordelte av fylkesmannen. Midlane til lokale tiltak blir fordelte mellom fylka etter fordelingsnøklar baserte på m.a. innbetalt jegeravgift, talet på jegerar i fylket, felte vilt m.m. Fylkesmennene fordeler midlane vidare etter søknad.

Oppfølging og kontroll:

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

Posten er føreslått styrkt som følge av auka inntekter til Viltfondet.

Underpost 71.1 Hjortevilttiltak

Underposten skal dekkje tiltak knytte til handlingsplan for forvaltning av hjortevilt som er utarbeidd i samarbeid mellom forvaltninga og organisasjonane i 1995. Underposten skal òg dekkje dei sentrale overvakingsprogramma for bestandsutvikling og samansetning, og programmet for helsovervaking av hjortevilt. Midlar blir òg nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m. m., og forvaltningsretta FoU og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak.

Underpost 71.2 Villreintiltak

Underposten skal dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, driftsplanar, arbeid med å sikre leveområda, forvaltningsretta FoU- og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak.

Underpost 71.3 Lokale vilttiltak m. v.

Midlane blir nytta til vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, forvaltningsretta FoU knytt til dokumentasjon og overvaking av biologisk mangfald, og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta.

Underpost 71.4 Viltovervaking

Midlane blir nytta til overvakingsoppgåver som skal sikre ei løpande oversikt over bestandsstatus og utvikling av arter og artsgrupper av vilt, som ikkje er dekt over underpost 71.1 eller underpost 71.2. Dei sentrale overvakingsprosjekta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk både sentrale, regionale og lokale forvaltningstiltak og justering av verkemiddel, og avdekkje kunnskapsbehov.

Kap. 4425 Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond (jf. kap. 1425)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
51	Viltfondet	133 500	55 645	52 145
52	Statens fiskefond	45 632	27 000	16 200
	Sum kap 4425	179 132	82 645	68 345

Under dette kapitlet er budsjettert hovuddelen av refusjonane til statsbudsjettet basert på dei årlege inntektene til Viltfondet og Statens fiskefond. Eventuelle overskytande inntekter i fonda som ikkje blir tekne ut som refusjonar på statsbudsjettet, skal i samsvar med retningslinjene bli kapitaliserte i fonda og gir grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år. Refusjonane under kap. 4425 gir grunnlag for tilsvarende utgifter som er budsjetterte under kap. 1425 Vilt- og fisketiltak. Til saman kr 4 668 000 av refusjonane frå Viltfondet og Statens fiskefond blir inntektsførde under kap. 4410 post 50 og gir grunnlag for tilsvarende utgifter under kap. 1410 post 50 Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta. Desse utgiftene dekkjer vilt- og fiskeforskning i regi av NINA-NIKU. Dei samla refusjonane frå Viltfondet og Statens fiskefond over kap. 4425 er i budsjettet for 2002 føreslått redusert med 14,3 mill. kr i forhold til 2001, jf. omtalen under kap. 1425.

I budsjettet for 2002 er det føreslått å føre vidare ordninga med å inntektsføre 3,5 mill. kr i refusjonar frå Viltfondet under kap. 3904 Brønnøysundregistra, med tilsvarende auke i utgiftene under kap. 0904 Brønnøysundregistra. Dette går til dekning av driftsutgifter til Jegerregisteret.

Post 51 Viltfondet

Viltfondet sine inntekter kjem frå jegeravgifta, fellingsavgifta, enkelte typar fallvilt og renter av fondskapitalen. Jegeravgifta har vore den største inntektskjelda for Viltfondet. Omkring 191 000 personar betalte jegeravgift i jaktåret 2000/2001. I Jegerregisteret er det registrert omkring 350 000 personar. I mars 1999 overtok Brønnøysundregistra ansvaret for drifta av Jegerregisteret. Ingen avgiftsendringar er føreslått for 2002. Jeger- og fel-

lingsavgifter og gebyr for manglande innlevering av jegeravgiftskort blir derfor dei same som i 2001.

Viltfondet i 2002

Inntektene i Viltfondet i 2002 må sjåast i lys av omlegginga av ordninga med fellingsavgifter for elg og hjort. Inntekter som tidlegare tilfall Viltfondet tilfell frå 2001 kommunane. Dette gjeld både inntekter frå fallvilt av hjortevilt og bever, og inntekter frå fellingsavgiftene for elg og hjort. Samtidig som inntektssida er endra er òg storleiken på utgiftene og fordelinga av dei på ulike forvaltningsnivå endra, jf. postomtalen under kap 1425.

Kommunane har etter omlegginga fått eit meir eintydig ansvar for forvaltninga av hjortevilt, under dette òg verkemiddel for å styrkje lokale vilttiltak generelt. Det er likevel nasjonale oppgåver innan hjorteviltforvaltninga som må løysast. Slike felles FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av det statlege Viltfondet, gjennom den differensierte jegeravgifta. Differensieringa inneber at hjorteviltjegerane betaler eit tillegg til jegeravgifta, og på denne måten medverkar dei særskilt til nødvendige nasjonale oppgåver. Samtidig er det eit mål at avgiftsnivået for hjorteviltjegerane totalt sett ikkje skal auke. Dette er ivareteke gjennom at fellingsavgiftene nå blir kravde inn etterskotsvis.

For 2002 vil Viltfondet refundere forskning og utvikling som vedrører viltforvaltning, vilttiltak, ivaretaking av viltet i arealplanlegginga, dei administrative utgiftene til villreinnemndene, utgifter som har oppstått til sentral behandling av fallvilt m. v. i 2002, og administrasjon av jegerregisteret og jegerservice.

Tabell 20.3 Samla refusjonar frå Viltfondet i 2002:

Formål:	Refusjonar (i 1000-kr):
Sentrale fallviltutgifter (kap. 1425.01):	1 000
Prosjekt, administrasjon m. v. (kap. 1425.01):	20 500
Kommunal viltforvaltning (kap. 1425.61):	5 000
Hjortevilttiltak (kap. 1425.71.1):	7 000
Villreintiltak (kap. 1425.71.2):	1 700
Lokale vilttiltak (kap. 1425.71.3):	10 945
Viltovervaking (kap. 1425.71.4):	6 000
Vederlag og førebyggjande tiltak (kap. 1425.72):	0
Sum refusjon frå Viltfondet under kap. 1425:	52 145
Viltforskning, NINA (kap. 1410.50):	3 000
Drift av Jegerregisteret (kap. 0904):	3 500
Sum refusjon frå Viltfondet i 2001:	58 645

Fallviltarbeidet

All ivaretaking av fallvilt er frå 2002 eit kommunalt ansvar, der både inntekter og utgifter tilfell kommunane. Det er likevel framleis eit behov for å gjennomføre analysar av individ som blir attfunne som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartene. Slike analysar er fellesoppgåver som framleis må gjennomførast av Direktoratet for naturforvaltning, og utgiftene til dette arbeidet er budsjettert under kap. 1425 post 01, jf. postomtalen. Det vil òg i 2002 kunne vere eit avgrensa inntekspotensial for det statlege Viltfondet, primært knytt til sal av omsetjelege delar av vilt som framleis tilfell Viltfondet, eksempelvis skrottar av bjørn.

Post 52 Statens fiskefond

Inntektene til Statens fiskefond består av fiskaravgift, verdien av inndregen fisk og renter av fondet sin kapital. Fondet refunderer utgifter til fiskeforvaltningstiltak og fiskeforskning.

Totalt var det 224 000 innbetalingar i 2000. Det totale talet på innbetalingar har vore rimeleg stabilt dei siste åra.

Fiskaravgifta for fiske etter innlandsfisk og kreps blir føreslått fjerna frå og med fiskeåret 2002/2003. For fiske etter anadrom laksefisk (laks, sjøaure og sjørøye) blir årsavgifta føreslått ført vidare med same beløp, kr 180. Bortfallet av avgifta på fiske etter innlandsfisk og kreps inneber ein inntektsreduksjon på ca. 12 mill. kr årleg.

Tabell 20.4 Samla refusjonar frå Statens fiskefond i 2002:

Formål:	Refusjonar (i 1000 kr)
Prosjekt, administrasjon m. v. (kap. 1425.01):	10 000
Tilskot til fiskeformål (kap. 1425.70):	6 200
Sum refusjon frå Statens fiskefond under kap. 1425	16 200
Fiskeforskning, NINA (kap. 1410.50):	1 668
Sum refusjon frå Statens fiskefond i 2001	17 868

Kap. 1426 Statens naturoppsyn (jf. kap. 4426)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	41 343	46 489	49 495
30	Tiltak i nasjonalparkane, <i>kan overførast</i>	2 067	2 500	3 791
31	Tiltak i naturvern- og friluftsområde, <i>kan overførast</i>	9 699	10 613	12 971
32	Skjergardsparkar o.a., <i>kan overførast</i>	9 848	11 835	14 195
70	Tilskot til naturoppsyn, <i>kan overførast</i>	562	500	500
71	Bru til Tautra, <i>kan overførast</i>		5 000	5 000
	Sum kap 1426	63 518	76 937	85 952

Kap. 1426 Statens naturoppsyn inkluderer midlar til etablering og drift av Statens naturoppsyn (SNO) og midlar til tiltak i natur- og friluftsområde.

Statens naturoppsyn si rolle og oppgåver:

Statens naturoppsyn (SNO) vart etablert i 1997 med heimel i lov om statleg naturoppsyn av 21.06.1996, jf. Ot.prp. nr. 30 (1995-96). SNO er under utvikling og arbeider for å etablere eit samla grep om statleg oppsynsinnsats i naturområde. Hovudoppgåvene er informasjon og vegleiing, i tillegg til m.a. kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og drift. I dette inngår òg viktige oppgåver innan rovviltforvaltninga. SNO har òg eit overordna ansvar for oppfølginga av ordninga med skjergardstenesta. Det blir lagt stor vekt på å etablere godt samarbeid med dei andre aktørane innan naturoppsyn, og særleg er samordning med politiet viktig når det gjeld oppgåver knytte til kontroll. Ei viktig utfordring for oppsynet er å skape forståing og respekt for regelverket som finst på dette området. Den nasjonale leiinga er lagt til Direktoratet for naturforvaltning, mens hovudtyngda av arbeidet skjer lokalt i område der behovet for styrkt oppsyn er størst. Verksemda er basert dels på eige felpersonale og dels på kjøp av tenester og samarbeid med andre oppsynsordningar lokalt og regionalt. Det heiltidstilsette oppsynet er tilsett i Direktoratet for naturforvaltning, men har arbeidsstad lokalt tilknytt eit definert, geografisk område.

Auken under kapitlet skuldast satsinga på friluftsliv i budsjettet, og kompensasjon for auka

utgifter i samanheng med meirverdiavgiftsreforma. Ein viser til omtale under dei einskilte postane.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønns- og driftsutgifter til Statens naturoppsyn. Posten dekkjer òg lønn til engasjement i den sentrale eininga i Direktoratet for naturforvaltning, og ulike tenestekjøp i samband med drifta av oppsynet, m.a. hos politiet.

Posten dekkjer vidare utgifter til lokalt kontaktnett for rovvilt, utgifter til IT- og sambandsutstyr, feltutstyr, uniform/arbeidstøy, opplæringsiltak, informasjonsmateriell, tiltak innan naturvegledning m. v., og utviklingskostnader. Posten dekkjer òg mindre utgifter knytte til sal av nasjonalparkprodukt, og oppdragsverksemd der dei tilsvarende inntektene er budsjetterte på kap. 4426 post 01.

Posten er auka for å styrkje SNO sitt arbeid med dokumentasjon av skadar som følgje av rovdyr. Dette er mellom anna gjort på bakgrunn av Riksrevisjonen si påpeiking av at berre ein liten del av erstatningane for rovviltsskadar er utbetalt på grunnlag av skadedokumentasjon, resten har vore sannsynleggjorde. Det er lagt inn kompensasjon for auka utgifter som følgje av meirverdiavgiftsreforma. Utgiftene til tilsynsutval for nasjonalparkar og forsøksordning med lokal forvaltning i Setesdal-Vesthei er flytta til kap. 1427 post 21.

Eventuelle mindreinntekter under kap. 4426 post 01 medfører tilsvarende mindreutgifter under kap. 1426 post 01.

Post 30 Tiltak i nasjonalparkane, kan overføres

Posten dekkjer statlege investeringsutgifter i samband med forvaltninga av nasjonalparkane og tiliggjande verneområde i tråd med godkjent forvaltningsplan og andre styringsdokument. Vidare dekkjer posten utgifter til tilretteleggingstiltak av ulike slag i samband med styringa av ferdsla inntil og i nasjonalparkane. Posten er auka for å styrkje forvaltninga av nasjonalparkar og andre større verneområde som inngår i nasjonalparkplanen.

Post 31 Tiltak i naturvern- og friluftslivsområde, kan overføres

Posten dekkjer utgifter til ulike praktiske tiltak som følgjer av statleg tileigning av nasjonalt eller regionalt viktige friluftslivsområde, eller varige servituttavtaler for å sikre av allmenta sine friluftsinteresser i slike område. Posten dekkjer òg feltvise utgifter i naturområde freda ved kgl. res. Dette er m.a. utgifter til opparbeiding av stiar, tilrettelegging for publikum, uteinformasjonstiltak m. v.

Auken på posten er knytt til gjennomføringa av tiltak for tilrettelegging i sikra friluftsområde og for å styrkje forvaltninga av naturvernområde.

Post 32 Skjergardsparkar m. v., kan overføres

Posten er primært retta mot resultatområde 2 og dekkjer utgifter til den praktiske forvaltninga av skjergardsparkar og utgifter knytte til drift av skjergardstenesta i Oslofjorden. Begge desse ordningane er etablerte med bakgrunn i statlege initiativ. Posten skal òg dekkje utgifter til forvaltningsoppgåver/områdeforvaltning, under dette nødvendig merkje- og oppsynsoppgåver i samband med skjergardsparkane og andre friluftslivsområde i kystsona som er sikra av staten.

Posten er føreslått auka med 2,4 mill. kr 2,0 mill. kr av dette er grunngitt i behovet for å styrkje skjergardstenesta til å dekkje utvidinga av skjergardsparken i Lindesnes og andre nye sikra område langs kysten. Det resterande er kompensasjon for auka meirverdiavgift.

Post 70 Tilskot til naturoppsyn, kan overføres.

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å støtte opp om oppsynsaktivitetar i regi av frivillige organisasjonar der dette vil fungere som eit viktig supplement til aktivitetar som blir utførte av Statens naturoppsyn (SNO).

Posten dekkjer støtte til oppsynsaktivitetar i regi av frivillige organisasjonar. Dette fungerer som eit viktig supplement til aktivitetar som blir utførte av SNO. Spesielt vil det vere aktuelt å gi tilskot til førebyggjande tiltak mot faunakriminalitet. Tilskot gis til tiltak i regi av kompetente organisasjonar etter søknad. Tilskot kan m.a. gis til planlegging og gjennomføring av arbeid i felt og oppsynsrelevante kurs-, opplærings- og informasjonsverksemd innan dei aktuelle organisasjonane.

Oppfølging og kontroll:

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og –rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

Post 71 Bru til Tautra, kan overføres

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald. Løyvinga blir føreslått med same løyving som i budsjettet for 2001, jf. Budsjettinnst. S. nr. 9 (2000-2001).

Mål

Målet med posten er å medverke til å finansiere bygging av ny bru til Tautra i Sør-Trøndelag for å sikre det biologiske mangfaldet i Fuglereservatet på øya. Løyvinga er Miljøverndepartementet sin del av eit større prosjekt for å sikre gjennomstrøyming av vatn ved at eksisterande molo blir erstatta med bru.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapport og –rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

Kap. 4426 Statens naturoppsyn (jf. kap 1426)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Ymse inntekter	7	206	106
	Sum kap 4426	7	206	106

Post 01 Ymse inntekter

På posten er ført ulike inntekter for Statens naturoppsyn, under dette inntekter frå sal av

nasjonalparkprodukt, inntekter frå oppdragsverk-
semd o.l. Eventuelle mindreinntekter på posten
medfører tilsvarende mindreutgifter under kap.
1426 post 01.

Kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 4427)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	95 572	105 183	68 646
21	Spesielle driftsutgifter			32 333
30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	10 998	22 785	30 905
32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	67 889	18 500	17 750
33	Statlege tileigningar, barskogvern, <i>kan overførast</i>	19 697	30 154	70 926
34	Statlege tileigningar, nasjonalparker, <i>kan overførast</i>	610	2 000	2 100
60	Kommunal naturforvaltning, <i>kan overførast</i>	11 445	2 012	
62	Tilskot til interkommunale friluftsråd, <i>kan overførast</i>	3 300		
70	Tilskot til kalking og lokale fiskeføremål, <i>kan overførast</i>		100 200	92 200
72	Vederlag for rovviltskade, <i>overslagsløyving</i>	82 345	80 702	83 123
73	Førebyggjande tiltak mot rovviltskade og omstillingstiltak, <i>kan overførast</i>	41 598	40 000	34 500
74	Tilskot til friluftslivstiltak, <i>kan overførast</i>	4 800	7 670	11 670
75	Internasjonale avtaler og medlemskap	832	832	1 010
76	Tilskot til kulturlandskapstiltak, <i>kan overførast</i>	1 477	1 500	
77	Tilskot til naturinformasjonssenter, <i>kan overførast</i>	5 396	5 400	6 400
78	Friluftsrådenes landsforbund og interkommunale friluftsråd, <i>kan overførast</i>		4 300	5 300
	Sum kap 1427	345 960	421 238	456 863

Totalt har løyvingane under kap. 1427 auka med 37 mill. kr. Dette skuldast primært styrkinga av løyvinga til barskogvern over kap. 1427 post 33 på 40,0 mill. kr. Vidare er løyvingane til friluftsførmål auka med 13,0 mill. kr over postane 30, 74 og 78, og det er lagt inn 7,4 mill. kr i auke på ulike postar som kompensasjon for auka utgifter som følgje av meirverdiavgiftsreforma.

I motsett retning trekkjer reduksjonar i løyvingane på til saman 23 mill. kr, jf. omtale under postane.

Direktoratet for naturforvaltning si rolle og oppgåver:

Direktoratet for naturforvaltning er Miljøverndepartementet sitt sentrale rådgjevande og utøvande fagorgan innan naturforvaltninga. Direktoratet for naturforvaltning har tverrfagleg kompetanse med basis i kunnskap om økologi, arealforvaltning og friluftsliv, og er temasenter for økologi og biologi. Direktoratet for naturforvaltning skal ha brei oversikt over naturtilstanden og skal kunne rapportere løpande om dette. Innanfor Direktoratet for naturforvaltning sitt ansvarsområde har direktoratet fagleg instruksjonsmynde overfor miljøvernavdelingane ved fylkesmannsembeta. Direktoratet for naturforvaltning er òg delegert ansvar for økonomi- og overordna personalsaker for desse.

Dei konkrete miljømåla Direktoratet for naturforvaltning arbeider mot er gjengitt under omtalen av resultatområde. Desse er oppsummerte i Direktoratet for naturforvaltning sine overordna mål som er: å bevare biologisk mangfald og å verne og styrkje allemannsretten. Direktoratet for naturforvaltning sine hovudstrategiar for å nå måla er:

- Sikre variasjonsbreidda i norsk natur og landskap og halde oppe den naturlege produksjonsevna
- Syte for at omsynet til ei langsiktig disponering av naturressursane blir lagt til grunn ved areal- og vassdragsplanlegging og planar om naturinngrep
- Fremje høva til å bruke naturen til friluftsliv, opplæring og hausting
- Skaffe fram og formidle kunnskap som grunnlag for ei aktiv og førebyggjande naturforvaltning

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn til faste og mellombels tilsette, utgifter til it-tenester og omstillings- og utvi-

klingsiltak og utgifter til husleige og andre driftsutgifter for Direktoratet for naturforvaltning. Reduksjonen i løyvinga over posten i budsjettet for 2002 har primært samanheng med at midlar er overførte til kap. 1427 ny post 21, jf. omtale under den posten. Midlar til forskingsprogram for villaks på 5,0 mill. kr i regi av Noregs forskingsråd er føreslått overført til kap. 1410 post 51. Posten er elles redusert med 5,0 mill. kr som vart lagt inn til rotenonbehandling av Steinkjervassdraget i 2001-budsjettet, jf. Budsjett-innst. S. nr. 9 (2000-2001).

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten er ny og er føreslått oppretta for å dekkje utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som direktoratet utfører, og utgifter som er knytte til inntekter over kap. 4427. Dei fleste av midlane på posten var i statsbudsjettet for 2001 løyvde over kap. 1427 post 01.

Dei faglege prosjekta består av arbeid knytt til bevaring av villaksen og fjellreven, vassdragsforvaltning, konsekvensutgreiingar og tilsynsutval i samband med nasjonalparker, forutan møtegodtgjersle for rovviltneemnder og gaupe- og jerve- nemnder. Vidare skal posten dekkje arbeidet med smoltanlegg, moskus, og rotenonbehandling på Hardangervidda. Utgifter til drifta av Kongsvold Fjeldstue og Songli forsøksgard blir òg dekte over posten. Når det gjeld Sognli er det viktig at eigen- domen forvaltes til fordel for almenne interessar, og at ei auke i driften på 200.000 kr skal sikre forsvarlege prisar. Det er òg sett av midlar til tilsynsutval for nasjonalparker, møtegodtgjersle for sentrale rovviltutval, lokal forvaltning i Setesdal-Vesthei og til tiltak for dei ville laksebestandane med vekt på arbeidet mot lakseparasitten Gyrodactylus salaris og betring av det faglege grunnlaget for regulering i laksefisket.

Strandsoneprosjektet er føreslått ført vidare med 2,8 mill. kr, jf. Budsjett-innst. S. nr. 9 (1999-2000). Desse midlane blir nytta til å styrkje innsatsen med å ta vare på strandområde m.a. ved juridisk hjelp til kommunane.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4427 post 01, post 09 og post 54, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 2 Friluftsliv. Staten har det økonomiske ansvaret for å sikre særskilde friluftsområde av nasjonal og

regional verdi som f.eks. skjergardsparkar (jf. kap. 1426 post 32). Staten investerer òg i kommunal sikring av lokalt viktige friluftsområde i byar og tettstader gjennom bidrag til sikring mot tinglyst bandlegging av arealbruken til allment friluftsliv.

Sikringa blir gjennomført ved tileigning eller ved servituttavtale med grunneigar, helst på frivillig grunnlag, men i enkelte tilfelle òg ved ekspropriasjon, ved bruk av forkjøpsrett, ved konsesjon eller ved vilkår til konsesjon. I tillegg til sikring av friluftsområde skal midlane òg dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av desse oppgåvene som f.eks. førehandstakstar, plan- og oppmålingsarbeid, fagleg hjelp, trykking av plandokument, rapportar m. v.

Investeringsmidlane blir utbetalt når Direktoratet for naturforvaltning har motteke formell dokumentasjon på at heimel eller rett er overført og at staten sine vilkår er oppfylte.

I budsjettet for 2002 er posten føreslått auka med 8,1 mill. kr i forhold til 2001. Det har vore ein monaleg auke i talet på kvalifiserte søknader frå kommunane, og auken i løyvinga er med på å imøtekomme dette. Den auka innsatsen medfører at aktiviteten knytt til sikring av nye friluftsområde i byar og tettstader og langs kysten blir vesentleg høgare. Innanfor ramma av posten blir det for 2002 føreslått ført vidare 2 mill. kr til arbeidet med sikring og vern av friluftsliv- og naturområde langs Oslofjorden, jf. omtale under resultatområde 2 Friluftsliv.

Det blir føreslått ei tilsegnfullmakt på 11,2 mill. kr, jf. forslag til vedtak VII.

Post 32 Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald. Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tap som eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturvernloven, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten skal òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturvernlova. Forutan erstatning og vederlag ved kjøp, skal midlane på denne posten òg dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av verneplanane, som trykking av verneplanar, grensemerking, utarbeiding av skjøtselsplanar når dette er nødvendig for å fastsetje skjønnsføresetnadene, annonsering m. v.

Gjennomføringa av fylkesvise verneplanar vil i 2002 følgje tidlegare fastsett vernetempo, dvs. ei

sluttføring av arbeidet med dei gjenverande fylkesvise verneplanane i løpet av 2005. Ut frå dei kostnadsoverslag vi har i dag gir dette behov for ei ramme for nye tilsegner på til saman 23,3 mill. kr og ei tilsegnfullmakt på til saman 39,6 mill. kr, jf. Forslag til vedtak VII. Det blir elles vist til nærare omtale av verneplanarbeidet under resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Post 33 Statlege tileigningar, barskogvern, kan overførast

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tap eigarar og rettshavarar har ved barskogvern etter naturvernlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege forhandlingar eller ved rettslege skjønn. Posten skal òg dekkje kjøp av barskogsområde som er verna eller føresett vernet etter naturvernlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med forvaltninga av innkjøpte eigedommar. Vederlagsordninga på 5,0 mill. kr for kompensasjon til grunneigarar som har område på bruttolista for barskogvern, skal òg dekkjast av posten.

Forutan erstatning og vederlag ved kjøp, skal midlane på denne posten òg dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av barskogplanane, som utgifter i tilknytning til makeskifte, under dette utgifter til eigedomsforvaltning i den perioden staten er grunneigar, trykking av verneplanar, grensemerking, utarbeiding av forvaltningsplanar når dette er nødvendig for å fastsetje skjønnsføresetnadene, annonsering m. v.

Regjeringa legg stor vekt på å gjennomføre barskogvernet i tråd med Stortinget si behandling av stortingsmeldinga om barskogvern, jf. St.meld. nr. 40 (1994-95). Løyvinga på posten er derfor føreslått auka med 43,8 mill. kr. Dette er i tråd med overslaget for midlar som kjem til utbetaling på tidlegare gitte tilsegner knytte til vedtatt barskogvern. Auken skal òg dekkje utgifter til kjøp av makeskifteareal, jf. Stortinget sine merknader i Innst. S. nr. 325 (2000-2001). Ut frå dagens kostnadsoverslag er det behov for ei ramme for nye tilsegner på til saman 123,5 mill. kr og ei tilsegnfullmakt på til saman 230,3 mill. kr, jf. forslag til vedtak VII.

Løyvinga kan overskridast med inntekter frå sal av makeskifteareal under kap. 4427 post 40, jf. forslag til vedtak II nr. 3. Inntil 8 mill. kr av løyvinga kan nyttast til kjøp av areal som seinare kan

makeskiftast med areal som blir verna, jf. forslag til vedtak VIII.

Det blir elles vist til nærare omtale av verneplanarbeidet under resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparkplanen, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av det økonomiske tap eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturvernlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn.

Forutan erstatning og vederlag skal midlane på denne posten òg dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av nasjonalparkplanen, som utgifter i tilknytning til trykking av verneplanutkast, grensemerking, og utarbeiding av forvaltningsplanar når dette er nødvendig for å fastsetje skjønnsføresetnadene, annonsering m. v.

Gjennomføringa av Nasjonalparkplanen vil i 2002 følgje tidlegare fastsett vernetempo, dvs. ei framdrift som sikrar at Nasjonalparkplanen er slutført i år 2010. Det er føreslått ein auke i tilsegnsfullmakta på posten med 16,6 mill. kr. Auken er nødvendig for å halde oppe det tempo som er nødvendig for å sikre gjennomføring av nasjonalparkplanen innan fastsett tidsramme, jf. St.meld. nr. 62 (1991-92). Ut frå dagens kostnadsoverslag gir dette behov for ei ramme for nye tilsegner på til saman 19,4 mill. kr og ei tilsegnsfullmakt på til saman 25,0 mill. kr for 2002, jf. Forslag til vedtak VII. Det blir òg vist til kap. 1427 post 21, der løyvingforslaget for 2002 inkluderer ei vidareføring av 3 mill. kr til dekning av driftsutgifter knytte til gjennomføringa av Nasjonalparkplanen.

Det blir elles vist til nærare omtale av verneplanarbeidet under resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Post 60 Kommunal naturforvaltning, kan overførast

Posten er føreslått nedlagt i budsjettet for 2002. Løyvinga har dekt tilskot til Aksjon Vannmiljø. Alle tilsegner til formålet er no utbetalte.

Post 70 Tilskot til kalking og lokale fiskeføremål, kan overførast

Tilskotsordningane under denne posten rettar seg mot resultatområda 1 Berekraftig bruk og

vern av biologisk mangfald og delar av resultatområde 7 Klimaendringar, luftforureining og støy. Det er føreslått ein reduksjon i løyvinga på til saman 8,0 mill. kr.

Som følge av at kap. 1425 post 70 Tilskot til fiskeformål er føreslått redusert med 4,8 mill. kr, blir det føreslått at noko av reduksjonen blir oppvegen ved at 2,3 mill. kr av løyvinga til kap. 1427 post 70 Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, blir sett av til tiltak retta mot tilrettelegging av fiske for allmenta.

Budsjettendringane inneber at det må gjennomførast ei viss reduksjon i kalkingsverksemda.

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å redusere negative effektar på det biologiske mangfaldet i vassdrag som følgje av sur nedbør og andre alvorlege menneskeskapte trugsmål. Vidare skal tilskotsordninga nyttast til å klarleggje behov for nye tiltak eller gi grunnlag for innsats som kan redusere behovet for kalking i Noreg. I tillegg skal ordninga medverke til å betre høva for fritidsfiske. Tilskotsordninga blir forvalta dels av Direktoratet for naturforvaltning og dels av fylkesmennene.

Tildelingskriterium:

Tilskot kan gis til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsureing er overskriden. I tillegg vil m.a. førekomst av organismar og fiskeslag som er følsame for forsureing bli vurdert ved prioritering av prosjekt. Prosjekt som er inkluderte i forslag til nasjonal handlingsplan for kalking og/eller fylkesvise planar for kalkingsverksemda blir prioriterte. Tilskot kan m.a. gis til kjøp, transport og spreining av kalk og nødvendige installasjonar. Det gis òg tilskot til tiltak innan fiskekultivering og andre tiltak for å styrkje fiskebestandane i kalka vassdrag og til utprøving av kalking og alternative tiltak i terrenget. Posten dekkjer òg informasjon om effektar av utførte tiltak og vegleiing om kalking i vatn og vassdrag. I tillegg gis tilskot til tiltak som betrar allmenta sine høve til å fiske. Delar av tilskotsordninga er bundne i langsiktige tiltak.

Tilskotsmottakarar er organiserte lag som jeger- og fiskarforeiningar, fiskelag, grunneigarlag o.l., og kommunar.

Ved tildeling av midlar blir det til vanleg stilt vilkår om at fiske i området blir opna for allmenta og at søkjaren medverkar med ein viss felles eigeninnsats. Eigeninnsatsen kan vere delfinansiering, dugnadsarbeid, kultiveringstiltak o. a.

Oppfølging og kontroll:

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved oppfølgjande undersøkingar av vasskvalitet og fiskebestandar.

Det blir i tillegg utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. Til rapporteringa er utvikla eit eige databaseverktøy (limnobasen), som blir ajourført av fylkesmennene.

Post 72 Vederlag for rovviltsskade, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
72.1	Vederlag for tap av bufe	82 345	55 702	58 123
72.2	Vederlag for tap av tamrein		25 000	25 000
	Sum post 72	82 345	80 702	83 123

Posten omfattar erstatningar for tap av bufe og tamrein. Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Løyvinga på post 72 dekkjer erstatningar for rovviltsskadar på bufe og tamrein valda av store rovdyr. Erstatningane kan variere frå år til år, m.a. på grunn av naturgjevne forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten er derfor budsjettert som overslagsløyving. Dokumentasjonen av skadane er betra etter kvart som innsatsen med bestandsregistrering og skadedokumentasjon er trappa opp i fylka. Skadedokumentasjonen er for heile landet no organisert i regi av Statens naturoppsyn.

Mål:

Målet med ordninga er å sikre full erstatning for dokumenterte og sannsynleggjorde rovviltsskadar på bufe og tamrein slik dette er nedfelt i viltlova.

Oppfølging og kontroll:

Det blir gjennomført ein gjennomgang av erstatningssøknadene for å sikre at vilkåra for erstatning er oppfylte.

Underpost 72.1 Vederlag for tap av bufe

Løyvinga dekkjer erstatningar for skadar på husdyr valda av store rovdyr. Erstatningar blir utbetalt i samsvar med forskrift fastsett i medhald av lov av 29. mai 1981 nr. 38 om viltet, § 12 a. Det blir vist til «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 2. juli 1999.

Underpost 72.2 Vederlag for tap av tamrein

Løyvinga dekkjer erstatningar for skadar på tamrein valda av store rovdyr, jf. Lov av 29. mai 1981 nr. 38 om viltet, §12 a. Erstatningar blir utbetalt i samsvar med forskrift fastsett i medhold av lov av 29. mai 1981 nr 38 om viltet, § 12 a. Det blir vist til «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når tamrein blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 4. mai 2001.

Post 73 Førebyggjande tiltak mot rovviltskade og omstillingstiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
73.3	Førebyggjande tiltak mot rovviltskada	41 598	32 000	30 500
73.4	Omstillingstiltak		8 000	4 000
	Sum post 73	41 598	40 000	34 500

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald og omfattar førebyggjande tiltak og omstillingstiltak mot rovviltskadar. Midlane kan òg nyttast til utviklingsarbeid med førebyggjande og konfliktreduserande effekt. Av reduksjonen under posten utgjer 1,5 mill. kr utgifter til dekning av møtegodtgjersle for sentrale rovviltutval som er overført til kap. 1427 post 21.

Føreslaget inneber at ein held fram med ei stor satsing på førebyggjande tiltak og omstilling. For 2002 vil det bli lagt særleg vekt på ei vidareføring av arbeidet med tiltak innan førebygging og omstilling med utgangspunkt i målsetjinga om ein differensiert bruk av verkemiddel i rovviltforvaltninga, jf. St.meld. nr. 35 Om rovviltforvaltning, jf. Innst. S. nr. 301 (1996-97).

Mål:

Målet med tilskotsordninga er å finansiere tiltak som kan førebyggje rovviltskadar.

Oppfølging og kontroll:

For tilskot til førebyggjande tiltak og omstilling gis særlege vilkår i kvart enkelt tilfelle. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. Når tilskot gis til m.a. FoU-tiltak, blir i tillegg kvaliteten på produktet kontrollert i forhold til de forventningar som er gitt i tilsegna eller kontrakten.

Underpost 73.3 Førebyggjande tiltak

Løyvinga dekkjer førebyggjande tiltak for å avgrense rovviltskadar. Midlane vil som tidlegare bli nytta til tiltak og prosjekt i regi av enkeltbrukarar og lokale, regionale og landsomfattande organisasjonar. Delar av midlane vil òg bli nytta til forvaltningsretta FoU. Slikt utviklingsarbeid er nødvendig for å kunne utvikle effektive og målretta

førebyggjande tiltak. Hovuddelen av løyvinga blir tildelt fylkesmannen etter fylkesvise planar og prioriteringar. Den endelege fordelinga av midlar til konkrete tiltak i fylka skjer i dei regionale rovviltutvala eller forsøksnemnder slik Stortinget har bedt om. Midlar blir tildelte etter søknad, og det krevst rapportering av tapsreduserande eller konfliktdempande effekt. Den del av løyvinga som blir nytta i Direktoratet for naturforvaltning, blir nytta til fellesoppgåver for distrikta som det ikkje er mogleg eller føremålstenleg å handtere på fylkesnivået.

Underpost 73.4 Omstillingstiltak

Løyvinga skal dekkje kostnader knytte til frivillig omstilling frå rovviltutsette produksjonar til annan type verksemd for brukarar som er spesielt utsette. Løyvinga må sjåast i samheng med verkemiddel innanfor landbruket, under dette avsetjinga av særleg mjølkekvote for rovviltutsette brukarar. Reduksjonen i løyvinga for 2002 skuldast ei omprioritering til fordel for auka vektlegging av skadedokumentasjon i regi av Statens naturoppsyn, og framleis sterk satsing på effektive førebyggjande tiltak. Omstillingstiltak har særleg vore nytta i samband med omstilling frå sau til mjølkeproduksjon. Dette har i mange tilfelle vist seg å vere svært kostbare tiltak i forhold til den tapsreduserande effekten som kan oppnåast.

Post 74 Tilskot til friluftslivstiltak, kan overførast.

Midlane under posten er retta mot resultatområde 2 Friluftsliv.

Mål:

Målet med tilskotsordninga er å medverke til stimuleringsstiltak og haldningsskapande arbeid for

friluftsliv, under dette tiltak som styrkjer allmenta sine interesser.

Tilskot kan gis til lokale lag og organisasjonar og Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) og eventuelle andre samanslutningar av landsdekkjande frivillige organisasjonar med friluftsliv som arbeidsområde. Det er lagt inn 2,0 mill. kr til prosjektstøtte til friluftslivsorganisasjonar, under dette Forum for natur og friluftsliv, og 2,0 mill. kr til aktivitetstiltak for barn og unge i samband med satsinga på friluftsliv i budsjettet

Oppfølging og kontroll:

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsendte rapporter.

Post 75 Internasjonale avtaler og medlemskap

Tilskotsordninga er primært knytt til ei rekkje arbeidsmål på resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, men fleire arbeidsmål under resultatområde 8 er òg relevante.

Mål:

Målet for tilskotsordninga er å støtte ovannemnde organisasjonar i deira arbeid internasjonalt for vern av biologisk mangfald og berekraftig bruk av biologiske ressursar, og å gjere Direktoratet for naturforvaltning og andre delar av miljøforvaltninga i stand til å delta i det faglege internasjonale nettverket desse organisasjonane utgjer. Det skjer ei kontinuerleg en vurdering av organisasjonen sine målsetjingar og kva nytte Direktoratet for naturforvaltning kan ha av medlemsskapet.

Posten skal dekkje utgifter i samband med Direktoratet for naturforvaltning sitt medlemskap i relevante internasjonale organisasjonar, under dette:

- Federation of Nature and National Parks of Europe (FNNPE)
- Conseil International de La Chasse (CIC)
- Verdas naturvernunion – The World Conservation Union (IUCN)
- Wetlands International (WI)
- BirdLife International (BI)
- Nordisk kollegium for viltforskning (NKV)
- Den nord-atlantiske laksevernorganisasjon – North Atlantic Salmon Conservation Organisation (NASCO)

Posten skal òg dekkje utgifter knytte til avtalefesta oppfølgingsprosjekt i tilknytning til medlemskapet. Posten er auka med 0,2 mill. kr for å dekkje auka kontingentutgifter.

Oppfølging og kontroll:

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjersler m.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølging av spesielle prosjekt skjer gjennom deltaking i referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet.

Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane. I tillegg deltek Direktoratet for naturforvaltning på møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjersler m.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring.

Post 76 Tilskot til kulturlandskapstiltak, kan overførast

Midlane under denne posten har vore retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald og 3 Kulturminne og kulturmiljø. Posten er føreslått nedlagt for å mogleggjere andre satsingar under Miljøverndepartementet sitt budsjett.

Post 77 Tilskot til naturinformasjonssenter, kan overførast.

Tilskotsordninga er i hovudsak retta mot resultatområda 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald og 2 Friluftsliv.

Mål:

Målet med tilskotsordninga er å sikre etablering og drift av nasjonalparksenter ved 13 eksisterande og framtidige nasjonalparker jf. omtale under resultatområde 1. Nasjonalparksentra sin hovudfunksjon er å formidle informasjon om natur- og kulturverdiar og medverk til ei god forvaltning av nasjonalparkane.

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til forprosjektering og etableringskostnader for nye nasjonalparksenter, medverknad i gjeldssanering ved to eksisterande senter og opptrapping av tiltak

innan informasjonsformidling ved eksisterande nasjonalparksenter.

Oppfølging og kontroll:

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og –rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir utført ein generell formalia- og sannsyns kontroll av rapportane og rekneskapane. Det blir òg nytta stikkprøvekontroll m.a. ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmateriell som det er gitt støtte til.

Post 78 Friluftsrådernes landsforbund og interkommunale friluftsråd, kan overføres

Midlane under posten er retta mot resultatområde 2 Friluftsliv.

Mål:

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å styrkje arbeidet i Friluftsrådas Landsforbund som

er ein paraplyorganisasjon for dei interkommunale friluftsråda. Tiltak som styrkjer allmenta sine interesser for friluftslivet vil bli prioriterte.

Friluftsrådas Landsforbund og dei interkommunale friluftsråda står for ei effektiv organisering av arbeid med sikring, tilrettelegging og skjøtsel av friluftslivsområde på vegne av det offentlege. Friluftsrådas Landsforbund vart oppretta 1988/89 og har i dag 17 tilslutta interkommunale friluftsråd som til saman dekkjer ca. 135 kommunar med ca. 60 % av befolkninga i landet.

Posten er føreslått styrkt med 1,0 mill. kr i 2002-budsjettet i samband med Regjeringa si auka satsing på friluftsliv.

Oppfølging og kontroll:

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar skjer ved gjennomgang av rapportar som blir leverte til fastsette tidspunkt. Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir òg tekne opp i årlege møte med Friluftsrådas Landsforbund.

Kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 1427)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Ymse inntekter	6 800	7 607	7 000
09	Internasjonale oppdrag	3 556	1 700	1 700
16	Refusjon av fødselspengar/ adopsjonspengar	1 171		
54	Gebyr	2 769	2 300	2 300
90	Sal av aksjar	10		
	Sum kap 4427	14 306	11 607	11 000

Post 01 Ymse inntekter

Under posten blir m.a. ført inntekter ved sal av Direktoratet for naturforvaltning sine rapportar og andre produkt og oppdragsinntekter. Dei tilsvarende utgiftene er budsjetterte under kap. 1427 post 01. Eventuelle mindreinntekter i forhold til budsjett medfører tilsvarende mindreutgifter under kap. 1427 post 21. Løyvinga under kap. 1427 post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene under posten skal finansiere dei tilsvarende utgiftene til verksemd tilknytt kompetansenettverket i samband med miljøretta bistand. Dei tilsvarende utgiftene er budsjetterte på kap. 1427 post 21. Eventuelle mindreinntekter medfører tilsvarende mindreutgifter under kap. 1427 post 21. Løyvinga under kap. 1427 post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 54 Gebyr

Inntektene på denne posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøven som vart sett i verk frå 01.04.86. Kvar jeger som går opp til prøven må betale eit eksamensgebyr på kr 200. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarande utgiftene under kap. 1427 post 21 til å drive eksamens-

ordninga. Det budsjetterte beløpet er basert på den venta årlege tilgangen på nye jegerar. Eventuelle mindreinntekter i forhold til budsjett medfører tilsvarande mindreutgifter på kap. 1427 post 01. Løyvinga under kap. 1427 post 21 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø

Utgifter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1429	Riksantikvaren (jf. kap. 4429)	184 887	200 151	209 510	4,7
	Sum kategori 12.30	184 887	200 151	209 510	4,7

Kap. 1429 er overført frå programkategori 12.20. Kapitla 1441, 1443 og 2422 som tidlegare vart førte under denne kategorien er flytta til ny programkategori 12.40, mens kapittel 1442 er overført til programkategori 12.10. Løyvingane

under kap 1429 høyrer inn under resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø. Ein viser til innleiinga i del 2 der det blir gjort greie for budsjettvise endringar i 2002 innanfor resultatområdet.

Kap. 1429 Riksantikvaren (jf. kap. 4429)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	71 432	77 093	74 323
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1429 postene 72 og 73</i>	35 470	18 021	28 150
60	Regionale kulturminnetiltak	31 674	8 000	
70	Tilskot til samarbeidsprosjekt mellom offentleg og privat sektor innafor kulturminnefeltet, <i>kan overførast</i>			10 000
72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1429 post 21</i>	42 837	89 684	90 684
73	Brannsikring og beredskapstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under kap 1429 post 21</i>	2 373	6 453	5 453
75	Internasjonalt samarbeid, <i>kan overførast</i>	1 101	900	900
	Sum kap 1429	184 887	200 151	209 510

Riksantikvaren si rolle og oppgåver:

Riksantikvaren (RA) er direktorat for kulturminneforvaltning og Miljøverndepartementet sin rådgjevande og utøvande faginstans for forvaltning

av kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren skal medverke fagleg til departementet sitt arbeid med kulturminnevern som ein integrert del av miljøvernpolitikken. Riksantikvaren har òg ein rådgjevande funksjon overfor annan offentleg for-

valtning, allment og næringslivet. I saker der Riksantikvaren utøvar mynde etter særlov, skal både kulturminnefaglege og andre samfunnsomsyn leggjast til grunn for avgjerslene. Riksantikvaren har ansvaret for gjennomføring av den statlege kulturminnepolitikken, og har i den samanhengen eit overordna fagleg ansvar for fylkeskommunane, forvaltningsmusea, Sysselmannen og Samisk kulturminneråd sitt arbeid som regionale styresmakter for kulturminne. Riksantikvaren skal gjennom tilretteleggings- og stimulerings tiltak medverke til at kommunane tek omsyn til kulturminne og kulturmiljø som viktige element og ressursar i sine omgivelser. Riksantikvaren skal formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø, representere norske styresmakter i relevante internasjonale organ og sjå til at folkerettsleg bindande avtaler om kulturminnevern blir etterlevde.

Dei konkrete miljømåla som Riksantikvaren arbeider mot er gjengitt under omtalen av resultatområde 3. Riksantikvaren sin hovudstrategi for å nå måla er m.a. å:

- sikre at kulturminne og kulturmiljø blir nytta og forvalta slik at verdiane i dei blir tekne vare på og aktiviserte som bidrag til ei berekraftig utvikling
- sikre at vernet av kulturminne og kulturmiljø har stor geografisk, sosial, etnisk og tidsmessig breidde
- sikre at kulturminne og kulturmiljø er premisar for bruk av areal og for utforminga av stader og aktuelle anleggs-, ombyggings- og utbyggingstiltak
- delta i internasjonalt samarbeid for å medverke til å sikre kulturelle rettar, utveksle kunnskap og etablere kulturminnevern som ein viktig del av eit sektorovergripande miljøvern

Riksantikvaren har utarbeidd serviceerklæringar for sine brukarar.

Budsjettforslaget inneber ei vidareføring av arbeidet på viktige område som f.eks. sikring av stavkyrkjene, fartøyvern, dei 8 tekniske og industrielle kulturminna som Miljøverndepartementet og Kulturdepartementet er samde om å prioritere, dei private eigarane av freda bygningar, dei 4 norske verdsarvområda m.v. I tillegg er det foreslått å etablere ei ny tilskotsordning, ny post 70 for samfinansiering av kulturminneprosjekt ved hjelp av offentlege og private midlar.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane på post 01 dekkjer ordinære lønns- og driftsutgifter hos Riksantikvaren. Dette gjeld lønn og godtgjersler til faste og mellombels tilsette og faste og variable driftsutgifter som husleige, oppvarming, IT, kontorservice m.v. Posten dekkjer òg eit avgrensa kjøp av tidsavgrensa konsulenttenester som er nødvendig for Riksantikvaren sitt arbeid. Dette omfattar m.a. arbeid i samband med faglege prosjekt/utgreiingar og informasjonstiltak. Vidare dekkjer posten utgifter knytte til sal av rapportar m. v., utgifter i tilknytning til oppdragsverksemda og til deltaking i kompetansenettverket for miljøretta bistand samt anna oppdragsverksemd. Dei tilsvarende inntektene blir førte under kap. 4429 respektive post 02 og 09.

Det er planlagt at godt og vel 70 % av midlane på post 01 skal dekkje ordinære lønnskostnader. Resten av midlane vil bli nytta til reiseverksemd, husleige, IKT og driftsutgifter som energi, porto etc., og kompetanseutvikling og informasjonstiltak.

Som nemnt under resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø (arbeidsmål 2.3), blir det forhandla med UNESCO om å etablere Det nordiske verdsarvkontoret (NWHO) som ei stifting, sjå òg kap. 1429 post 72.9. Inntil dette er avklart, blir lønns- og driftsutgifter til Det nordiske verdsarvkontoret dekte under denne posten.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4429 postane 02 og 09, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under kap. 1429 postene 72 og 73

For å sikre kvaliteten på og ei effektiv gjennomføring av større sikringstiltak og istandsetjingsarbeid er det ofte føremålstenleg og økonomisk gunstig at Riksantikvaren står som tiltakshavar, framfor at ein tilskotsmottakar gjennomfører tiltaket. F.eks. gjeld dette i forhold til kulturminnetiltak der det ikkje eksisterer eit førebunde og utøvande ledd utanfor Riksantikvaren til å gjennomføre tiltaka og der det er uklare eigarforhold eller ingen naturleg tilskotsmottakar. I slike tilfelle må Riksantikvaren kjøpe tenester før tiltak blir sette i verk. Iverksetjinga av sjølve tiltaka kan òg vere preg av tenestekjøp. Vernetiltak som blir gjennomførte etter ein slik modell, skal fullt ut budsjetterast på driftspost. Midlane må òg sjåast i samheng med midlane som er budsjetterte under tilskotspostane 72, 73 og 75.

Posten dekkjer òg utgifter knytte til nødvendig innhenting av kunnskap og utviklingsarbeid, m.a. metodar for teknisk vedlikehald og skjøtsel av ulike typar kulturminne, samisk kulturminnevern og kulturminneforvaltning i by- og tettstadsutvikling. Midlane blir nytta til kjøp av tenester frå m.a. forvaltningsmusea og NIKU. I tillegg dekkjer posten utgifter til utvikling og etablering av ein nasjonal kulturminnedatabase basert på ulike eksisterande kulturminneregister. Databasen er avgjerande for at m.a. privatpersonar, næringslivet og kommunesektoren skal få lett tilgang til stadfesting og annen kunnskap om kulturminne. Dette vil medverke effektivt til å førebyggje konflikthar mellom utbyggjarar og offentleg kulturminneforvaltning, samtidig som fleire får betre høve til å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. Databasen er nødvendig for overvaking av «bestandane» av kulturminne og for rapportering om tilstand. I tillegg blir posten nytta til internasjonalt arbeid. I budsjettet for 2002 er løyvinga under post 21 føreslått auka m.a. for å ivareta nødvendig register- og kompetanseutvikling i samband med kommunesatsing innanfor kulturminneforvaltninga.

Post 60 Regionale kulturminnetiltak, kan overførast

Posten blir føreslått nedlagt.

Post 70 Tilskot til samarbeidsprosjekt mellom offentleg og privat sektor innafor kulturminnefeltet , kan overførast (ny)

Mål:

Målet med tilskotsordninga er todelt:

- Løyse ut privat kapital som saman med midlar frå tilskotsordninga skal stimulere til auka lokal kulturminnesatsing, med særleg vekt på prosjekt som kan medverke til ny bruk av bygningar som har gått ut av bruk, skape nytt liv i freda og verneverdig bygningar gjennom næringsutvikling og liknande, restaureringsprosjekt som medverker til lokal kompetanseoppbygging innafor tradisjonelt handverk og materialbruk.
- Medverke til å støtte partnerskap lokalt og regionalt mellom offentleg og privat sektor.

Det er ein føresetnad for å få tilskot at prosjekta blir følgde av private midlar, kommunale midlar eller andre statlege midlar.

Prosjekt som fell inn under dei prioriterte satsingsområda vil bli særleg prioriterte.

Oppfølging og kontroll:

Oppfølging og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I enkelte høve skjer det òg kontroll av om kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer. Fagleg oppfølgingsansvar kan leggjast til fylkeskommunen sin kulturetat og Sametinget.

Post 72 Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, kan overførast, kan nyttast under kap. 1429 post 21

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
72.2	Vern og sikring av freda og bevaringsverdige bygningar og anlegg		30 353	31 353
72.3	Vern og sikring av middelalderbygninga og anlegg		5 457	5 457
72.4	Kystkultur og fartøyvern	42 837	23 154	23 154
72.5	Kulturlandskap		1 550	1 550

(i 1 000 kr)

Under- post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
72.6	Skjøtsel av automatisk freda kulturminne		7 308	7 308
72.7	Samisk kulturminnevern		1 000	1 000
72.8	Tekniske og industrielle kulturminne		14 502	14 502
72.9	World Heritage List, nasjonale oppgaver		6 360	6 360
	Sum post 72	42 837	89 684	90 684

Alle tilskotsordningane under denne posten rettar seg mot resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø. Posten blir nytta til vern og sikring av freda bygningar og anlegg gjennom tilskot til eigarar av slike kulturminne og kulturmiljø. Posten blir òg nytta til bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigaransvar for.

Ved større tiltak er det ofte både føremålstenleg og økonomisk mest gunstig at Riksantikvaren eller fylkeskommunane i staden for eigar av bygningen eller anlegget står for iverksetjing og gjennomføring av tiltaka. Det skjer ved at Riksantikvaren eller fylkeskommunane kjøper tenestene og følgjer opp arbeidet. Tiltaket kjem i desse tilfella eigaren til gode, men kostnadene blir rekneskapsført som driftsutgifter over post 21, jf. omtale under post 21.

Underpost 72.2 Vern og sikring av freda og bevaringsverdige bygningar og anlegg

Mål:

Målet med tilskotsordninga er å medverke til vern og sikring av freda og bevaringsverdige bygningar og anlegg.

Midlane blir nytta til større vedlikehalds- og restaureringsarbeid på kulturminne av nasjonal verdi. Riksantikvaren kan sjølv prioritere og initiere oppgaver og tiltak innanfor særlege satsingsfelt. Det blir lagt vekt på utvikling av handverkskompetanse og vidareføring av tradisjonell handverksteknikk og materialbruk, og utvikling og gjennomføring av spesielle konserveringsoppgaver. Målgruppa er eigarar og forvaltarar av freda eller verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Oppfølging og kontroll:

Kontrollen skjer ved ein generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg

aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen for å sjå til at tiltaket er gjennomført etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Underpost 72.3 Vern og sikring av middelalderbygningar og anlegg

Mål:

Tilskotsordninga skal medverke til å verne og sikre automatisk freda bygningar og ruinar frå middelalderen, under dette stavkyrkjene.

Oppfølging og kontroll:

Oppfølging og kontroll skjer ved ein generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I enkelte tilfelle skjer det òg ved kontroll av om kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer.

Underpost 72.4 Kystkultur og fartøyvern

Mål:

Målet med tilskotsordninga er todelt:

- Sikre og setje i stand eit representativt utval faste kulturminne langs kysten og eit representativt utval fartøy.
- Medverke til drift av utvalde fartøyvernssenter slik at desse kan utøve verksemda etter formålet.

Oppfølging og kontroll:

- Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport med fotografi frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen

for å sjå til at kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer.

- b) Talet på fartøy som blir sette i stand ved fartøyvernssentra og talet på læringar/faglærde er viktige kriterium for oppfølging. Riksantikvaren kontrollerer vidare revidert årsrekneskap og årsmelding frå fartøyvernssentra.

Underpost 72.5 Kulturlandskap

Mål:

Tilskotsordninga skal medverke til å ta vare på verdifulle kulturlandskap der kulturminne og kulturmiljø utgjer vesentlege element. Tilskotet skal primært nyttast til praktiske forvaltningstiltak for å restaurere, skjøtte og sikre kulturlandskap.

Oppfølging og kontroll:

Oppfølging og kontroll skjer ved at tilskotsmottakarar leverer sluttrapportar, sluttrekneskap og eventuelt framdriftsrapport med budsjett. Det blir kontrollert at dei faglege vilkår for prosjektet er oppfylte. Det blir vidare gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskap. Fagleg oppfølgingsansvar kan leggjast til fylkeskommunen sin kulturetat og Sametinget.

Underpost 72.6 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Mål:

Midlane blir nytta til å dekkje tilskot til tiltakshavarar i høve til kulturminnelova § 10, og skjøtsel av arkeologiske kulturminne, under dette sikring av bergkunst.

Oppfølging og kontroll:

Oppfølging av tiltaket skjer ved kontroll av om tiltak blir gjennomførte i samsvar med. faglege kriterium for tilskotet. Vidare ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren.

Underpost 72.7 Samisk kulturminnevern

Mål:

Tilskotsordninga skal ivareta dei overordna kulturminnefaglege omsyn i arbeidet med samiske kulturminne og kulturmiljø.

Oppfølging og kontroll:

Sametinget kontrollerer rapportar, rekneskapar og dei faglege oppfølgingskriteria relatert til arta av tiltak. Riksantikvaren blir løpande orientert om faglege grunngevingar og disposisjonar, og får skriftlegg rapport frå Sametinget ved slutten av året. Sametinget krev rapport frå tilskotsmottakar når tiltaket er utført. Sametinget sender Riksantikvaren tertialrapportar over framdrift og forbruk i samsvar med etablerte rutinar og praksis.

Underpost 72.8 Tekniske og industrielle kulturminne

Mål:

Målet med tilskotsordninga er todelt:

- a) Sikre og setje i stand eit representativt utval tekniske og industrielle kulturminne.
b) Medverke til drift av 8 utvalde anlegg slik at desse kan utøve verksemda etter formålet.

MD og KD har i fellesskap valt ut 8 tekniske og industrielle kulturminne for spesiell oppfølging for å konsolidere drifta. Tilskot til istandsetjing og vedlikehald av dei 8 anlegga blir gitt over denne posten, medan tilskot til museumsdrift blir dekt over kap. 328, post 60 Tilskotsordning for museum på KD sitt budsjett. Desse midlane blir fordelte av fylkeskommunane. Det kan vere aktuelt å vurdere andre særlege viktige anlegg i forhold til tilskotsordninga i løpet av 2002, til dømes Kistefos-museet.

Oppfølging og kontroll:

- a) Oppfølging og kontroll skjer gjennom kontroll av om kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer. Vidare gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport med fotografi frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen.
b) Oppfølging og kontroll skjer gjennom kontroll av om drifta ved anlegget blir utøvd etter formålet. Riksantikvaren kontrollerer vidare revidert årsrekneskap og årsmelding og rapportar/uttaler frå fylkeskommunane.

Underpost 72.9 World Heritage List, nasjonale tiltak*Mål:*

Tilskotsordninga skal sikre og setje i stand World Heritage-område i tråd med dei internasjonale retningslinjene frå UNESCO.

Det blir arbeidd med å få etablert Det nordiske verdsarvkontoret (NWHO) som ei stifting. Det er sett av kr 100 000 til å dekkje grunnkapitalen ved ei eventuell etablering av stiftinga i 2002.

Oppfølging og kontroll:

Oppfølging skjer gjennom møte og fagsamlingar som blir gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. Fysisk kontroll frå Riksantikvaren kan òg vere aktuelt for kontroll av at konkrete restaureringstiltak blir gjennomførte på fagleg akseptabelt nivå.

Post 73 Brannsikring og beredskapstiltak, kan overførast, kan nyttast under kap. 1429 post 21*Mål:*

Målet med tilskotsordninga er å sikre utvalde kulturminne og kulturmiljø mot plutselig øydelegging.

Midlane under posten blir nytta til tilskot til etablering av sikring eller drift av sikringsanlegg i utvalde kulturminne og kulturmiljø. Drift, vedlikehald og oppgradering av sikringsanlegg ved stavkyrkjene og tilskot til prosjekt som har relevans for brannsikring av andre verdifulle kulturminne og kulturmiljø er særleg prioritert. Målgruppa er eigarar og forvaltarar av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Oppfølging og kontroll:

Oppfølging og kontroll skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakar. Fysisk kontroll frå Riksantikvaren kan òg vere aktuelt, under dette kontroll av om sikringstiltak, sikringsarbeid eller drift av sikringstiltak er gjennomførte på eit fagleg akseptabelt nivå.

Post 75 Internasjonalt samarbeid, kan overførast

Tilskotsordninga rettar seg mot resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernssamarbeid og miljøvern i polarområda.

Mål:

Målet med tilskotsordninga er todelt:

- Få internasjonalt samarbeid på feltet kulturminnevern styrt i ei retning som fell saman med norske politiske og fagpolitiske interesser, markere Noreg som viktig medspelar til nøkkelorganisasjonar innan Riksantikvaren sitt fagfelt, og markere Noreg som eit land med særleg kompetanse på vern av kulturminne i tre.
- Sikre drifta av den norske delen av ICOMOS, fagfeltet sine fremste NGO, og eventuelle internasjonale spesialkomitear som Noreg tek eit ansvar for.

Riksantikvaren ivaretek norsk representasjon i ulike internasjonale organisasjonar og er engasjert i fleire prosjekt. Posten dekkjer tilskot, medlemsavgifter, utgifter knytte til samarbeidsavtaler og utgreiingsarbeid, under dette det norsk-russiske miljøvernssamarbeidet under den bilaterale miljøvernavtala. Tilskot til det internasjonale trekurset blir òg dekt her. Kurs er planlagt halde i 2002. Riksantikvaren støttar eit sekretariat for spesialkomiteen for polare kulturminne i ICOMOS i den perioden Noreg har formannskapet.

Oppfølging og kontroll:

- Kontroll og oppfølging av om konkrete restaureringstiltak blir gjennomførte på fagleg akseptabelt nivå. Vidare gjennom kontroll av rapport frå tilskotsmottakaren om bruken av tilskotet eller at Riksantikvaren utøver eige tilsyn. Møte og fagsamlingar blir gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram når det er praktisk mogleg.
- Organisasjonen si verksemd blir utøvd etter formålet. Riksantikvaren kontrollerer revidert årsrekneskap og årsmelding for organisasjonen si verksemd.

Kap. 4429 Riksantikvaren (jf. kap. 1429)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
02	Refusjonar og diverse inntekter	3 218	2 722	1 804
09	Internasjonale oppdrag	1 315	2 014	2 074
16	Refusjon av fødsel- og adopsjonspenger	314		
17	Refusjon av lærlinger	32		
	Sum kap 4429	4 879	4 736	3 878

Post 02 Refusjonar og diverse inntekter

Posten gjeld refusjonar og innbetalte midlar frå oppdragsverksemd for andre institusjonar m. v., jf. omtale under kap. 1429 post 01. Under posten er òg budsjettert inntekter ved sal av Riksantikvaren sine rapportar og andre produkt. I budsjettet for 2002 er posten føreslått noko redusert som følgje av at nokre oppdrag er avslutta, og nedgang i talet på oppdrag. Ved eventuelle mindreinntekter i forhold til budsjett, skal utgiftene under kap. 1429 post 01 reduserast tilsvarende.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Midlane på posten skal finansiere dei tilsvarende utgiftene til verksemd tilknytt kompetansenettverket i samband med miljøretta arbeid, jf. omtale under kap. 1429 post 01. Ved eventuelle mindreinntekter i forhold til budsjett skal dei tilsvarende utgiftene under kap. 1429 post 01 reduserast tilsvarende.

Programkategori 12.40 Forureining

Utgifter under programkategori 12.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1441	Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441)	554 714	642 370	609 106	-5,2
1442	Miljødata, forureining og miljøeffektivitet	50 908	70 410		-100,0
1443	Statens beredskapsansvar mot akutt forureining	95 949	41 933	57 218	36,5
1444	Produktregisteret			12 213	
2422	Statens miljøfond	59 786	62 000	46 000	-25,8
	Sum kategori 12.40	761 356	816 713	724 537	-11,3

Denne programkategorien omfatter den tidligere programkategori 12.30 med unntak av kap.1442 som er flytta til kap.1400. I tillegg er det gjort ei administrativ endring ved at Produktregis-

teret er flytta frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet til Miljøverndepartementet til nytt kap.1444.

Kap. 1441 Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekne- skap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	187 058	193 262	193 368
39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast</i>	13 854	22 400	33 880
63	Tilskot til kommunale avløpstiltak, <i>kan overførast</i>	79 611	129 613	70 820
64	Aksjon Jærvassdrag	1 638	3 500	
65	Tilskot til heilskapleg vassforvaltning, <i>kan overførast</i>			2 000
73	Tilskot til biloppsamlingssystemet	82 371	91 443	97 786
75	Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløyving</i>	149 491	136 152	151 252
76	Refusjonsordninger	40 692	66 000	50 000
77	Tilskot til innsamling av isolerglassruter som inne- held PCB, <i>kan overførast</i>			10 000
	Sum kap 1441	554 714	642 370	609 106

Statens forureiningstilsyn sitt ansvar er å delta og medverke sentralt i arbeidet med å skape ei berekraftig utvikling. Statens forureiningstilsyn skal arbeide for ein forsvarleg miljøkvalitet. Forureining, produkt og avfall skal ikkje føre til helse-skade, gå utover trivselen eller skade naturen si evne til produksjon og sjølvfornying.

Statens forureiningstilsyn sine roller for å nå måla er:

- overvake og informere om miljøutviklinga
- utøve mynde for å halde oppe og betre miljøet gjennom reguleringar, kontrolltiltak og prosessar som kan understøtte miljøarbeidet regionalt og lokalt
- Gjere tydeleg dei ulike samfunnssektorane sitt ansvar for å oppfylle miljøvernpolitiske mål
- utgreie og gi råd overfor Miljøverndepartementet
- styre fylkesmennene sine miljøvernavdelingar innan Statens forureiningstilsyn sitt ansvarsområde
- delta i det internasjonale miljøvernssamarbeidet og hjelpearbeidet
- ha beredskap og aksjonere overfor akutt forureining

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn til faste og mellombels tilsette og driftsutgifter for Statens forureiningstilsyn. Posten dekkjer vidare midlar knytte til forskning, utgreiingar, informasjon, internasjonalt arbeid og formidling relatert til:

- arbeidet innan overgjødsling og oljeforureining
- arbeidet innan helse- og miljøfarlege kjemikalier
- arbeidet innan avfall og gjenvinning
- arbeidet innan klimaendringar, luftforureining og støv
- bistandsarbeidet i samsvar med avtalen til NORAD
- miljøtilstanden i Noreg

Mindreinntekter under kap. 4441 postane 04 og 09 medfører tilsvarande mindreutgifter under posten. På den andre sida kan posten overskridast mot tilsvarande meirinntekter under dei nemnde postane, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 39 Oppryddingstiltak, kan overførast

Posten er knytt til resultatområda 4 Overgjødsling og oljeforureining, 5 Helse- og miljøfarlege kjemikalier og 6 Avfall og gjenvinning.

Posten blir nytta til å dekkje utgifter til undersøkingar og gjennomføring av oppryddingstiltak i gamle avfallsdeponi, forureina grunn og forureina sediment og for å hindre forureining frå skipsvrak. Posten blir føreslått styrkt med 10 mill. kr for å kunne forsere arbeidet med oppryddingstiltak og tiltaksretta undersøkingar i område med forureina sediment.

Målet for tiltaka er å hindre at forureina grunn, vatten og sediment som skriv seg frå verksemd i tidlegare tider, feildisponering av avfall o.l., eller utslepp frå skipsvrak, skal medføre fare for alvorleg forureining, eller anna alvorleg miljøulempe, jf. resultatområde 4 Overgjødsling og oljeforureining, og resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikalier. Utgiftene til opprydding skal i prinsippet dekkjast av den eller dei som etter forureiningslova er ansvarlege for å motverke eller rydde opp i forureining. Ansvar kan gjerast gjeldande for private, kommunar eller ein statleg sektor. Dersom ein ansvarleg ikkje kan identifiserast, ikkje er betalingsdyktig og heller ikkje blir vurdert skikka til å stå for ei god nok opprydding, eller dersom staten ved miljøvernforvaltninga etter forureiningslova er den ansvarlege, blir utgiftene til undersøkingar og nødvendig opprydding dekt av miljøvernforvaltninga sine midlar. Miljøvernforvaltninga kan òg forskottere undersøkingar og/eller delfinansiere oppryddingsprosjekt i tilfelle der ei delfinansiering er nødvendig for å utløyse oppryddingstiltak. Posten dekkjer òg midlar til tiltak for å hindre miljøulempe, i første rekkje forureining frå skipsvrak, og midlar brukt til dette vil variere frå år til år ut frå behov.

Post 63 Tilskot til kommunale avløpstiltak, kan overførast

Tilskotsordninga har vore knytt til styresmaktenes sitt pålegg om reinsing av avløp som eit ledd i arbeidet for å nå måla under resultatområde 4 Overgjødsling og oljeforureining. Det vil ikkje bli gitt nye tilsegner under ordninga i 2002, men løyvinga blir halden oppe slik at staten får utbetalt tidlegare gitte tilsegner. Utbetalingane vil skje etter kvart som prosjekta i kommunane som er gitt tilsegner blir ferdigstilte. Løyvinga er konsekvensjustert ned med 58 mill. kr i forhold til 2001, som er i tråd med utbetalingsprofilen på dei enkelte prosjekta. Dei investeringane det er gitt tilskot til, blir restfinansierte gjennom kommunal eigeninnsats og avløpsgebyr.

Oppfølging og kontroll

Kommunen skal levere ein sluttrapport saman med revisorstadfest rekneskap til fylkesmannen når prosjektet er ferdigstilt. Elles rapporterer alle kommunar årleg til fylkesmannen når det gjeld utsleppsdata og kostnader. Med utgangspunkt i dei årlege rapportane frå kommunane utarbeider Statistisk sentralbyrå statistikk over utsleppsdata og kostnader per abonnent.

Oppfølgingskriteria er kapasitet og belastning på reinseanlegga, vassmengder og analyseverdiar til ein forureiningsrekneskap, slammengd og disponering av slam. Fosfor er valt som parameter i forureiningsrekneskap for avløpssektoren.

Post 64 Aksjon Jærvassdrag, kan overførast

Føremålet med post 64, Aksjon Jærvassdrag, har vore å medverke til betre miljøkvalitet i og ved jærvassdraga. Regjeringa ønskjer ikkje å prioritere enkeltprosjekt ved hjelp av øyremerka tilskotspostar, og føreslår derfor at tilskotsordninga ikkje blir ført vidare i den form den no har, jf. også post 65.

Post 65 Tilskot til heilskapleg vassforvaltning, kan overførast

Posten er knytt til resultatområda 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, 2 Friluftsliv, 4 Overgjødning og oljeforureining og 5 Helse- og miljøfarlege kjemikalier.

Tilskotsposten er ei generell og landsomfattande ordning for å betre vassmiljøet i Noreg, der ei heilskapleg tilnærming til vassdragsforvaltninga blir lagt vekt på. Det nye rammedirektivet for vassforvaltning, som trådte i kraft 22. desember 2000, gir styresmaktene det nødvendige rammeverket for ei meir heilskapleg forvaltning og betre måloppnåing innan forvaltninga av norske vassdrag og kystnære område. Målgruppa for tilskotsposten er kommunar som arbeider med prosjekt knytte til rammedirektivet for vassforvaltning. Prosjekt med ei tilsvarande heilskapleg tilnærming til vassforvaltninga kan òg i særlege tilfelle bli omfatta av tilskotsordninga.

Ved fordeling av tilskot vil midlane i 2002 hovudsakleg gå til Morsaprojektet som er knytta til innføring av rammedirektivet for vassforvaltning. Dette omfattar m.a. utpeiking av ansvarleg styresmakt i nedbørfeltdistrikta, fastsetjing av miljømål, utarbeiding av forvaltningsplanar og forslag til tiltak. Prosjekta må kunne setjast i gang i 2002.

Tilskotsordninga er administrert av Statens forureiningstilsyn i samarbeid med fylkeskommunen i dei aktuelle områda. Søknader om tilskot blir fremja av kommunen, eller eventuelt av fleire kommunar i samarbeid.

Oppfølging og kontroll

Kommunen skal gi ein sluttrapport saman med revisorstadfest rekneskap til Statens forureiningstilsyn eller den aktuelle fylkeskommune når prosjektet er ferdigstilt. Det blir gjennomført ein generell formalia- og sannsynskontroll av kommunane sine rapportar. I tillegg blir enkelte ferdigstilte prosjekt inspiserte.

Post 73 Tilskot til biloppsamlingssystemet

Tilskotsordninga rettar seg mot resultatområde 6 Avfall og gjenvinning. og resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikalier.

Mål:

Tilskotsordninga er ein del av oppsamlingssystemet for bilvrak og beltemotorsyklar. Målet med oppsamlingssystemet er å sikre forsvarleg og miljøvennleg innsamling og behandling av bilvrak frå heile landet.

Ordninga skal vere sjølvfinansierande, dvs. at inntekter og utgifter skal balansere over tid. Inntektene kjem frå vrakpantavgifta på førstegongsregistrerte køyretøy, jf. St.prp. nr. 1 (2001-2002) Skatte-, avgifts- og tollvedtak, og frå inntekter ved sal av stålet i vraka. Vrakpantavgifta blir fastsett på bakgrunn av prognosar for forventta nybilsal og talet på pantevrak, jf. kap. 1441 post 75. Det blir gitt driftsstøtte på 366 kr per motteke vrak til godkjende oppsamlingsplassar for å sikre gjennomføring av dei miljøvernoperasjonane dei er pålagde å utføre i samband med mottak av vrak.

- Det blir gitt transportstøtte til presse- og transportoperatørane til dekning av kostnadene for pressing og frakt av vraka frå oppsamlingsplassane til behandlingsanlegga. Transportstøtta skal sikre at ingen delar av landet fell utanom oppsamlingsordninga på grunn av høge transportutgifter. Storleiken på tilskotet er m.a. avhengig av kva som kan oppnåast ved sal av bilvraka til fragmenteringsverka, jf. kap. 4441 post 08. Tilskotet inneber ei plikt for tilskotsmottakaren til å samle inn vrak frå dei godkjende oppsamlingsplassane.

- Posten dekkjer òg utgifter til ulike utgreiingar og tiltak som miljøvernstyresmaktene treng for å administrere ordninga.

Den delen av det eksisterande avgiftssystemet som gjeld utbetaling av pant til bileigar vil bli ført vidare inntil vidare. Det blir vist til omtale under resultatområde 6 når det gjeld EU direktiv om utrangerte køyretøy (2000/53/EU).

Oppfølging og kontroll

Driftstilskotet blir utbetalt av Oslo distriktstollstad etter mottak av ei vrakpantkvittering for at bilvraket er motteke for behandling.

Post 75 Utbetaling av pant for bilvrak, overslagsløyving

Tilskotsordninga rettar seg mot resultatområde 6 Avfall og gjenvinning

Mål:

Tilskotsordninga er ein del av oppsamlingssystemet for bilvrak og beltemotorsyklar. Målet med denne tilskotsordninga er å stimulere bileigar til å levere utrangerte bilar til godkjent biloppsamlingsplass slik at bilvraket kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast.

Posten dekkjer utbetaling av vrakpant, og kostnader ved overføring av vrakpanten til bileigaren. Vrakpanten blir føreslått halden uendra på kr 1 500 per bilvrak i 2002. Det er venta at ca. 100 000 bilar blir vraka i 2002.

Oppfølging og kontroll:

Vrakpanten blir utbetalt av Oslo distriktstollstad mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjent biloppsamlingsplass for behandling. For å sikre at bilvraket har rett til vrakpant, blir kvitteringa kontrollert mot det sentrale motorvognregisteret. Kontrollen skjer elles ved kontroll av oppsamlingsplassane sine lager og rekneskap med bilag.

Post 76 Refusjonsordningar

Tilskotsordningane under denne posten rettar seg mot resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar og resultatområde 6 Avfall og gjenvinning.

Refusjon av smørjeoljeavgifta

Mål:

Målet med ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til godkjent behandling.

Spillolje er brukt smørjeolje, og er klassifisert som spesialavfall. Smørjeolje er, med unntak av enkelte bruksmåtar, ilagt smørjeoljeavgift, jf. St.prp. nr. 1 (2001-2002) Skatte-, avgifts- og tollvedtak, kap. 5542 post 71. Refusjonsordninga vart innført i 1994. Ordninga har medverka til å auke innsamlinga av spillolje frå 50-60 % før 1993 til ca. 75 % i 1998. For å sikre ei høgare innsamlingsgrad vart det i 1999 bestemt at det frå og med år 2000 skulle utbetalast refusjon med lik sats for all spillolje som blir samla inn, uavhengig av om den kjem frå avgiftspliktig eller avgiftsfri smørjeolje. Eit unntak er spillolje som stammar frå større skip (større enn 250 fot) i internasjonal sjøfart. Det vart rekna med at endringa i utbetalingsgrunnlaget ville føre til at meir spillolje vart samla inn. Tala for 2000 viser likevel ein svak nedgang i totalmengda. Mengda av olje med rett til refusjon auka i 2000, men den vart motverka av ein endå større nedgang i mengda av olje som ikkje hadde krav på refusjon. Dersom ein derimot også inkluderer ei bestemt gruppe olje (oljehaldig vatn) i totalrekneskapen over innsamling av spillolje, har det vore ein auke i innsamla mengd frå 1999 til 2000. Refusjonssatsen og smørjeoljeavgifta vil bli prisjustert for 2002, jf. St.prp. nr. 1 (2001-2002) Skatte-, avgifts- og tollvedtak, kap. 5542, post 71.

Posten dekkjer òg utgifter til informasjon og administrasjon av ordninga.

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga blir ivareteken gjennom statistikk over årleg innsamla spillolje. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Statens forureiningstilsyn. I tilsegna er det fastsett ein del vilkår som refusjonsmottakar er forplikta til å følgje. Krav om utbetaling blir kontrollerte i forhold til førehandstilsegna.

Refusjon av avgift på Trikloret (TRI)

Mål:

Målet med ordninga er å hindre utslepp til miljøet av TRI frå TRI-haldig avfall, og er eit verkemiddel som skal medverke til at avgiftssystemet verkar optimalt.

Trikloretan (TRI) er ei miljøgift. Bruk og utsepp skal reduserast vesentleg. TRI, som er eit løysemiddel som først og fremst blir brukt til avfetting i industrien, vart frå 01.01.2000 ilagt avgift, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000) Skatte-, avgifts- og tollvedtak. Refusjonsordning for innbetalt TRI-avgift vart innført samtidig.

TRI-haldig avfall kan leverast til godkjent mottak for spesialavfall eller godkjent gjenvinningsbedrift, og ein vil motta delvis refusjon av den innbetalte avgifta for den mengd TRI som finst i avfallet. For å redusere kostnadene ved refusjonssystemet og for å stimulere til raskare utfasing av bruken av TRI vart refusjonssatsen sett til 25 kr/kg, mens avgiftssatsen er 51,4 kr/kg. Ein refusjonssats på dette nivået gir tilstrekkeleg stimulans til å oppnå ein høg grad av avfallsinnsamling.

Posten dekkjer utbetaling av refusjon og utgifter til informasjon og administrasjon av ordninga. I 2000 vart det utbetalt eit svært lite refusjonsbeløp, og òg for 2001 synest det å bli relativt små utbetalningar. Utgreiingar for å avklare årsakene til dei avgrensa utbetalingane blir gjennomført i 2001. Omfanget av refusjonsutbetalingane er utrekna til 2,0 mill. kr i år 2002. Utbetalingane vil bli reduserte i åra framover i takt med at forbruket av TRI blir redusert som resultat av avgifta.

Oppfølging og kontroll:

Oppfølginga blir ivareteken gjennom statistikk over årleg innsamla mengde TRI. Spesialavfallsmottaket og gjenvinningsverksemda skal vere godkjent av Statens forureiningstilsyn.

Post 77 Tilskot til innsamling av isolerglasruter som inneheld PCB, kan overførast

Regjeringa vil opprette ein ny førebels (to-årig) tilskotspost for å stimulere til innsamling av isolerglasruter som inneheld PCB. Posten er føreslått til 10 mill. kr for 2002. Det vil bli vurdert nærare kva som er den mest føremålstenlege innretninga av tilskotsposten. Den aktuelle bransjen vil bli teken med på råd og det blir lagt opp til å inngå ei avtale mellom Miljøverndepartementet og bransjen som forpliktar bransjen til å ansvar for den ulovlege handteringa som no går føre seg.

Isolerglasruter som inneheld PCB er spesialavfall som er underlagt eige regelverk for handtering. Likevel er det berre ein svært liten del av desse rutene som no blir skifta ut som blir sende til lovleg og forsvarleg handtering.

Dette vil bli fastsett eit eige regelverk for posten i tråd med Økonomireglementet for staten.

Kap. 4441 Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 1441)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Refusjon av kontrollutgifter	5 743	6 343	6 533
02	Inntekter, SFTs beredskaps- og kontrollavdeling i Horten	2 112	2 081	2 143
04	Gebyr	14 782	13 259	12 559
05	Leieinntekter	2 763	1 279	825
08	Inntekter frå sal av bilvrak	27 902	28 589	29 447
09	Internasjonale oppdrag	9 348	6 120	4 184
16	Refusjon av fødsel- og adopsjonspenger	1 887		
17	Refusjon av lærlinger	30		
	Sum kap 4441	64 568	57 671	55 691

Post 01 Refusjon av kontrollutgifter

I medhald av konsesjonsvilkår fastsette ved kgl. res. av 31. mai 1974 skal dei selskap som står for drifta av dei petrokjemiske anlegga i Bamble vere med å finansiere kontroll- og luftovervakingsordninga i Grenlandområdet etter nærare vedtekter frå miljøvernstyresmaktene. Kontrollordninga er i første rekkje eit resultat av Hydro Porsgrunn sitt eksisterande anlegg på Herøya og den petrokjemiske industrien i Bamble. Følgjande bedrifter inngår i kontrollordninga og deltek i finansieringa: Hydro Porsgrunn Industripark, Hydro Polymers, Borealis, Noretyl, Norcem Brevik, Eramet Norway-Porsgrunn, Norske Skog Union og NOAH, Brevik.

Post 02 Inntekter, SFT's beredskaps- og kontrollavdeling i Horten

Inntektene gjeld kurs for beredskapspersonell, utleige av oljevernutstyr, utleige av testanlegg, og utprøving av oljevernutstyr. Inntektene dekkjer m.a. utgifter til drift, vedlikehald m.v. av testanlegg. Dei korresponderande utgiftene er førte under kap. 1443 post 01.

Post 04 Gebyr

I samsvar med prinsippet om at forureinaren skal betale, er det innført gebyr på forureinande verksemd. Posten omfattar gebyrinntekter frå konsesjonsbehandling og kontroll.

Vidare omfattar posten gebyrinntekter frå tilsyn og kontroll med kjemiske stoff og produkt.

Inntekter fastsette i forskrift om førehandsmeldingar av nye kjemiske stoff, jf. resultatom-

råde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikalier, blir òg førte under denne posten.

Posten omfattar òg gebyrinntekter i samband med. ny forskrift om plikt til å betale gebyr til SFT ved levering og deklarerer av spesialavfall.

Kap. 1441 post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 05 Leieinntekter

Inntektene omfattar Statens forureiningstilsyn sine leieinntekter i samband med utleige av nokre kontorlokale og utleige av konferansesenteret.

Post 08 Inntekter frå sal av bilvrak

Løyvinga på 27,0 mill. kr er rekna ut under føresetnad av levering av 100 000 bilvrak til fragmentering, jf. utgifter kap. 1441, post 73.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene er knytte til oppdrag i samband med Statens forureiningstilsyn sitt samarbeid med NORAD m.a. gjennomgang og evaluering av miljøprosjekt og institusjonsbygging i samarbeidsland. Dette samarbeidet vil bli vidareutvikla og trappa opp, jf. kap. 1441, post 01. Eventuelle mindreinntekter under posten vil medføre tilsvarende mindreutgifter under kap. 1441, post 01. På den andre sida kan kap. 1441 post 01 også overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1

Kap. 1443 Statens beredskapsansvar mot akutt forureining

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	83 127	30 877	37 430
21	Spesielle driftsutgifter	3 965	3 313	3 595
45	Større utstysinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	8 856	7 743	16 193
	Sum kap 1443	95 949	41 933	57 218

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer driftsutgifter til den statlege

beredskapen mot akutt forureining, jf. resultatområde 4 Overgjødsling og oljeforureining og resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikalier. I

tillegg til lønns- og reiseutgifter i tilknytning til beredskapen skal posten dekkje leige- og vedlikehaldsutgifter for depota, øvingar og beredskapsavtaler, og vedlikehald av beredskapsutstyr. Posten er auka med 6,5 mill. kr i samband med styrking av oljevernberedskapen (jf. omtale kap. 6). Kurs og øvingar i nordområda vil bli prioriterte jf. inntekter på kap. 1441 post 02.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til aksjonar mot akutt forureining, jf. resultatområde 4 Overgjødsling og oljeforureining og resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar. I tilfelle av akutt forureining kan det raskt bli behov for midlar til aksjonar som staten set i gang, eller for garantiar til kommunar som set i gang aksjonar med vesentlege utgifter, og som sjølve ikkje er i stand til å dekkje utgiftene før erstatningsbeløpet er innbetalt. Kongen har fullmakt til å samtykkje i å utgiftsføre naudsynte midlar ut over løyvinga så sant tiltak må setjast i verk utan opphald og ikkje kan leggjast fram for Stortinget på førehand. Regjeringa gjer framlegg om at Miljøverndepartementet kan utgiftsføre inn- til 15 mill. kr ut over løyvinga dersom det er naudsynt å iverksetje tiltak utan opphald og før Kongen kan gi slikt samtykke, jf. forslag til vedtak III nr.2 .

Aksjonar mot akutt forureining omfattar òg tiltak for å hindre akutt forureining av sjøen frå skip eller flyttbare innretningar. Desse tiltaka omfattar m.a. bruk av taubåt, naudlossing, naudreparasjonar eller flytting av skip eller innretning når det er uklart om ansvarleg har forsikring eller andre

føresetnader for å betale kostnadene i samband med tiltaket. Ved oljesøl frå skip vil det i ein del tilfelle vere uklart kven som er ansvarleg for sølet, eller det oppstår tvist om ansvaret for å betale utgiftene til oppreinsking. For at ikkje dei lokale styresmaktene skal bli sitjande igjen med det økonomiske tapet som skuldast forureining som rammar tilfeldig, løyver staten midlar eller står for aksjonane sjølv. Refusjonar blir så vidt mogleg innkravde frå skadevaldarane. I slike saker tek det ofte lang tid før det offentlege får refundert utgiftene frå skadevaldar.

I spesielle tilfelle kan posten brukast til å dekkje utgifter offentlege styresmakter har til å fjerne spesielle typar avfall, f.eks. olje- og kjemikaliesanering, massedød av sild i steng, aksjonar i samband med algeoppblomstring, i landdriven sel- og kvalkadaver, eigarlaust spesialavfall eller spesialavfall frå konkursbu.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten dekkjer utgifter i samband med arbeidet mot akutt forureining, jf. resultatområde 4 Overgjødsling og oljeforureining og resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Hovudtypene av utgifter er innkjøp av nytt og erstatning av beredskapsmateriell, under dette utvikling av nytt materiell, avtaler om beredskap og test, utprøving og eventuell opplæring for slikt utstyr. Løyvinga er føreslått auka med 8,5 mill. kr til innkjøp av nytt utstyr og utskifting av eksisterande utstyr.

Kap. 1444 Produktregisteret

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter			12 213
	Sum kap 1444			12 213

Regjeringa føreslår å overføre det administrative ansvaret for Produktregisteret frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet til Miljøverndepartementet. Det blir derfor føreslått at kap. 1576 Produktregisteret (jf. kap. 4576) blir overført til nyoppretta kap. 1444 Produktregisteret (jf. kap. 4444). Grunngevinga er at miljøvernstyresmaktene i stor grad har ei koordinerande rolle på kjemikalieområdet, at SFT er den største brukaren av registeret og at miljøvernstyresmaktene er for-

brukarstyresmakt på kjemikalieområdet. Forslaget er i tråd med tilråding frå Statskonsult som i 2000 gjennomførte ei evaluering av Produktregisteret.

Produktregisteret si rolle og oppgåver

Produktregisteret er oppretta for å rasjonalisere innsamling av kjemikalieinformasjon til bruk innan HMS-arbeid og er staten sitt sentrale regis-

ter på dette området. Produktregisteret er i første rekkje eit serviceorgan for Arbeidstilsynet, Oljedirektoratet, Giftinformasjonssentralen, Statens forureiningstilsyn, Statens institutt for folkehelse, Statens arbeidsmiljøinstitutt og Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern. Produktregisteret kan dessutan medverke med open informasjon til andre som har oppgåver innan HMS-sektoren. Miljøverndepartementet vil i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet i 2002 gjennomføre eit fornyingsprosjekt med mål å komme fram til tiltak som medverkar til ei vidareutvikling av registeret slik at det i størst mogleg grad kan ivareta styresmaktene sitt behov for korrekte data om bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar og importørane sitt behov for ein effektiv innrappor-

tering av opplysningar, og medverke til informasjon til allmenta om bruk av farlege kjemikaliar .

Produktregisteret har følgjande mål :

Samle inn, systematisere og arkivere opplysningar om kjemikaliar, og tilretteleggje opplysningar ut frå registrerte data, slik at definerte brukarar får tilgang til riktig informasjon. Omarbeide graderte data til ugradert informasjon for å gjere opplysningane meir allment tilgjengelege.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn til faste og mellombels tilsette og driftsutgifter (under dette utgreiing, informasjon m.m.)for Produktregisteret.

Kap. 2422 Statens miljøfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
70	Statens miljøfond, rentestøtte		1 000	1 000
90	Statens miljøfond, lån, <i>kan overførast</i>	59 786	61 000	45 000
	Sum kap 2422	59 786	62 000	46 000

Statens miljøfond vart etablert i 1998 som ei låneordning med formål å sikre finansiering av prosjekt som medverkar til å redusere utslepp av klimagassar og andre miljøskadelege utslepp, jf. resultatområda 4 Overgjødsling og oljeforureining, 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar, 6 Avfall og gjenvinning og 7 Klimaendringar, luftforureining og støy.

Det er gitt tilsegner for heile den totale utlånsramma på 250 mill. kr og budsjettet for post 90 i 2002 representerer såleis ein prognose for utbetaling av allereie gitte tilsegner. Det er teke sikte på å starte arbeidet med å evaluere ordninga i 2002.

Post 70 Statens miljøfond, rentestøtte

Rentestøtta er venta å utgjere 1,0 mill. kr i 2002. Rentestøtta utgjer differansen mellom tidlegare gitte lån med låg rente og gjennomsnittsrenta på 5-års statsobligasjonar.

Post 90 Statens miljøfond, lån, kan overførast

For 2002 er det venta utbetaling av allereie gitte tilsegner på 45,0 mill. kr.

Kap. 5322 Statens miljøfond, avdrag

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
91	Innbetaling av avdrag	4 830	5 000	10 000
	Sum kap 5322	4 830	5 000	10 000

Post 91 Innbetaling av avdrag

Basert på løpande lån og utbetaling av nye lån i 2001/2002, er avdraga utrekna til 10 mill. kr.

Kap. 5621 Statens miljøfond, renteinntekter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
80	Renteinntekter	1 888	5 000	6 500
	Sum kap 5621	1 888	5 000	6 500

Post 80 Renteinntekter

Basert på løpande lån og utbetaling av nye lån i 2001/2002, er renter m.v. utrekna til 6,5 mill. kr.

Inntektsposten inkluderer også rentestøtte gitt under kap. 2422, post 70.

Programkategori 12.50 Kart og geodata

Utgifter under programkategori 12.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)				
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
1463	Regional og lokal planlegging	66 805	28 852	
1465	Statens kjøp av tenester i Statens kartverk	320 093	338 030	376 220
2465	Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603)	7 653	12 000	9 896
Sum kategori 12.50		394 551	378 882	386 116

Heile kapittel 1463 er flytta til programkategori 12.10. Utgiftene under programkategori 12.50 høyrer inn under resultatområde 10 Kart og geodata. Ein viser til innleiinga i del 2 der det blir

gjort greie for budsjettvise endringar i 2002 innanfor resultatområdet. Skredkartlegging og arealdokumentasjon er overført frå resultatområde 9.

Kap. 1463 Regional og lokal planlegging

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	27 768	28 852	
63	Lokal Agenda 21 og berekraftig by- og tettstadsutvikling, <i>kan overførast</i>	16 174		
74	Lokal Agenda 21, <i>kan overførast</i>	22 863		
Sum kap 1463		66 805	28 852	

Kapitlet blir føreslått lagt ned i statsbudsjettet 2002. Midlane blir føreslått flytta til kap 1400 Mil-

jøverndepartementet under programkategori 12.10.

Kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens kartverk

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
21	Betaling for statsoppdraget	320 093	338 030	376 220
Sum kap 1465		320 093	338 030	376 220

Kapitlet dekkjer staten sitt sentrale ansvar for etablering og drift av vår nasjonale infrastruktur for geografisk informasjon, jf. resultatområde 10 Kart og geodata. Løyvinga blir sett på som ei inntekt for Statens kartverk, slik at tilsvarende beløp blir inntektsførte under kap. 2465 Statens kartverk, post 24.1 Driftsinntekter.

Post 21 Betaling for statsoppdraget

Hovudoppgåva for Statens kartverk er å byggje og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur, og syte for at brukarane får enkel og effektiv tilgang til stadfesta informasjon. Det er ei målsetjing at ny teknologi skal komme alle innbuarane i Noreg til gode. Med den pågåande utbygginga av breiband og nye kommunikasjonskanalar i Noreg vil Kartverket bli ein stadig viktigare leverandør av data for ei rekkje tenester i det norske velferdssamfunnet. Som infrastrukturleverandør må Kartverket ligge i forkant av den fornying som skjer i offentleg sektor. Det krev omstillingar i Kartverket sin organisasjon og omfattande arbeid med tilrettelegging av digitale data tilpassa den akselererande teknologiske utviklinga.

Som staten sitt fagorgan inna kart og stadfesting skal Kartverket ivareta dei forvaltningsoppgåvene som følgjer med, under dette arbeid med standardar og regelverk og samordning med andre land på området. Kartverket skal dessutan delta i forskning og utvikling av kartteknologi, og samarbeide med norsk industri og kartbransje, m.a. om eksportretta tiltak. Kartverket skal syte for at den geografiske informasjon etaten forvaltar blir sikra for ettertida.

Statsoppdraget sikrar ei samla finansiering av denne hovuddelen av Kartverket si verksemd og oppgåva som staten si fagstyresmakt på kartområdet. Det blir utarbeidd spesifiserte produksjonsmål og aktivitetar som grunnlag for departementet si styring og kontroll av statsoppdraget.

På enkelte område blir basisproduksjonen forsert ut over det statsoppdraget gir grunnlag for gjennom tilskot frå brukarar eller samarbeid om felles geodataprojekt. Det er rekna med at slik samfinansiering held seg på omtrent same nivå i 2002 som i 2001. Fleire av Kartverket sine produk-

sjonsmål føreset at budsjetterte samfinansieringsprosjekt kan blir realiserte.

Dei reine driftsutgiftene til Kartverket, så som husleige, administrasjon o.l. blir dekte med ein forholdsvis del over statsoppdraget.

Basisproduksjonen omfattar i hovudsak følgjande oppgåver:

- Etablering og drift av nasjonalt geodetisk grunnlag
- Medverknad til etablering av geodetisk grunnlag, og drift og etablering av kartgrunnlag i kommunane
- Drift og utvikling av nasjonal kontrollteneste for satellittposisjonering
- Etablering og drift av geografiske primærdatabasar, bl.a. administrative grenser, eigedomskartverk, GAB (Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret), sentralt stadnamnregister og vegdatabase
- Sjøkartlegging
- Etablering av arealinformasjonssystemet Arealis lokalt (tidlegare innanfor Arealdokumentasjonsprogrammet)
- Etablering og drift av nasjonale kartseriar, bl.a. hovudkartserien for land og sjø i trykt og digital form
- Program for kartlegging av rasutsette fareområde
- Drift av arkiv og databasetenester, under dette sikring av historisk informasjon
- Norsk bidrag til global geodesi og kartlegging
- Utarbeiding av standardar og fagleg vegleiing
- Samordning av geodataverksemda i fylka
- Forvaltningsoppgåver, bl.a. når det gjeld administrative grenser, eigedomsregistrering og stadnamn
- Beredskapsoppgåver
- Drift av miljøreferansedatabasen «REFSYS»

For å kunne gjennomføre føresetnadene til Stortinget om å fullføre sjømålingane i 2006 er det nødvendig å bestille nye sjømålingstenester i 2002 for 100 mill. kr. Det er dermed nødvendig å auke bestillingsfullmakta med 100 mill. kr til 180 mill. kr, jf. forslag til vedtak VI nr. 2 Bestillingsfullmakter. Utbetalinga vil skje i perioden 2002-2006.

Kap. 2465 Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
24	Driftsresultat	-4 000	-4 000	-4 000
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	11 653	16 000	13 896
	Sum kap 2465	7 653	12 000	9 896

Kartverket vil i åra framover fokusere på si rolle som dataforvaltar, mens datainnsamling og dataformidling i større grad kan setjast bort eller utførast i samarbeid med andre. Tradisjonelle trykte kart blir marknadsførte og selde gjennom forhandlarar, særleg bokhandlarar. Kartverket har til no i det alt vesentlege levert digitale data direkte til brukar. Det blir lagt opp til ei auka formidling av data via forhandlarar. Kartverket vil framleis arbeide med å gjere sine produkt lettare tilgjengelege gjennom betre bestillings- og distribusjonssystem. Det vil bli lagt vekt på å få fram fleire produkt for bruk i enkle og billegare kartsystem.

Sjølv om mange kartbrukarar no ønskjer digital informasjon, vil det framleis vere behov for trykte kart til mange formål. Kartverket utgir òg

faste tabellar over tidvatn, omtale av farvatn og andre publikasjonar for sikker sjøfart.

Kartverket har, noko som òg er føresetnaden, ein viss del konkurranseutsett verksemd i form av verdiaukande produksjon, sal og tenesteytande aktivitetar. Det er verken nødvendig eller føremålstenleg at denne verksemda aukar innanfor forretningsområde som private firma kan ivareta på ein betre måte. Kartverket bør avgrense si konkurranseutsette verksemd til det som heng naturleg saman med oppgåvene som forvaltar av den nasjonale geodatainfrastrukturen, og som nasjonalt fagorgan innan geodata, geodesi, kart og matrikkel. Konkurranseutsett verksemd vart skilt ut som eigen divisjon frå 2001 under namnet Statens kartverk Marknad.

Post 24 Driftsresultat

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
24.1	Driftsinntekt	-514 366	-506 030	-561 220
24.2	Driftsutgift, <i>overslagsløyving</i>	501 407	482 088	538 954
24.3	Avskrivning	18 238	16 631	14 746
24.4	Renter av staten sin kapital	3 649	3 311	3 520
24.5	Til reguleringsfondet	-12 928		
	Sum post 24	-4 000	-4 000	-4 000

Vesentlege delar av Kartverket kan sjåast på som ei produksjonsbedrift. Den interne økonomistyringa i Kartverket er derfor basert på bedriftsøkonomiske rekneskapsprinsipp. Til statsbudsjettet og statsrekneskapen rapporterer Kartverket etter kontantprinsippet. Overslaget for det bedriftsøkonomiske driftsresultatet er nytta som

budsjettoverslag for det kontante driftsresultatet. Det kontante driftsresultatet under post 24 Driftsresultat blir derfor budsjettert til same beløp som det bedriftsøkonomiske overskotskravet. Bedriftsøkonomisk resultat var i 2000 eit overskot på 5,5 mill. kr.

Underpost 24.1 Driftsinntekter

Kartverket sine bedriftsøkonomiske driftsinntekter fordeler seg som følger:

Samfinansieringa med andre statsetatar og kommunar vil svinge med interessa for felles data-innsamlingsprosjekt og Kartverket sin kapasitet til å gå inn i slike prosjekt.

Kartverket sine standardprodukt er utforma ut frå generelle krav til innhald og dei blir sett på som særleg viktige i samfunnssamanheng.

Salsinntektene vil svinge med den faktiske etterspørselen etter Kartverket sine produkt og

tenester. Salsinntektene skal dekkje kostnadene knytte til uttak av basisdata, spesialbehandling, mangfaldiggjering, marknadsføring, lagerhald og distribusjon, og ein forholdsvis del av indirekte kostnader (husleige o.l.). 62 % av Kartverket sitt sal av produkt og tenester går til offentlege brukarar.

Rekneskap 2000 er ført opp i samsvar med Kartverket sin bedriftsøkonomiske rekneskap. Plan 2001 refererer seg til St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Tabell 20.5 Kartverket sin basisproduksjon

	(i mill. kr)		
	Rekneskap 2000	Plan 2001	Plan 2002
Basisproduksjon			
Betaling for statsoppdraget	320	318	376
Samfinansiering, belastningsfullmakter o.l.	118	96	90
Sum basisproduksjon	438	414	466

Tabell 20.6 Kartverket si sals- og oppdragsverksemd

	(i mill. kr)		
	Rekneskap 2000	Plan 2001	Plan 2002
Sals- og oppdragsverksemd			
Formidling av standard kart og geografiske data	48	38	52
Framstilling av spesialseriar av kart og geografiske data og spesialoppdrag av varer og tenester	38	54	43
Sum sals- og oppdragsinntekter	86	92	95

Tabell 20.7 Kartverket sine driftsinntekter

	(i mill. kr)		
	Rekneskap 2000	Plan 2001	Plan 2002
Sum driftsinntekter	524	506	561

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Posten omfattar utgifter til lønn og andre løpande driftsutgifter, og etablering og oppgradering av Kartverket sine databasar og geografiske infrastruktur elles.

Underpostane 24.3 Avskrivningar og 24.4 Renter av staten sin kapital

Avskrivningar og renter av staten sin kapital er budsjetttert ut i frå ein forventa bokført kapital på 62 mill. kr per 31.12.2001.

Underpost 24.5 Til reguleringsfondet

Eit eventuelt avvik mellom budsjetttert beløp under post 24 Driftsresultat og det rekneskapsførte beløpet under posten skal regulerast ved overføringar frå/til reguleringsfondet, jf. forslag til vedtak III nr. 1. Ei vesentleg årsak til avvik mellom det faktiske driftsresultatet og det budsjettterte driftsresultatet vil vere terminforskyvingar i dei kontante inn- og utbetalingar. Per 31.12.2000 var reguleringsfondet på nærare 4,2 mill. kr.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten skal omfatte alle varige investeringar over kr 200 000. Grensa er auka m.a. for å få samsvar med terskelverdiane i reglane for offentlege innkjøp.

Kartverket sitt produksjonsutstyr er it-basert. Produksjonsverksemda omfattar behandling av store datamengder frå oppmåling av sjø og land, edb-basert kartreproduksjon m.v. Kartverket må løpande fornye og forbetre sin utstyrsark for å utnytte effektivitetsgevinstane i ny teknologi i sin produksjon, og møte etterspørselen etter nye produkt. Det budsjettterte investeringsnivået svarer likevel ikkje til meir enn ca. 2,5 % av totalomsetnaden.

Posten blir for 2002 føreslått redusert med 2 mill. kr som del av ein generell reduksjon og med kr 104 000 som del av ei effektivisering av offentlege innkjøp.

Dei fleste ordinære økonomiske nøkkeltala er lite eigna til å karakterisere Kartverket si drift då driftsoverskotet berre skal genererast på basis av den sals- og oppdragsfinansierte delen av drifta. Kartverket skal ikkje rekne overskot på basisproduksjonen.

Tabell 20.8 Kartverket sine økonomiske nøkkeltal

	1999	2000	2001Venta	2002 Venta
Totalrentabilitet (bedriftsøkonomisk resultat inkl. finansinntekter, i prosent av gjennomsnittleg totalkapital)	0,9%	7,1%	4,2%	6,7%
Soliditet (gjennomsnittleg egenkapital i prosent av gjennomsnittleg totalkapital)	-19,1%	-20,5%	-18,8%	-18,5%
Resultatgrad for den resultatgenererande delen av verksemda (bedriftsøkonomisk resultat inkl. forholdsvis del av finanskostnader, i prosent av resultatgenererande driftsinntekter)	0,4%	9,9%	5,7%	9,4%

Tabell 20.9 Kartverket sin kapitalbalanse.

	(i mill. kr)			
	Rekneskap 31.12.99	Rekneskap 31.12.00	Venta 31.12.01	Venta 31.12.02
Eigendelar				
Anleggsmidlar				
Driftsmidlar, eiendommer	63,4	56,8	61,6	60,8
Aksjar, andelar	0,0	0,0	0,0	0,0
Utlån og obligasjonar	0,0	0,0	0,0	0,0

Tabell 20.9 Kartverket sin kapitalbalanse.

(i mill. kr)

	Rekneskap 31.12.99	Rekneskap 31.12.00	Venta 31.12.01	Venta 31.12.02
Sum anleggsmidler	63,4	56,8	61,6	60,8
Omøpsmidlar ¹⁾ :				
Varebeholdning, varer i arbeid	18,8	14,0	14,0	14,0
Kortsiktige fordringar	38,8	66,9	66,9	66,9
Kortsiktige plasseringar	0,0	0,0	0,0	0,0
Kassebeholdning og innskot	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum omløpsmidlar	57,6	80,8	80,8	80,8
Sum eigendelar	121,0	137,6	142,4	141,6

¹⁾ Omløpsmidlar. Det blir ikkje gjort overslag over omløpsmidlane før rekneskapsavslutning. Omløpsmidlane blir derfor førte opp uendra i budsjettåret. Omløpsmidlane blir rekneskapsført i samsvar med Kartverket sin bedriftsøkonomiske rekneskap.

Tabell 20.10 Kartverkets gjeld og egenkapital

Gjeld og egenkapital				
Eigenkapital ²⁾ :				
Eigenkapital uten reguleringsfond	-44,0	-30,5	-30,5	-30,5
Reguleringsfondet	17,1	4,2	4,2	4,2
Sum egenkapital	-26,9	-26,3	-26,3	-26,3
Langsiktig gjeld ³⁾ :				
Staten sin renteberande kapital	63,4	56,8	61,6	60,8
Annen langsiktig gjeld	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum langsiktig gjeld	63,4	56,8	61,6	60,8
Kortsiktig gjeld ⁴⁾ :				
Kortsiktig gjeld	107,9	124,0	124,0	124,0
Mellomverande med statskassen	-23,4	-16,9	-16,9	-16,9
Sum kortsiktig gjeld	84,5	107,1	107,1	107,1
Sum gjeld og egenkapital	121,0	137,6	142,4	141,6

²⁾ Eigenkapital. Posten kjem fram som ein differanse mellom eigendeler og gjeld. Eventuelt avvik mellom rekneskapsført driftsresultat (etter føring til eller frå reguleringsfondet) og Kartverket sitt bedriftsøkonomiske resultat, blir rekna mot eigenkapitalen.

³⁾ Langsiktig gjeld. Kartverket finansierer alle anleggsmidler fullt ut som «lån» i statskassen. Statens renteberande kapital fungerer derfor som motpost til anleggskapitalen. Den renteberande kapitalen er fordelt på 5 ulike «lån».

⁴⁾ Kortsiktig gjeld. Det blir ikkje gjort overslag over kortsiktig gjeld før rekneskapsavslutning. Kortsiktig gjeld blir derfor ført opp uendra i budsjettåret. Kortsiktig gjeld blir rekneskapsført i samsvar med Kartverket sin bedriftsøkonomiske rekneskap.

Programkategori 12.60 Nord- og polarområda

Utgifter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)				
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
1470	Internasjonalt samarbeid, tiltak for luftmiljø og polarforvaltning (jf. kap. 4470)	65 587	72 107	
1471	Norsk Polarinstitut (jf. kap. 4471)	129 889	112 619	107 417
	Sum kategori 12.60	195 476	184 726	107 417
				-41,9

Utgiftene under programkategori 12.60 høyrer inn under resultatområda 7 Klima, luftforureiningar og støy, 8 Internasjonalt miljøvernssamarbeid, og miljøvern i polarområda og 11 Områdeovergri-

pande verkemiddel og fellesoppgåver. Ein viser til innleiinga i del 2 der det blir gjort greie for budsjettvise endringar i 2002 innanfor resultatområdet.

Kap. 1470 Internasjonalt samarbeid, tiltak for luftmiljø og polarforvaltning (jf. kap. 4470)

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	18 139	23 441	
70	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	2 200	2 200	
71	Internasjonale organisasjonar, <i>kan overførast</i>	31 439	30 885	
72	Miljøverntiltak i nordområda, <i>kan overførast</i>	9 000	8 000	
75	Støtte til internasjonale miljøtiltak og nasjonale energitiltak, <i>kan overførast</i>	4 810	7 581	
	Sum kap 1470	65 587	72 107	

Alle postane under dette kapitlet er førte over til kap. 1400 og kapitlet er derfor lagt ned.

Kap. 4470 Internasjonalt arbeid, tiltak for luftmiljø og polarforvaltning (jf. kap. 1470)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
02	Ymse inntekter		642	
09	Internasjonale oppdrag		643	
	Sum kap 4470		1 285	

Alle postane under kapitlet er førte over til kap. 4400 og kapitlet er derfor lagt ned.

Kap. 1471 Norsk Polarinstitut (jf. kap. 4471)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	124 893	112 121	106 919
45	Større utstyrinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	4 500		
50	Stipend	496	498	498
	Sum kap 1471	129 889	112 619	107 417

Norsk Polarinstitut si rolle og oppgåver:

Norsk Polarinstitut er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta forskning i Arktis og Antarktis, jf. St.meld. nr. 42 (1992-93), og fagleg og strategisk rådgivar overfor den sentrale forvaltninga i polar-spørsmål.

Norsk Polarinstitut skal òg hjelpe Direktoratet for naturforvaltning, Statens forurensingstilsyn, Riksantikvaren og Sysselmannen som fagleg rådgivar, og skal oppretthalde brei forskingsbasert kompetanse i miljøvernforvaltning innan viltforvaltning, område- og habitatvern, klimaovervaking og forureiningsproblematikk. Norsk Polarinstitut har ansvar for topografisk og geologisk kartlegging av landområda på Svalbard og norsk biland og territorialkrav i Antarktis. Norsk Polarinstitut skal i samarbeid med dei andre miljødirektorata og Sysselmannen iverksetje og vidareutvikle eit system for miljøovervaking for Svalbard og Jan Mayen (MOSJ). Norsk Polarinstitut skal gjennom å gi norske og utanlandske forskarar tilgang til infrastruktur som forskingsstasjonar, feltutstyr og transportmiddel, stimulere til auka nasjonal og internasjonal miljøretta forskning på

Svalbard. Norsk Polarinstitut skal medverke til å utvikle Ny-Ålesund til den sentrale polare forskingsplattforma i Europa.

Norsk Polarinstitut er organ for oppfølging og gjennomføring av norsk miljølovgiving i Antarktis og skal gjennom ekspedisjonsverksemda ivareta forvaltninga sine kunnskapsbehov og utøve nødvendig kontroll. Norsk Polarinstitut deltek som fagleg representant i den norske delegasjonen i Antarctic Treaty Consultative Meeting.

Norsk Polarinstitut skal, saman med dei andre miljødirektorata, fremje miljøforskning og forvaltningsrådgiving innan Barentsregionsamarbeidet og det bilaterale norsk-russiske miljøvernssamarbeidet. Norsk Polarinstitut har i 2001 hatt ansvar for å leie og koordinere arbeidet i den norske fellesgruppa under miljøkommisjonen, og leier arbeidet med fagmiljøspørsmål.

Norsk Polarinstitut vil fokusere forskinga si på prosessar som forklarar regionale klimaendringar, effektane av desse på naturen og økotoksikologi. Norsk Polarinstitut skal utforske og overvake det marine miljø i iskantsona i Barentshavet pga. den innverknad dette har på næringsproduksjonen i havet, og dermed bestanden av pattedyr, fugl og fisk i området. Forsking på isbjørn og

andre aktuelle arter skal følgjast opp for å overvake effektar av forureining og klimaendringar.

Norsk Polarinstitut skal medverke til den nasjonale og internasjonale klimaforskinga gjennom å skaffe fram kunnskap om korleis samspelet mellom atmosfære, hav og is påverkar klimaet i den europeiske delen av Arktis. Norsk Polarinstitut skal òg følgje opp den paleoklimatiske forkinga på dei store isavsetjingane i Antarktis og på brear og marine sediment på Svalbard. Norsk Polarinstitut skal vere sekretariat for Miljøverndepartementet i Arctic Climate Impact Assessment (ACIA) under Arktisk Råd.

Som nasjonal sentralinstitusjon for polarforsking skal Norsk Polarinstitut representere Noreg i internasjonale samarbeidsfora og vere eit internasjonalt kontaktpunkt i polarsaker og formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø. Norsk Polarinstitut skal vere den sentrale aktøren i Polarmiljøsenteret og styrkje dette som eit internasjonalt tyngdepunkt innan polarforsking og polar miljøvernforvaltning. Norsk Polarinstitut skal aktivt arbeide for å styrkje forkingssamarbeidet i senteret. Norsk Polarinstitut skal òg utvikle samarbeidet med dei andre forkingsinstitusjonane i Tromsø og i Nord-Noreg elles og drive utoverretta informasjon om polarområda m. a. gjennom samarbeid med Polaria.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter som Norsk Polarinstitut har til lønn og godtgjersler for faste og mellomtids tilsette. Vidare dekkjer posten ordinære driftsutgifter og utgifter knytte til instituttet si samla forskings- og ekspedisjonsverksemd. Løyvinga under posten omfattar vidare midlar til:

- sekretariat for International Arctic Science Committee og Svalbardkurset.

- vitskapeleg samarbeid i Antarktis der midlane gjeld deltaking i det internasjonale Antarktis-samarbeidet

Posten dekkjer òg utgifter knytte til sals- og oppdragsverksemd, og utgifter knytte til drift av polarforskningsfartøyet R/V «Lance» og utgifter knytte til leige og drift av Polarmiljøsenteret. Dei tilsvarande inntektene er førte under kap. 4471, postane 01, 03 og 04. Sjå elles forslag til vedtak II.nr.1. Dersom inntektene blir mindre enn budsjettert under kap. 4471, skal utgiftene under denne posten reduserast tilsvarande.

Reduksjonen under posten har samanheng med at den nordiske norske Antarktis-ekspedisjonen 2000-2001 er avslutta.

Post 50 Stipend

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernssamarbeid og miljøvern i polarområda.

Mål:

Stipendmidlane skal auke kompetansen innanfor den norske polarforskinga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforsking på Svalbard. Støtte blir primært gitt til norske hovudfags- og doktorgradstudentar. Støtta skal dekkje ekstraavgifter ved opphald i felt.

Midlane blir tildelte etter tilråding frå Noregs Forskingsråd på bakgrunn av dei fastsette kriteria som Rådet har for tildeling av stipend.

Oppfølging og kontroll:

Det blir kravd innsendt ei rekneskapsoversikt og ein kort fagleg rapport om gjennomføringa.

Kap. 4471 Norsk Polarinstitut (jf. kap. 1471)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Salsinntekter og utleieinntekter	7 252	15 527	16 071
03	Inntekter frå diverse tenesteyting	19 587	10 617	15 936
04	Refusjon frå Svalbardbudsjettet	2 650	3 229	2 450
05	Inntekter frå utleige av M/S Lance	6 467		
16	Refusjon av fødselspengar/ adopsjonspengar	330		
Sum kap 4471		36 286	29 373	34 457

Post 01 Salsinntekter og utleieinntekter

Salsinntektene gjeld sal av kart, flybilete og publikasjonar, mens utleieinntektene gjeld utleige av feltutstyr, transportmiddel, under dette utleige av forskingsfartøy, husleieinntekter og andre inntekter, jf. kap. 1471 post 01 og forslag til vedtak II nr.1.

Post 03 Inntekter frå diverse tenesteyting

Oppdragsinntektene gjeld inntekter frå eksterne oppdrag for andre offentlege instansar og frå det

private næringsliv, jf. kap. 1471 post 01 og forslag til vedtak II nr. 1.

Post 04 Refusjon frå Svalbardbudsjettet

Posten gjeld refusjon frå Svalbardbudsjettet sitt kap. 17 som i hovudsak gjeld kartleggingsutgifter og andre tenester som Norsk Polarinstitut yter overfor Svalbardsamfunnet, jf. kap. 1471 post 01 og forslag til vedtak II nr. 1.

Miljøverndepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2002 blir dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap 1400-1471, 2422 og 2465	Kr	2 890 607 000
b. Sum inntekter under kap 4400-4471, 5322 og 5621	Kr	195 968 000

Forslag til vedtak om løyving for budsjetterminen 2002, kapitla 1400-1471, 2422 og 2465, 4400-4471, 5322 og 5621

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
	Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			
1400	Miljøverndepartementet (jf. kap. 4400)			
	01 Driftsutgifter	151 248 000		
	21 Spesielle driftsutgifter	62 252 000		
	60 Omstillingsprogram for å gjennomføre kommunereforma, <i>kan overførast</i>	5 200 000		
	70 Driftstilskot til frivillige miljøvern-organisasjoner	31 050 000		
	71 Internasjonale organisasjonar, <i>kan overførast</i>	32 175 000		
	72 Miljøverntiltak i nordområda, <i>kan overførast</i>	8 000 000		
	73 Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk og LA-21, <i>kan overførast</i>	38 925 000		
	74 Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	2 200 000		
	75 Miljøvennleg byutvikling, <i>kan overførast</i>	5 000 000		
	76 Støtte til internasjonale miljøtiltak og nasjonale energitiltak, <i>kan overførast</i>	9 081 000		
	78 Miljøtiltak til nikkilverka på Kola, <i>kan overførast</i>	170 000 000	515 131 000	
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking (jf. kap. 4410)			
	21 Miljøovervaking og miljødata	89 257 000		
	50 Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta	84 710 000		
	51 Forskningsprogram m.m.	126 018 000		

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
	52	Rekrutteringsstipend til kvinnelege miljøvernforskere	1 100 000	
	53	Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning	5 000 000	
	60	Kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald, <i>kan overføres</i>	6 000 000	
	70	Nasjonale oppgaver ved miljøforskingsinstitutta	22 151 000	
	79	Diverse tilskot	2 500 000	336 736 000
		Sum Fellesoppgaver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		851 867 000
		Biomangfald og friluftsliv		
1425		Vilt- og fisketiltak (jf. kap. 4425)		
	01	Driftsutgifter	31 500 000	
	61	Tilskot til kommunale vilttiltak, <i>kan overføres</i>	5 000 000	
	70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overføres</i>	6 200 000	
	71	Tilskot til viltformål, <i>kan overføres</i>	25 645 000	68 345 000
1426		Statens naturoppsyn (jf. kap. 4426)		
	01	Driftsutgifter	49 495 000	
	30	Tiltak i nasjonalparkane, <i>kan overføres</i>	3 791 000	
	31	Tiltak i naturvern- og friluftsområde, <i>kan overføres</i>	12 971 000	
	32	Skjergardsparkar o.a., <i>kan overføres</i>	14 195 000	
	70	Tilskot til naturoppsyn, <i>kan overføres</i>	500 000	
	71	Bru til Tautra, <i>kan overføres</i>	5 000 000	85 952 000
1427		Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 4427)		
	01	Driftsutgifter	68 646 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	32 333 000	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overføres</i>	30 905 000	

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	17 750 000	
	33	Statlege tileigningar, barskogvern, <i>kan overførast</i>	70 926 000	
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar, <i>kan overførast</i>	2 100 000	
	70	Tilskot til kalking og lokale fiskeføremål, <i>kan overførast</i>	92 200 000	
	72	Vederlag for rovviltskade, <i>overslagsløyving</i>	83 123 000	
	73	Førebyggjande tiltak mot rovviltskade og omstillingstiltak, <i>kan overførast</i>	34 500 000	
	74	Tilskot til friluftslivstiltak, <i>kan overførast</i>	11 670 000	
	75	Internasjonale avtaler og medlemskap	1 010 000	
	77	Tilskot til naturinformasjons-senter, <i>kan overførast</i>	6 400 000	
	78	Friluftsrådenes landsforbund og interkommunale friluftsråd, <i>kan overførast</i>	5 300 000	456 863 000
		Sum Biomangfald og friluftsliv		611 160 000
		Kulturminne og kulturmiljø		
1429		Riksantikvaren (jf. kap. 4429)		
	01	Driftsutgifter	74 323 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1429 postene 72 og 73</i>	28 150 000	
	70	Tilskot til samarbeidsprosjekt mellom offentleg og privat sektor innafor kulturminnefeltet, <i>kan overførast</i>	10 000 000	
	72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1429 postene 21</i>	90 684 000	
	73	Brannsikring og beredskapstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under kap 1429 post 21</i>	5 453 000	
	75	Internasjonalt samarbeid, <i>kan overførast</i>	900 000	209 510 000

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
	Sum Kulturminne og kulturmiljø		209 510 000	
	Forureining			
1441	Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441)			
	01 Driftsutgifter	193 368 000		
	39 Oppryddingstiltak, <i>kan overføres</i>	33 880 000		
	63 Tilskot til kommunale avløpstiltak, <i>kan overføres</i>	70 820 000		
	65 Tilskot til heilskapleg vassforvaltning, <i>kan overføres</i>	2 000 000		
	73 Tilskot til biloppsamlingssystemet	97 786 000		
	75 Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløying</i>	151 252 000		
	76 Refusjonsordninger	50 000 000		
	77 Tilskot til innsamling av isolerglassruter som inneheld PCB, <i>kan overføres</i>	10 000 000	609 106 000	
1443	Statens beredskapsansvar mot akutt forureining			
	01 Driftsutgifter	37 430 000		
	21 Spesielle driftsutgifter	3 595 000		
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	16 193 000	57 218 000	
1444	Produktregisteret			
	01 Driftsutgifter	12 213 000	12 213 000	
2422	Statens miljøfond			
	70 Statens miljøfond, rentestøtte	1 000 000		
	90 Statens miljøfond, lån, <i>kan overføres</i>	45 000 000	46 000 000	
	Sum Forureining		724 537 000	
	Kart og geodata			
1465	Statens kjøp av tenester i Statens kartverk			
	21 Betaling for statsoppdraget	376 220 000	376 220 000	
2465	Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603)			

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
	24	Driftsresultat		
	1	Driftsinntekt	-561 220 000	
	2	Driftsutgift, <i>overslagsløyving</i>	538 954 000	
	3	Avskrivning	14 746 000	
	4	Renter av staten sin kapital	3 520 000	-4 000 000
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	13 896 000	9 896 000
		Sum Kart og geodata		386 116 000
		Nord- og polarområda		
1471		Norsk Polarinstitut (jf. kap. 4471)		
	01	Driftsutgifter	106 919 000	
	50	Stipend	498 000	107 417 000
		Sum Nord- og polarområda		107 417 000
		Sum departementets utgifter		2 890 607 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
		Fellesoppgaver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		
4400		Miljøverndepartementet (jf. kap. 1400)		
	02	Ymse inntekter	661 000	
	21	Oppdragsinntekter	662 000	1 323 000
4410		Miljøvernforskning (jf. kap. 1410)		
	50	Refusjon frå diverse fond	4 668 000	4 668 000
		Sum Fellesoppgaver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		5 991 000
		Biomangfold og friluftsliv		
4425		Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond (jf. kap. 1425)		
	51	Viltfondet	52 145 000	
	52	Statens fiskefond	16 200 000	68 345 000
4426		Statens naturoppsyn (jf. kap 1426)		
	01	Ymse inntekter	106 000	106 000
4427		Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 1427)		

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
	01	Ymse inntekter	7 000 000	
	09	Internasjonale oppdrag	1 700 000	
	54	Gebyr	2 300 000	11 000 000
		Sum Biomangfold og friluftsliv		79 451 000
		Kulturminner og kulturmiljøer		
4429		Riksantikvaren (jf. kap. 1429)		
	02	Refusjonar og diverse inntekter	1 804 000	
	09	Internasjonale oppdrag	2 074 000	3 878 000
		Sum Kulturminner og kulturmiljøer		3 878 000
		Forurensning		
4441		Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 1441)		
	01	Refusjon av kontrollutgifter	6 533 000	
	02	Inntekter, SFTs beredskaps- og kontrollavdeling i Horten	2 143 000	
	04	Gebyr	12 559 000	
	05	Leieinntekter	825 000	
	08	Inntekter frå sal av bilvrak	29 447 000	
	09	Internasjonale oppdrag	4 184 000	55 691 000
5322		Statens miljøfond, avdrag		
	91	Innbetaling av avdrag	10 000 000	10 000 000
5621		Statens miljøfond, renteinntekter		
	80	Renteinntekter	6 500 000	6 500 000
		Sum Forurensning		72 191 000
		Nord- og polarområdene		
4471		Norsk Polarinstitut (jf. kap. 1471)		
	01	Salsinntekter og utleieinntekter	16 071 000	
	03	Inntekter frå diverse tjenesteyting	15 936 000	
	04	Refusjon frå Svalbardbudsjettet	2 450 000	34 457 000
		Sum Nord- og polarområdene		34 457 000
		Sum departementets inntekter		195 968 000

Fullmakter til å overskride løyvingar som er gitt

II

Meirinnteftsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2002 kan:

1.

Overskride løyvingar under	mot tilsvarende meirinntefts under
Kap. 1400 post 01	Kap. 4400 post 02
Kap. 1400 post 21	Kap. 4400 post 21
Kap. 1427 post 21	Kap. 4427 post 01
Kap. 1427 post 21	Kap. 4427 post 09
Kap. 1427 post 21	Kap. 4427 post 54
Kap. 1429 post 01	Kap. 4429 post 02
Kap. 1429 post 01	Kap. 4429 post 09
Kap. 1441 post 01	Kap. 4441 post 04
Kap. 1441 post 01	Kap. 4441 post 09
Kap. 1471 post 01	Kap. 4471 post 01
Kap. 1471 post 01	Kap. 4471 post 03
Kap. 1471 post 01	Kap. 4471 post 04

2. overskride løyvinga under kap. 2465 Statens kartverk, post 45 Større innkjøp og vedlikehald, med eit beløp som svarer til rekneskapsførte inntekter frå sal av anleggsmidlar under kap. 5465 Staten kartverk, post 49 Sal av anleggsmidlar. Unytta inntekter frå slikt sal kan takast med ved utrekning av overført beløp.

3. overskride løyvinga under kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning, post 33 Statlege tileigningar, barskogvern, med eit beløp som svarer til

rekneskapsførte inntekter frå sal av makeskifteareal under kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning, post 40 Inntekter frå sal av makeskifteareal. Unytta meirinntefts frå sal av makeskifteareal kan takast med ved utrekning av overført beløp under løyvinga.

III

Fullmakt til overskriddingar

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2002 kan:

1. avvike driftsbudsjettet til Statens kartverk mot dekning av reguleringsfondet.
2. overskride løyvinga under kap. 1443 Statens beredskapsansvar mot akutt forureining, post 21 Spesielle driftsutgifter, med inntil 15 mill. kr dersom det er nødvendig å setje i verk tiltak utan opphald og før Kongen kan gi slikt samtykkje.

IV

Fullmakter til å utgiftsføre utan løyving

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2002 kan utgiftsføre utan løyving tap som er slått fast på garantiar for lån til miljøverntiltak og energi-økonomiseringsføremål som staten juridisk pliktar å dekkje, under kap. 1400 post 77 Oppfylgning av garantiansvar.

V

Omdisponeringsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2002 kan omdisponere inntil 3 mill. kr mellom kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens kartverk, post 21 Betaling for statsoppdraget, og kap. 2465 Statens kartverk, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald.

Fullmakter til å pådra staten plikter utover løyvingar som er gitt

VI

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2002 kan gjere bestillingar

1. av materiell o.l. utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

2. av sjømålingsdata og kartgrunnlag ut over gitt løyving under kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens kartverk, post 21 Betaling for statsoppdrag, men slik at ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig 180,0 mill. kr.

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1441		Statens forureiningstilsyn	
	39	Oppryddingstiltak	1,8 mill. kroner
1443		Statens beredskapsansvar mot akutt forureining	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast	3,0 mill. kroner

VII

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2002 gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samlat ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1400		Miljøverndepartementet	
	73	Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk og Lokal Agenda 21	7,5 mill. kroner
	78	Miljøtiltak i nikkelverka på Kola	54,6 mill. kroner
1427		Direktoratet for naturforvaltning	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde	11,2 mill. kroner
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar	39,6 mill. kroner
	33	Statlege tileigningar, barskogvern	230,3 mill. kroner
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar	25,0 mill. kroner
	77	Tilskot til naturinformasjonsenter	2,0 mill. kroner
1429		Riksantikvaren	
	72	Vern og sikring av freda og bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø	6,5 mill. kroner
	73	Brannsikring og beredskapstiltak	2,0 mill. kroner
1441		Statens forureiningstilsyn	
	63	Tilskot til kommunale avløpstiltak	1,8 mill. kroner
2422		Statens miljøfond	
	90	Statens miljøfond, lån	29,5 mill. kroner

Andre fullmakter

VIII

Kjøp av makeskiftearealer

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2002 kan nytte inntil 8 mill. kr av løyvinga under kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning,

post 33 Statlege tileigningar, barskogvern, til kjøp av areal som seinare kan makeskiftast med barskogsareal som blir verna
